**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Kommunestyret** |
| **Møtestad:** | **Austefjorden** |
| **Dato:** | **25.08.2016** |
| **Tid:** | **15:30** |

**Kommunestyret møter til middag på Raftevoll hotell på Grodås kl. 13.15. Kl. 14:00-15:00 vert det orientering frå fylkesmennene om vegen vidare i høve kommunesamanslåing.**

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

Jørgen Amdam
ordførar

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 92/16 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 93/16 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 94/16 | **Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017** |
| PS 95/16 | **Politisk organisering – Driftsstyre** |
| PS 96/16 | **Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp.** |
| PS 97/16 | **Nye oppgåver til større kommunar – høyring** |
| PS 98/16 | **Rapportering på oppfølgjing av vedtak pr. utgangen av mai 2016** |
| PS 99/16 | **Grendautvala 2016** |
| PS 100/16 | **Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - Godkjenning av selskapsavtale - justering av eigardel** |
| PS 101/16 | **Orienteringssaker** |
| OS 32/16 | **Kortverson av KOSTRA-analyse Volda kommune - skule, barnehage og pleie og omsorg - utarbeidd av KS konsulent** |
| OS 33/16 | **Forvaltningsrevisjon spesialundervisning - oppfølgjing av vedtak i kommunestyret** |
| OS 34/16 | **Sluttrapport, prosjektplan og presentasjon - Felles database Gerica - regionalt samarbeid og samhandling** |
| OS 35/16 | **Lønspolitikk - prosess fram mot vedtak** |
| OS 36/16 | **PPT - oppseiing av samarbeidsavtale med Ørsta kommune** |
| OS 37/16 | **Hornindal kommune - Melding om vedtak - endra kommunestruktur** |
| OS 38/16 | **Oversending av rapport frå tilsyn/etterkontroll av Volda** |

**mottak og Volda mottak, avdeling for einslege mindreårige**

| | |
|---|---|
| OS 39/16 | **Referat frå møte med Møre og Romsdal politidistrikt 13.06.16** |
| PS 102/16 | **Delegerte saker frå avdelingane** |
| DS 111/16 | **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 17/2** |
| DS 112/16 | **Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 118/2** |
| DS 113/16 | **Ferdigattest Gbr 131/23** |
| DS 114/16 | **Løyve til tiltak, garasjar Gbr 20/538/0/1-4** |
| DS 115/16 | **Igangsettingsløyve Gbr 19/877** |
| DS 116/16 | **Løyve til tiltak, støttemur Gbr 30/405** |
| DS 117/16 | **Ferdigattest, stålpipe Gbr 13/1/3** |
| DS 118/16 | **Ferdigattest, planering Gbr 131/2** |
| DS 119/16 | **Løyve til endring, utviding av balkong Gbr 11/107** |
| DS 120/16 | **Ferdigattest gbr 19/23** |
| DS 121/16 | **Løyve til tiltak, terrasse Gbr 89/23** |
| DS 122/16 | **Løyve til tiltak, veranda Gbr 20/128** |
| DS 123/16 | **Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 109/15** |
| DS 124/16 | **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 5/11** |
| DS 125/16 | **Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/203** |
| DS 126/16 | **Mellombels bruksløyve, seksjon 5-8 Gbr 13/6** |
| DS 127/16 | **Ferdigattest, mur og balkong Gbr 20/310** |
| DS 128/16 | **Ferdigattest, fasadeendring Gbr 19/871** |
| DS 129/16 | **Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 38/1** |
| DS 130/16 | **Mellombels bruksløyve, seksjon 1-4 Gbr 13/151** |
| DS 131/16 | **Løyve til tiltak, tilbygg/bod Gbr 21/93/0/2** |
| DS 132/16 | **Løyve til tiltak, naust ved Rotevatnet Gbr 27/1** |
| DS 133/16 | **Ferdigattest, tilbygg og garasje Gbr 17/197** |
| DS 134/16 | **Løyve til tiltak, tilbygg og garasje Gbr 19/903** |
| DS 135/16 | **Løyve til tiltak, bustad Gbr 6/4** |
| DS 136/16 | **Ferdigattest, tilbygg Gbr 21/130** |
| DS 137/16 | **Ferdigattest, levegg/støyskjerming Gbr 20/380** |
| DS 138/16 | **Løyve til tiltak Gbr 152/61** |
| DS 139/16 | **Løyve til tiltak, støttemur Gbr 11/105/0/2** |
| DS 140/16 | **Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 133/44** |
| DS 141/16 | **Ferdigattest, tilbygg Gbr 16/3** |
| DS 142/16 | **Ferdigattest, tilbygg,teknisk rom Gbr 32/2** |
| DS 143/16 | **Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/217** |
| DS 144/16 | **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 15/14** |
| DS 145/16 | **Løyve til tiltak, naust Gbr 79/11** |

# VOLDA KOMMUNE

**Gruppemøte:**
**Måndag 22.08.16**

| | | |
|---|---|---|
| AP | kl. 18:00-20:00 | Møterom Dalsfjorden |
| V | kl. 20:00-22:00 | Møterom Dalsfjorden |
| KRF | kl. 19:30-21:30 | Møterom Voldsfjorden |
| SP | kl. 19:30-21:30 | Møterom Austefjorden - evt. anna møterom |
| SV | kl. 18:00-20:00 | Møterom Austefjorden |
| MDG | kl. 20:00-22:00 | Møterom Austefjorden |

**Tysdag 23.08.16**

| | | |
|---|---|---|
| H | kl. 17:30-19:30 | Møterom Austefjorden |
| FRP | kl. 18:15 | Møterom Voldsfjorden |

PS 92/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 93/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Nina Kvalen | Arkivsak nr.: | 2015/2566 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | F30 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 132/16 | Formannskapet | 16.08.2016 |
| 94/16 | Kommunestyret | 25.08.2016 |

## BUSETJING AV FLYKTNINGAR OG EINSLEGE MINDREÅRIGE I 2016 OG 2017

**Handsaming:**
Torill Osborg Vinjevoll, leiar hjelpetiltak for einsleg mindreårige flyktningar, orienterte om saka.

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

1. ***Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.***
   a. ***6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet.***
   b. ***2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av Volda læringssenter.***

2. ***Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.***

3. ***Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.***

4. ***Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.***

5. ***Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.***

**Administrasjonen si tilråding:**

6. ***Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.***
    a. ***6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet.***
    b. ***2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av Volda læringssenter.***

7. ***Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.***

8. ***Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.***

9. ***Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.***

10. ***Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.***

**Vedleggsliste:**

1. Brev frå IMDi av 24.11.15: Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016.
2. Pressemelding frå IMDi av 07.07.16: Nytt bosettingsbehov for 2016 og 2017.
3. Rapporten: Busetjing av einslege mindreårige flyktningar. Juli 2016.
4. PowerPoint-presentasjon om: Arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda. Noverande organisering. Mogleg framtidig organisering. Juli 2016.
5. Uttale frå minoritetshelseteamet av 17.06.16 om einslege mindreårige flyktningar.
6. Mandat av 06.01.16 for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta
7. Informasjonsbrev frå IMDi av 18.06.16: Om bosettingsarbeidet. 2. kvartal 2016.

**Uprenta saksvedlegg:**

- K-sak 4/16 handsama i møte 28.01.16, om oppmoding av auka busetjing av flyktningar i 2016 og 2017.
- Orienteringssak 96/16 i formannsskapet 21.06.16 om utgreiinga av ev. auka busetjing av einslege mindreårige flyktningar.

**Samandrag av saka:**
Volda kommune, og fleire andre kommunar, har lagt seg på same line og handsama busetjing av flyktningar og einslege mindreårige (EM) i to saker. Volda kommunestyre tok i januar 2016 stilling til busetjing av vaksne flyktningar og familiar. Når tenestebehov er grundig utgreidd og staten endeleg har avklart finansieringsordninga for kommunane for busetjing av EM, var intensjonen å leggje fram eiga sak om busetjing av denne målgruppa. Ei arbeidsgruppe har no ferdigstilt utgreiingsarbeidet og i vedlegg 3 til saka ligg *Rapport om arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar*, med tilhøyrande PowerPoint-presentasjon i vedlegg 4, som vart presentert for formannskapet i Volda i juni 2016.

Som følgje av auka tilstrøyming av flyktningar oppmoda Integrerings- og mangfolds-direktoratet (IMDi) i november 2015, kommunane om å ta imot fleire flyktningar i perioden 2016-2019. I kommunestyremøte 28.01.16, sak 4/16, vart det fatta følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret er positiv til å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.*

2. *Kommunestyret vil ta stilling til oppmoding frå IMDi om å busetje 12 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og 17 i 2017 i eiga sak i februar/mars. Kommunestyret vil da sjå dette i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter. Desse vil ev. kome i tillegg til tal flyktningar som skal busetjast i pkt. 1.*

Grunna færre asylsøkjarar til Noreg nedjusterte *Nasjonalt utvalg for bosetting av flyktninger* i juni 2016, busetjingsbehovet for 2016 og 2017. Første halvår 2016 kom det 1678 asylsøkjarar til Noreg, ei nedgang på 64% samanlikna med same periode i fjor.

På bakgrunn av dette legg rådmannen fram ny sak med nedjustert oppmoding om busetjing av flyktningar og EM for 2016 og 2017, og meir fleksibilitet i vedtaket.

**Saksopplysningar:**
*Nytt nasjonalt busetjingsbehov for 2016 og 2017*
Busetjingsbehovet for 2016 var i november 2015 stipulert til minst 18 000, ei auke på 30% samanlikna med tidlegare oppmoding. For 2017 var busetjingsbehovet minst 21 000, ei auke på nær 60% samanlikna med tidlegare plantal. Det vart særleg vist til auka busetjingsbehov

av EM: 4 400 i 2016 og 7 000 i 2017. På bakgrunn av dette vart Volda oppmoda om å busetje 40, inkl. 12 EM i 2016, og 45, inkl. 17 EM i 2017. Sjå vedlegg 1.

No er situasjonen endra. Det kjem færre asylsøkjarar til Noreg og i juni 2016 vart busetjingsbehovet nedjustert for 2016 og 2017. Det er varsla at endelege måltal for 2017 kjem i nytt oppmodingsbrev til kommunane i september 2016. Nytt busetjingsbehov kjem fram av pressemelding frå IMDi. Sjå vedlegg 2.

**2016:** Busetjingsbehovet er nedjustert med 2 000, frå 18 000 til 16 000 flyktningar. For EM er behovet nedjustert med 2 590, frå 4 400 til 1 810.
**2017:** Busetjingsbehovet er nedjustert med 6 000-8 000, frå 21 000 til 13 000-15 000. For EM er behovet nedjustert med 4 440, frå 7 000 til 2 560.

Sjølv om det skal busetjast færre enn tidlegare prognose, skal kommunane likevel busetje fleire flyktningar enn nokon gong. Særleg er det auka behov for busetjing av EM, og spesielt EM u/15. For 2016 har kommunane vedteke å busetje 1 000 fleire EM enn behovet på 1 810. For 2017 har kommunane vedteke å busetje 800 av 2 560 EM. IMDi ventar svar frå mange kommunar, som ikkje har teke stilling til kor mange EM dei vil busetje. Med bakgrunn i fleire vedtekne plassar enn busetjingsklare EM i 2016, samstundes som ein manglar plassar i 2017, vil IMDi be kommunane overføre plassane til neste år. Ved å overføre 1 000 plassar som er for mange i 2016, manglar IMDi kring 750 plassar før samla behov er dekt i 2017.

IMDi oppmodar kommunane om fleksibilitet i vedtaket både ift. busetjingsbehov og disponering av plassane mellom flyktningar og EM, og overføring av plassar frå eit år til eit anna. For kommunen er det også viktig å ha fleksibilitet m.a. i høve kapasiteten i tenesteapparatet, tilgang på bustader og uavklart finansieringsordning for busetjing av EM.

*Nye nedjusterte oppmodingstal for Volda*
I samband med nedjusterte busetjingsbehov og saksførebuinga, vart det avhalde telefonmøte 12.07.16 mellom regiondirektøren i IMDi Midt-Norge og Volda kommune. Regiondirektøren gav klarsignal om at IMDi nedjusterar oppmodinga til Volda for 2016 og 2017. IMDi ber Volda om å oppretthalde busetjing av 40 i 2016, derav inntil 10-12 EM. For 2017 er oppmodinga nedjustert med fem, frå 45 til 40, derav inntil 10-12 EM. Dvs. 5-7 færre EM enn tidlegare oppmoding frå november 2015. I tabellen under er ei samanstilling av oppmodinga frå IMDi i november 2015, og ny avtale med IMDi Midt-Norge i juli 2016 om nedjustert oppmoding til Volda for 2016 og 2017.

| | **Oppmoding November 2015** | | | **Ny oppmoding Juli 2016** | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **År** | Vaksne / familiar | Einslege mindreårige (EM) | Totalt | Vaksne / familiar | Einslege mindreårige (EM) | **Totalt** |
| **2016** | 28 | 12 | 40 | **28-30** | **10-12** | **40** |
| **2017** | 28 | 17 | 45 | **28-30** | **10-12** | **40** |

Grunna usikre prognosar for busetjingsbehov er det semje med IMDi om at det er fornuftig om Volda har eit meir fleksibilitet i busetjingsvedtaket. Ved å justere vedtaket til *å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 10-12 EM kvart av åra 2016 og 2017*, og tilføye *Unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna*, vil ein sikre meir fleksibilitet.

Fleksibiliteten vil vere nyttig for kommunen for å kunne busetje ved ledig kapasitet i tenestene, gi rett teneste på rett nivå m.a. knytt til val av bu- og omsorgsløysing for EM, tilgang på bustader og tilgjengelege rammevilkår for busetjing av flyktningar og EM. I nemnde telefonmøte vart det frå kommunen si side peika på uro knytt til den usikre framtidige finansieringsordninga for EM, som følgje av at Regjeringa i statsbudsjettet for 2017 skal vurdere å innføre *stykkprisfinansiering*. Kommunane har ikkje informasjon om kva dette vil innebere, og bør ha fleksibilitet i vedtaket for busetjing av EM som følgje av dette.

*Organisering av flyktningarbeidet i Volda*
Ansvaret for busetjing og oppfølging av EM i Volda vart lagt under det regionale barnevernssamarbeidet til Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta frå 01.01.14, med Volda som vertskommune. Tidlegare låg EM-tenesta under seksjon innvandring, i samordnings- og utviklingsstaben. Staben vart lagt ned i omorganiseringsprosessen, og ansvaret for busetjing av vaksne flyktningar og familiar, og kvalifiseringsopplegg for desse, vart lagt til Volda læringssenter i sektor for opplæring og oppvekst. Tidlegare leiar for seksjon innvandring arbeidar i dag som spesialrådgjevar på innvandrings- og integreringsfeltet i rådmannens fagstab.

*Busetjing av flyktningar og EM i Volda*
I perioden 2010-2015 har Volda busett i snitt 6,7 EM kvart år, og totalt 40 EM. Hittil i år er det busett 23 flyktningar i Volda, derav tre EM. Majoriteten er busett frå Volda mottak og har skaffa seg bustad sjølve. Nokre få har fått formidla bustaden av tilsette på Volda læringssenter. Det er ikkje nytta kommunale gjennomgangsbustader til busetjing av flyktningar i år. Som følgje av at flyktningane skaffar seg privat bustad sjølve medan dei bur på asylmottak, går mykje av busetjingsarbeidet av seg sjølve. To EM o/18 år er busett gjennom Volda læringssenter, og skaffa seg bustad sjølve. Ein vart sambuar og flytta inn i eit privat leigd bufellesskap med ein tidlegare busett EM i Volda. Den andre flytta inn i eit privat leigd bufellesskap saman med to andre vaksne flyktningar, som vart busett tidlegare i år. Begge har bak seg ei tid i Volda: Først på Volda EMA-mottak (asylmottak for 40 einslege mindreårige flyktningar) då dei var under 18 år. Etter fylte 18 år flytta dei til Volda mottak. Den tredje er busett gjennom barnevernet og bur i Smiebakken bufellesskap. Det er soleis aktuelt både å busetje EM både gjennom EM-tenesta i barnevernet og gjennom Volda læringssenter.

**Utgreiing av tenestebehov for auka busetjing av EM**
Som følgje av oppmoding om auka busetjing av EM i kommunane vart det i møte mellom rådmennene og barnevernet den 11.12.15, sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane i barnevernssamarbeidet og barnevernet. Gruppa har vore leia av fagteamleiar for EM-tenesta i barnevernet og spesialrådgjevar innvandring og integrering i rådmannens fagstab. Gruppa fekk i mandat å sjå på *bu- og omsorgsløysingar*, *bemanning og turnus*, *organisering, ansvar og samarbeid, finansiering og tilskot, kvalifisering og helse.* Utgreiinga skal også ta omsyn til *god fagleg tilrettelegging* og *kostnadseffektivitet.* Mandatet byggjer på målsettinga om integrering, som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar og sikrar optimal gjennomstrøyming mot utdanning og arbeid. Utgreiingsarbeidet er ferdigstilt, sjå vedlegg 3 og 4.

***Auka busetjing av EM gjennom EM-tenesta i barnevernet***
Konklusjonar frå utgreiingsarbeidet er at EM-tenesta i barnevernet har kapasitet til auka busetjing av EM i 2016 og 2017. For 2016 kan dei busetje ytterlegare 7-9 i Smiebakken bufellesskap, utover den eine som allereie er busett i år. Ein rår til å byggje vidare på og styrke eksisterande tiltak; *Smiebakken bufellesskap* og oppfølgingsteneste (OPP), og iverksetje nye tiltak ved behov som *vertsfamilie/husvert* og *gruppefosterheim.* Desse nye

tiltaka vil vere enklare å justere ut frå dei svingingane i busetjingstalet, som ein alltid må ta høgde for når det gjeld flyktningar.

*Smiebakken bufellesskap:* Har plass til 10 EM og må vere grunnbasen i det vidare arbeidet med busetjing av EM i Volda. Ved å styrke bufellesskapet med to årsverk, vil ein vere rusta til å ta i mot og jobbe intensivt med ungdomane, og etablere ein døgnbemanna kartleggings-bustad (B) og langtidsbustad (C/D) med åtskilt personalgruppe. Kartleggingsbustaden vil ha plass til fire EM, som vil bu der i om lag 3-4 mnd. Nokre vil bli vurdert som klare for å flytte direkte på hybel/i mindre bufellesskap, med oppfølging frå OPP. Andre vil flytte inn i langtidsbustaden med døgnbemanna oppfølging. I langtidsbustaden er det plass til inntil seks EM. Ein ser at med den bemanninga ein har i dag, der heile personalgruppa har kontakt med alle 10 ungdomane på huset, gir for lite stabilitet og tryggleik for ungdomane. Det må difor med jamne mellomrom bli sett inn forsterka bemanning. Å skilje butiltaket slik at ungdomane får halvert talet på vaksne dei må forhale seg, vil gjere ein stor skilnad. Ved auke i busetjingstalet vil det vere dei ungdomane som treng mest tryggleik og tettast oppfølging, som skal bu i bufellesskap utover kartleggingsperioden. Ein ser difor denne ressursauken som naudsynt for å lukkast. Skal ein lukkast med kartlegging i løpet av 3-4 mnd., er ein avhengig av å jobbe intensivt med få ungdomar. Det er også på grunn av dette naudsynt med auke i bemanningsnorm. Ein kan kartlegge inntil 10 ungdomar i året. Ungdomar som ikkje har behov for bufellesskap etter kartleggingsperioden, vil flytte vidare til hybel/mindre bufellesskap utan døgnbemanning. Dette vil korte ned tida ein del av ungdomane har behov for det mest kostbare tiltaket. Alle ungdomane som flyttar ut av bufellesskapet har behov for oppfølging på hybel.

*Oppfølgingstenesta (OPP):* Er interkommunal og felles med Ørsta. OPP har i dag fem årsverk (Volda 2,86 og Ørsta 2,14). Kor mykje OPP må styrkast, kjem ann på tal EM ein skal busetje, samt butid i bufellesskapet. Ein tilrår å auke tenesta med 0,36 årsverk for Volda i 2016, dersom 10 skal busetjast i 2016. Vidare auke med opp til 3,28 nye årsverk for Volda i 2017 ved busetjing av inntil 17 EM. Dersom busetjingstalet for 2017 vert justert ned frå 17 til 10-12, vil behovet for auke i 2017 bli redusert tilsvarande.

*Vertsfamilie/Husvert:* Opprettast etter modell frå Trondheim kommune. Denne er utprøvd over mange år, og ei ordning ein har gode erfaringar med. Ein ser det som realistisk å kunne rekruttere 1-2 husvertar i 2016, med plass til ein ungdom i kvar, dersom det vert behov for dette. Vertsfamilien og ungdomen får oppfølging frå oppfølgingstenesta. Trondheim vektlegg at god og tilstrekkeleg oppfølging frå oppfølgingstenesta er viktig for å lukkast med tiltaket.

*Gruppefosterheim:* Dersom det ut frå busetjingstalet i 2017 syner seg å vere behov, tek ein sikte på å prøve ut tiltaket gjennom å opprette ein gruppefosterheim med plass til to ungdomar. Skal ein busetje 17 i 2017, må minimum sju av desse flytte til vertsfamilie eller i gruppefosterheim. Ein er svært usikker på om ein får rekruttert nok vertsfamiliar og gruppefosterheimar på så kort tid. Vert talet justert ned til 10-12, vil det vere behov for berre 1-2 husvertar og gruppefosterheimar. Det vil vere behov for 0,5 årsverk knytt til rekruttering og oppfølging av vertsfamiliar/husvertar og gruppefosterheimar.

***Auka busetjing av EM gjennom Volda læringssenter***
VLS har god erfaring frå busetjing av unge, einslege vaksne flyktningar på 18-19 år, og har som nemnd over allereie busett to EM o/18 år i 2016, som utløyser EM-tilskot og ekstra EM-tilskot. Konklusjonar frå utgreiingsarbeidet er at Volda læringssenter (VLS) har kapasitet til busetjing av 2-4 EM kvart av åra 2016 og 2017.

Ein vil nytte modellen Sunndal kommune nyttar for busetjing av EM u/18 år og eksisterande modell for busetjing av EM o/18 år, som ved busetjing av andre vaksne flyktningar, men ha

ei tettare oppfølging av miljøarbeidar og programrådgjevar. Ved fylte 18 år startar vedkommande i introduksjonsprogrammet, seinast innan 3 mnd. etter busetjing. EM som blir busett gjennom VLS har ikkje barnevernsvedtak, og er ikkje omfatta av refusjonsordninga til Bufetat.

EM som skal busetjast gjennom VLS bør vere minst 17 ½ år på busetjingstidspunktet, og vere klare til å bli busett på hybel/i bufellesskap, gjerne i lag med andre unge vaksne/vaksne frå same etniske gruppe. VLS lang og god erfaring med å busetje flyktningar som allereie har bak seg ei tid i kommunen. I tillegg er desse allereie: Elevar ved VLS (grunnskule / norskopplæring), er kartlagt av lærarar og helsestasjonen i Volda, har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Voldasamfunnet før dei blir busett, og ikkje minst ønskjer dei å halde fram med å bu i Volda. VLS meiner det særleg er aktuelt å busetje EM frå eit av mottaka i Volda: EMA-mottaket el. Volda mottak, og vil gjerne etablere eit like tett og godt samarbeid med Volda EMA-mottak, slik dei har med Volda mottak.

VLS vil bruke EM-tilskotet og ekstra EM-tilskot som følgjer med aktuelle EM dei buset til å dekkje utgifter til livsopphald og etablering fram til EM får utbetalt introduksjonsstønad, samt til aktivitetar og oppfølging av miljøarbeidar ifm. busetjing og oppfølging på ettermiddag/kveld.

***Busetjing frå Volda mottak***
Opp mot ¾-del av flyktningane som er busett i Volda dei siste åra er busett frå Volda mottak. No er Volda vertskommune for to asylmottak; eitt for vaksne og familiar og eitt for einslege mindreårige. Fleire tenester har svært gode erfaringar med å busetje frå Volda mottak. Mange av bebuarane skaffar seg bustad sjølve medan dei bur i mottak, og busetjingsarbeidet går difor i stor gra av seg sjølve. Hittil i år er det busett 24 flyktningar, og berre ein kommunal gjennomgangsbustad er nytta til ein familie på fem personar. Ein er busett i bufellesskap for EM, medan dei andre har flytta inn i private bustader. Barn i mottak går i barnehage og grunnskule i Volda. Dei vaksne går på norskopplæring på Volda læringssenter, og alle bebuarane har vore til helsekontroll og får oppfølging av helsesøster og lege i Volda. Det er difor frå fleire sektorar i tenesteapparatet ønskje om at det også for framtida vert lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Dette vil avlaste fleire tenester i kommunen. For den einskilde vil vere fordelar ved at dei allereie har fleire etablerte tenester frå kommunen og andre linetenesta, dei slepp ny flytting til anna kommune og har alt starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Sjå også under helseretta tiltak i vedlagde rapport om arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar.

**Vurdering og konklusjon:**
Kommunane har fått oppmoding om vesentleg auke i busetjing av flyktningar og einslege mindreårige. Dette er ei svært viktig oppgåve som kommunen ønskjer å ta på alvor. Det er behov for grundig utgreiing av hjelpebehov for einslege mindreårige og tiltak sett i eit heilskapsperspektiv. Det er behov for kapasitet og kompetanse til å kartleggje hjelpebehov, og kommunane må ha fleksibilitet og kapasitet til å tilby gode tenester for å sikre stabilitet hos den einskilde når det gjeld gode og trygge bu- og omsorgstilbod, fysisk og psykisk helse, og kvalifiseringsopplegg.

Rådmannen er positivt innstilt til at Volda kommune skal ta i mot flyktningar til busetjing, men må vurdere dette opp mot den statlege finansieringsordninga. Staten utgreier i dag endringar i finansieringsordninga til kommunane for busetjing av einslege mindreårige flyktningar. Dette skaper stor usikkerheit hos kommunane. Rådmannen vil vere trygg på at vi kjenner dei økonomiske vilkåra når vi skal gi innstilling til kommunestyret om kor mange flyktningar og einslege mindreårige kommunen kan ta i mot. Rådmannen tilrår at ramma for

vedtaket vert justert til busetjing av *inntil 40 flyktningar kvart av åra 2016 og 2017, derav inntil 8-11 einslege mindreårige.* Kvart av åra skal 6-7 einslege mindreårige busetjast av EM-tenesta i barnevernet, og 2-4 av Volda læringssenter. Tilrådinga er noko lågare knytt til tal einslege mindreårige, enn oppmodinga frå IMDi Midt-Norge frå juli 2016. Samstundes aukar Volda kommune busetjingskapasiteten i høve tidlegare års vedtak, både i høve tal flyktningar og einslege mindreårige som skal busetjast i 2016 og 2017.

Fleksibiliteten i vedtaket er knytt til busetjingsbehov med eit «inntil-vedtak», overføring av plassar frå eit år til eit anna og disponering av plassane mellom vaksne flyktningar, familiar og einslege mindreårige og busetjing i ulike tenester (EM-tenesta/læringssenteret). Rådmannen vil disponere plassane ut i frå kapasitet i kommunale tenester, tilgang på bustader, og innafor rammevilkåra frå staten for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige, derav finansieringsordninga for busetjing av einslege mindreårige.

Gjeldande busetjingsvedtak for 2016 er sett til 28 vaksne flyktningar og familiar. Familiesameiningar og ev. busetjing av einslege mindreårige kjem i tillegg. Hittil i år er det busett 24 flyktningar, derav tre EM i Volda. For å kunne busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 EM, må ein busetje ytterlegare inntil 16 flyktningar, derav inntil 5-8 EM. Det er kapasitet til å busetje desse gjennom EM-tenesta i barnevernet og Volda læringssenter. Smiebakken bufellesskap vil allereie frå august gå med underbelegg. Begge tenestene melder også om kapasitet til å busetje tilsvarande busetjingstal i 2017. Rådmannen meiner det særleg er aktuelt å busetje flyktningar frå mottaka i Volda. Dette vil avlaste fleire tenester i kommunen, og for den einskilde vil vere fordelar ved at dei allereie har fleire etablerte tenester frå kommunen og andre linetenesta i Volda, dei slepp ny flytting til anna kommune og har alt starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet.

Rådmannen meiner det er viktig med ein stabil base til arbeidet med flyktningar og asylsøkjarar i kommunale tenester, og unngå minst mogleg opp- og nedbygging av tenesteapparatet i takt med auka og nedjusterte busetjingsbehov. Det er busett mange einslege vaksne flyktningar siste åra, og nokre har ektefelle og barn i heimlandet. Ein må forvente noko familieinnvandring til desse, sjølv med nye innstrammingskrav for familiesameining. I april vart kommunale tenester sist styrka til arbeidet med flyktningar og asylsøkjarar. Minoritetshelsearbeidet, Volda læringssenter og biblioteket, fekk styrka sine tenester, og det vart oppretta fleire lærlingstillingar i kommunen.

I den vedlagde rapporten om arbeidet med einslege mindreårige ber EM-tenesta i barnevernet om auka driftsbudsjett, auka ressursar til å etablere kartleggingsbustad for å handtere auka busetjing og sikre meir stabilitet og tryggleik for ungdomane, og auka ressursar til oppfølging av auka tal EM på hybel/i mindre bufellesskap. Volda læringssenter ber om å få nytte tilskota som følgjer med EM dei buset til å dekkje utgifter til livsopphald, etablering, aktivitetar og oppfølging av EM på ettermiddag/kveld. Rådmannen meiner det er staten ved UDI sitt ansvar å sørgje for god kartlegging av flyktningar og einslege mindreårige før dei vert busett i kommunane. Rådmannen kan ikkje tilrå å bruke mykje ressursar på å byggje opp ein kartleggingsbustad i ein liten kommune som Volda, for å auke busetjingskapasiteten og ta i mot fleire einslege mindreårige. Det er auka behov for å busetje flyktningar i år og neste år. Om 2-3 år kan situasjonen vere ein annan, og ein må ev. bygge ned att tiltaka ein byggjer opp no. Rådmannen meiner ressursane må brukast mest mogleg kostnadseffektivt, både i stat og kommune. Om flyktningane vert godt kartlagt i mottaka kan ressursane lokalt brukast til å byggje opp eit solid busetjings- og integreringsapparat, som gir tett og god oppfølging i dei ulike bu- og omsorgstiltaka. Det er dei større kommunane som i større grad må dimensjonere opp for betydeleg auka busetjing av einslege mindreårige. Små kommunar som Volda vil vere for sårbare i slike opp- og nedbyggingar, og bør sikte mot meir stabilitet i busetjings- og integreringsarbeidet. Rådmannen vil følgje opp denne saka nærare med UDI og KS.

Som følgje av dette og tilråding om busetjing av færre einslege mindreårige i EM-tenesta enn det er teke høgde for i rapporten om arbeidet med einslege mindreårige, vil rådmannen at EM-tenesta i barnevernet ser nærare på behovet for dimensjonering og sjå på behovet for styrking av tenesta på nytt. Rådmannen vil kome attende med sak til formannskapet om å nytte auka tilskot frå staten som følgje av auka busetjing, til styrking av driftsbudsjettet og tiltak for flyktninggruppa. Grunna usikre prognosar for busetjingsbehov og sidan staten ikkje endeleg har avklart korleis finansieringsordninga for busetjing av EM vil vere frå 2017, meiner rådmannen at det er for mange usikre faktorar til å kunne byggje opp drifta på noverande tidspunkt, for så å måtte byggje ned att når busetjingsbehovet går ned.

Flyktningintegreringa skal skje innafor tilskotsramma kommunane får frå staten. Det er eit nasjonalt ansvar å leggje til rette for at kommunane blir sett i stand til å byggje opp eit apparat som kan handtere dei utfordringane ein står overfor i arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.

**Kommuneplanen sin samfunnsdel:**
Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige, og gode bu-, omsorgs- og kvalifiseringstiltak for desse, er i samsvar med strategiar som er valt for å nå måla innafor ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

| *TEMAOMRÅDE:* | *MÅL:* | *STRATEGI:* |
|---|---|---|
| Attraktivitet | Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda. | Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.<br>Tidleg innsats for å førebygge fråfall frå vidaregåande skule. |
| Busetting | Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet.<br>Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt. | Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.<br>Legge til rette for auka innvandring og sjå på innvandring som ein positiv ressurs.<br>Kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø.<br>Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion. |
| Folkehelse | Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar.<br><br>Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar. | Styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta, og satse på tidleg innsats, førebyggande og helsefremjande arbeid i barnehage og skule.<br>Tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine eigne evner, interesser og sjølvbilete.<br>Motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid. |
| Tenester | Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet. | Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats.<br>Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenester og |

| | | |
|---|---|---|
| | Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene. | kontinuerleg evaluere organisasjonen. Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar. Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar. |
| | Volda kommune skal ha eit godt omdøme. Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen. | Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov. Arbeide på tvers av organisasjonen for å sikre samordning av tenester. |

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover.

**Økonomiske konsekvensar:**
*Integreringstilskotet* vert utløyst for flyktningar og familiesameinte dei fem første åra dei er busett i kommunen. For einslege vaksne utgjer tilskotet kr 234 000 i busetjingsåret, og kr 767 000 over fem år. For EM utgjer tilskotet kr 184 000 i busetjingsåret, og totalt kr 717 400 over fem år. Integreringstilskotet vart auka i korrigert budsjettsak i kommunestyremøte i juni 2016 med kr 140 000, frå 25 825 000 til 25 965 000. Ved busetjing av 40 flyktningar i 2016 vil tilskotet auke med ytterlegare om lag kr 3 mill., til kr 28 968 500, for 172 flyktningar og familiesameinte. I tillegg vil kommunen få eit *ekstra integreringstilskot* på kr 50 000 pr. busett person utover opphavleg oppmoding på 30 i 2015. Ved busetjing av 40, vil kommunen få kr 500 000 i ekstratilskot integreringstilskot i 2016. Samla utgjer integreringstilskota ei inntekt for kommunen på kr 29,5 mill. i 2016.

*EM-tilskotet* vart auka i korrigert budsjettsak med kr 897 500, frå kr 3 312 000 til kr 4 191 500 i 2016. Dette inkl. 16 busette tidlegare år og busetjing av fem i 2016, samt ekstra EM-tilskot for desse. Ytterlegare busetjing av 3-6 (til totalt 8-11) EM i 2016 vil utgjere ei auke i tilskotet på mellom kr 155 250 - 310 500 i 2016. *Ekstra EM-tilskot* på kr 100 000 er eit eingongstilskot som vert utløyst pr. person som vert busett i 2016. Det er varsla at tilskotet også vil utløysast for EM som vert busett i 2017. Skal Volda busetje 8-11 EM vil ekstratilskotet utgjere mellom kr 800 000 - 1 100 000 i 2016. Samla vil EM-tilskota utgjere mellom kr 5 146 750 – 5 602 000 i 2016. Det er vanskeleg å lage eit eksakt budsjett på tilskotet, då dette vert utløyst frå og med busetjingsmånaden. Sjå også vedlegg 4 for oversikt over tilskota for busetjing av EM.

For bu- og omsorgstiltak til EM som har barnevernsvedtak, vert det søkt refusjon til Bufetat dersom utgifter til tiltak for den einskilde overstiger kommunal eigendel. Refusjonen dekker 80% av driftsutgiftene, etter fråtrekk av kommunal månadleg eigendel på kr 17 100 pr. person. Rekneskapen for 2015 viser at Volda hadde kr 4,3 mill. i utgifter til EM-tenesta. EM-tilskotet utgjorde i underkant av kr 3.3 mill. Kommunen måtte bruke kr 1,1 mill. av integreringstilskotet til å dekke opp utgiftene. Inkludert i rekneskapen er også om lag kr 1,4 mill. inntekt frå særskild ekstratilskot for busetjing av personar med særskilde behov. Rekneskapen for 2015 viser at EM-tenesta i Volda kjem betre ut enn EM-tenesta i Ørsta rekneskapsmessig. Dette forklarast med at Volda hadde inntekter frå det særskilde ekstratilskotet, noko Ørsta ikkje hadde. Ørsta måtte difor bruke 2,5 mill. av integrerings-tilskotet til å dekke utgiftene til sin EM-teneste, medan Volda måtte bruke kr 1,1 mill. Sjå også vedlegg 4.

Volda kommune sin kapasitet i tenesteytinga er tilpassa busetjing av 140 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei femårs periode. Auka busetjing krev at ein styrker kommunale tenester i flyktningarbeidet.

Det er ein risiko for auka busetjing av einslege mindreårige, knytt til usikkerheit kring finansieringsordninga frå staten til arbeidet med målgruppa. Det er også ein risiko om kommunen får ekstratilskot i åra framover som kan vere med på å finansiere drifta av EM-tenesta. Før fråtrekk av særskild ekstratilskot for busetjing av ressurskrevjande brukarar i 2015, og etter fråtrekk av refusjonen frå Bufetat og EM-tilskotet, hadde kommunen ein utgift på EM-tenesta på kr 2,5 mill. Grunna ekstratilskot på kr 1,4 mill., måtte kommunen bruke kr 1,1 mill. av integreringstilskotet til å finansiere underskotet. Sjå rekneskap for EM-tenesta i Volda i rapporten om arbeidet med einslege mindreårige flyktningar.

Vidare er det ein risiko om ein ikkje lukkast med å få flyktningane over i ordinær utdanning og arbeid, og bli økonomisk sjølvhjulpen, innafor tilskotsperioden på fem år. Rådmannen vil difor vurdere at det vert avsett noko av tilskotsmidlane på fond for å møte ev. utfordringar seinare år.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen utover det som går fram av saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
IMDi Midt-Norge, imdimidtnorge@imdi.no
IMDi, post@imdi.no
KS v/Nina Gran, nina.gran@ks.no
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fmmrpostmottak@fylkesmannen.no
Sektor Opplæring og oppvekst, her.
Volda læringssenter, her.
Barnevernstenesta, her.
Helsestasjonen, her.
Sektor Helse og omsorg, her.
Rus- og psykisk helseteneste, her.
NAV Ørsta/Volda, her.
Eigedomsavdelinga, her.
Spesialrådgjevar innvandring og integrering v/Nina Kvalen, her.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Postadresse:
Postboks 8059
Dep.
0031 OSLO

Besøksadresse:
Kjøpmannsgata
ved nr 32,
Trondheim

Internett:
www.imdi.no

E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

VOLDA KOMMUNE
RÅDHUSET
6100 VOLDA

Komm.nr.: 1519

**Ber om at brevet vert distribuert til:**
Ordførar
Rådmann

| DYKKAR REF | VÅR REF | DATO |
|---|---|---|
| | 06-01920 | 24.11.2015 |

## Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016

Flyktningkrisa og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg, førar til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet IMDi tidlegare samla har oppmoda kommunane om.

Nasjonalt utval, som er samansett av representantar frå kommune og stat, har oppjustert tidlegare busettingsbehov og fastsatt at det vil være behov for å busette minst 18 000 flyktningar i 2016. Det er ein auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding på 14 000 for 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 21 000 flyktningar, som er ein auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal på 13 200. For meir informasjon om behovet for busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider www.imdi.no/bosettingsbehov.

Det er ein særs stor auke i talet på einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Oppdaterte prognosar viser at det er behov for å busette minst 4 400 einslege mindreårige i 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 7 000 einslege mindreårige. Om lag 20 prosent av de einslege mindreårige er under 15 år. I 2014 vart det busett 536 einslege mindreårige (EM) i Noreg. Berre nokre av kommunane vart oppmoda om å busette EM. Behovet i 2016 er meir enn åttedobla frå fjoråret. IMDi må difor oppmode dei fleste kommunane om å busette einslege mindreårige. Og dei som har busett EM tidligare, må verte oppmoda om å busette mange fleire.

IMDi ber kommunar som ikkje blir bede om å busette dei yngste EM – og likeins kommunar som ikkje i det heile teke er oppmoda om å busette EM – om å vise god vilje til samarbeid når Bufetat skaffar fosterheim i kommunen. Alle kommunar kan også gjere ein aktiv innsats ved å vere formidlar av kontakt mellom moglege fosterfamiliar for EM og Bufetat.

**Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å ta imot 40 flyktningar i 2016, kor av 12 er einslege barn og unge.**

IMDi ber ikkje kommunen om særskilt å ta imot EM under 15 år. Men behovet er stort og denne gruppa burde raskt få eit tilbod i ein kommune. Om kommunen ser det som mogleg også å busette nokre einslege mindreårige under 15 år, ta kontakt med IMDi om dette.

**Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å leggje til grunn følgjande førebels plantal for 2017:**

- **Minst 45 flyktningar i 2017, kor av minst 17 er einslege barn og unge.**

Det er stor uvisse knytt til kor mange asylsøkarar som kjem til Noreg i 2016 og 2017. IMDi vil i løpet av 2016 oppdatere kommunen på busettingsbehovet for 2017 i det årlege oppmodingsbrevet, og så langt som mogleg gje førebels plantal for 2018 og 2019.

IMDi understreker betydinga av presise vedtak for det talet flyktningar som kommunen skal busette. Vedtak må fattast utan atterhald. Vi ber om at det ikkje fattast vedtak som inkluderer familiesameinte eller som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Skulle det av ulike grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle busettingsplassane, skal plassar som ikkje er vorte brukt overføras til kommande års busetting.

**Økonomi og rammevilkår**
I statsbudsjettet for 2016 og i tilleggsnummer om auka asyltilstrøyming føreslår regjeringa å auke det særskilde tilskotet med 100 000 kroner per einsleg mindreårige flyktning som vert busett i 2016, og eit ekstratilskot på kr. 50 000 per flyktning som kommunen busett i 2016 utover det talet kommunen ble oppmoda om for 2015. For meir informasjon om dei ulike tilskotsordningane som følgjer med busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider (www.imdi.no).

Kommunar som busett einslege mindreårige, vil få vanleg integreringstilskot for kvar EM som vert busett. Og i tillegg det særskilde tilskotet ved busetting av EM som i 2015 var kr 191.300 per born. Det særskilde tilskotet får kommunen frem til og med 20 års alder for kvar EM. For komande år føreslår regjeringa altså også å auke dette tilskotet med kr 100.000 for kvar EM i busettingsåret 2016. Busette einslege mindreårige vil også telle med i det samla talet som kan gje ekstratilskot på kr 50.000; sjå over.

**Kontakt med IMDi om oppmodinga**
Kommunen kan ta kontakt med IMDi i tida fram mot vedtak. Om kommunen ønskjer meir informasjon om oppmodinga eller om busetting av flyktningar generelt, ta gjerne kontakt med IMDi Midt-Norge ved Fiffi Namugunga; e-post fina@imdi.no eller telefon 902 88 531.

For å leggje til rette for ei mest mogleg føreseieleg busetting i 2016, ber vi om tilbakemelding frå kommunen innan 31.12.2015. Vi ber dykk sende vedtaket skriftleg og på e-post til IMDi post@imdi.no med kopi til KS v/Nina Gran nina.gran@ks.no.

Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid!

Venleg helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

| | |
|---|---|
| Rune S Foss | Fiffi Namugunga |
| regiondirektør IMDi Midt-Norge | sakshandsamar |

Kopi:
Fylkesmannen

IMDi
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

# Nytt bosettingsbehov for 2016 og 2017

Både i år og neste år vil det være behov for å bosette færre flyktninger enn først antatt. Likevel skal kommunene de to årene ta imot flere enn noen gang. Utfordringen framover gjelder særlig bosetting av enslige mindreårige flyktninger under 15 år.

Sist oppdatert: 7. juli 2016

Det er Nasjonalt utvalg for mottak og bosetting som fastslo det nye behovet på møtet sitt 24. juni.

## Når målet i år

Utvalget har justert ned antallet flyktninger som skal bosettes i år fra 18 000 til 16 000. Til tross for at få flyktninger var klare til å bli bosatte ved starten av året, regner IMDi med å bosette alle 16 000 i år. Det blir ny rekord i antall bosatte på ett år.

– Kommunene fortjener stor takk for viljen og evnen til å bosette alle det er behov for, sier IMDis direktør Geir Barvik som også leder Nasjonalt utvalg.

## Endelig tall for 2017 kommer i september

Utvalget reduserer også behovet for hvor mange som må bosettes i neste år, fra 21 000 til 13 000–15 000. Endelig måltall for 2017 vil bli presisert i anmodningsbrevet til kommunene som sendes ut i september.

– Slik det ser ut nå, vil også behovet for å bosette flyktninger i 2018 og framover, ligge lavere enn i år og neste år, men det er knyttet stor usikkerhet til en slik vurdering, sier Barvik.

Det lavere behovet har sammenheng med det lave antallet asylsøkere som nå kommer til Norge og antallet asylsøknader UDI rekker å behandle.

Samtidig er behovet for integrering for de mange som blir bosatt stort og økende.

– Å bli bosatt er bare første ledd i kjeden for å bli integrert. Kvalifisering, utdanning, arbeid og deltagelse i lokalsamfunnet blant annet gjennom frivillige organisasjoner, er helt nødvendige videre skritt. Når rekordmange blir bosatt, ligger det i kortene at flere krefter må settes inn på integreringsarbeidet, sier Barvik.

## Færre enslige mindreårige nå, flere neste år

Også behovet for å bosette enslige mindreårige flyktninger i år er mindre enn først antatt. Det nye tallet er 1 810. Kommunene har vedtatt plasser for 1 000 flere.

Neste år trenges adskillig flere hjem til unge under 18 år: Det vil være behov for å bosette 2 560 enslige mindreårige flyktninger. Så langt er kommunene klare til å ta imot drøyt 800 neste år, men mange kommuner har ennå ikke tatt stilling til hvor mange enslige mindreårige de vil bosette.

Side 21

### Ber kommunene overføre plasser til neste år

– Mange kommuner har vist imponerende vilje til å bosette enslige mindreårige flyktninger. I år vil de ta imot flere enn det nå er behov for. Samtidig mangler plasser for de som skal bosettes i 2017. Vi ber derfor kommunene om å overføre plasser som er for mange, til neste år, sier IMDis direktør Geir Barvik.

Ved å «overføre» tusen plasser til neste år, mangler bare rundt 750 plasser før det samlede behovet er dekket.

– IMDi har stor tro både på kommunenes evne til å være fleksible og til å ville dekke behovet for bosetting av enslige mindreårige flyktninger i år og neste år, sier Barvik.

### De minste den største utfordringen

Det er særlig krevende å finne nok plasser til enslige mindreårige flyktninger under 15 år. 430 barn skal bosettes i år, og det mangler ennå rundt 60 plasser til disse. Neste år skal 770 under 15 år bosettes.

– IMDi vil i dialog med kommunene spesielt ta opp hvor viktig det er å skape nye hjem for de yngste av flyktningene, sier IMDis direktør Geir Barvik.

## Nyhetsbrev

Få de viktigste oppdateringene fra IMDi direkte i innboksen din. Vi informerer om endringer i lovverk, kurs og arrangementer, nyheter og nye rapporter.

Din e-post

Få nyhetsbrev

# BUSETJING AV EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR

## JULI 2016



BARNEVERNSTENESTA
HAREID-ULSTEIN-VOLDA-ØRSTA

VOLDA KOMMUNE

# Innhald

Bakgrunn ... 4
Nasjonale busetjingsbehov ... 5
Nytt nasjonalt busetjingsbehov for 2016 og 2017 pr. juni 2016 ... 5
Fleksibilitet i busetjingsvedtaket ... 5
Busetjing av EM i kommunane/oppmoding om auka busetjing ... 5
Busetjing av EM gjennom EM-tenesta i barnevernet ... 6
Noverande organisering av EM-tenesta i Volda og Ørsta ... 6
Noverande bu- og omsorgstilbod for EM i Volda og Ørsta ... 6
Heildøgns bemanning i bufellesskap ... 6
Oppfølging på hybel av oppfølgingstenesta (OPP) ... 8
Alternative ordningar ved auka busetjing i 2016 og 2017 ... 8
Busetjing direkte på hybel/bufellesskap u/døgnbemanna oppfølging ... 8
Vertsfamilie/husvert ... 9
Fosterheim ... 10
Gruppefosterheim ... 11
Heildøgns bemanna kartleggingsbustad ... 11
Bufellesskap u/heildøgns bemanning ... 12
Val av bu- og omsorgsløysing for busetjing av EM u/15 år ... 13
Busetjing av EM på folkehøgskule ... 13
Busetjing av EM gjennom Volda læringssenter ... 14
Busetjing av EM o/18 år ... 14
Introduksjonsprogram for EM o/18 år busett gjennom VLS ... 14
Busetjing av EM u/18 år ... 14
Busetjing av EM frå Volda EMA-mottak/Volda mottak ... 15
Finansiering ... 15
Individstønad til EM m/barnevernsvedtak ... 15
Bidragsforskot/barnetrygd ... 15
Stipend/lån ... 15
Bustønad ... 15
Faglege utgreiingar ... 16
Kartlegging og miljøterapeutisk arbeid ... 16
Planarbeid ... 17
Administrative/økonomiske utgreiingar ... 17

Kostnadsoverslag 2016 i Volda: Noverande og mogleg ny organisering ........................................ 18
Kostnader døgnbemanna bufellesskap for fire EM (Ørsta)........................................................ 18
Kostnader døgnbemanna bufellesskap for 4+4+2 EM (Volda).................................................... 18
Detaljert kostnadsoverslag ulike tiltak i Volda og Ørsta ................................................................ 19
Turnusmodellar i EM-tenesta.......................................................................................................... 20
Faglege og økonomiske konsekvensar knytt til ulike turnusmodellar ....................................... 20
Samanstilling av 3-delt turnus og medlevarturnus m/støtteturnus i bufellesskap for 4 EM ........ 21
Finansiering og tilskot......................................................................................................................... 22
Oversikt over tilskot for busetjing av EM i 2016 ............................................................................ 22
Integreringstilskot: ...................................................................................................................... 22
EM-tilskot: ................................................................................................................................... 22
Ekstra EM-tilskot i 2016 og 2017:................................................................................................ 22
Særskild ekstratilskot for busetjing av personar med særskilde behov...................................... 23
Refusjon for bu- og omsorgstiltak for EM gjennom Bufetat ........................................................... 23
Rekneskap EM-tenesta i Volda og Ørsta i 2014 og 2015............................................................. 24
Kvalifiseringstiltak for EM i Volda og Ørsta ..................................................................................... 26
Skulegang..................................................................................................................................... 26
Arbeid/praksisplass ..................................................................................................................... 27
Fritidsretta tiltak og aktivitetar ................................................................................................... 27
Helseretta tiltak........................................................................................................................... 28
Oppsummering - Barnevernstenesta sitt framlegg til organisering................................................. 29
Framlegg til bu- og omsorgsløysingar ved auka busetjing i Volda .................................................. 30
Bufellesskap:................................................................................................................................. 30
Oppfølgingstenesta: ..................................................................................................................... 30
Vertsfamilie/Husvert: ................................................................................................................... 30
Gruppefosterheim:........................................................................................................................ 30
Framlegg til bu- og omsorgsløysingar ved auka busetjing av EM i Ørsta........................................ 31
Bufellesskap:................................................................................................................................. 31
Oppfølgingstenesta: ..................................................................................................................... 31
Vertsfamilie/Husvert: ................................................................................................................... 31
Fosterheim: .................................................................................................................................. 31
Felles for Volda og Ørsta .............................................................................................................. 32
Framlegg til busetjing av auka tal EM gjennom Volda læringssenter ............................................. 32
Vedlegg og referansar ......................................................................................................................... 33

## Bakgrunn

Dei fire kommunane i det regionale barnevernssamarbeidet; Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, har fått førespurnad frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) om auka busetjing av einslege mindreårige flyktningar (EM) i 2016 og 2017. Ørsta og Volda kommunar har busett EM sidan 2009/2010. Frå 01.01.14 vart ansvaret for bu- og omsorgstenester for EM lagt under det regionale barnevernssamarbeidet, med Volda som vertskommune. Dei tilsette i EM-tenesta i Ørsta vart overført til vertskommunen Volda.

Som følgje av oppmodinga om auka busetjing av EM vart det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå alle fire kommunane og barnevernet, i møte 11.12.15. Gruppa har vore leia av fagteamleiar for EM-tenesta i barnevernet og spesialrådgjevar innvandring og integrering i rådmannens fagstab i Volda. Gruppa fekk i mandat å sjå på *bu- og omsorgsløysingar*, *bemanning og turnus*, *organisering, ansvar og samarbeid, finansiering og tilskot, kvalifisering og helse.* Utgreiinga skal også ta omsyn til *god fagleg tilrettelegging* og *kostnadseffektivitet.* Mandatet byggjer på målsettinga om integrering, som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar og sikrar optimal gjennomstrøyming mot utdanning og arbeid.

I barnevernet er arbeidet organisert i eige EM-hjelpetiltaksteam. Bu- og omsorgsløysingar som i dag er tilgjengeleg for EM med barnevernsvedtak er: *1) Bufellesskap med heildøgns bemanning* og *2) oppfølging på hybel/i mindre bufellesskap* når EM flyttar ut av bufellesskapa. Det har også vore tilfelle av *3) slektsplassering* med oppfølging av personale i EM-tenesta og plassering i *4) fosterheim*. Ørsta har i dag to bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til fire EM i kvar. Volda har eit bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til inntil 10 EM. Begge kommunane har hatt eiga oppfølgingsteneste, som frå oktober 2015 vart slått saman og driftast i dag på tvers av kommunane.

Ulstein og Hareid kommunar har signalisert at dei ikkje planlegg å busetje EM gjennom barnevernet, slik Volda og Ørsta gjer. Hareid ser på løysingar innafor anna kommunal tenesteyting, og Ulstein har meldt frå om at dei vurdere busetjing av EM på Sunnmøre folkehøgskule i Ulstein kommune. Det har difor vore naturleg at arbeidet i Volda og Ørsta vert hovudfokus i denne rapporten.

Då Ørsta/Volda starta arbeidet med busetjing av EM i 2010/2011 fekk kommunane 100% fullfinansiering gjennom refusjon frå Bufetat for EM med barnevernsvedtak, etter fråtrekk av månadleg eigendel pr. person. Frå 2014 innførte staten i tillegg ein kommunal medfinansiering på 20% av kostnadene, utover månadleg kommunal eigendel. Dvs. at staten dekker 80% av driftskostnadene for EM med barnevernsvedtak, med unntak av kostnader som fell utanfor refusjonsgrunnlaget etter gjeldande rundskriv. Det særskilde tilskotet for busetjing av EM vart auka for å kompensere for kommunane sine utgifter, men dekker på langt nær alle kommunale kostnader. For 2016 får kommunane eit ekstra EM-tilskot (eingongstilskot) på kr 100.000 for kvar EM som blir busett i 2016. I revidert nasjonalbudsjett for 2016 er det varsla at tilskotet blir vidareført i 2017. Finansieringsordninga for EM er i dag under utgreiing sentralt, og ein kan forvente endringar i ordninga som følgje av dette. I den nye integreringsmeldinga (St.meld. 30 (2015-2016)) signaliserer regjeringa at dei i statsbudsjettet for 2017, vil ta stilling til om refusjonsordninga for kommunale barnevernstiltak for EM skal leggjast om til *stykkprisordning*. Korleis dette vil slå ut for kommunane er uavklart, og det er uråd å stipulere kva statleg finansiering kommunane kan forvente å få til EM-arbeidet frå 2017.

## Nasjonale busetjingsbehov

Som følgje av auka tilstrøyming av flyktningar til landet sendte IMDi brev til landets kommunar i november 2015, med oppmoding om å auke busetjingskapasiteten og ta imot fleire flyktningar i perioden 2016 - 2019. Dei varsla om auka behov for busetjing av flyktningar generelt, og EM spesielt. I 2016 varsla dei om behov for å busetje minst 18 000 flyktningar, ei auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding for 2016. Førebelse plantal for 2017 viste eit busetjingsbehov på minst 21 000 flyktningar, ei auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal. Det vart vist til særleg stor auke i talet EM som skal busetjast. Prognosar viste at 4 400 EM skal busetjast i 2016 og 7 000 i 2017.

### *Nytt nasjonalt busetjingsbehov for 2016 og 2017 pr. juni 2016*

No er situasjonen endra. Det kjem færre asylsøkjarar til Noreg og i juni 2016 vart busetjingsbehovet nedjustert av *Nasjonalt utval for bosetting av flyktninger* for 2016 og 2017. Det er varsla at endelege måltal for 2017 kjem i nytt oppmodingsbrev til kommunane i september 2016. Nytt busetjingsbehov kjem fram av pressemelding frå IMDi på www.imdi.no 7. juli 07.07.16: *Nytt bosettingsbehov for 2016 og 2017.*

**2016:** Busetjingsbehovet er nedjustert med 2 000, frå 18 000 til 16 000 flyktningar. For EM er behovet nedjustert med 2 590, frå 4 400 til 1 810.

**2017:** Busetjingsbehovet er nedjustert med 6 000-8 000, frå 21 000 til 13 000-15 000. For EM er behovet nedjustert med 4 440, frå 7 000 til 2 560.

Sjølv om det skal busetjast færre enn tidlegare prognose, skal kommunane likevel busetje fleire flyktningar enn nokon gong. Særleg er det auka behov for busetjing av EM, og spesielt EM u/15. For 2016 har kommunane vedteke å busetje 1 000 fleire EM enn behovet på 1 810. For 2017 har kommunane vedteke å busetje 800 av 2 560 EM. IMDi ventar tilbakemelding frå mange kommunar, som ikkje har teke stilling til kor mange EM dei vil busetje. Med bakgrunn i fleire vedtekne plassar enn busetjingsklare EM i 2016, samstundes som ein manglar plassar i 2017, vil IMDi be kommunane overføre plassane til neste år. Ved å overføre 1 000 plassar som er for mange i 2016, manglar IMDi kring 750 plassar før samla behov er dekt i 2017.

### *Fleksibilitet i busetjingsvedtaket*

IMDi oppmodar kommunane om fleksibilitet i vedtaket både ift. busetjingsbehov og disponering av plassane mellom flyktningar og EM, og overføring av plassar frå eit år til eit anna. For kommunen er det også viktig å ha fleksibilitet m.a. i høve kapasiteten i tenesteapparatet, tilgang på bustader og uavklart finansieringsordning for busetjing av EM.

## Busetjing av EM i kommunane/oppmoding om auka busetjing

**Volda:** Har i perioden 2010-2015 busett 40 EM, dvs. eit snitt på 6,7 kvart år. Tidlegare vedtak om å busetje kring fem EM kvart år. Er i brev frå IMDi 24.11.15 oppmoda om å busetje 12 i 2016 og 17 i 2017. I telefonmøte 12.07.16 med regiondirektøren i IMDi Midt-Norge fekk Volda munnleg nedjustert oppmodingstala for busetjing av EM i 2016 og 2017, som følgje av at nedjusterte nasjonale busetjingsbehov. Nye oppmodingstal frå IMDi er busetjing av inntil 10-12 kvart av åra 2016 og 2017.

**Ørsta:** Har i perioden 2009 -2015 busett 31 EM, dvs. eit snitt på 4,4 kvart år. Tidlegare vedtak om å busetje fire EM kvart år. Er oppmoda om å busetje 12 i 2016, derav 4 u/15 år og 16 i 2017, derav 6 u/15 år.

**Ulstein:** Har tidlegare år ikkje hatt eige vedtak om busetje EM, men har busett einskildpersonar. Har eit busetjingsvedtak frå desember 2015 om å busetje inntil åtte EM i 2016 og inntil 14 i 2017.

**Hareid:** Har tidlegare år ikkje hatt eige vedtak om busetje EM, men har busett einskilde m.a. knytt til familie/slekt i kommunen. Har også erfaring frå busetjing av nokre få EM i bufellesskap u/heildøgns bemanning. Har eit busetjingsvedtak frå desember 2015 om å busetje inntil fem EM i 2016 og inntil åtte i 2017.

# Busetjing av EM gjennom EM-tenesta i barnevernet

## Noverande organisering av EM-tenesta i Volda og Ørsta




## Noverande bu- og omsorgstilbod for EM i Volda og Ørsta

### *Heildøgns bemanning i bufellesskap*

**Volda:** Har eit bufellesskap med plass til 10 EM. Bufellesskapet er ein firemannsbustad, og det bur EM i tre av bustadene. Den fjerde bustaden er personalbase. Det bur fire EM i to av bustadene. Den tredje vert nytta som treningsbustad med plass til to EM, ev. til einetiltak når det er behov for dette. Volda har 13,66 årsverk til EM-arbeidet. Oppfølgingstenesta (OPP) utgjer 2,86 årsverk av dette.

**Ørsta:** Har to separate bufellesskap i einebustadar i to ulike byggefelt i Ørsta kommune. Den eine bustaden var ved oppstart i 2011 eit bufellesskap for EM u/15 år. Her var det tre plassar. I tillegg hadde ein eit avlastningstilbod for fosterheimar som tok i mot EM. Då ein ikkje har busett EM u/15 år dei to siste åra, har ein no hatt fire EM i bufellesskapa. Ved nokre høve har ein hatt overbelegg med ein EM. Ørsta har sidan 2011 hatt EM i to ulike fosterheimar. Ørsta har 17,05 årsverk til EM-arbeidet. Oppfølgingstenesta (OPP) utgjer 2,14 årsverk av dette.

**Felles for Volda og Ørsta:** Alle EM u/18 år som til no har blitt busett i kommunane har vedtak etter Lov om barnevernstenester §4-4,2.ledd. Når dei fyller 18 år får alle tilbod om ettervern etter same lovverk.

EM bur som hovudregel alltid ei periode i bufellesskap når dei vert busett i kommunen, slik at ein får kartlagt fungering og behov. Når dei vert vurdert som klare til å meistre kvardagen utanfor heildøgns bemanna bustad, flyttar dei ut av bufellesskapet. Tiltaket er frivillig, og ungdomen kan sjølv velje å flytte ut tidlegare enn tilrådd. Etter utflytting får EM alltid tilbod om timebasert oppfølging på hybel. Ei eiga oppfølgingsteneste (OPP) står for denne.

Frå ein starta opp drift av heildøgns bemanna bustader i 2010 (Volda) og 2011 (Ørsta), har 68 EM hatt tilbod om oppfølging i bufellesskap og på hybel (41 i Volda og 27 i Ørsta).

Resultat så langt: Korleis det går med ungdomane, kan ein til ein viss grad vite gjennom å sjå på måleparameter som: Kontakt med NAV, kriminalitet, rus, kontakt med psykisk helsevern, bustad etc. Ungdomane er ved avslutning av tiltaket i stor grad økonomisk sjølvhjelpte. Under tre prosent er avhengig av økonomisk sosialhjelp frå NAV på avslutningstidspunktet for barnevernsvedtaket. Dei fleste er i utdanning eller i arbeid og leiger bustad på den private bustadmarknaden. Under tre prosent har kontakt med kriminelle miljø, har vanskar knytt til rus, har kontakt med psykisk helsevern i første- eller andre linetenesta.

Familiesameiningar: Av dei 68 ungdomane har fem fått innvilga familiesameining. Tre har søkt og fått avslag.

Bustad: Dei fleste ungdommane bur i dag i privat leigde bustader. Dei har enten funne denne sjølve, eller fått bistand av miljøpersonale til å skaffe bustad. Til tider kan det vere vanskeleg å skaffe private bustader. Dette kan føre til at EM bur lenger i bufellesskapet enn ønskjeleg, og tek opp plassar som kan frigjerast til å busetje nye.

**Volda**: Etter opphald i døgnbemanna bufellesskap kan EM bu ilag i mindre bufellesskap utan heildøgns bemanning. Volda har fire slike plassar til rådvelde: To bustader med plass til to ungdomar er kjøpt inn med gunstig finansieringsordning frå Husbanken. Ei utfordring knytt til at ungdomane må bu saman to og to, er at det i periodar kan vere vanskeleg å finne ungdom som er klare for å bu på hybel og som passer til å bu ilag med kvarandre. For fleksibiliteten i tiltaket sin del, er det behov for å disponere kommunale bustader/hyblar til ein person. Tidlegare har kommunen hatt private bustader på framleige, men dette har ein ikkje lenger tilbod om. EM-tenesta samarbeider med tildelingskontoret i Volda og Volda læringssenter, som har ansvar for busetjing av vaksne og familiar, ved behov for bustader.

**Ørsta:** Har ikkje "øyremerka" kommunale bustader til einsleg mindreårige som flyttar ut av døgnbemanna bufellesskap, slik Volda har. EM disponerer ingen kommunale bustader, og har pr. i dag ikkje private bustader til EM på framleige. EM-tenesta samarbeider med eigedomsavdelinga og flyktningtenesta ved behov for bustader.

Flytting: I Ørsta har 6 av 27 flytta ut av kommunen. I Volda har 10 av 41 flytta, men ein av desse har no flytta tilbake til Volda. Ungdomane flyttar i hovudsak grunna skulegang eller arbeid.

### *Oppfølging på hybel av oppfølgingstenesta (OPP)*

Frå 1.oktober 2015 vart oppfølgingstenesta (OPP) i Volda og Ørsta slått saman til ei teneste med felles koordinator. Dette vart gjort for å utnytte ressursane betre og gi større fleksibilitet i tiltaket. Erfaringane er at dette fungerer godt, men at det er behov for større differensiering. I tillegg til å følgje opp EM, kan øvrig barnevern i Ørsta og Volda kjøpe timebaserte tenester frå OPP dersom ein har ledig kapasitet. Dette har vore gjort ved fleire høve, og det ordinære barnevernet har på denne måten unngått å kjøpe kostbare tenester frå private tilbydarar. Nokre EM har behov for oppfølging også etter fylte 20 år. OPP følgjer då opp ungdomen etter avtale med barnevernstenesta.

<u>Bemanning i OPP:</u>

- 5 årsverk (Volda: 2,86, Ørsta: 2,14) fordelt på 7 tilsette:
    - 1 årsverk teamkoordinator
    - 2,44 årsverk miljøterapeut
    - 0,8 årsverk miljøarbeidar
    - 0,76 årsverk som står vakant (Volda: 0,64, Ørsta: 0,12)
- Alle har oppmøtestad og base i bufellesskapet til EM i Volda
- Alle tilsette i OPP har i tillegg delar av stillinga si knytt til arbeid inne i eit av dei tre bufellesskapa
- Kan følgje opp inntil 20 ungdom
- Oppfølgingstidspunkt: Mån-fre kl 09.00-23.00

EM som har flytta ut av bufellesskapa får oppfølging ut frå behov, som skal kome fram av den einskilde sin individuelle tiltaksplan. Per i dag får EM som har flytta ut av bufellesskap og inn i eigen hybel, i snitt fire timar oppfølging av OPP pr. veke, fordelt på to dagar. Oppfølgingstida vert fylt med alt i frå lekselesing til anna kvalifiseringsarbeid. Treng ungdom meir enn fire timar oppfølging pr. veke, vert kapasiteten redusert.

## Alternative ordningar ved auka busetjing i 2016 og 2017

I samband med utgreiinga av alternative ordningar for bu- og omsorgsløysing ved auka busetjing av EM, har arbeidsgruppa sett på korleis andre kommunar løyser oppgåva. M.a. har vi vore i kontakt med Trondheim, Grimstad, Arendal, Larvik, Levanger, Molde, Sunndal, Eid og Sandane. Under følgjer oversikt over tiltaka ein har sett nærare på.

### *Busetjing direkte på hybel/bufellesskap u/døgnbemanna oppfølging*

Tiltaket inneber direktebusetjing på hybel, dvs. at EM ikkje først vert busett i døgnbemanna bufellesskap, slik ein gjer det i Volda og Ørsta i dag. Ungdomane leiger privat eller kommunal bustad og får timebasert oppfølging av miljøpersonale.

**Trondheim kommune:** Dei fleste ungdomane flyttar først i døgnbemanna bufellesskap eller til hybelvert. Dersom ungdomen er nær 18 år, samt har ei kartlegging frå mottak som seier at ungdomen er sjølvstendig og ikkje har behov for heildøgns oppfølging, kan ein i nokre tilfelle flytte ungdomen i eit mindre kommunalt bufellesskap utan døgnbemanning. Bufellesskapa har i hovudsak plass til to ungdomar (eit med plass til tre). Ungdomane har vedtak om 50 timar oppfølging av

miljøterapeut kvar månad. I tillegg kan dei ha vedtak om m.a. leksehjelp, då dette ikkje er primæroppgåve for miljøterapeutane.

**Sandane:** Ingen ungdomar på hybel rett frå mottak.

**Molde:** Ingen flyttar rett på hybel frå mottak. Deira vurdering er at dette ikkje er barnevernsfagleg forsvarleg.

**Grimstad:** Har døgnbemanna bufellesskap. I tillegg er dei i gang med å starte opp tiltaket "gruppefosterheim", som vært nærare skildra seinare i rapporten.

**Levanger:** Har hatt ungdom på hyblar. Skal i desse dagar etablere døgnbemanna bufellesskap, då dei over tid har sett at ein ikkje får gitt god nok hjelp til ungdom som flyttar rett på hybel utan døgnbemanning.

**Ørsta:** I 2009/2010 vart det busett ungdom direkte på hybel u/døgnbemanning oppfølging. Ein opplevde då at dei ubemanna bufellesskapa vart samlingsplassar for mange ungdom og det var ofte politi innom i helgane. Barnevernstenesta brukte mykje tid og ressursar på å følgje opp ungdomen i etterkant av ulike hendingar. Ein vurderte det som barnevernsfagleg uforsvarleg å halde fram med tilbodet slik det var organisert. Ungdomane sjølve ga også klåre tilbakemeldingar om at dei ikkje vart godt nok ivaretekne. Med bakgrunn i dei negative erfaringane, samt vurderingar kring ungdomane sine behov for oppfølging etter busetting, har ein ikkje busett ungdom direkte på hybel etter 2010.

### *Vertsfamilie/husvert*

Husvert er eit tiltak som mellom anna Trondheim kommune (ca. 180 000 innbyggarar) i stor grad nyttar ved busetjing av EM. Dei har hatt gode erfaringar med tiltaket, som vart starta i 2007. I 2015 hadde dei 24 vertsfamiliar/husvertar. Ungdom som får tilbod om å bu hos vertsfamilie nærmar seg 18 år på busetjingstidspunktet, og vert vurdert som relativt sjølvstendige. Dei bur som regel ikkje i bufellesskap først. I kartlegginga frå asylmottaket vert desse ungdomane skildra som sjølvstendige i høve det å stå opp, kome seg på skule, sjølvstendige i høve "å bu" etc.

Ungdomen flyttar inn  på hybel hos vertsfamilien/husverten, som har ansvar for delar av oppfølginga av ungdomen. Husverten bidreg med nærleik, vekentleg kontakt, inkludering og tilsyn (min. 4 timar kontakt mellom husvert og ungdom kvar veke), og har fortløpande dialog med ungdomen sin miljøterapeut. Kvar ungdom har i tillegg til husverten, oppfølging av miljøterapeutar som kartlegg behov og følgjer opp ungdomen i kvardagen. Husverten får i tillegg oppfølging frå ein husvertkoordinator. Husvertkoordinatoren og miljøterapeutane er knytt til ein eigen aktivitetsbase. Ungdomane får tett oppfølging: Alle har vedtak på 70 timar oppfølging kvar månad. Timane er fordelt mellom oppfølging av husvert og miljøterapeutar. Ungdomen kan i tillegg ha tilbod om leksehjelp, og få økonomisk supplering frå barnevernstenesta.

Erfaringar frå Trondheim er at skal tiltaket fungere, må ein ha tilstrekkeleg ressursar til rekruttering og oppfølging av vertsfamiliane/husvertane. Trondheim skal i samband med auka busetjing, utvide staben av miljøterapeutar og talet på vertsfamiliar. Dei har valt å utvide ordninga dei i dag har, då denne har fungert godt over fleire år.

<u>Kostnader:</u> Husverten har i tillegg til å få dekt husleige for hybelen, godtgjering for oppfølging tilsvarande 0,5 KS (kr 3 800 pr. mnd.) samt 0,2 KS utgiftsdekning (kr 1 400 pr. mnd.). Alle ungdomane

som har vertsfamilie/husvert har barnevernsvedtak, og kostnader til tiltaket vert omfatta av refusjonsordninga til Bufetat.

### *Fosterheim*

Fosterheim er først og fremst aktuelt for barn som er u/15 år ved busetjing. Ørsta har, som einaste av dei fire kommunane i barnevernssamarbeidet, fått førespurnad om å ta imot fire EM u/15 år i 2016 og seks u/15 år i 2017.

Ved oppstart av EM-tiltaket i Ørsta i 2011, vart det gjort avtale med Bufetat om at to av dei fire ein skulle busetje kvart år, skulle vere u/15 år. Ein oppretta eit bufellesskap der dei yngste skulle bu. Ein hadde i tillegg planar om å knyte til seg fosterheimar. Rekrutteringsarbeidet for å få fosterheimar var krevjande, og det var vanskeleg å kombinere med ansvaret for drift av bufellesskapa. Ein av tre som var u/15 år på busetjingstidspunktet, vart plassert i fosterheim. Dei to andre vart buande i bufellesskap. Ved jamne mellomrom har ein vore i kontakt med Bufetat kring rekruttering av fosterheimar for EM, og Bufetat har hatt to rekrutteringsmøter i Volda/Ørsta våren 2016. Til no har ein ikkje fått tilbod om konkrete fosterfamiliar. Skal ein busetje så mange som 10 EM u/15 år i løpet av to år, vil det vere avgjerande at det vert sett av tilstrekkelege ressursar til å drive rekrutterings- og oppfølgingsarbeid. Med bakgrunn i at dei økonomiske støtteordningar frå staten er knytt til busetjingskommunen, samt moglegheit for oppfølging, er det i utgangspunktet ein stor fordel om fosterheimen er i busetjingskommunen.

Ut frå barnevernstenesta lokalt sine erfaringar med rekruttering av fosterheimar, ser ein det som lite realistisk å rekruttere 10 fosterheimar i 2016/2017 i Ørsta. Dette inneber at ein må opprette nye heildøgns bufellesskap dersom ein skal busetje 10 barn u/15 år.

**Formelle krav til fosterheimsarbeidet:** Fosterheimen må godkjennast av barnevernstenesta i den kommunen der heimen ligg. Barn som bur i fosterheim har i følgje Lov om barnevernstenester krav på minimum fire besøk av sin kontaktperson i barnevernet pr. år. Dei skal i tillegg ha eigen tilsynsførar som også skal på besøk minimum fire gongar i året. I våre fire kommunar er det lagt til barnevernstenesta å sørgje for oppnemning og oppfølging av tilsynsførar. Det skal utarbeidast omsorgsplan og tiltaksplan ut frå barna sine behov for oppfølging. Det må i tillegg opprettast samarbeid med skule og andre hjelpeinstansar. Erfaringa tilseier at det er behov for fleire enn fire besøk første året. Skal ein få fosterheimar til å stå i oppgåva si som omsorgsgivarar, er tett oppfølging i heimen og tilbod om avlastning avgjerande.

Kostnader: Fosterheimar har pr. månad minimum 1 KS løn (kr 7 800 pr. mnd. i inntekt som skal skattast av) og 1 KS utgiftsdekning (kr 7 405 pr. mnd.). Dersom ungdomen har særskilde utfordringar kan ein setje inn forsterkingstiltak, til dømes frikjøp frå arbeid, ekstra løn, avlastning, ekstra utgiftsdekning o.l. Då vil kostnadene for kommunen auke i den aktuelle perioden. Alle barn/ungdom som bur i fosterheim har barnevernsvedtak, og kostnader til tiltaket vert omfatta av refusjonsordninga til Bufetat.

Ressursbehov: Dersom ein opprettar fleire nye fosterheimar for EM, vil det vere behov for auka stillingsressurs til rekruttering, oppfølging og rettleiing, på minimum eitt årsverk. Ein må gjere ei vurdering av om ein skal knyte denne til ein del av omsorgsteamet i barnevernstenesta, eller om ein skal opprette eiga EM-fosterheimsteneste. Saksbehandlingsressurs får ein ikkje knytt til refusjonsordninga. Stillingsressursar knytt til rettleiing til fosterheimar, kan omfattast av refusjonen.

## *Gruppefosterheim*

Oslo kommune har over fleire år hatt tiltaket "gruppefosterheim" for busetjing av EM. Fleire kommunar, m.a. Grimstad og Arendal, er i gang med å prøve ut tiltaket. Dei formelle krava til ein gruppefosterheim er tilsvarande som ein ordinær fosterheim. Det som skil gruppefosterheim frå ordinære fosterheimar, er at også fosterforeldra flyttar inn i ein ny heim i lag med ungdomen. I tillegg er det andre økonomiske ordningar.

Kommunen eig/leiger bustaden som fosterforeldre flyttar inn i saman med ungdomen. Det er i hovudsak tidlegare busette flyktningar som rekrutterast til denne typen fosterheim. Tiltaket er i utgangspunktet mest aktuelt for ungdom o/16 år. I Oslo får ungdom i slike tiltak nytte seg av eit kveldstilbod med aktivitetar og leksehjelp. Våre kommunar har pr. i dag ikkje tilsvarande tilbod. Ein ser føre seg at ungdom i tiltaket i staden kan få tilbod om leksehjelp og oppfølging frå miljøpersonale i OPP. Fosterfar/-mor pliktar seg til å ta imot opplæring og rettleiing frå barnevernstenesta, og får tilbod om avlastning i helgar/ferie. Ein ser føre seg avlastningstilbod ei helg i månaden, samt fem veker ferie. Fosterfar/-mor kan arbeide/studer inntil 50% i tillegg til fosterheimsengasjementet.

<u>Kostnader:</u> Fosterheimen får tre KS-satsar (kr 23 400 pr. mnd.) når fosterheimen tek i mot 2-3 ungdom. Ungdomen får utgiftsdekning etter KS sine satsar (kr 7 405 pr. mnd), som setjast inn på eigen konto og disponerast av fosterfar/-mor. Delar av utgiftsdekninga skal gå til mat for ungdomen, som også får tilskot til to aktivitetar og lommepengar av utgiftsdekninga. Fosterfar/-mor må skrive rekneskap på kva utgiftsdekninga vert nytta til. Både fosterfar/-mor og ungdomane må betale eit fast beløp til husleige kvar månad. Døgnprisen i Oslo er om lag kr 2 000 for ein ungdom i tiltaket.

## *Heildøgns bemanna kartleggingsbustad*

Barnevernstenesta er interkommunal, og ein kan difor sjå føre seg at ein har ein eller to bustadar som tek imot ungdomar på tvers av kommunegrensene. Ungdom kan bu i kartleggingsbustaden i om lag tre månadar, og ein skal i denne perioden kartleggje ungdomen si fungering og behov. Ut frå kartlegginga vert det bestemt kva tilbod ungdomen skal få vidare t.d. bufellesskap m/heildøgns bemanning, bufellesskap u/heildøgns bemanning, vertsfamilie/husvert eller hybel med oppfølging.

Ungdomen startar på skule så fort som råd etter busetjing. Det er viktig at ungdomen tek til på den skulen han skal høyre til i heimkommunen, slik at det ikkje vert brot i høve skule og heim i samband med utflytting. Det tyder i praksis at ungdom som bur i kartleggingsbustad i ei anna kommune enn eiga busetjingskommune, må pendle mellom kommunar for å gå på skule. Erfaringar andre kommunar har gjort er at når ungdom må flytte frå eitt hus til eit anna, er at flyttinga er krevjande for ungdomane. Det skaper utryggleik, og ein må jobbe mykje med trygging. Ungdomane har behov for å høyre til ein stad, og flytting gjer dette vanskeleg. Å bu t.d. tre månadar i ein kartleggingsbustad, der ein veit at ein må flytte frå huset og personalet etter kort tid, vil forsinke prosessen med "å lande" og kome i gang med sitt nye liv i ei kommune. Dette vil også kunne gjere kartleggingsarbeidet vanskelegare. I NTNU-rapporten *Mot en ny bosettingsmodell*, vert erfaringar frå kommunar med kartleggingsbustad skildra. Her vert nettopp dette med flytting peika på som negativt for ungdomane.

Ei anna utfordring med interkommunal kartleggingsbustad er knytt til økonomiske overføringar av statstilskot til busetjingskommunen, for flyktningar/EM som har bu- og omsorgstiltak i anna kommune enn busetjingskommunen. Det er ein regel om at ein skal vere folkeregistrert i opphaldskommunen, altså i den kommunen flyktningane/EM oppheld seg i. Tilskotssystemet for

flyktningar er lagt opp slik at alle statlege overføringar blir overført til den kommunen personen er folkeregistrert i. Difor må ein i dag lage skriftlege avtalar mellom busetjingskommunen og opphaldskommunen, der ein er folkeregistrert, om at tilskota skal overførast til busetjingskommunen. Dette må ein gjere for kvar einskild person. Arbeidet er tidkrevjande, og fører til at tilskota kjem seint til utbetaling til busetjingskommunen, som har alle kostnader med tiltaket. Eit alternativ er å ha ein kommunal kartleggingsbustad i kvar kommune.

**Volda:** Kan nytte eine bustaden i Smiebakken som kartleggingsbustad. Ungdomane vil då få lite endringar dersom dei har behov for vidare oppfølging i bufellesskap.

**Ørsta:** Ungdomane har tidlegare opplevd bytte av bustad i samband med at kommunen endra leigeforhold. Erfaringar frå dette var at det var vanskeleg for ungdomane å flytte, sjølv om personalet flytta ilag med dei. Kartlegginga bør ut frå denne erfaringa, skje i begge bufellesskapa.

### *Bufellesskap u/heildøgns bemanning*

**Sandane:** Har eit bufellesskap med tre ungdomar, som er eit tilbod i etterkant av utflytting frå heildøgns bemanna bufellesskap. Ungdomane vart kartlagt i bufellesskapet og vurdert som godt fungerande. Kommunen har ei 100% stilling knytt til oppfølging av ungdomane. Sandane ønskjer ikkje å plassere ungdom rett frå mottak til bufellesskap u/heildøgns bemanning. Alle ungdomane som er busett har barnevernsvedtak og er knytt til refusjonsordninga frå Bufetat.

**Trondheim:** Har bufellesskap u/heildøgns bemanning i hovudsak som eit tilbod i etterkant av utflytting frå døgnbemanna bufellesskap. Ungdomane har barnevernsvedtak på 50 timar miljøterapeutisk oppfølging pr. mnd. og får økonomisk stønad frå barnevernstenesta. Storleiken på tiltaket gjer at dei kjem under refusjonsordninga til Bufetat.

**Nordfjordeid:** 4-5 ungdom bur i bufellesskap u/heildøgns bemanning. Ein miljøarbeidarar arbeidar i bufellesskapet kvar kveld, og har bakvakt på natt som ungdomane kan ringe til. Ungdomane greier ikkje å nyttiggjere seg dette tilbodet, og miljøarbeidaren med bakvakt vert lite nytta. Bufellesskapet fungerer godt, men dei har nokre utfordringar: Ungdomane kan vere utrygge og sove dårleg. Dei opplever til tider at bufellesskapet kan vere ein samlingsplass for mange ungdomar på kveldstid. Ungdomane har barnevernsvedtak og er i refusjonsordninga til Bufetat.

**Sunndal:** Sunndal kommune driftar kommunalt asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjarar (EMA-mottak), og har kombinert dette med busetjing av EM i kommunen. EM flyttar inn i bufellesskap etter dei har fått opphaldsløyve. Bufellesskapet er u/heildøgns bemanning, og har plass til 2-4 ungdom. Dei har tilbod om oppfølging i bufellesskapet på ettermiddagane etter skuletid. I tillegg er døgnbemanninga på det kommunale EMA-mottaket tilgjengelege på natt ved behov. Ingen av ungdomane har barnevernsvedtak, og kommunen finansierer tenesta utan å nytte refusjonsordninga til Bufetat. Sunndal har gode erfaringar med å busetje EM etter denne modellen. Volda læringssenter (VLS), vil busetje EM som er oppunder 18 år, ev. nettopp har fylt 18 år, direkte på hybel/i mindre bufellesskap saman med andre unge vaksne, etter modellen frå Sunndal kommune. Sjå meir om dette under.

**Volda/Ørsta:** Har og har hatt bufellesskap u/heildøgns bemanning. Ørsta hadde to slike bufellesskap i 2009/2010. Desse vart avvikla. Som tidlegare nemnd såg ein at bufellesskapa vart samlingsplassar for mange ungdomar. Det var ofte politi innom i helgane, og barnevernstenesta måtte bruke mykje tid

og ressursar på å følgje opp ungdomen i etterkant av ulike hendingar. Nokre av ungdomane i Ørsta og Volda har flytta ilag i bufellesskap i etterkant av opphald i døgnbemanna bufellesskap. Ein har blanda erfaringar frå dette. Korleis bufellesskapa fungerer, er avhengige av ungdomane som bur der og korleis dei fungerer i lag. Det vil også vere avgjerande kor mykje ressursar ein har tilgjengeleg til oppfølging.

## *Val av bu- og omsorgsløysing for busetjing av EM u/15 år*

Dersom kommunane skal busetje born u/15 år, slik Ørsta har fått førespurnad om, vil dette krevje særskilde tiltak. Ørsta oppretta eit bufellesskap med tettare bemanningsnorm då dei gjorde vedtak om busetjing av EM u/15 år. Dei som har vore u/15 år på busetjingstidspunktet, har budd i bufellesskap i tre år eller meir. Skal ein halde fram med å busetje så unge barn, krev det at ein har fosterheimar i tillegg dersom ein skal få gjennomstrøyming i bufellesskapa. Vel ein å busetje i bufellesskap må ein opprette nye heildøgns bemanna bufellesskap. Det er ikkje fagleg tilrådeleg å plassere t.d. ein 13-åring i eit bufellesskap der det elles berre bur 16-17-åringar.

Det fordelar og ulemper knytt til å ha barn i fosterheimar. Dersom det er god "match" mellom familien og barna, og barna får dekt sine behov der, er fosterheim eit godt alternativ. Barnevernstenesta ser at det er krevjande å rekruttere fosterheimar. I tillegg ser ein at fosterheimar for ungdomar avsluttar sitt oppdrag og ungdomen må flyttast til ny plass. Eit bufellesskap vil i større grad vere ein stabil omsorgsbase. Dersom Ørsta skal busetje barn u/15 år, vil det vere å føretrekke å ha både fosterheim og bufellesskap som tiltak for denne gruppa.

## *Busetjing av EM på folkehøgskule*

Staten har lansert busetjing av EM på folkehøgskule som eit mogleg bu- og omsorgstiltak kommunane kan nytte seg av ved auka busetjing av EM. Ørsta og Ulstein er vertskommune for folkehøgskule, og har signalisert at dei vil vurdere dette tiltaket. Folkehøgskulane har teke initiativ til å ta i mot minst 280 EM i 2016.

Vi ser både fordelar og ulemper knytt til å bruke folkehøgskule til busetjing av EM. Folkehøgskulen vil gi eit bu- og omsorgstilbod dei første månadene, samt skuletilbod. Bruk av folkehøgskular til busetjing av EM krev at blir inngått konkrete avtalar mellom den einskilde kommune og folkehøgskule, før EM vert busett direkte frå asylmottak på folkehøgskulen. Folkehøgskulane tilbyr ikkje formell opplæring etter opplæringslova. For EM som har rett til grunnskuleopplæring, må det særskilt leggjast til rette for at kommunen kan tilby dette i samarbeid med folkehøgskulen. I tillegg må kommunen sørgje for at EM o/16 år får dei rettane dei har krav på etter introduksjonslova.

Folkehøgskuleåret varer om lag ni månader og i høgtider skal ungdomen heim. Dersom folkehøgskulen ikkje tilbyr alternative ordningar i høgtider/ferier, må busetjingskommunen ha butilbod i desse periodane. Erfaringar frå arbeidet med EM viser at relasjon mellom ungdomen og dei vaksne er svært sentral for utviklinga til ungdomen. Eit folkehøgskuleår varer 8-9 mnd., og ungdomen må då flytte. Dersom folkehøgskulen ikkje ligg i busetjingskommunen, vil ungdomen på nytt måtte bli kjend med nye vaksne i tillegg til eit nytt lokalmiljø. Erfaringar viser at tilbodet fungerer best for ungdom o/17 år.

<u>Kostnader:</u> Departementet og Folkehøgskulerådet har utarbeidd rettleiande satsar for kostnader ved ein elevplass for EM, inkl. undervisning (medrekna norskopplæring), kost og losji, lommepengar og

naudsynt utstyr til opphaldet på folkehøgskulen på kr 34 040 pr. mnd. Ev. reiser til utlandet kjem i tillegg. Tiltaket gir rett til refusjon frå Bufetat om ungdomen har barnevernsvedtak.

## Busetjing av EM gjennom Volda læringssenter

Volda læringssenter (VLS) har ansvar for å busetje vaksne flyktningar og familiar, tiltak etter introduksjonsordninga som introduksjonsprogram (INTRO) og norskopplæring og samfunnskunnskap, samt grunnskule for vaksne. Hausten 2015 etablerte Link AS eit EMA-mottak med 40 plassar i Volda. Dette førte til at VLS oppretta to nye grupper/klasser, der også busette EM vart inkluderte. Dei får grunnleggjande norskopplæring i kombinasjon med grunnskulefag.

I einskilde høve har VLS busett fleire unge, einslege vaksne flyktningar på 18-19 år, som byrjar i INTRO innan tre mnd. etter busetjing. Så langt har dette fungert godt. VLS vurderer at dei kan gi eit godt tilbod til EM som er kring 18 år på busetjingstidspunktet, og har kapasitet til å busetje 2-4 EM i året.

### *Busetjing av EM o/18 år*

Bruke eksisterande modell for busetjing som ved busetjing av andre vaksne flyktningar, men ha ei tettare oppfølging av miljøarbeidar og programrådgjevar. Vedkomande startar i introduksjonsprogrammet innan 3 mnd. etter busetjing, og får stønad frå NAV fram til utbetaling av første introduksjonsstønad.

### *Introduksjonsprogram for EM o/18 år busett gjennom VLS*

Målgruppe for introduksjonsprogrammet (INTRO) er nykomne innvandrarar mellom 18-55 år med behov for grunnleggjande kvalifisering. Programmet skal minst innehalde norskopplæring og samfunnskunnskap, og tiltak som førebur til vidare utdanning eller arbeid. Programmet kan vare i inntil to år, og skal vere heilårleg og på full tid. Deltaking utløyser rett til INTRO-stønad lik 2G (kr 185.152 pr. år). Personar u/25 år får 2/3-stønad (kr 123 435 pr. år). Stønaden er skattepliktig. I dag har ingen EM i Volda og Ørsta INTRO når dei har barnevernsvedtak og er omfatta av refusjonsordninga til Bufetat. EM som blir busett gjennom VLS, vil ha overgang til INTRO når dei fyller 18 år.

### *Busetjing av EM u/18 år*

VLS vil bruke modellen Sunndal kommune nyttar for busetjing av EM u/18 år:

- Bør vere minst 17 ½ år på busetjingstidspunktet
- EM må vere klare til å bli busett på hybel/i bufellesskap, gjerne med andre unge vaksne/vaksne frå same etniske gruppe
- EM har ikkje barnevernsvedtak og er ikkje omfatta av refusjonsordninga til Bufetat
- Det vert søkt barnetrygd og bidragsforskot, som til saman utgjer kr 4 690 pr. mnd (får 2 x bidragsforskot). Ungdomen har rett på ytingane fram til dei fyller 18 år
- Ungdomen får supplert opp til norm for livsopphald etter NAV sine satsar for einsleg vaksen, samt utbetalt utgiftsdekking for husleige og straum. Dette vert tett følgt opp av miljøarbeidar
- Oppfølging av miljøarbeidar på ettermiddag/kveld, samt av programrådgjevar
- Ev. supplering i forhold til utgifter knytt til eigendel lege eller andre uføresette utgifter
- Kommunen dekkjer etableringspakken etter same modell som ved busetjing av vaksne
- Overgang til INTRO når ungdomen fyller 18 år

### Busetjing av EM frå Volda EMA-mottak/Volda mottak

VLS meiner det særleg er aktuelt å busetje EM frå Volda eit av mottaka i Volda; EMA-mottaket el. Volda mottak, og vil gjerne etablere eit like tett og godt samarbeid med Volda EMA-mottak, slik dei har med Volda mottak. Sidan Volda mottak vart etablert for 7-8 år sidan, har meir enn halvparten av flyktningane i Volda blitt busett frå Volda mottak. VLS og helsestasjonen har lang og god erfaring med å busetje flyktningar som allereie har bak seg ei tid i kommunen. Desse er allereie: Elevar ved VLS (grunnskule/norskopplæring), er kartlagt av lærarar og helsestasjonen i Volda, har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Voldasamfunnet før dei blir busett, og ikkje minst ønskjer dei å halde fram med å bu i Volda.

### Finansiering

VLS vil bruke EM-tilskotet og ekstra EM-tilskot som følgjer med aktuelle EM dei buset til å dekkje utgifter til livsopphald og etablering fram til EM får utbetalt introduksjonsstønad, samt til aktivitetar og oppfølging av miljøarbeidar ifm. busetjing og oppfølging på ettermiddag/kveld.

## Individstønad til EM m/barnevernsvedtak

Ungdomane som bur i bufellesskapa i Volda og Ørsta får alle måltid der. Dei får kr 350 til lommepengar pr. veke, som m.a. skal dekke hygieneartiklar, telefon etc. I tillegg får dei kr 1 000 pr. mnd. til klede, utstyr, reiser etc. Etter utflytting på hybel kan ungdomane få økonomisk supplering etter staten sine satsar for økonomisk sosialhjelp (kr 5 850 pr. mnd.) av barnevernstenesta. I tillegg får dei stønad til dekking av husleige og straum. Alle ungdomane må nytte seg av statlege finansieringsordningar som t.d. flyktningstipend, bustønad etc., før ein ev. får økonomisk supplering frå kommunen. Individstønaden er ein del av driftsutgiftene til EM-tenesta i barnevernet.

### Bidragsforskot/barnetrygd

Det blir ikkje søkt om bidragsforskot for ungdom som bur i døgnbemanna bufellesskap i Volda og Ørsta, då dei ikkje fyller vilkåra for dette. Barn som bur i fosterheim, barnevernsinstitusjon eller som på anna måte blir forsørgja av det offentlege har heller ikkje slike rettar. Det vert søkt om barnetrygd for alle ungdom som vert busett. Det er verje til den einskilde som må søke. Når ungdom vert forsørgja av kommunen, går barnetrygda til kommunen og nyttast som del av utgiftsdekninga knytt til ungdomen. Barnetrygda (kr 970 pr. mnd.) vert utløyst til ungdomen fyller 18 år.

### Stipend/lån

Barnevernstenesta lokalt har bestemt at ungdomane må søke flyktningstipend frå lånekassa frå dei går andre året på grunnskule opplæring. Dei aller fleste har rett på eit slikt flyktningstipend. Unnataket er dei som har opphald på humanitært grunnlag. For skuleåret 2015/2016 utgjer dette kr 101 770. For dei som mottar ordinært stipend utgjer dette kr 71 770 pr. skuleår. I tillegg kjem utstyrsstipend som varierer mellom kr 2-3 000 per skuleår. For skuleåret 2016/2017 bistår OPP 19-20 ungdom med å søke stipend/lån.

### Bustønad

I dag mottek 2-3 ungdom i Volda/Ørsta bustønad (om lag kr 1 200 pr. mnd.). Beløpet er avhengig av storleiken på husvære, husleige etc. I 2015 kom det nye reglar for kven som har rett på bustønad. Dei nye reglane har gjort at svært få av våre ungdom har rett på bustønad. M.a. har ein ikkje rett til bustønad dersom ein er student.

# Faglege utgreiingar

## *Kartlegging og miljøterapeutisk arbeid*

Målet til EM-tenesta i Volda og Ørsta er å gjere ungdomane til sjølvstendige borgarar. Vi ønskjer å legge til rette for at dei kan vere ein ressurs for lokalsamfunnet dei er ein del av. Mange av ungdomane våre har traumatiske livserfaringar. Alle har reist frå familie, nettverk og alt som er kjend. Dette er i seg sjølv ein stor risikofaktor for psykiske utfordringar. Dei traumatiske, sosiale og kulturelle faktorane i lag, eller kvar for seg, gjer at det er avgjerande med god kartlegging utført av kompetente fagpersonar for å vurdere tiltaksbehov. Dette for å kunne gi gode nok oppvekstvilkår for ungdomane. Den barnefaglige kartlegginga i asylfasen er ut frå tenesta si erfaring mangelfull og har dårleg kvalitet. Dette gir lite eller ingen grunnlag for vurdering av tiltak. Kartlegginga bør difor utførast av fagpersonar med erfaring og kompetanse til å vurdere utviklingpsykologiske, traumefaglege og psykososiale faktorar før ein gjer val av vidare bu- og omsorgstiltak. Det er viktig at denne kartlegginga blir gjort med grunnlag i heile mennesket, ikkje berre basert på skuleprestasjon eller arrangerte kartleggingsmøter.

Eksisterande kunnskap og forsking om EM viser at denne ungdomsgruppa er særleg utsett for psykiske plagar (Eide og Broch 2010). Dette gjeld i hovudsak depresjon, angst og traumatiske stressreaksjonar. Denne forskinga støttar tenesta i Volda og Ørsta sine erfaringar, etter å ha busett EM i seks år. Folkehelseinstituttet har gjort fleire undersøkingar om dei aktuelle barna og ungdomane når det kjem til busetjing og psykisk helse. Folkehelseinstituttet viser til at 76% av EM har opplevd krig på nært hald. 61% har posttraumatiske plager knytt til opplevingane. I tillegg har 52% av gutane og 60% av jentene depresjonssymptom over klinisk grenseverdi, 39% av EM opplever at dei er einsame til ei kvar tid. Ungdomane sine eigne ønskjer er tett vaksenkontakt, mulegheiter for skule og jobb, samt å bli behandla som vanlige ungdomar. Forsking viser at busetjingsmodellar der ungdommane ikkje har tett kontinuerlig oppfølging i tidlig fase av busetjinga gir ungdommane større utfordringar både her og no og på sikt.

Etter sju års drift av EM-tenesta i Volda og seks års drift av EM-tenesta i Ørsta, ser vi at ungdomane har eit stort potensiale for å klare seg sjølve og bidra i samfunnet vårt. Føresetnaden er at dei har tett kontakt med vaksne, som kan bidra til å stabilisere og å trygge ungdomane på ein måte som rustar dei til å gjennomføre kvalifiseringskrava vi set til dei både i skule og heimen. I tenesta nyttar vi relasjonar til å hele relasjonsskadar. Når ungdomane kjem frå asylmottak ser vi klart at dei mentalt framleis er på flukt. Denne flukta slepp ikkje taket før dei er trygge på at dei er framme og at faren er over. Først etter busetjing kan ungdomane ta til med å bygge livet sitt på nytt. Dette tek tid. Dette er bakgrunnen for at ein har heildøgnstenester, der vaksne bur tett ilag med ungdomane over tid. Effekten av flukt viser seg i t.d. åtferd, evna til sosialisering, oppmøte på skule, samt evne til å lære. Det er sentralt at omsorgspersonane er tett på og viser ungdomane i praksis at vi er der for dei. Dette både i eit omsorgs- og relasjonsperspektiv, men og i eit oppdragarperspektiv, der omsorgspersonane set grenser og regulerer ungdomane i forhold til normer og forventningar i samfunnet vårt. Dette synet blir støtta av forsking i at ein ser at ungdomar med lite støtte og oppfølging har større tendens til fråfall i skule og sosial isolasjon. Dette vil kunne føre til utanforskap.

Tenesta har erfaring med at mange klarer seg godt på eiga hand fordi dei i utgangspunktet har gode strategiar for å overleve. Utfordringa då er at dei framleis er i krise og fungerer fordi dei må. Konsekvensen på sikt er ofte at problema vil kome fram på eit seinare tidspunkt, både fysisk og psykisk. Tenesta er difor opptatt av å ta tak i desse problema så snart som dei er busett: Ein tenkjer førebygging.

Med bakgrunn i erfaringar med arbeid med målgruppa, arbeidar tenesta etter ein traumebevisst modell (TBO). Modellen er utvikla av RVTS sør (Regionalt ressurssenter for vold og traumatisk stress). Tilsette i statlege barnevernstiltak får no opplæring etter denne forståingsmodellen. Mission Possible, som tre av våre fire kommunar deltek i, hadde hausten 2015 storsamling i Loen med innføring i TBO-modellen. Det er naturleg for oss å nytte denne modellen også i arbeidet med våre ungdomar.

Ut frå TBO- modellen ser ein ungdomen si åtferd og utfordringar i lys av erfaringane dei har så langt i livet. Tenesta både kartlegg og arbeidar terapeutisk med ungdomane ut frå eit tilknytings- og traumeteoretisk perspektiv. Ungdomane vert behandla gjennom emosjonsregulering- og relasjonar. Barnevernstenesta sin faglege vurdering, er at dette er ein føresetnad for at ungdomane skal fungere godt på lang sikt utan å bli ei belastning for samfunnet. Tenesta vår er i kontinuerlig utvikling. Pr. i dag er vi i sluttfasen av eit utviklingsarbeid for å nyttiggjere ressursane våre betre og jobbe endå meir differensiert enn vi gjer i dag. Tenesta meiner dette er faglege gode løysingar som svarar på behovet kommune og stat har for å busetje fleire EM utan at det på lang sikt skal koste meir.

Mange i personalgruppa har ART-kompetanse (agression replacement training). Denne vert nytta i det miljøterapeutiske arbeidet med ungdomane.  Bufellesskapa nyttar ART som eit verktøy for å lære ungdomane både om sosiale ferdigheiter, sinnekontroll og moralsk resonnering. Ein ser at ungdomane tek nytte av denne opplæringa. Dei er engasjerte og meistrar å knytte dette opp i mot eigne erfaringar. Bufellesskapa har "husmøte" med ungdomane, der ulike tema knytt til kvalifiseringsplanen kan leggast inn. Kvalifiseringstema kan vere alt frå undervisning kring tema som søvnproblem, til korleis nytte ei oppvaskmaskin.

### *Planarbeid*

Etter busetjing nyttar ein dei tre første månadane til kartlegging. Kartlegginga legg grunnlaget for individuelle tiltaksplanar, som miljøterapeutane utarbeidar i lag med ungdomen. Den interkommunale barnevernstenesta deltek i «Mitt Liv»-prosjektet, som Forandringsfabrikken og barnevernsproffane i landet har sett i gang. Målsettinga med prosjektet er at ein i arbeidet med barn og ungdom skal la desse få større medverknad og bli hovudaktør i eige liv. Å samarbeide med ungdomane om planarbeid, samt evaluere og få tilbakemelding frå ungdomane, er difor sentralt i arbeidet.

## Administrative/økonomiske utgreiingar

Volda har i dag bufellesskap med plass til 10 EM, i eit husvære med tre bueiningar, samt oppfølgingsteneste (OPP), som i dag følgjer opp 12 EM på hybel/i mindre bufellesskap. Tabellen under viser kostnadsoverslag for 2016 i noverande bufellesskap og OPP i Volda, samt kostnadsauke i framlegg til ny organisering av EM-tenesta i Volda i samband med ev. auka busetjing av EM.

## Kostnadsoverslag 2016 i Volda: Noverande og mogleg ny organisering

| | Noverande **Bufellesskap** (9,65 miljø-personale, 1,15 fagstillingar | Noverande **Oppfølgings-teneste** | Mogleg organisering ved auka busetjing **Bufellesskap** | Mogleg organisering ved auka busetjing **Oppfølgings-tenesta** | Mogleg organisering ved auka busetjing **Gruppefoster-heim (2) Vertsfamilie (1)** |
|---|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 10,80 | 2,86 | 12,80 (2 nye årsverk) | 3,22 (0,36 nytt årsverk) | 0,5 (nytt årsverk knytt til rekruttering/ oppfølging) |
| Fastløn | 7.560.000 | 2.000.000 | 8.960.000 | 2.250.000 | 350.000 |
| Variabel løn inkl. ref. sj.løn | 1.096.000 | 274.000 | 1.200.000 | 274.000 | |
| Drift | 2.300.000 | 150.000 | 2.800.000 | 300.000 | 1.500.000 |
| Totalt | 10.956.000 | 2.424.000 | 12.960.000 | 2.824.000 | 1.850.000 |
| Kostnads-auke årsverknad | | | 2.004.000 (400.800*) | 400.000 | 1.850.000 (370.000*) |
| Kostnadsauke 3 mnd. (okt-des.16) | | | 501.000 (100.200*) | 100.000 | 462.500 (92.500*) |

* Kostnadsauke etter fråtrekk av statleg refusjon frå Bufetat.

Kommunane har ytra ønskje om oversikt over kostnader for drift av døgnbemanna bufellesskap for 4-5 EM og åtte EM. Vi tek utgangspunkt i erfaringar i Ørsta og Volda. Når det gjeld bemanningsnorm har ein tatt utgangspunkt i erfaringane frå seks års drift i Volda og Ørsta, samt faglege vurderingar.

### *Kostnader døgnbemanna bufellesskap for fire EM (Ørsta)*

Ørsta har bufellesskap for fire EM, og vi tek utgangspunkt i deira erfaringar. Tal årsverk er 6,82. I tillegg kjem fagstillingar som er på tvers av alle EM-tiltaka. Ein har difor teke utgangspunkt i 7,3 årsverk for eit bufellesskap på fire EM. Årlege driftskostnadar i 2016 er om lag kr 6 800 000. Døgnpris pr. ungdom er kr 4 650.

### *Kostnader døgnbemanna bufellesskap for 4+4+2 EM (Volda)*

Volda har i dag eit bufellesskap med plass til 10 EM, i eit husvære med tre bueiningar. Sidan bustadene er i same husvære, er det mogleg å ha ein bustadleiarstilling, samt noko lågare bemanning på helg enn i Ørsta. Ein ønskjer å nytte den eine delen til kartleggingsbustad, med plass til 4 EM. Tal årsverk ein vurderer det er behov for er 6,4 inkl. fagstillingane som er på tvers av alle EM-tiltaka. Totalkostnaden vil vere om lag kr 6 180 000. Døgnpris pr. ungdom er kr 4 230.

I tillegg vil ein ha ei personalgruppe som skal vere knytt til dei to andre bustadane, med plass til 4+2 ungdomar, altså totalt seks EM. Tal årsverk ein vurderer det er behov for er 6,4 inkl. fagstillingane som er på tvers av alle EM-tiltaka. Totalkostnaden vil vere om lag kr 6 730 000. Døgnpris pr. ungdom er kr 3.070.

Ein vil ut frå erfaringar, i dei periodane Ørsta har hatt overbelegg og hatt fem ungdomar i eit bufellesskap med 6,4 årsverk, ikkje tilrå å ha seks ungdomar i ein og same bustad. Dei periodane ein

har hatt overbelegg ser ein at det er krevjande å møte kvar ungdom på sine behov. Det vert lettare meir uro i bufellesskapet og dermed mindre trygt og føreseieleg. Årsak til at ein kan tilrå seks EM knytt til same personalgruppe i Volda, er at ein her har to separate bueiningar, og at desse er i same husvære.

Samla kostnad for bufellesskapet med plass til 10 EM i Volda er: 6 180 000+6 730 000 =**Kr 12 910 000**, sjå tabellen under lina «totalt» for Volda.

For detaljert oversikt over tal årsverk, tal EM i tiltaka og kostnadsoverslag for ulike tiltak med døgnpris, sjå tabellen under.

## Detaljert kostnadsoverslag ulike tiltak i Volda og Ørsta

| (Kostnader til fag-stillingar er ikkje medrekna) | **Bufellesskap** Kostnader m/inntil 4 ungdomar | **Bufellesskap** Kostnader m/inntil 6 ungdomar | **Vertsfamilie** Kostnader ein familie med eitt barn | **Fosterheim** Kostnader ein familie med eitt barn | **Oppfølging på hybel ein ungdom** (snittpris) | **Gruppefoster-heim med to ungdom** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Årsverk** | Ørsta: 7,3<br>Volda: 6,4 | Volda: 6,4 | 0,3 | | 0,3 | |
| **Løn** | Ørsta:<br>5.100.000<br><br>Volda:<br>4.480.00<br><br>(kr 700.000 pr. årsverk) | 4.480.000 | 45.600 (vertsfam.)<br>210.000 (personale)<br>65.000 (rekr./oppf./veil: 1,5 årsverk fordelt på 16 EM) | 91.200 (fosterheim*)<br><br>65.000 (rekr./oppf./veil) | 210.000 (personale) | 130.000 (rekr./oppf.)<br>273.000 (fosterheim)<br>310.000 (Avl. kvar 4. helg + 5 v. ferie)<br>100.000 (personale 4,5 t/v) |
| **Variabel løn** | 600.000 | 600.000 | | | | |
| **Drift** | 1.100.000 | 1.650.000 | 17.200 (utg.dekn.)<br>90.000 (livsopph./etabl.)<br>72.000 (husl., straum) | 86.100* | 130.000 (suppl. til EM, bil, husleige, tiltak) | 172.200 (utgiftsdekn.)<br>30.000 (etabl.)<br>12.000 (husl., straum) |
| **Totalt** | Ørsta:<br>6.800.000<br>Volda:<br>6.180.000 | Volda:<br>6.730.000 | 499.800 | 242.300<br>*avlastning og ev. andre forsterkingar ikkje medrekna | 340.000 | 1.027.200 |
| **Døgnpris** | Ørsta: 4.650<br>Volda: 4.230 | Volda:<br>3.070 | 1.369 | 664 | 932 /<br>600 u/suppl. | 1.407 pr ungd.<br>(Oslo: 2.000) |

### *Behov for oppfølging på hybel etter utflytting av bufellesskap*

Erfaringar frå drift i Volda og Ørsta, er at det er eit stort behov for oppfølging på hybel etter kvart som ungdomane flyttar ut. Skal ein etablere bufellesskap må ein difor også rekne med stillingar knytt til oppfølging av ungdom på hybel. Den interkommunale oppfølgingstenesta i Volda og Ørsta har i dag 5 årsverk, som følgjer opp om lag 20 ungdomar. Ungdomane som bur i bufellesskap, samt nokre av dei som bur på hybel og har mange timar oppfølging, er det knytt kostnader til utover kommunen sin eigendel til Bufetat. Det vert difor søkt refusjon frå Bufetat for desse.

Driftskostnader vil variere frå år til år, då ungdomar har ulike behov for oppfølging. Nokre har vanskar som gjer at ein må sette inn forsterkingstiltak i form av ekstra bemanning, skjerming / einetiltak, aktivitet, samarbeidsmøte etc. Dette kan ein søke særskild ekstratilskot frå IMDI til.

# Turnusmodellar i EM-tenesta

## *Faglege og økonomiske konsekvensar knytt til ulike turnusmodellar*

I alle dei tre bufellesskapa i Volda og Ørsta har ein medlevarturnus i kombinasjon med støtteturnus (kvelds-/helgevakter). Ein har valt denne modellen då det vert vurdert at denne gir rom for best miljøterapeutisk arbeid med ungdomane, og for at medlevarturnusen gir større rom for relasjonsbygging. Ungdomane får færre vaksne å forhale seg til, færre vaktskifte og betre informasjonsflyt. Turnusen gjer det mogleg å gjere noko ilag med ein vaksen over tid. Dei fleste statlege barnevernsinstitusjonar har gått tilbake til medlevarturnus eller langturnus, etter å ha hatt tredelt turnus nokre år. Erfaringane med tredelt turnus er at dagane vert meir oppstykka og gir lite ro, og ungdomane må forhale seg til mange fleire vaksne pr. døgn.

Fafo ga i 2015 ut ein rapport om "Arbeidstid i barnevernsinstitusjonene". Kort oppsummert viser analysen at både leiinga og tilsette ser at kva turnus ein vel har stor betyding for stabilitet og kontinuitet i tenestetilbodet til ungdomen: "Langturnus underbygger institusjonen som et hjem for ungdommen, og det gir ansatte muligheter til å bygge relasjoner til ungdommen på andre måter enn det ordinær turnus gjør. Medleverne i studien legger stor vekt på at turnusen legger rammer for å gjøre et godt miljøterapeutisk arbeid" (s.83). Vidare seier rapporten at ungdomane rapporterer slik: "Vurderingene var oftest at medleverordninger førte til forutsigbarhet og stabilitet. De vurderte det som positivt at de ikke hadde så mange voksne å forholde seg til… de vurderte også ordinær turnus som mindre gunstig når de sammenliknet denne med medleverordningen" (s. 96).

Tredelt turnus "stel" tid frå direktekontakt med ungdomane også fordi ein må ha overlapping tre gongar per døgn, framfor tre gongar pr. veke som i medlevarturnus. Dersom ein skal endre grunnturnusen i bustadane, vil dette vere eit omfattande arbeid, som ein ikkje kan kome inn på i ein slik rapport. Ved ei eventuell utviding av tiltaket, må ein sjå på ulike måtar å organisere turnusen på. Ein må også gjere vurderingar knytt til kompetansekrav hjå dei som skal tilsetjast. Tabellen under viser oversikt over bemanning i 3-delt turnus og medlevarturnus m/støtteturnus i eit bufellesskap med plass til fire ungdomar, slik dei har i Ørsta kommune.

### *Samanstilling av 3-delt turnus og medlevarturnus m/støtteturnus i bufellesskap for 4 EM*

| | **3-delt turnus** | **Medlevarturnus m/støtteturnus** |
|---|---|---|
| Tal årsverk | 7,9 | 6,8 |
| Tal stillingar | 16 | 9 |
| Tal vaktbytte pr. veke | 21 | 3 medlevarar +7 kveldsvakter |
| Tal personar pr. døgn | 5 | 3 |
| Ubekvemstillegg pr. år:<br>Kveld/natt | 6 289 timar | 7 177 timar |
| Helg | 3 943 timar | 3 638 timar |
| **Totalkostnader:** | **Kr 5 530 000** | **Kr 4 760 000** |

*Kommentarar til tabellen:*

**Medlevarturnus:** Ei medlevarline er samansett av fire årsverk fordelt på fire tilsette. Årsaka til at medlevarturnus utløyser fleire timar på kveld/natt pr. år enn tredelt turnus, er at dei har 1:1-betaling på natt. Ved uro på natt utløyser ein ikkje utrykking på kvilande vakt. Dei som arbeidar i medlevarturnus er soleis tilgjengelege for arbeidsgjevar tilsvarande ei 122% stilling.

**Støtteturnus til medlevarturnus:** Består av 1,8 årsverk, fordelt på 3 tilsette. Ein har kveldsvakt mån-tor kl 15.30-23.00 og fredag 15.30-23.30. I helgane har ein vakt på laurdag kl 14.00-00.00 og søndag kl 13.00-23.00. Dette gir arbeid kvar fjerde helg.

**3-delt turnus:** Her er timane fordelt slik: Kl 22.30 – 08.00: Aktiv teneste i tidsrommet kl 22.30-00.00 og kl 07.00-08.00. Kvilande tid (betaling 1:3) i tidsrommet kl 00.00-07.00. Ved uro på natt som fører til at nattevakt må rykke ut, medfører dette utrykking på kvilande vakt, jf. lov- og avtaleverk.

I medlevarturnusen er det lagt opp til at ein skal ha personale på dagtid. Medlevarane har krav på to timar kviletid i løpet av eit døgn. Desse vert tekne medan EM er på skulen. I tillegg vert tida nytta til overlapping, journalføring/lesing, planarbeid, kartleggingsrapportar, samarbeidsmøte med andre instansar, personalmøte, rettleiing, innkjøp, førebuing av busetjing, førebuing til utflytting av bufellesskap, kontakt med/besøk på EMA-mottak, framskaffing av hyblar, planlegging av ettermiddag/kveld etc. Ein har også i samband med busetjing av nye EM ein periode der dei ikkje har skuletilbod, og er heime på dagtid. Ved høgare gjennomstrøyming i bufellesskapa vil det verte fleire slike periodar med ungdom heime i løpet av året. Høg grad av inn-/utflytting gjer at ein har kontinuerleg arbeid med kartlegging og førebuing av inn-/utflyttingar. Om ein samanliknar med bufellesskap der det er lite gjennomstrøyming av bebuarar, som til dømes i omsorgsavdelingane, ser ein at EM-bufellesskapa har fleire arbeidsoppgåver som må handterast på dagtid. Dersom ein ikkje har bemanning på dagtid, vil dei oppgåvene som no løysast på dagtid måtte gjerast på kveldstid medan ungdomane er heime. Dette vil føre til mindre tid til oppfølging, kvalifisering, leksehjelp, miljøterapeutisk arbeid etc.

Tabellen viser at det ikkje er noko å spare på ein tredelt turnus framfor dagens turnus med medlevar m/støtteturnus. Der er fleire ulike turnusar ein kan nytte. Til dømes nyttar Larvik og Molde ei løysing som ligg mellom 3-delt turnus og medlevarturnus. Dei har lange vakter, der ein går eit døgn eller kveld/natt. Dette gir ikkje lågare døgnpris.

## Finansiering og tilskot

### Oversikt over tilskot for busetjing av EM i 2016

| | Integrerings-tilskot EM | EM-tilskot | Ekstra EM-tilskot 2016/2017 |
|---|---|---|---|
| Sats | År1: 184.000<br>År2: 220.000<br>År3: 160.000<br>År4: 83.400<br>År5: 70.000<br>**Sum: 717.400** | **207.000** pr år Busetjingsåret frå månaden EM vert busett | **100.000** pr EM første busetjingsår 2016/2017 |
| 16 busette EM + **5** i 2016 = **21** | 2.700.000<br>+ 920.000<br>**3.620.000** | 3.312.000<br>+ 379.500<br>**3.691.500** | **500.000** |
| 16 busette EM + **12** i 2016 = **28** | 2.700.000<br>+ 2.208.000<br>**4.908.000** | 3.312.000<br>+ 672.750<br>**3.984.750** | **1.200.000** |

*Forklaring til tabellen:*

I tabellen er det teke utgangspunkt i tilskot for 16 allereie busette EM. Vidare er teke høgde for to alternative døme ved busetjing av 5 EM og 12 EM i løpet av dei siste månadene i 2016. Satsane på tilskota blir regulert kvart år.

***Integreringstilskot:*** Kommunen mottek integreringstilskot for busetjing av flyktningar dei fem første åra dei er busett i kommunen. I 2016 utgjer tilskotet for EM kr 184 000 i busetjingsåret. Over femårsperioden utgjer tilskotet kr 717 400. Ved ev. fråflytting må tilskotet delast med tilflyttingskommunen. Tilskotet skal dekke kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til busetjing og integrering av flyktningar dei fem første åra dei er busett.

***EM-tilskot:*** I tillegg til integreringstilskotet mottek kommunen eit særskilt tilskot for busetjing av EM, til og med det året dei fyller 20 år. For 2016 utgjer tilskotet kr 207 000 pr. person pr. år, dvs. kr 17 250 per månad. Tilskotet blir utbetalt frå og med busetjingsmånaden. Dvs. buset ein i september vil tilskotet utløysast i fire månader busetjingsåret.

***Ekstra EM-tilskot i 2016 og 2017:*** For kvar EM som vert busett i 2016 mottek kommunane i tillegg eit ekstratilskot eingongstilskot på kr 100 000. I revidert nasjonalbudsjett for 2016 vart det varsla at ekstratilskotet også vil løysast ut for EM som vert busett i 2017.

### *Særskild ekstratilskot for busetjing av personar med særskilde behov*

Som nemnd over vil nokre ha behov for særskilde tiltak som følgje av særskilde behov. Til dette kan kommunane søke IMDi om eit særskild ekstratilskot for busetjing av personar med funksjonshemming/åtferdsvanskar. Tilskotet skal dekke kommunane sine ekstraordinære utgifter til busetjing og oppfølging av den einskilde person. Tilskotsordninga er todelt: Tilskot 1 er eit eingongstilskot på kr 181 000 for dei som vert busett i 2016, og tildelast 1. el. 2. busetjingsår. Tilskot 2 kan tildelast i kvart år i integreringstilskotsperioden, dvs. kvart år i inntil fem år. Tilskot 2 er på inntil kr 1 111 000 pr. år for dei som vert busett i 2016. Satsane blir regulert kvart år.

Det er omfattande krav til søknaden om tilskot knytt til dokumentasjon, kostnadsberekning av tiltak, rekneskapsrapportering til IMDi, og intern forvaltning/refusjon til kommunale sektorar. Volda kommune har opparbeid lang erfaring og har gode rutinar og system for å søke slike tilskot og forvalte desse, og er mellom dei få kommunane i Midt-Norge som i stor grad søkjer og får innvilga det særskilde ekstratilskotet. Pr. juli 2016 har Volda kommune søkt/fått innvilga tilskot for 16 personar, inkludert seks EM, derav to EM i Ørsta. Når det gjeld EM kan det særskilde ekstratilskotet dekkje kommunen sin eigendel til Bufetat når EM har barnevernsvedtak, som for nokre er på kring kr 500 000 pr. år. Tilskotet vert også ofte nytta til å iverksetje særskilde helse-, skule- og arbeidsretta tiltak. Det er ei utfording at det tek tid før IMDi gir tilbakemelding på søknaden og utbetalar tilskota. Tiltaka ein set i verk må kommunen difor ofte forskottere, før ein veit om ein får dei innvilga. Vår erfaring er at når vi grunngjev og dokumenterer godt, får vi i all hovudsak innvilga det som blir omsøkt. Inntektene vert difor ikkje alltid ført same år som utgiftene i rekneskapen. Grunna ekstratilskota brukar ein lite av integreringstilskotet til finansiering av kostnader til drift av EM-tenesta i Volda.

## Refusjon for bu- og omsorgstiltak for EM gjennom Bufetat

T.o.m. 2013 fekk kommunane refundert 100% av driftsutgiftene for bu- og omsorgstiltak for EM med barnevernsvedtak gjennom refusjonsordninga til Bufetat, etter fråtrekk av kommunale månadleg eigendel pr. person. For 2016 er månadleg kommunal eigendel på kr 17 100. I 2014 innførte staten ei ytterlegare kommunal medfinansiering på 20% av driftsutgiftene. Dvs. at staten i dag dekker 80% av dei kommunale driftsutgiftene, etter fråtrekk av den kommunale månadlege eigendelen pr. person. For å kompensere kommunane for meirkostnadene auka regjeringa EM-tilskotet med kr 54 500 frå 2013 til 2014, frå kr 130 900 til kr 185 400 pr. person pr. år. Både KS og kommunane har peika på at auken ikkje har dekt opp kommunane sine meirutgifter, og fleire kommunar har vegra seg for å busetje EM som følgje av dette. For 2016 auka Regjeringa EM-tilskotet til kr 207 000. I tillegg mottek kommunane som nemnd over, eit ekstra eingongstilskot for EM i busetjingsåret på kr 100 000, for å sikre rask og god busetjing av målgruppa i 2016. I revidert nasjonalbudsjett frå mai 2016 får kommunane signal om at ekstratilskotet også vil utløysast pr. busett EM i 2017.

Refusjonsordninga er regulert i rundskriv, og refusjonskrav vert sendt Bufetat kvart halvår. Det er først i samband med innsending av krava ein har reell oversikt over kostnadene knytt til EM-tiltaket, og kva ein får inn i refusjon det aktuelle halvåret. Etter gjeldande rundskriv får ein ikkje refundert alle utgifter ein har i EM-tiltaket. M.a. får ein ikkje dekt kostnader til tolk, helsetenester, møblar, kvitevarer, administrasjon etc.

I den nye integreringsmeldinga (St.meld. 30 (2015-2016)) kjem det fram at Regjeringa i statsbudsjettet for 2017, vil ta stilling til om refusjonsordninga for kommunale barnevernstiltak for

EM skal leggjast om til *stykkprisordning*. Korleis dette vil slå ut for kommunane er uavklart, og det er uråd å stipulere kva statleg finansiering kommunane kan forvente å få til EM-arbeidet frå 2017.

## Rekneskap EM-tenesta i Volda og Ørsta i 2014 og 2015

Tabellen under viser driftsutgifter i EM-tiltaka for Volda og Ørsta i 2014 og 2015, før refusjon til Bufetat.

| | Volda | Ørsta |
|---|---|---|
| 1. halvår 2015 | 4 245 576,71 | 6 884 599,62 |
| 2. halvår 2015 | 7 087 621,57 | 8 002 516,65 |
| **SUM 2015** | **11 333 198,28** | **14 887 116,27** |
| 1. halvår 2014 | 4 959 027,64 | 5 996 929,19 |
| 2. halvår 2014 | 6 494 754,58 | 7 746 901,97 |
| **SUM 2014** | **11 453 782,22** | **13 743 831,16** |

Tabellen under viser oversikt over tal EM i og utanfor refusjonsordninga, døgnpris, kommunale eigendeler, kostnader som ikkje gir rett til refusjon, sum kommunale kostnader og tilskot til finansiering av kostnader til drift av EM-tenesta i Volda og Ørsta i 2014 og 2015.

| **Rekneskap 2014/2015** | **Volda** | **Ørsta** | **Volda** | **Ørsta** |
|---|---|---|---|---|
| **ÅR** | **2015** | **2015** | **2014** | **2014** |
| **Tal EM** | 11 (22) | 9 | 10 (23) | 11 |
| **Døgnpris ref. Bufetat** | **3.928** | **5.020** | **3.807** | **4.491** |
| **Eigendel månadssats** | 1.610.200 | 1.494.000 | 1.701.300 | 1.749.450 |
| **Eigendel 20%** | 1.944.599 | 2.449.966 | 195.495 | 2.627.533 |
| **Sum kommunal eigendel** | 3.554.799 | 3.943.966 | 3.651.795 | 4.376.983 |
| **Kostnader u/refusjon** | 777.483 | 1.572.554 | 806.825 | 440.791 |
| **Som kommunale kostnader** | **4.332.282** | **5.516.520** | **4.458.620** | **4.817.774** |
| **EM-tilskot** | **3.251.649** | **3.124.566** | **4.078.800** | **2.858.250** |
| **Kostnader som må dekkjast av integreringstilskot / ekstratilskot** | (ET EM: 778.549) (ET Buf: 596.100) **1.080.633** | **2.499.487** | (ET EM: 844.000) **379.820** | **1.984.057** |

*Forklaring til tabellen:*

***Tal EM:*** *Første talet utan parantes er tal EM i barnevernstiltak som er med i refusjonsgrunnlaget til Bufetat. Dvs. tal EM det er knytt høgare kostnader til enn summen av kommunal eigendel (månadssats + 20%). Talet i parantes for Volda er tal EM som utløyser EM-tilskot.*

***Døgnpris****: Kostnader pr. døgn pr. EM som er med i refusjonsgrunnlaget til Bufetat, dvs. det tal EM som står utan parantes på lina over.*

***Eigendel månadssats****: Kommunal månadleg eigendel for EM som er med i refusjonsgrunnlaget til Bufetat. For 2014 var kommunal månadleg eigendel pr. EM kr 16 050. For 2015 kr 16 600.*

***Eigendel 20%****: Bufetat refunderer 80% av dei kommunale driftskostnadene. Kommunen har dermed 20% eigendel i tillegg til eigendel månadssats pr. person.*

***Sum kommunal eigendel:*** *Sum av kommunal eigendel månadssats + kommunal eigendel 20%.*

***Kostnader u/refusjon:*** *Er driftskostnader både for EM som er innafor og utanfor refusjonsordninga til Bufetat. Ikkje alle driftskostnader for EM innafor refusjonsordninga til Bufetat vert dekt. Dette er regulert i eige rundskriv og gjeld m.a. medisinar, møblar, PC etc. EM-tenesta har også utgifter for EM som er utanfor refusjonsordninga, men desse er lågare enn kommunen sin samla eigendel, og vert difor ikkje med i refusjonsordninga.*

***Sum kommunale kostnader****: Viser samla kommunale kostnader til drift av EM-tenesta etter fråtrekk av refusjonen frå Bufetat.*

***EM-tilskot:*** *Tilskot frå staten/IMDi som skal finansiere kommunen sine kostnader til bu- og omsorgstiltak for EM utover refusjonen for barnevernstiltak frå Bufetat.*

***Kostnader som må dekkjast av integreringstilskot/ekstratilskot:*** *Viser differansen mellom inntekter og utgifter til drift av EM-tenesta etter fråtrekk av refusjonen til Bufetat, dvs. EM-tilskot minus sum kommunale kostnader. Kostnaden må finansierast av andre kommunale inntekter frå staten til busetjing av EM: Integreringstilskot og særskild ekstratilskot for busetjing av personar med særskilde behov. ET EM er ekstratilskot som m.a. har finansiert kommunal eigendel, einetiltak etc. ET Buf er ekstratilskot som går til refusjon for kostnader til tiltak som ikkje er trekt ut av refusjonsgrunnlaget til Bufetat el. som tidlegare er forskottert gjennom refusjonen til Bufetat.*

*Kommentarar til tabellen:* Det kan variere frå år til år kva ein har av inntekter og utgifter i EM-tiltaka. Der det har vore grunnlag har ein nytta seg av IMDi si ordning om å søke ekstratilskot for EM med særskilde behov. Grunna ekstratilskot på kr 1,4 mill. i 2015, brukar Volda lite av integreringstilskotet til finansiering av kostnader til drift av EM-tenesta dette året. Dersom det er behov for å setje inn ekstratiltak for ungdom (t.d. auka bemanning, helse-, skule-, arbeidsretta tiltak etc.) har ein søkt ekstratilskot. Ei utfordring med ordninga er at kommunane må forskottere utgiftene til ein får innvilga søknaden. Dette gjer at inntektene frå ekstratilskotet ikkje kjem til syne i rekneskapen før i beste fall påfølgande år. For Volda sin del førte dette til at kostnader ein hadde til ekstratiltak i 2014, først vart ført som inntekt i rekneskapen for 2015. Også Ørsta ventar ekstratilskot for EM for 2014 og

2015. Desse vart først innvilga og utbetalt i 2016. Slik vil tilskotet først kome til syne i rekneskapen til Ørsta for 1. halvår 2016.

**Ørsta:** I 2014 hadde Ørsta berre ein ungdom som ikkje var med i refusjonsordninga til Bufetat. Dette skuldast at Ørsta har busett mange unge, som bur lang tid i bufellesskapet. I 2015 og dei komande åra vil Ørsta få fleire ungdomar utanfor refusjonsordninga, i takt med at fleire flyttar ut av bufellesskapa og inn på hybel. Dei kommunale kostnadane vil då verte lågare enn tidlegare år.

# Kvalifiseringstiltak for EM i Volda og Ørsta

## *Skulegang*

**Volda:** Volda læringssenter (VLS) gir tilbod om grunnleggjande norskopplæring og samfunnskunnskap, samt grunnskule for vaksne (over 16 år). Når det gjeld aldersgruppa 15-16 år, er det eit tett samarbeid mellom Volda ungdomskule og Volda læringssenter for å vurdere kva tilbod som er best for den einskilde. Det er tre ulike val når ein einsleg mindreårig skal starte på VLS:

1. Starte i ei klasse med grunnleggjande norskopplæring der det går vaksne flyktningar og innvandrarar. Då kan ein også få matematikk og engelsk, for førebuing til grunnskule eller vidaregåande skule (vgs.). Denne løysinga vert vurdert dersom ungdomen er nærare 18 år. Så kan vedkomande ha overgang til ordinær grunnskuleklasse ved inntak i august, eller søkje seg direkte til vgs. dersom dette er mest tenleg.
2. Starte i ei klasse med kombinert norskopplæring og grunnskulefag, der alle dei einsleg mindreårige frå EMA-mottaket går. Overgang til ordinær grunnskuleklasse eller vgs. ved inntak i august. Vert vurdert dersom vedkomande er 15-16 år gamal.
3. Starte direkte i ei ordinær grunnskuleklasse. Vert vurdert når vedkomande har gode norskkunnskapar og vert busett like før ordinær skulestart i august.

**Status for EM i Volda:** Pr. i dag er 31 ungdomar under utdanning (7 på norskopplæring, 5 i grunnskule, 19 på vidaregåande skule).

I Volda har ein berre busett ungdom o/15 år. Det er stor skilnad på skuleløpet om ungdomen er i grunnskulealder eller ikkje på busetjingstidspunktet. Dersom ein kjem i grunnskulealder, t.d. i slutten av 10.klasse, må ungdomen starte rett i vidaregåande opplæring berre nokre månader etter busetjing. Ein ser at desse ungdomane som går på vidaregåande skule har stort behov for oppfølging i høve skulegang og skulearbeid. Ein ungdom som er over grunnskulealder på busetjingstidspunktet, vil først gå eit løp på Volda læringssenter i om lag tre år (norskopplæring og grunnskuleopplæring), før han byrjar på vidaregåande skule.

**Ørsta:** Opplæringssenteret i Ørsta har tilsvarande ansvar som Volda læringssenter knytt til norskopplæring og samfunnskunnskap, samt grunnskuleopplæring for vaksne. Fleire EM i Ørsta går i ordinær grunnskule i lag med norske ungdom på Ørsta ungdomsskule.

**Status for EM i Ørsta:** 26 er under utdanning (norskopplæring, grunnskule, vidaregåande skule inkl. lærlingtid) og ein i jobb.

Ein ser at ungdommane følgjer skuleløpet slik det er tenkt. Det er avhengig av alder om dei startar på ungdomsskulen eller på opplæringssenteret i Ørsta. Barnevernstenesta, har i samarbeid med verje og skule, fått innvilga at sju av ungdomane har fått utvida tilbod på ungdomsskulen, eller blir sett ned eit klassetrinn ved oppstart. Årsakene til dette er faglege, som mangel på skulegong, generelle kunnskapar eller norskferdigheiter ved busetting. Denne ordninga er no avvikla. Alle må starte på det trinnet dei aldersmessig høyrer til.

## *Arbeid/praksisplass*

Praksisplass er eit tiltak med målsetting å få kjennskap til arbeidslivet. Ungdomen får ei symbolsk løn, i samband med at dei har arbeid i ulike bedrifter ut frå eige ønskje. Praksisplassordninga er ein del av kvalifiseringsarbeidet kring ungdomen, der dei lærer seg å stå i eit arbeidsgivarforhold, må forhale seg til oppgåver og instruksar frå arbeidsgivar på arbeidsplassen, dei opplever kor viktig det er å være ryddig kring fråvær, avtalar m.v. Ungdomane får tilbod om 100 timar praksis i bedrift. I hovudsak er praksisen 1-2 ettermiddagar i veka over eit visst tidsrom.

Praksisplassen kan vere inngangsporten til å kome seg inn på arbeidsmarknaden, og der ein utvidar nettverket, lærer språk og utviklar gode ferdigheiter. Fleire av ungdomane har fått ekstrajobb i etterkant av avslutta oppdrag, med ordinær arbeidsavtale hjå arbeidsgivar**.** Det er miljøpersonalet i tiltaket som rekrutterer praksisplassar til ungdomane, gjennom å kontakte ulike bedrifter i kommunane. Før ungdomane får tilbod om praksisplass må norskferdigheitene vere på eit visst nivå.

**Volda:** Ni ungdomar er i ordinært arbeid, ein er arbeidssøkande. Om lag 30 av 41 har nytta seg av praksisplasstilbodet. Grunnen til at ikkje alle har nytta seg av tilbodet er at mange er nybusett og treng lengre butid og språkleg kvalifisering før dei er klare for praksistilbodet. Nokre få har ikkje tilbodet egna seg for.

**Ørsta:** Ein ungdom som har vore i tiltaket er i ordinært arbeid. Til no har 19 av 27 nytta seg av praksisplasstilbodet.

## *Fritidsretta tiltak og aktivitetar*

Som ein del av integreringsarbeidet nyttar ein tiltak og aktivitetar i lokalmiljøet til å få ungdomane aktive i ulike fritidsaktivitetar. Ofte er alder og erfaringar knytt til den einskilde aktiviteten ein utfordring. Det er ikkje lett for ein 17-åring å kome inn i organisert aktivitet, då det ofte er manglar på ferdigheiter. Mange av ungdomane trener også på lokale treningssenter. Ein ser at dei nyttar tilboda dei får, og har positiv utvikling både kring fysisk helse og bygging av nettverk. I tillegg er trening viktig for å meistre stress, tankar og kjensler knytt til tidligare opplevingar i heimlandet og på flukt.

Bufellesskapa oppmodar ungdomen til å nytte seg av aktivitetar i nærmiljøet, delta på ulike arrangement, og bygge nettverk gjennom å bruke tid på klassekameratar eller fotballvener. Ein kan sjå at det er fleire utfordringar knytt til dette, som går på vegring av å danne relasjonar grunna usikkerheit på dei sosiale kodene, eller utfordringar i høve språk.

Bufellesskapa i Volda og Ørsta leigar fast symjehallen i Volda saman, med mål om å tryggje ungdomane i vatn og drive symjeopplæring.

## Helseretta tiltak

### Fysisk og psykisk helse

**Fysisk helse:** Fleire ungdomar har fysiske helseplager, og dei er i kontakt med helsetenestene både i 1. og 2. linje i høve dette. Ein opplever å få god hjelp til fysiske helseplager.

**Psykisk helse:** Mange ungdomar ein buset har diagnose PTSD eller andre psykiske helseplagar. Tiltaka i Ørsta og Volda opplever samarbeidet med både 1. og 2. line i psykiatrien som god. Ein har tilvist fleire ungdomar til behandling, og opplever å ha ein god dialog. Ein kjem raskt til.

Erfaringane er at det er vanskeleg for ungdomane å nytte seg av tilbodet. Ein ser at den viktigaste jobben er den som vert gjort i kvardagen i bufellesskapa. Ein har lagt vekt på å styrke kompetansen i personalgruppa til å handtere psykiske vanskar. Ungdomane er i utgangspunktet friske, dei har normale reaksjonar på unormale livserfaringar. BUP og DPS vert i hovudsak eit supplement til det daglege miljøterapeutiske arbeidet som vert gjort i bustadene. Den kommunale psykiatritenesta er i liten grad nytta.

**Volda:** I Volda har ein faste samarbeidsmøte med helsesøster og kommunepsykolog, i tillegg til kontakt på individnivå.

<u>Minoritetshelseteam:</u> Volda oppretta våren 2016 eit minoritetshelseteam, i samsvar med tilrådingar frå Helsedirektoratet. EM-tenesta i Volda er representert i teamet saman med helsestasjonen, tenesta for rus- og psykisk helseteneste, barnevernet og lege. Kommunepsykologen, kommuneoverlegen, flyktningtenesta, 2. lineteneste, skular, mottak m.v. møter ved behov.

<u>Busetjing i Volda kommune frå asylmottaka i Volda:</u> Helsestasjonen i Volda meier det er mange fordelar ved å busetje flyktningar frå asylmottaka i Volda, då dei særleg opplever at det er tidssparande i oppfølgingsarbeidet. Dei ser fleire fordelar ved at bebuarane får halde fram med å bu i den kommunen der dei er kjent og har relasjonar. Dei som kjem frå mottaka i Volda har alt hatt mottakssamtale med helsesøster og fastlege i Volda. Dei er kjent ved både ved helsestasjonen og legesenteret, og dei slepp å skifte fastlege. Dei som er henvist til oppfølging på sjukehuset får vidareført denne oppfølginga der, t.d. i forhold til tuberkuloseundersøking ved medisinsk poliklinikk eller psykisk helse med samtalar hos BUP/ DPS.

Alle nye får informasjon om helseoppfølginga i Volda. Nokre har allereie vore med på helseinformasjon i grupper/prevensjonsundervisning medan dei var bebuarar på mottak i Volda. Dette lettar dermed informasjonsarbeidet etter busetjing.

Når helsestasjonen får melding om flyktningar som er busett i kommunen frå mottaka i Volda, er helseoppfølginga ved helsestasjonen alt i gang. Alle notat om personen ligg i fagprogrammet til helsestasjonen og ein slepp å legge inn desse på nytt etter busetjing i Volda. Det blir dermed mindre merkantilt arbeid, eit arbeid som i stor grad utført av helsesøster. Blir flyktningane busett i ei anna kommune, må helsesøster skrive ut journal og sende den i posten. Tilsvarande må dei registrere ny person og scanne inn helsepapir når flyktningar blir busett frå mottak i andre kommunar. Ein må og sende over helsepapira til legesenteret som må registrere personen og scanne inn helsepapira. Dette slepp helsestasjonen med flyktningar som kjem frå mottaka i Volda. Dermed er mykje kontorarbeid spart både på helsestasjonen og legesenteret i Volda.

For flyktningen er det ein fordel å sleppe ei ny flytting til ny kommune så tett etter ankomst Noreg. Dei er kjent her og finn lettare fram, samtidig får dei  oppfølging på helsestasjonen der dei er kjent, hos fastlegen dei kjenner osv.

**Ørsta:** I Ørsta er kontakten med helsestasjonen og kommunepsykologen berre på individnivå ved behov. Helsestasjonen i Ørsta opplever at dei ikkje har kapasitet til å følgje opp dei einslege mindreårige ungdomane slik dei bør. Ved ei auke frå å busetje fire i året til 12-17 i 2016 og 2017, melder helsestasjonen i Ørsta frå om at dei vil ha behov for auka stillingsressurs med minimum 0,4 årsverk til oppfølging av ungdomane.

## Oppsummering - Barnevernstenesta sitt framlegg til organisering

Viser til det som står i Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet si handbok "Arbeid med enslige mindreårige asylsøkere og flykninger – en håndbok for kommunene" frå 2011: "*Barnas behov er de samme som for norske barn uten foresatte. De trenger gode, forutsigbare og trygge omsorgsløsninger, voksenpersoner de kan stole på, sosialt nettverk m.m. Samtidig har de spesielle behov knyttet til kulturelle, religiøse og sosiale forhold i hjemlandet og til opplevelser fra væpnete konflikter og flukt. Det er derfor barnets situasjon og behov som må ligge til grunn for hvilke tiltak kommunen iverksetter"*.

Barnevernstenesta si grunnhaldning er at alle barn u/18 år som ikkje har nære omsorgspersonar, bør ha omfattande tiltak frå barnevernstenesta. Dette er barn, som har reist frå familie, nærmiljø og det som fram til avreisa har vore kjent for dei. Majoriteten har vore eksponert for svært store belastningar og traumatiske hendingar i sine fødeland. Under flukta har dei, i større og mindre grad hatt voldsame opplevingar, påkjenningar og utfordringar. Nokre av dei har blitt grovt utnytta under flukta – på ulike måtar. Når dei etter kvart har fått opphald og vert busett i ei kommune i Noreg, skal dei lære eit heilt nytt språk, tileigne seg og forstå nye sosiale kodar, tilpasse seg ein heilt ny kultur og handtere tidlegare vanskelege livshendingar. Alt dette skal skje medan dei i tenåra – ein fase som for alle barn kan vere krevjande og sårbar. Dette må dei meistre utan å ha foreldre i nærleiken. Vi snakkar altså om *ein kritisk overgangsfase* i desse barna sine liv.

Vi kjenner til og har erfaring med at flyktningar kjem i reaksjons- og bearbeidingsfasa først etter at livet deira har blitt nokolunde føreseieleg, altså etter busetjing. Det er difor viktig at dei har ein omsorgssituasjon som kan ivareta dei i denne fasen. Vi veit også at dei einslege mindreårige ungdomane er ei målgruppe for rekruttering til ulike typar kriminell verksemd (forsvinningar, rusmisbruk, pedofili, terrorverksemd etc.).

EM treng etter barnevernstenesta si vurdering døgnkontinuerleg omsorg og oppfølging av trygge vaksne, som kan førebyggje og handtere ulike vanskar både på individ- og gruppenivå. Å sikre ei døgnkontinuerleg ivaretaking av desse ungdomane vil difor vere avgjerande for at dei skal oppleve tryggleik og ha eit stabilt grunnlag for å få ei positiv utvikling og integrering i det norske samfunnet og førebyggje utanforskap.

Barnevernet kan ikkje sjå at ungdomar ein har busett til no, ikkje har hatt behov for dei tiltaka og det vernet som tenester etter Lov om barnevernstenester gir.

# Framlegg til bu- og omsorgsløysingar ved auka busetjing i Volda

***Bufellesskap:*** Ein har i dag Smiebakken bufellesskap med plass til 10 ungdomar. Dette bufellesskapet må vere grunnbasen i arbeidet også vidare. Ved å styrke bufellesskapet med to årsverk, vil ein vere rusta til å ta i mot og jobbe intensivt med ungdomane som kjem dit. Ein får då mulegheit til å ha ein kartleggingsbustad og ein langtidsbustad, med åtskilt personalgruppe. Ein ser at med den bemanninga ein har i dag, der heile personalgruppa har kontakt med alle 10 ungdomane på huset, gir for lite stabilitet og tryggleik for ungdomane. Det vert difor med jamne mellomrom sett inn forsterka bemanning på grunn av dette. Å skilje delane slik at ungdomane får halvert talet på vaksne dei må forhale seg, vil gjere ein stor skilnad. Ved auke i busetjingstal vil det vere dei ungdomane som treng mest tryggleik og tettast oppfølging, som skal bu i bufellesskap utover kartleggingsperioden. Ein ser difor denne ressursauken som naudsynt for å lukkast. Ungdomane skal kartleggast i løpet av 3-4 mnd. Skal ein lukkast med dette, er ein avhengig av å jobbe intensivt med få ungdomar. Det er også på grunn av dette naudsynt med auke i bemanningsnorm. Ein kan kartlegge inntil 10 ungdomar i året, dei vil då ha butid på 3-4 mnd. i kartleggingsbustaden. Dei to andre bustadane kan nyttast til bufellesskap med heildøgns oppfølging for dei som treng lenger butid (6 plassar). Volda har busett ein ungdom så langt i år, og vil i Smiebakken bufellesskap ha kapasitet til å busetje ytterlegare 7-9 ungdomar i løpet av hausten 2016.

Dei ungdomane som ikkje har behov for bufellesskap etter kartleggingsperioden, vil flytte vidare til hybel eller bufellesskap utan døgnbemanning. Dette vil korte ned tida ein del av ungdomane har behov for det mest kostbare tiltaket.

Alle ungdomane som flyttar ut av bufellesskapet har behov for oppfølging på hybel. Det ein tilrår vidare, er å bygge ut den eksisterande oppfølgingstenesta (OPP) og setje i verk nye tiltak som husvertordning og gruppefosterheim. Desse nye tiltaka vil vere enklare å justere ut frå dei svingingane i busetjingstalet som ein alltid må ta høgde for når det gjeld flyktningar.

***Oppfølgingstenesta:*** Denne har i dag fem årsverk totalt (Volda 2,86 og Ørsta 2,14). Kor mykje oppfølgingstenesta skal styrkast, kjem ann på tal EM ein skal busetje framover, samt butid inne i bufellesskapet. Ein tilrår å auke tenesta med 0,36 årsverk for Volda i 2016, dersom 10 skal busetjast i 2016. Vidare auke med 3,28 nye årsverk for Volda i 2017. Dersom busetjingstalet for 2017 vert justert ned frå 17 til 10-12, vil behovet for auke i 2017 bli redusert tilsvarande.

***Vertsfamilie/Husvert:*** Opprettast etter modell frå Trondheim kommune. Denne er utprøvd over mange år, og er ei ordning ein har gode erfaringar med. Ein ser det som realistisk å kunne rekruttere 1-2 husvertar i 2016, med plass til ein ungdom i kvar, dersom det vert behov for dette. Vertsfamilien og ungdomen får oppfølging frå oppfølgingstenesta. Trondheim kommune legg vekt på at god og tilstrekkeleg oppfølging frå oppfølgingstenesta er viktig for å lukkast med tiltaket.

***Gruppefosterheim:*** Ein må sjå nærare på om den tidlegare omtala ordninga med gruppefosterheim er noko ein kan få til også i Volda. Dersom det ut frå busetjingstalet i 2017 syner seg å vere behov, tek ein sikte på å prøve ut ordninga gjennom å opprette ein gruppefosterheim med plass til to ungdomar i løpet av 2017.

Skal ein busetje 17 i 2017, må minimum sju av desse flytte til vertsfamilie eller i gruppefosterheim. Ein er svært usikker på om ein får rekruttert nok vertsfamiliar og gruppefosterheimar på så kort tid. Vert talet justert ned til 10-12, vil det vere behov for berre 1-2 husvertar og gruppefosterheimar.

Det vil vere behov for 0,5 årsverk knytt til rekruttering og oppfølging av husvertar og gruppefosterheimar.

## Framlegg til bu- og omsorgsløysingar ved auka busetjing av EM i Ørsta

***Bufellesskap:*** Ein har i dag to bufellesskap med plass til totalt åtte ungdomar. Desse bufellesskapa må vere grunnbasen i arbeidet også vidare. Begge bufellesskapa er i dag rusta til å ta imot og kartlegge ungdomane som kjem, utan styrking av bemanning. Med bakgrunn i dei negative erfaringane knytt til flytting av ungdomane frå eit bufellesskap til eit anna, bør kartlegging skje i begge bufellesskapa. Det vil kunne vere to kartleggingsplassar og to langtidsplassar i kvart bufellesskap. Ørsta har busett to så langt i 2016, og har kapasitet til å busetje ytterlegare 4-6 einslege mindreårige i bufellesskapa i 2016.

Dei ungdomane som ikkje har behov for heildøgns bemanna bufellesskap etter kartleggingsperioden, vil flytte vidare til hybel eller bufellesskap utan døgnbemanning. Dette vil korte ned tida ein del av ungdomane har behov for det mest kostbare tiltaket.

Alle ungdomane som flyttar ut av bufellesskapet har behov for oppfølging på hybel. Det ein tilrår vidare, er å bygge ut den eksisterande oppfølgingstenesta (OPP), samt setje i verk nye tiltak som husvertordning og fosterheimar. Desse nye tiltaka vil vere enklare å justere ut frå dei svingingane i busetjingstalet som ein alltid må ta høgde for når det gjeld flyktningar.

Ørsta har også fått førespurnad om å ta imot EM u/15 år. Det er framleis stort behov i landet for å busetje EM i denne aldersgruppa. Dersom ein skal kunne ta imot fire u/15 år i 2016 slik ein har fått førespunad om, må det opprettast eit nytt bufellesskap med plass til tre barn. I 2017 har ein fått førespurnad om å ta imot seks u/15 år. Ein vil då ha behov for å opprette ytterlegare eit nytt bufellesskap med plass til tre barn. Ein ser det ikkje som realistisk å rekruttere fire fosterheimar i 2016 og ytterlegare seks i 2017.

***Oppfølgingstenesta:*** Denne har i dag totalt fem årsverk (Volda 2,86 og Ørsta 2,14). Kor mykje oppfølgingstenesta skal styrkast, kjem ann på tal EM ein skal busetje framover, samt butid inne i bufellesskapet. I snitt reknar ein 10 timar oppfølging pr. veke for ungdomar som har flytta ut på hybel.

***Vertsfamilie/Husvert:*** Opprettast etter modell frå Trondheim kommune. Denne er utprøvd over mange år, og er ei ordning ein har gode erfaringar med. Ein ser det som realistisk å kunne rekruttere 1-2 husvertar i 2016, med plass til ein ungdom i kvar, og ytterlegare 2-3 i 2017. Vertsfamilien og ungdomen får oppfølging frå oppfølgingstenesta. Trondheim kommune legg vekt på at god og tilstrekkeleg oppfølging frå oppfølgingstenesta er viktig for at ein skal lukkast med tiltaket.

***Fosterheim:*** Dersom ein skal busetje 10 EM u/15 år i løpet av 2016 og 2017, må ein rekruttere fosterheimar i tillegg til å opprette nye bufellesskap. Det vil i tillegg til to nye bufellesskapa vere behov for fire fosterheimar, eitt i 2016 og ytterlegare tre i 2017.

Det vil vere behov for eitt årsverk knytt til rekruttering og oppfølging av husvertar og fosterheimar.

### *Felles for Volda og Ørsta*

- Oppfølgingstenesta (OPP) bør skiljast frå drifta i bufellesskapet, ha gradvis opptrapping av bemanning ut i frå busetjingstal/tal ungdom som treng oppfølging.
- Ein har behov for ny kontor- og ungdomsbase for OPP. Basen i Smiebakken der personalet i dag deler kontor, og der ungdom kan kome innom, er pr. i dag ikkje stor nok.
- Fleire disponible kommunale bustadar, ev. framleigebustadar både i Ørsta og i Volda
- Auka budsjettramme i høve drift
- Ungdomane har vedtak om oppfølging etter Lov om barnevernstenester. Ein føresetnad for at ein skal kunne busetje det talet ein ønskjer, er at det er fagleg forsvarleg å flytte aktuelt tal ungdomar ut på hybel/bufellesskap utan personale i direkte tilknyting til bustaden. Kartleggingane ein får frå asylmottaka er svært lite grundige. Ein har ved gjentekne høve gjennom alle år i busetjingsarbeidet sett at ungdom som vert skildra som "utan særskilde behov" syner seg å ha omfattande oppfølgingsbehov. Unntaket her er dei barna som er u/15 år og som har vore på omsorgssenter. Kartleggingane frå desse er i hovudsak grundige og gode.

## Framlegg til busetjing av auka tal EM gjennom Volda læringssenter

Volda læringssenter (VLS) vurderer det er kapasitet til å busetje 2-4 EM kvart av åra 2016 og 2017. Tidlegare erfaring frå busetjing av unge, einslege vaksne flyktningar på 18-19 år, er gode. Hittil i 2016 har VLS allereie busett to EM o/18 år, som utløyser EM-tilskot og ekstra EM-tilskot. Begge skaffa seg privat bustad sjølve i Volda før flytting til kommunen, og har bak seg ei tid i Voldasamfunnet før busetjing. Først på Volda EMA-mottak, seinare på Volda mottak.

Læringssenteret vil nytte modellen Sunndal kommune nyttar for busetjing av EM u/18 år og eksisterande modell for busetjing av EM o/18 år, som ved busetjing av andre vaksne flyktningar, men ha ei tettare oppfølging av miljøarbeidar og programrådgjevar. Ved fylte 18 år startar vedkommande i introduksjonsprogrammet, innan 3 mnd. etter busetjing. EM som blir busett gjennom VLS har ikkje barnevernsvedtak, og er ikkje omfatta av refusjonsordninga til Bufetat.

EM som skal busetjast gjennom VLS bør vere minst 17 ½ år på busetjingstidspunktet, og vere klare til å bli busett på hybel/i bufellesskap, gjerne i lag med andre unge vaksne/vaksne frå same etniske gruppe. VLS lang og god erfaring med å busetje flyktningar som allereie har bak seg ei tid i kommunen. I tillegg er desse allereie elevar ved VLS (grunnskule/norskopplæring), er kartlagt av lærarar og helsestasjonen i Volda, har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Voldasamfunnet før dei blir busett, og ikkje minst ønskjer dei å halde fram med å bu i Volda. VLS meiner det særleg er aktuelt å busetje EM frå eit av mottaka i Volda: EMA-mottaket el. Volda mottak, og ser fram til å etablere eit like tett og godt samarbeid med Volda EMA-mottaket, slik dei har med Volda mottak.

VLS vil bruke EM-tilskotet og ekstra EM-tilskot som følgjer med aktuelle EM dei buset, til å dekkje utgifter til livsopphald og etablering fram til EM får utbetalt introduksjonsstønad, samt til aktivitetar og oppfølging av miljøarbeidar ifm. busetjing og oppfølging på ettermiddag/kveld.

# Vedlegg og referansar

## *Vedlegg*

1. Mandat av 06.01.16 for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta
2. PowerPoint-presentasjon om Arbeidet med einslege mindreårige flyktningar. Noverande organisering. Mogleg framtidig organisering. Volda kommune. Juli 2016.

## *Referansar*


- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2011): *Arbeid med enslige mindreårige asylsøkere og flykninger – en håndbok for kommunene.*
- Eide og Broch (2010): *Enslige mindreårige flyktninger, kunnskapsstatus og forskningsmessige utfordringer.*
- Fafo (2015): Rapporten *Arbeidstid i barnevernsinstitusjonene.*
- Thorshaug, Paulsen, Røe og Berg (2013): Rapporten *Mot en ny bosettingsmodell*.
- Pressemelding frå IMDi på www.imdi.no 7. juli 07.07.16: *Nytt bosettingsbehov for 2016 og 2017.* http://www.imdi.no/om-imdi/aktuelt-na/nytt-bosettingsbehov-for-2016-og-2017/

Volda kommune

# Busetjing av einslege mindreårige flyktningar

## Noverande organisering

## Mogleg framtidig organisering

Juli 2016

# Organisering av barnevernstenesta



# Dagens organisering av EM-tenesta



# Busetjingsutvikling i Volda

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Tal** | 10 | 6 | 6 | 5 | 5 | 8 | 3 | 40+3= 43 |
| **Land** | Afgh. Somalia Eritrea Etiopia | Afgh. Eritrea Somalia Zimbabwe | Afgh. Somalia Kongo | Afgh. Somalia | Afgh. Somalia | Afgh. Eritrea | Eritrea | |

- Frå 2010-2015 vart det busett 40 einslege mindreårige (EM) i Volda
  - Dvs. eit snitt på busetjing av 6,7 EM kvart år
  - 10 av 40 har flytta frå Volda, dvs. eit snitt på 1,7 kvart år
  - 17 av 31 som framleis bur i Volda er under 20 år, og utløyser EM-tilskot i 2016

- I nov. 2015 oppmoda IMDi Volda om busetjing av 12 EM i 2016 og 17 i 2017
- I juli 2016 vart oppmodinga nedjustert til **inntil 10-12** kvart av åra 2016 og 2017

- I 2016 er det busett **3 EM**:
  - 1 EM u/18 år gjennom EM-tenesta i barnevernet
  - 2 EM o/18 år gjennom Volda læringssenter

# Kven er ungdomane?

- Ungdom 15-17 år, hovudsakleg frå Afghanistan, Eritrea og Somalia
  - Nokre få har fylt 18 år på busetjingstidspunktet og blir busett av Volda læringssenter
- Ulik oppvekst og familiebakgrunn
- Ungdomane har vore gjennom ei flukt. Effekten av flukt viser seg t.d. i åtferd, evne til sosialisering, oppmøte på skule og evne til å lære.
- Alle som vert busett u/18 år har vedtak etter Lov om barnevernstenester
- Personalet nyttar traumebevisst omsorg (TBO) som forståingsmodell for det miljøterapeutiske arbeidet med ungdomane. Ein arbeidar terapeutisk ut frå eit tilknytings- og traumeteoretisk perspektiv. Behandling gjennom emosjonsregulering og relasjonar.
- Tett samarbeid om traumebehandling av einskildungdomar med BUP/DPS.

# Forts. kven er ungdomane?

- Folkehelseinstituttet:
  - 76% opplevd krig på nært hald, 61% har PTSD
  - 52% gutar og 60%  jenter har depresjonssymptom
  - 39% opplever at dei er einsame til ei kvar tid
  - Ungdomane sine ønskjer: Tett vaksenkontakt, muligheiter for skule og arbeid. Bli behandla som andre ungdomar.

- Forsking viser at dei som ikkje får kontinuerleg oppfølging i tidleg fase av busetjinga, får større utfordringar på sikt (Eide/Broch 2010)

- Erfaringar og forsking er bakgrunn for busetjing i heildøgns bufellesskap, der ein nyttar relasjonar for å hele relasjonsskadar. Ein har også eit oppdragarperspektiv i arbeidet:
  - Omsorgspersonane set grenser og regulerar ungdomane ift normer og forventningar i samfunnet

# Noverande status i Smiebakken bufellesskap

- 4 bueiningar i ein firemannsbustad i Volda
- 10 ungdomar (4+4+2+personalbase)
- 9,65 årsverk fordelt på 13 tilsette:
  - 1 årsverk bustadleiar
  - 6,6 årsverk miljøterapeut
  - 2,05 årsverk miljøarbeidar
- Medlevarturnus m/støtteturnus.
- Status i dag: 8+2 ungdomar knytt til bufellesskapet
- I aug/sept. vil ein ha ledig kapasitet til busetjing av inntil 2 ungdomar.
  - **Skal ledige plassar fyllast opp?**

# Noverande oppfølgingsteneste

- Interkommunal for Ørsta og Volda (frå 1.10.2015)
- Personalbase lokalisert i Smiebakken bufellesskap i Volda

- Status i dag: 12 EM i Volda får oppfølging på hybel mån-fre kl 09:00-23:00
- Kan følgje opp inntil 20 ungdomar

- 5 årsverk (Volda: 2,86, Ørsta: 2,14) fordelt på 7 tilsette:
  - 1 årsverk fagkoordinator (Volda: 0,6, Ørsta: 0,4)
  - 2,44 årsverk miljøterapeutar
  - 0,8 årsverk miljøarbeidar
  - 0,76 årsverk vakant (Volda: 0,64, Ørsta: 0,12)

- Kan følgje opp ungdom som tilhøyrer øvrig barnevern ved ledig kapasitet, som må dekke lønskostnadar til dette. I dag får to frå barnevernet slik oppfølging.

# Korleis går det med ungdomane?

- Dei fleste er i eit utdanningsløp eller i arbeid
- Dei fleste leiger hybel på den privat bustadmarknaden
- Dei fleste har etter avslutning av barnevernstiltaket i liten grad behov for oppfølging frå andre førstelinetenester som NAV, rus- og psykisk helseteneste etc.

- Ein jobbar med å integrere ungdomane i lokalsamfunnet gjennom deltaking i fritidsaktivitetar, arbeidspraksis og i ulike lokale prosjekt

- Dei fleste av dei 10 som har flytta til andre kommunar, har i all hovudsak flytta grunna skulegang eller arbeid

# Dagens kvalifiseringsmodell

Nybusett, kartlegging i bufellesskap

Miljøterapeutisk oppfølging i bufellesskapet kring skule, fritid, bustad, jobb, helse, sosial fungering m.v.

Utflytting til privat eller kommunal hybel med oppfølging frå oppfølgingstenesta.

Treng ikkje vere økonomisk sjølvstendig.

Kvalifisert for å meistre kvardagen utan støtte frå oppfølgingstenesta.

Leiger på den private marknaden.

Økonomisk sjølvstendig

# Mogleg organisering av EM-tenesta i Volda og Ørsta 2016-2017



# Mogleg organisering av EM-tenesta i Volda 2016-2017



# Framlegg til ny organisering av EM-tenesta i Volda i 2016

- Oppfølgingstenesta må skiljast ut frå Smiebakken bufellesskap uavhengig av tal EM som skal busetjast i 2016/2017, som følgje av:
  - Auka tal EM siste åra som treng oppfølging
  - EM i bufellesskapet må ha færre personale å forhalde seg til
    - Dette også som følgje av behov for å dele B-eininga frå C/D-einingane når det gjeld bemanning
  - Felles oppfølgingsteneste for Volda og Ørsta frå okt. 2015

# Ny organisering Smiebakken bufellesskap

- Firemannsbustad:
  - A: Personaldel
  - B: Kartleggingsbustad (4 EM)
  - C/D: Bufellesskap (4+2=6 EM)

- Det skal vere eige personale i B og i C/D
- Felles bustadleiar for B og C/D
- Oppfølgingstenesta vert skilt ut frå Smiebakken bufellesskap.

# Ny organisering Smiebakken B

- Kartleggingsbustad
- Plass til inntil fire EM
- Kartleggingsperiode 3-4 mnd.
- 0,5 årsverk bustadleiar
- 5,82 årsverk miljøpersonale
  - 4 årsverk miljøterapeut i medlevarturnus
  - 1,82 årsverk miljøterapeut/-arbeidar på kveld og helg (støtteturnus)

# Ny organisering Smiebakken C/D

- Bufellesskap
- Plass til inntil 6 EM (4+2) med behov for å bu i bufellesskapet over tid
- 0,5 årsverk bustadleiar
- 5,82 årsverk miljøpersonale
  - 4 årsverk miljøterapeut i medlevarturnus
  - 1,82 årsverk miljøterapeut/-arbeidar på kveld og helg

# Ny organisering oppfølgingstenesta

- Framleis interkommunal for Volda/Ørsta
- Ny base i lokale utanfor bufellesskapa
- Oppfølging av inntil 40 ungdomar/20 i kvar kommune; på hybel, i vertsfamilie, fosterheim, gruppefosterheim
- Snitt på 10 t/oppfølging pr. ungdom pr. veke
  - Oppfølging mån-fre kl 09:00-23:00, helg kl 11:00-21:00

- 1 årsverk fagkoordinator: 0,5 årsverk pr. kommune
- Ved auka busetjing må oppfølgingstenesta ha auka bemanning/gradvis opptrapping i 2016-2017:
  - Auke frå 5 til 13 årsverk miljøterapeut/-arbeidar i Volda og Ørsta, til totalt 6,5 årsverk i kvar kommune, dersom busettingstala i kommunane er om lag likt

<u>Særskild for Volda:</u>

2016: Behov for ei styrking på 0,36 årsverk, frå 2,86 til 3,22 årsverk

2017: Behov for gradvis opptrapping med ytterlegare 3,28 årsverk, frå 3,22 til 6,5 årsverk, i takt med behov for oppfølging på hybel

# Vertsfamilie/husvert

- Tiltaket er for dei som treng ekstra støtte i eiga bustad ved nybusetjing og ved utflytting frå bufellesskap

- Mål 2016: 2 vertsfamiliar i Volda (+ 1-2 i Ørsta)
- Mål 2017: Ytterlegare to vertsfamiliar i kvar kommune

- I tillegg til oppfølging frå vertsfamilien får EM også oppfølging av miljøpersonale i oppfølgingstenesta
- Oppfølgingstenesta skal kartlegge ungdomen dei 3-4 første månadane, dersom ungdomen er nybusett

- Alder: 16-18 år ved innflytting, kan bu der til dei er 20 år
- Ikkje eigna tiltak for ungdom med sosiale vanskar, rusproblematikk eller uttalte psykiske utfordringar

# Forts. vertsfamilie/husvert

- Husvertane må gjennom ein godkjenningsprosess før oppstart:
  - Heimebesøk, godkjent utleigehybel, politiattest, teieplikt, ev. referansar

- Fellessamlingar for husvertane 3-4 gongar pr. år
- Husvertane får rettleiing av oppfølgingstenesta
- Månadlege møter mellom ungdom husvert og kontaktperson
- Husverten skal følgje opp ungdomen i snitt fire t/veke

- 0,5 løn og 0,2 utgiftsdekning etter KS sine satsar: P.t. kr 3.900,- i løn og kr 1.481,- i utgiftsdekning pr./mnd.

- Det er behov for 0,5 årsverk til rekruttering, oppfølging og godkjenning av vertsfamiliar/husvertar og ev. fosterheimar

# Fosterheim

- I Volda kan ein busetje i fosterheim dersom familiar melder seg
  - Ørsta har fått førespurnad om å busetje EM u/15 år, og nokre av desse ønskjer ein å busetje i fosterheim
- Fosterheimen vil ha behov for opplæring og rettleiing. Det er også knytt formelle krav til oppfølging av ungdom i fosterheim.
- Rekruttering og oppfølging av fosterheimar går inn i den felles oppfølgingstenesta for Volda/Ørsta
- Ein treng 0,5 årsverk til rekruttering/oppfølging av fosterheimar/versfamiliar. Kostnader vert delt mellom kommunane etter tal busette/fosterheimar som skal følgjast opp

# Gruppefosterheim

- Gruppefosterheim er eit bu- og omsorgsfellesskap, ein familieliknande heim
- Omsorgspersonen vil vere ein rollemodell og vegvisar for ungdomen. Nokon gonger kjenne deira heimland, språk og historie
- 2-3 ungdom bur saman med fosterfar/-mor. Alle betaler husleige, inkl. fosterfar/-mor
- Ungdomen vil få ein KS-sats utgiftsdekning, som disponerast av fosterfar/-mor til mat, klede, lommepengar m.v.
- Fosterfar/-mor blir engasjert som fosterforeldre og får løn tilsvarande 3 KS-satsar for godtjerdsle, dvs. om lag 280.800 pr. år. Dei kan studere/arbeide 50% utanom. Avlastning ei helg i månaden og fem veker ferie
- Godkjenningsprosesses og oppfølging er same som for vanleg fosterheim
- Ein treng 0,5 årsverk til rekruttering/oppfølging av fosterheimar/versfamiliar. Kostnader vert delt mellom kommunane etter tal busette/fosterheimar som skal følgjast opp

# Kostnadsoverslag 2016 i Volda

| | Noverande **Bufellesskap** (9,65 miljø-personale, 1,15 fagstillingar | Noverande **Oppfølgings-teneste** | Mogleg organisering ved auka busetjing **Bufellesskap** | Mogleg organisering ved auka busetjing **Oppfølgings-tenesta** | Mogleg organisering ved auka busetjing **Gruppefoster-heim (2) Vertsfamilie (1)** |
|---|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 10,80 | 2,86 | 12,80 (2 nye årsverk) | 3,22 (0,36 nytt årsverk) | 0,5 (nytt årsverk knytt til rekruttering/ oppfølging) |
| Fastløn | 7.560.000 | 2.000.000 | 8.960.000 | 2.250.000 | 350.000 |
| Variabel løn inkl. ref. sj.løn | 1.096.000 | 274.000 | 1.200.000 | 274.000 | |
| Drift | 2.300.000 | 150.000 | 2.800.000 | 300.000 | 1.500.000 |
| Totalt | 10.956.000 | 2.424.000 | 12.960.000 | 2.824.000 | 1.850.000 |
| Kostnads-auke årsverknad | | | 2.004.000 (400.800*) | 400.000 | 1.850.000 (370.000*) |
| Kostnadsauke 3 mnd. (okt-des.16) | | | 501.000 (100.200*) | 100.000 | 462.500 (92.500*) |

(*) Kostnadsauke etter fråtrekk av statleg refusjon frå Bufetat.

# Detaljert kostnadsoverslag ulike tiltak i Volda og Ørsta

| (Kostnader til fag-stillingar er ikkje medrekna) | **Bufellesskap** Kostnader m/inntil 4 ungdomar | **Bufellesskap** Kostnader m/inntil 6 ungdomar | **Vertsfamilie** Kostnader ein familie med eitt barn | **Fosterheim** Kostnader ein familie med eitt barn | **Oppfølging på hybel ein ungdom** (snittpris) | **Gruppefoster-heim med to ungdom** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Årsverk** | Ørsta: 7,3<br>Volda: 6,4 | Volda: 6,4 | 0,3 | | 0,3 | |
| **Løn** | Ørsta:<br>5.100.000<br><br>Volda:<br>4.480.00<br><br>(kr 700.000 pr. årsverk) | 4.480.000 | 45.600 (vertsfam.)<br>210.000 (personale)<br>65.000 (rekr./oppf./veil: 1,5 årsverk fordelt på 16 EM) | 91.200 (fosterheim*)<br><br>65.000 (rekr./oppf./veil) | 210.000 (personale) | 130.000 (rekr./oppf.)<br>273.000 (fosterheim)<br>310.000 (Avl. kvar 4. helg + 5 v. ferie)<br>100.000 (personale 4,5 t/v) |
| **Variabel løn** | 600.000 | 600.000 | | | | |
| **Drift** | 1.100.000 | 1.650.000 | 17.200 (utg.dekn.)<br>90.000 (livsopph./etabl.)<br>72.000 (husl., straum) | 86.100* | 130.000<br>(suppl. til EM, bil, husleige, tiltak) | 172.200 (utgiftsdekn.)<br>30.000 (etabl.)<br>12.000 (husl., straum) |
| **Totalt** | Ørsta:<br>6.800.000<br>Volda:<br>6.180.000 | Volda:<br>6.730.000 | 499.800 | 242.300<br>*avlastning og ev. andre forsterkingar ikkje medrekna | 340.000 | 1.027.200 |
| **Døgnpris** | Ørsta: 4.650<br>Volda: 4.230 | Volda:<br>3.070 | 1.369 | 664 | 932 /<br>600 u/suppl. | 1.407 pr ungd.<br>(Oslo: 2.000) |

# Inntekter: Tilskot og refusjon

- Integreringstilskot: **717.400** over 5 år
  (184.000, 220.000, 160.000, 83.400, 70.000)
- EM-tilskot: **207.000** pr år
  - Dvs. kr 17.250 pr. pers./mnd. Vert utbetalt f.o.m. busetjingsmånaden
  - Dekkjer kommunen si eigendel knytt til refusjon frå Bufetat
- Ekstra EM-tilskot 2016 og 2017: **100.000**
- Refusjon Bufetat: **80% av driftskostnader**
  - eigendel 17.100 pr. pers./mnd
- Ekstratilskot funksjonshemma/åtferdsvanskar:
  - Inntil 1.111.000 pr. pers./år, i inntil fem år
  - Tilskot 2014: 844.000 inntekt til EM Volda
  - Tilskot 2015: 778.549 inntekt til EM Volda
  - Tilskot: 2015: 596.100 inntekt knytt til refusjon Bufetat
- Sal av tenester til øvrig barnevern

# Oversikt tilskot 2016

| | Integrerings-tilskot EM | EM-tilskot | Ekstra EM-tilskot 2016/2017 |
|---|---|---|---|
| Sats | År1: 184.000<br>År2: 220.000<br>År3: 160.000<br>År4: 83.400<br>År5: 70.000<br>**Sum: 717.400** | **207.000** pr år Busetjingsåret frå månaden EM vert busett | **100.000** pr EM første busetjingsår 2016/2017 |
| 16 busette EM + **5** i 2016 = **21** | 2.700.000<br>+ 920.000<br>**3.620.000** | 3.312.000<br>+ 379.500<br>**3.691.500** | **500.000** |
| 16 busette EM + **12** i 2016 = **28** | 2.700.000<br>+ 2.208.000<br>**4.908.000** | 3.312.000<br>+ 672.750<br>**3.984.750** | **1.200.000** |

| Rekneskap 2014/2015 | Volda | Ørsta | Volda | Ørsta |
|---|---|---|---|---|
| ÅR | 2015 | 2015 | 2014 | 2014 |
| Tal EM | 11 (22) | 9 | 10 (23) | 11 |
| Døgnpris ref. Bufetat | 3.928 | 5.020 | 3.807 | 4.491 |
| Eigendel månadssats | 1.610.200 | 1.494.000 | 1.701.300 | 1.749.450 |
| Eigendel 20% | 1.944.599 | 2.449.966 | 195.495 | 2.627.533 |
| Sum kommunal eigendel | 3.554.799 | 3.943.966 | 3.651.795 | 4.376.983 |
| Kostnader u/refusjon | 777.483 | 1.572.554 | 806.825 | 440.791 |
| Som kommunale kostnader | **4.332.282** | **5.516.520** | **4.458.620** | **4.817.774** |
| EM-tilskot | **3.251.649** | **3.124.566** | **4.078.800** | **2.858.250** |
| Kostnader som må dekkjast av integreringstilskot / ekstratilskot | (ET EM: 778.549)<br>(ET Buf: 596.100)<br>**1.080.633** | **2.499.487** | (ET EM: 844.000)<br>**379.820** | **1.984.057** |

# Busetjing av EM gjennom Volda læringssenter

- Etter gjeldande vedtak frå jan. 2016 skal Volda læringssenter (VLS) busetje 28 vaksne og familiar i 2016 og 2017.

- VLS kan i tillegg busetje 2-4 EM pr. år, som kan ha rask overgang til introduksjonsprogram (INTRO) etter busetjing:
  - Dvs. EM som fyller 18 år kort tid etter busetjing, ev. nyleg har fylt 18 år
  - Som kan bu åleine/i bufellesskap med andre flyktningar, studentar o.l.
  - Det er særleg aktuelt å busetje EM frå Volda EMA-mottak/Volda mottak:

  ✓ Dei har allereie bak seg ei tid i Volda kommune
  ✓ Er elevar ved VLS (grunnskule/norskopplæring)
  ✓ Er kartlagt av lærarar og helsestasjonen i Volda
  ✓ Har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Voldasamfunnet før dei blir busett
  ✓ Ønskjer å halde fram med å bu i Volda

# Forts. EM-busetjing gjennom læringssenteret

- Læringssenteret vil busetje EM på same måte som unge vaksne o/18 år, dvs. med oppfølging av programrådgjevar og miljøpersonale
  - Ved behov for ytterlegare oppfølging, samarbeide med oppfølgingstenesta i EM-teamet i barnevernet
  - I tillegg samarbeide med øvrige offentlege, private, frivillige aktørar, slik ein generelt gjer i busetjings- og integreringsarbeidet
- EM blir busett i ledige kommunale og private bustader.

# Forts. EM-busetjing gjennom læringssenteret

- EM u/18 år vil motta ventestønad lik INTRO-stønad i påvente av oppstart i INTRO, og motta etablering på same måte som andre busette flyktningar o/18 år.
  - Det vert søkt om bidragsforskot og barnetrygd = 4.690,- per mnd.
  - Supplere opp til INTRO-stønad (minus skattetrekk)
  - EM betalar sjølve husleige og straum
  - EM har ikkje barnevernsvedtak og er ikkje omfatta av refusjonsordninga til Bufetat

- EM o/18 år vil ha overgang til INTRO, slik andre unge vaksne gjer, og ha oppfølging av programrådgjevar, lærar, miljøpersonale (også på kveld) og andre aktuelle samarbeidsaktørar i busetjings- og integreringsarbeidet

- Læringssenter vil nytte EM-tilskotet og ekstratilskotet for busetjing av EM til miljøpersonale og andre tiltak som vil styrke busetjings- og oppfølgingsarbeidet av ungdomane
  - EM-tilskot kr 207.000 (17.250/mnd., utbetalt f.o.m. busetjingsmånaden)
  - Ekstratilskot EM kr 100.000 (eingongstilskot)

# Oppsummering

- Ein ønskjer å yte tenester som er fagleg godt tilrettelagt, samstundes som det er kostnadseffektivt
- Om ein skal auke talet på busette utan å opprette tilsvarande tal nye bufellesskap, er det behov for å styrke dei eksisterande tiltaka (bufellesskapet og oppfølgingstenesta), samt utvikle nye tiltakstilbod
- Eit styrka og meir differensiert tiltakstilbod, vil korte butida i bufellesskapet, og dermed gi lågare kostnader pr. busett einsleg mindreårig flyktning enn det ein har i dag.

Volda kommune

Volda 17.06.16

**Uttale frå minoritetshelseteamet - einsleg mindreårige flyktningar.**

Minoritetshelseteamet er kjend med at det blir arbeidd med ny modell for oppfølging av einsleg mindreårige flyktningar som har opphald og blir busett i Volda.
Volda kommune har i mange år busett einsleg mindreårige flyktningar i Smiebakken bufellesskap. Vi ser at denne gruppa, som regel i alderen 15 til 18 år, har samansette utfordringar og at oppfølginga Volda har gitt har vore svært god.
Smiebakken har eit heildøgn tilbod og samarbeidet med andre instansar i hjelpeapparatet er godt. Både i Smiebakken og oppfølgingstenesta blir det jobba etter modellen traumebevisst omsorg.

Vi ser at dette er ungdommar som har behov for tett og god fagleg oppfølging særleg i startfasa. God oppfølging er førebyggande og gjer dei betre rusta til å mestre utfordringar dei møter som vaksne.
Dei har behov for god omsorg og likeverdig oppfølging som andre ungdommar på same alder.
I *veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og famliegjenforente* IS-1022 presiser Helsedirektoratet kommunene sitt ansvar for å sikre kvalitativt gode og likeverdige helsetenester til asylsøkere, flyktningar og familiesameinte.

Vi håpar at erfaringane og kompetansen frå arbeidet med denne gruppa blir vidareført i den nye oppfølgingsmodellen.

Med vennleg helsing

Minoritetshelseteamet i Volda

Koordinator helsestasjonen

VOLDA KOMMUNE

BARNEVERNSTENESTA
HAREID-ULSTEIN-VOLDA-ØRSTA

# Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta

## Mandat

Det er sett ned ei arbeidsgruppe mellom dei fire kommunane i regionale barnevernssamarbeidet; Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, og barnevernet. Kvar kommune kan delta med inntil to representantar, i tillegg til to frå barnevernet. Arbeidsgruppa vart etablert i møte mellom kommunane og barnevernet 11.12.15 og skal sjå på *bu- og omsorgsløysingar* til einslege mindreårige flyktningar (EM), *bemanning og turnus, organisering, ansvar og samarbeid, finansiering og tilskot, kvalifisering og helse.* Utgreiinga skal ta omsyn til *god fagleg tilrettelegging* og *kostnadseffektivitet.* Mandatet byggjer på målsettinga om integrering som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar og sikrar optimal gjennomstrøyming mot utdanning og arbeid.

## Bakgrunn:

Dei fire kommunane i det regionale barnevernssamarbeidet har fått førespurnad frå IMDi om busetjing/auka busetjing av EM i 2016 og 2017. Ørsta og Volda kommunar har busett EM sidan 2009/2010. Frå 01.01.14 vart ansvaret for bu- og omsorgstenester for EM lagt under det regionale barnevernssamarbeidet, med Volda er vertskommune. Dei tilsette i EM-tenesta i Ørsta vart overført til vertskommunen Volda.

I barnevernet er arbeidet organisert i eige EM- hjelpetiltaksteam. Bu- og omsorgsløysingar som i dag er tilgjengeleg for EM med barnevernsvedtak er: *Bufellesskap med heildøgns bemannning* og *oppfølging på hybel/i mindre bufellesskap* når EM flyttar ut av bufellesskapa. Det har også vore tilfelle av *slektsplassering* med oppfølging av personale i EM-tenesta og plassering i *fosterheim*. Ørsta har i dag to bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til fire EM i kvar. Volda har eitt bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til inntil 10 EM. Begge kommunane har hatt eiga oppfølgingsteneste, som frå oktober 2015 vart slått saman og driftast på tvers av kommunane.

Då Ørsta/Volda starta arbeidet med busetjing av EM i 2010/2011 fekk kommunane 100% fullfinansiering gjennom refusjon frå Bufetat når EM hadde barnevernsvedtak gjennom barnevernet, etter fråtrekk av månadleg eigendel pr. person. Frå desember 2013 innførte staten i tillegg ein kommunal medfinansiering på 20% av kostnadene på tiltak gjennom barnevernet, utover den månadlege kommunale eigendelen. Det særskilde tilskotet for busetjing av EM vart auka for å kompensere for kommunane sine utgifter, men dekker på langt nær alle kommunale kostnader. Finansieringsordninga for EM er i dag under utgreiing sentralt, og ein kan forvente endringar i ordninga som følgje av dette.

## Deltakarar i arbeidsgruppa:

### *Barnevernet:*

- Torill O. Vinjevoll, teamleiar EM-hjelpetiltaksteam
- Reidar Haug, miljøterapeut/leiande miljøterapeut (permisjon) EM Volda.

### *Volda:*

- Nina Kvalen, spesialrådgjevar innvandring og integrering
- Stian Bjerkvik, rektor Volda læringssenter

### *Ørsta:*

- Bård Andrè Flekke, leiar flyktningkontoret
- Knut Åmås

### *Ulstein:*

- Gry Nordal, oppvekstsjef
- Monika Mierzejewska

### *Hareid:*

- Ingeborg  Bjåstad, flyktningkonsulent
- Oddbjørn Grimstad

## Ansvarleg for rapportering/leiing av arbeidsgruppa:

- Torill Osborg Vinjevoll, teamleiar EM-tenesta i barnevernet
- Nina Kvalen, spesialrådgjevar innvandring og integrering, Volda kommune

## Frist for rapportering

Arbeidet i arbeidsgruppa bør starte snarast råd og ferdigstillast seinast i veke 5, 2016.

## Nærare om mandatet / innhald i utgreiinga:

### *1. Bu- og omsorgstilbod for EM*

- Noverande ordningar:
    - Heildøgns bemanning i bufellesskap
    - Oppfølgingsteneste (ca. 4 t/v pr ungdom)
- Alternative ordningar m.a.:
    - Hybel m/oppfølging (meir differensiert enn i dag)
    - Vertsfamilieordning
    - Fosterheim
    - Folkehøgskule
    - Heildøgnsbemanna utgreiingsbustad
    - Bufellesskap u/heildøgns bemanning
- Busetjing av EM under 15 år / i alderen 15-18 år m.a.:
    - Val av bu- og omsorgsløysing
    - Kvalifiseringstilbod
- Økonomiske utgreiingar på individnivå m.a.:
    - Individstønad gjennom barnevern (lommepengar, utstyrspengar, økonomisk supplering)
    - Intro/overgang til intro
    - Bidragsforskot/barnetrygd
    - Stipend/lån
    - Bustønad
- Faglege utgreiingar m.a.:
    - Kartlegging
    - Planarbeid
    - Kvalifiseringsarbeid
    - Miljøterapeutisk arbeid
- Administrative/økonomiske utgreiingar m.a.:
    - Knytt til dei ulike ovannemnde ordningane som t.d.:
        - Kva kostnader er knytt til å opprette eit heildøgnstilbod for 4-5 EM og for 8 EM i bufellesskap?

### *2. Bemanning, turnus, kostnader ved ulike bu- og omsorgsløysingar*

- Bemanningsfaktor i ulike bu- og omsorgstiltak m.a.:
    - Bufellesskap m/heildøgns bemanning
    - Bufellesskap u/heildøgns bemanning
    - Vertsfamilie
- Faglege og økonomiske konsekvensar knytt til ulike turnusmodellar:
    - Medlevarturnus
    - Langturnus

    - 3-delt turnus
    - Kombinasjonsturnus
    - Turnustillegg; 1/1 natt, 1/3 natt

### *3. Organisering, ansvar og samarbeid*

- Organisering av EM-arbeidet i barnevernstenesta
    - Konsekvensar for Volda som vertskommune
    - Kontaktledd/ansvarleg instans i samarbeidskommunane
    - Tverrfagleg samarbeid
    - Kva ansvar skal eventuelt overførast til vertskommunen Volda
        - Søknad om tilskot, refusjonar
- Alternative ordningar i eiga kommune

### *4. Finansiering og tilskot*

- Ulike tilskot
- Refusjon
- Samanstille tilskot og refusjonar med kostnader for ulike tiltak

### *5. Kvalifisering*

- Skule
- Arbeid/praksisplass
- Fritid etc.

### *6. Helse*

- Fysisk og psykisk helse
- 1.line og 2.line

Volda 06.01.2016

Rune Sjurgard

rådmann

# Informasjonsbrev

**Om bosettingsarbeidet**



# 2. kvartal 2016

## Til alle bosettingskommuner i Midt-Norge

Hei alle sammen,

IMDi Midt-Norge ønsker å oppdatere bosettingskommunene og asylmottakene om bosettingsarbeidet i vår region så langt i 2016. Vi vil også gi dere kontaktinformasjon for IMDI Midt-Norge i sommerferien 2016.

Som vi har informert dere om i vårt informasjonsbrev datert 15.03.16, var det i årets første måneder et sammensatt bilde som preget bosettingssituasjonen både nasjonalt og regionalt. Det var få flyktninger i asylmottakene som hadde fått innvilget oppholdstillatelse og som ventet på å få tildelt en bosettingskommune, til tross for at det satt over 20.000 asylsøkere i mottakene som ikke hadde fått behandlet sine søknader av UDI. Flere kommuner hadde meldt inn ledig bosettingskapasitet, og IMDi hadde utfordring med å finne nok flyktninger til disse. Det er gledelig at situasjonen nå er i ferd med å snu: UDIs kapasitet til å behandle asylsøknader har økt, i tillegg behandler de en større andel av sakene med høy sannsynlighet for å få opphold. Det betyr at det blir stadig flere flyktninger på mottak som IMDi kan tildele bosettingskommune. UDI har en troverdig plan for å ta igjen det manglende antallet vedtak fra årets første måneder i løpet av sensommer og høst.

Pr 31.mai 2016 var det 4535 bosettingsklare flyktninger i Norge. Syria, Eritrea og Afghanistan utgjør tre største flyktninggrupper. Når det gjelder enslige mindreårige, er det Afghanistan og Eritrea som er utgjør størst bosettingsbehov.

Til tross for få bosettingsklare flyktninger i asylmottakene i årets første måneder bosatte kommunene flere flyktninger enn ifjor på samme tidspunkt. Per 16.juni 2016 var det bosatt 822 personer i Midt-Norge. Dette er 229 flere enn på samme tid i fjor, 360 flere enn i 2014 og 624 flere enn i 2013 på samme tidspunktet! Det foreligger avtale med kommunene om bosetting av ytterligere 437 personer.

Det er to viktigste momenter som forklarer det høye bosettingstallet: ved utgangen av 2015 var det mange flyktninger som allerede hadde fått tildelt en bosettingskommune, og som ble faktisk bosatt tidlig i 2016. Kommunene har også fått bosette 100 flere overføringsflyktninger enn i fjor på samme tidspunkt.
Det er positivt at det så langt ble bosatt flere flyktninger i år enn i fjor. Men som dere kan se på tabellen nedenfor, må det bosettes enda flere for å kunne komme i mål.

### Måltall for bosetting i Midt-Norge i 2016

| Måned | jan | feb | mar | april | mai | juni | juli | aug | sept | okt | nov | des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Månedlig måltall | 233 | 233 | 233 | 233 | 233 | 233 | 233 | 233 | 233 | 233 | 233 | 233 |
| Antall bosatt i måneden | 81 | 164 | 177 | 146 | 143 | 111 (pr 16.06) | | | | | | |
| Måloppnåelse (%) | 35 | 70 | 76 | 63 | 61 | 48 | | | | | | |
| Måltall i 2016 | 233 | 466 | 699 | 932 | 1.165 | 1.398 | 1.631 | 1.864 | 2.097 | 2.330 | 2.563 | 2.790 |
| Faktisk bosetting i 2016 | 81 | 245 | 422 | 568 | 711 | 822 (pr 16.06) | | | | | | |
| Måloppnåelse (%) | 35 | 53 | 60 | 61 | 61 | 59 (pr 16.06) | | | | | | |

## Kommunene må forberede seg til rekordhøyt bosettingstempo i 3. og 4. kvartal

Bosettingssituasjonen har som nevnt ovenfor endret seg, og i løpet av 3. og 4. kvartal vil antall bosettingsklare flyktninger uten tilbud om bosettingskommuner øke. Vi ber derfor kommunene om å planlegge for økt bosettingstempo både utover sommeren og etter sommeren.

IMDi vil fordele så mange flyktninger som mulig til kommunene i sommer og holde saksbehandlingskapasiteten oppe gjennom hele sommeren. **Oversikt over saksbehandlere som skal være på jobb i sommerferien er vedlagt.**

Vi har tidligere i egne skriv til kommunene – sendt til både ordførere, rådmenn, flyktningtjenester og voksenopplæringer – orientert om at IMDi periodevis i år på grunn av begrenset antall bosettingsklare flyktninger, har måttet prioritere å tildele flertallet av de bosettingsklare til de 11 store kommunene som vi har forpliktende samarbeidsavtale med samt ytterligere 5-6 kommuner som bosetter jevnt og kvartalsvis.

**Ta kontakt!**
**Nå er tilgangen på bosettingsklare flyktninger så vidt god at vi ønsker at flest mulig kommuner kommer i gang med sin bosetting. Mange mindre kommuner har allerede fått utsøkt flyktninger. Kommuner som er klare til eller snarlig er klare til å bosette, bes nå aktivt ta kontakt med IMDi for å avklare presentasjon og utsøking.**

## Behov for økt bosettingskapasitet for enslige mindreårige under 15 år.

Pr 31.05 var det 540 enslige mindreårige (EM) bosettingsklare i Norge hvorav 250 under 15 år. Tabellen under viser en stor økning på antall enslige mindreårige under 15 år. Det er Bufetat som har bosettingsansvar for den gruppen

### Bosettingsklare enslige mindreårige: bosettingsplasser og ventetid

| | IMDi | | Bufetat | | Totalt | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | totalt | kor av utan bus.plass | totalt | kor av utan bus.plass | totalt | kor av utan bus.plass |
| 0-3 mnd | 187 | 148 | 107 | 102 | 294 | 250 |
| 3-5 mnd | 52 | 11 | 90 | 58 | 142 | 69 |
| 6-8 mnd | 43 | 6 | 48 | 20 | 91 | 26 |
| 9-11 mnd | 6 | 1 | 4 | - | 10 | 1 |
| >12 mnd | 2 | 1 | 1 | - | 3 | 1 |
| Totalt | 286 | 167 | 250 | 180 | 540 | 347 |

**Kilde:** Bosettingsmånedsrapport – mai 2016: side 4.

Enslige mindreårige flyktninger er spesielt sårbare og skal prioriteres i bosettingsarbeidet. Den yngste gruppa EM er selvsagt særlig utsatt. De trenger trygge og gode oppvekstsvilkår, og bosetting av disse krever et tilpasset apparat i kommunene. Målet er at de skal bosettes innen tre måneder når de får innvilget oppholdstillatelse. Tabellen over viser at pr 31. mai var det 246 enslige mindreårige som hadde ventet på bosetting mer enn tre måneder hvorav 97 uten tilbud om bosettingskommune. 80 prosent av enslige mindreårige uten tilbud om bosettingskommune (78) er de under 15 år, og de har ventet mer enn tre måneder. Det vil si at kun 19 enslige mindreårige over 15 år ikke har fått tildelt bosettingskommune.

**Det er uheldig at de yngste enslige flyktningbarna må vente lengre enn andre bosettingsklare flyktninger. Vi ber kommuner med vedtak om bosetting av enslige mindreårige å vurdere konvertering av noen av plassene til bosetting av de minste barna. Ta kontakt med IMDi hvis dette er aktuelt.** Samtidig ber vi kommuner som ikke har vedtak om å bosette EM, om å stille seg velvillig hvis Bufetat finner konkrete fosterhjem for EM i disse kommunene. Vi gjør oppmerksom på at det gis et ekstra tilskudd på kr 100.000 til kommunene for hver EM som bosettes – dette gjelder også når Bufetat finner fosterhjem.

Så langt har kommunene fattet vedtak om å bosette 2 800 enslige mindreårige flyktninger i år. De siste prognosene viser at det er behov for å bosette om lag 2 100 enslige mindreårige flyktninger, hvor av om lag 600 er under 15 år. Det tilkommer riktignok ca 300 unge som nylig har rukket å fylle 18 år. Totalt altså ca 2400. Behovet for plasser til enslige mindreårige over 15 år i 2016 er dekket, mens det fortsatt er en betydelig mangel på plasser til de under 15 år.

## Kvoten for overføringsflyktninger i 2016

Som vi tidligere har informert kommunene om, er det behov for å gjenbosette 3.120 overføringsflyktninger i år. Dette er en økning på 1.000 personer som skyldes større kvote for syriske overføringsflyktninger. Nedenfor finner dere oversikten over kvoten for overføringsflyktningene i 2016.

| Underkvote | Antall |
|---|---|
| Flyktninger fra Syria i Midtøsten (Libanon, Jordan og Tyrkia) | 3000 |
| Åpne plasser | 120 |

I samarbeid med UDi, PU og PST har IMDi allerede gjennomført fire uttakskommisjoner til Libanon. Hittil i år er det innvilget oppholdstillatelse til 1.700 syrere i Libanon.

Det er ganske mange av flyktningene som vil ha behov for psykologisk oppfølging etter ankomst, noe som skyldes den situasjonen de har levd under de siste årene.
Les gjerne mer om kulturorienteringsprogrammet på IOM sine nettsider; http://www.iomosloco.com/index_no.html.

## Bosettingsbehov for perioden 2016- 2017 skal revideres

Det avholdes møte i «Nasjonalt utvalg for bosetting av flyktninger og etablering og nedlegging av asylmottak samt omsorgssentre» den 23.-24.juni 2016. Formålet med møtet er å evaluere ankomst- og mottakssituasjon og revidere bosettingsbehov for inneværende og neste år.

Vi kommer tilbake med oppdatert informasjon til alle kommuner om oppdatert bosettingsbehov for både 2016 og 2017 så snart etterarbeid og konklusjoner etter møtet i Nasjonalt utvalg er ferdigstilt. Anslagsvis ultimo juni eller primo juli.

IMDi antar at konklusjonen kan bli et behov for bosetting i 2016 på 16.000 mot 18.000 i forrige prognose. Et behov på 16.000 er om lag i tråd med det antall vedtaksplasser kommunene har stilt til rådighet. For 2017 kan bosettingsbehovet bli fastsatt litt lavere enn for 2016. Behovet vil uansett være langt under tidligere prognose på 21.000. Dette skyldes først og fremst lavere ankomster av asylsøkere.

## Anmodning 2017

Hvis Nasjonalt utvalg fastsetter endelig bosettingsbehov på sitt møte nå i juni, vil IMDi anmode kommunene for 2017 i august d.å. Hvis utvalget velger å utsette dette til sitt møte i august, vil anmodning bli gjort i september.

# IMDi Midt-Norge ønsker dere en God sommer 2016!



**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2012/536 |
| | | Arkivkode: | 031 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 36/16 | Driftsstyret | 17.08.2016 |
| 139/16 | Formannskapet | 16.08.2016 |
| 95/16 | Kommunestyret | 25.08.2016 |

## POLITISK ORGANISERING - DRIFTSSTYRE

**Handsaming:**

Ordføraren kom med framlegg om at utvala skal ha sju medlemer.

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

1. ***Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:***
   a. ***Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)***
   b. ***Tenesteutval for barn og unge (TBU)***

   ***Utvala skal ha sju medlemer med varamedlemer***
   ***I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.***
   ***Endringa skjer frå 01.01.2017***

2. ***Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.***

**Administrasjonen si tilråding:**

3. **Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:**
   a. **Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)**
   b. **Tenesteutval for barn og unge (TBU)**

   **Utvala skal ha … medlemer med varamedlemer**

**I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval. Endringa skjer frå 01.01.2017**

4. **Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.**

**Vedleggsliste:**
1. Notat frå rådmannen d.s. 4/2-16 vedkomande politisk organisering – driftsstyret
2. Vedtak i driftsstyret - 11.05.2016

**Samandrag av saka:**
I samband med folkevaltopplæringa drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Med bakgrunn i den prosessen som har vore etter den tid vil rådmannen tilrå endring av den politiske organiseringa slik at Driftsstyret vert delt i eit Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og eit Tenesteutval for barn og unge (TBU). Endringa vert gjort gjeldande frå 01.01.2017. Før iverksetjing skal kommunestyret ha førelagt seg sak om delegering som fylgje av endringa.

**Saksopplysningar:**
I samband med folkevaltopplæringa drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Rådmannen oppfatta signal om at ein ynskte ein nærare gjennomgang området for å sjå om det er trong om ei endring.

Det vart difor utarbeidd eit notat for formannskapet og driftsutvalet som grunnlag for ei nærare drøfting. Notatet fylgjer vedlagt til vitende.

I notatet og drøftingane i ettertid er det peika på at;

> *Oppgåver som Sektorplanar/temaplanar, Analyse av teneste (dekningsgrad, behov, ressursbruk og strategi), driftsrapportar, forvaltning og drift av eigedomar,* er store og komplekse oppgåver som det er viktig at politikarane får høve til å setje seg godt inn i og sjå samanhengar. Ein bør difor legge til rette for at det politiske utvalet til dømes kan arbeide med tema eller problemstillingar innanfor eit område og leggje fram melding evt. sak til kommunestyret. Dette er heilt i tråd med dei signala driftsutvalet i førre periode gav uttrykk for.
>
> Ulempa ved ein slik modell er at ansvarsområdet for dagens driftsstyre truleg bli for stort, og det vert eit vakuum mellom politikk og administrasjon. Ansvarsområdet for dagens driftsstyre gjer det også vanskeleg å følgje opp driftsstyret på ein god nok måte frå administrasjonen.
>
> For å bøte på det vart det skissert ei **deling av driftsstyret** ved at ein tenkjer seg to tenesteutval eller tenestestyre.
>
> 1. Tenesteutval helse- og omsorg (THO)
> 2. Tenesteutval barn og unge (TBU)

Ved ei slik oppdeling kan t.d **oppvekstsjefen** møte fast for utvalet for barn og unge, **og helse-/omsorgssjefen** for utvalet for helse og omsorg. Andre sektorsjefar kan ev møte i tillegg ut frå saksområde.

Ein mulig modell:




I førre kommunestyreperiode vart det frå politisk hald kartlagt viktige prinsipp som dei meinte den politiske organiseringa må spegle:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt*
- *Eit godt omdøme*

Kommunestyret har i tillegg m.a. i samband med budsjett/økonomiplan vedteke **prinsipp for drifta** i kommunen:

- ✓ *Fokus på kjerneoppgåvene.*
- ✓ *Standard som er god nok*
- ✓ *Optimalisere ressursbruken*
- ✓ *Smarte løysingar*
- ✓ *Fokus på budsjettstyring.*

For at ein skal kunne sikre god administrativ og politisk oppfølging av desse prinsippa på dei ulike områda er det naudsynt at ein spissar prioriteringane og ikkje spreier seg på for mange område. Utvala bør vidare kommunisere seg i mellom og sikre at dei arbeider opp mot ein felles strategi som sikrar god styring av kommunen sine ressursar. Dette vil sikre at bestillingar og prioriteringar medverkar til verdiskaping.

I notatet er det i tillegg drøfta sikring av demokratisk deltaking, gråsone mellom driftsstyret og formannskapet og tenesteutvala sine moglegheiter til å sjå heilskapen innanfor tenesteområdet også innanfor økonomien.

Men primært bør tenesteutvala ha som formål å skaffe seg kunnskap om tenestene, utfordringar og om tiltak som påverkar resultata. Tenesteutvala bør ut frå den kunnskapen dei skaffar seg ta tak i utfordringsområde og setje søkelys på dette til dømes gjennom ei meldingssak til kommunestyret. Ved slike initiativ kan dei gi seg sjølve mandat og samarbeide med sektoradministrasjonen i utarbeidinga av meldinga.

For å ta eit døme kunne dette vere ein gjennomgang av tenesteprofilen i helse og omsorg i høve til dagens og morgondagens behov, jfr stikkord på problemstillingar:

- ✓ kostnader og organisering av drifta i høve til normert nivå (statleg utrekning) og samanliknbare kommunar.
- ✓ teneste organisert etter rett kompetanse og på rett nivå - korleis er dette i dag - og kva tiltak vil vere nødvendig å foreslå .
- ✓ førebyggjande tiltak for å redusere behovet for tyngre pleie

Tenesteutvala bør sjå samanhengane og derfor også ha kunnskap om den økonomiske utviklinga i tenesteområda. Oppfølginga av budsjettet er delegert til administrasjonen. Dersom det oppstår budsjettavvik, så er det forhold som administrasjonen bør ta opp med formannskapet som har det overordna økonomiske tilsynsansvaret på vegne av kommunestyret. Dette inneber at spørsmål om budsjettdisponeringar og korrigeringar alltid skal gå om formannskapet. Tenesteutvala bør derfor ikkje gjevast økonomisk disposisjonsrett over budsjettet, men heller verte orientert for å ha kunnskap om utfordringane.

Etter dagens rapporteringssystem går økonomirapportane til formannskapet, og tertialrapporten går via formannskapet til kommunestyret. Dei månadsvise økonomirapportane bør framleis gå direkte til formannskapet, men tenesteutvala bør få utskrift av desse. Tertialrapportane (økonomi- og tenesterapportering) bør også som i dag gå direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret, men denne rapporten bør i tillegg gå til tenesteutvala til uttale som vert lagt ved i utsendinga av tertialsaka til kommunestyret.

Denne saka er i to omgangar blitt drøfta i formannskapet og driftsutvalet. Då saka vart drøfta i driftsutvalet 11. 05. gjorde driftsstyre eit slikt vedtak:

> ***Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda.***
>
> ***Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen.***
>
> ***1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg***
> ***2: Kvart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara***
> ***3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra***
> ***4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda***
> ***5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017***
> ***6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag***

**Vurdering og konklusjon:**
Etter dei signala som er kome fram i samband med denne saka har rådmannen tru på at ei deling av driftsstyret der ein i endå større grad får fokus på dei kommunale tenestene og dei vedtekne prinsippa for drifta i kommunen vil kunne ha ein positiv effekt på den politiske styringa.

I somme høve vil det truleg oppstå saker i gråsona mellom dei to driftsutvala. I dei høva vil rådmannen måtte avklare korleis saksgangen skal vere.

<u>Styre-utval- nemnd;</u>
Rådmannen har ikkje noko vesentleg oppfatning om kva nemning ein skal nytte på dei kommunale organa – -styre , -utval, -komité eller nemnd, men ser at det var eit tema i driftsutvalet.

Kommuneloven nyttar nemningane utval og komité i §10 når desse er faste, medan «styrebegrepet» vert nytta i §11 i samband med styre for institusjon og liknande.

Slik ein tenkjer seg oppgåvene til organet beskrive i denne saka og i ovannemnde vedtak i driftsstyret vil truleg «utval» vere den vanlegaste nemninga. På den andre sida nyttar kommunen nemninga «forvaltningsstyre» om organet som m.a. gjer vedtak som gjeld. Til forskjell frå driftsstyret gjer forvaltningsstyret vedtak i saker som «gjeld private personar og /eller private rettssubjekt sine rettar og plikter…» og i tillegg myndighetsutøving i høve plandelen i plan og bygningslova (jfr. Reglement for Forvaltningsstyret K.sak 45/11)

Utan at det har nokon praktisk betyding for organa, bør kanskje nemninga utval eller styre vere likt på dei 3 organa og rådmannen vil difor tilrå at organa får nemningane:

**Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)**
**Tenesteutval for barn og unge (TBU)**
**Forvaltningsutval**

Storleik på utvala;
Rådmannen har heller ikkje noko vesentleg oppfatning om storleiken på utvala, men rår til at dei vert så pass store at den demokratiske dimensjonen og storleiken på partia vert ivareteke, samtundes som at utvala ikkje er større enn at dei vert god arena og gjev rom for utviklingsarbeid. Utvala må vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre kvaliteten i tenestene og saman med administrasjonen sikre gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp. På bakgrunn av dette tilrår rådmannen 5 eller 7 medlemer med varamedlemer.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ingen direkte,

**Økonomiske konsekvensar:**
Fleire utval og medlemer til utval medfører liten auke i kostnader. Anna organisering kan motverke auke i kostnadene på tenester. Usikkert.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Rådmannen for ajourføring regelverk og delegering

# VOLDA KOMMUNE
**Rådmann**

# NOTAT

**Frå:** Rådmannen

**Sak:** Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd / Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| *2012/536* | *1359/2016* | *031* | *ADM/ASBMOL* | *04.02.2016* |

Det heter i vedtaket at dagens generelle krav til tilbydere opprettholdes. I tillegg ble det vedtatt 14 konkrete krav i forbindelse med utlysning av offentlige anbud innenfor bygg og anleggskontrakter, og kontrakter innenfor kjøp av varer og tjenester så langt de passer.

Her er kravene slik de ble vedtatt av bystyret i Skien:

1. Arbeidet skal utføres av tilbyderen og dennes ansatte i tjenesteforhold, eventuelt ved underentreprenør og deres ansatte. Tilbyder skal til enhver tid kunne framlegge dokumentasjon på ansettelsesforholdet. Tilbyder skal dokumentere at majoriteten av de ansatte har fagbrev innfor sitt fagområde.

2. Avtale om underentreprise med enmannsforetak eller anvendelse av innleid arbeidskraft krever skriftlig begrunnelse fra entreprenøren.

3. Tilbyder plikter å sørge for at likelydende bestemmelser om bruk av egne ansatte, enmannsforetak, innleid arbeidskraft og krav om dokumentasjon av fagbrev inntas i kontrakter med underentreprenører. Arbeidskraften skal være innleid i samsvar med arbeidsmiljøloven § 14-12a og §14-13.

4. Norsk er hovedspråk på kommunens byggeplasser, både skriftlig og muntlig. Det kreves at minst en person på hvert arbeidslag forstår og behersker å gjøre seg godt forstått på norsk.

5. Byggherren tillater ikke mer enn et ledd i kontraktskjeden. Oppdragsgiver kan godkjenne to ledd når det foreligger en god begrunnelse. Det skal aldri være mer enn to ledd i kontraktskjeden.

6. Tilbyder og underentreprenører som skal engasjeres i prosjektet skal være godkjente og aktive lærlingebedrifter. Når størrelsen på prosjektet tilsier det kan oppdragsgiver kreve at det skal være lærlinger i prosjektet (gjelder norske bedrifter).

7. Etter ligningsloven § 6-10, med tilhørende forskrifter, plikter næringsdrivende som har gitt noen oppdrag på byggeplass å gi melding til Sentralskattekontoret for utenlandssaker om enhver utenlandsk oppdragstaker eller utenlandsk arbeidstaker som utfører oppdrag på byggeplassen.

8. Tilbyder er ansvarlig for å rapportere fortløpende om bruk av utenlandsk arbeidskraft i alle ledd i kontraktskjeden, herunder framskaffe og framlegge for byggherren kopi av innsendt melding for den enkelte utenlandske oppdragstaker eller utenlandske arbeidstaker.

9. Lønn og annen godtgjørelse for samtlige arbeidstakere skal utbetales til konto i en norsk bank.

10. Tilbyder skal dokumentere at han har gyldig yrkesskadeforsikring for alle ansatte, og gir oppdragsgiver rett til å kontrollere opplysningene.

11. Byggherren kan kreve dagmulkt av tilbyderen dersom han selv eller noen av hans underentreprenører anvender ulovlig eller ikke kontraktsmessig arbeidskraft og forholdet ikke er blitt rettet innen en frist gitt ved skriftlig varsel fra byggherren. Mulkten løper fra fristens utløp til forholdets opphør. Mulkten skal utgjøre en promille av kontraktssummen, men ikke mindre enn kr. 1 000,-pr. hverdag.

12. Tilbyder skal sørge for at ansatte i egen organisasjon og ansatte hos eventuelle underentreprenører ikke har dårligere lønns- og arbeidsforhold enn det som følger av landsomfattende tariffavtale eller det som ellers er normalt for vedkommende sted og yrke, jfr §5 i forskrift om lønns og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter.

Tilbyder skal på oppfordring legge fram dokumentasjon om lønns – og arbeidsvilkårene til de ansatte. Alle avtaler tilbyder inngår og som innebærer utføring av arbeid under denne kontrakten, skal inneholde tilsvarende dokumentasjon. Dersom tilbyder ikke etterlever disse pliktene og forholdet ikke er rette innen en fastsatt frist har oppdragsgiver rett til å kreve dagmulkt. Mulkten løper fra fristens utløp til forholdets opphør og størrelsen fastsettes samme måte som i punkt 11.

13. Det skal bekreftes på vedlagte egenerklæring at ILO-konvensjon nr. 94 blir fulgt.

14. Ved konstatert brudd på ovennevnte bestemmelser, og entreprenøren ikke har rettet feilen innen fristens utløp, kan byggherren heve kontrakten med 2 års karantene.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Rune Sjurgard | Arkivsak nr.: | 2016/1212 |
| | | Arkivkode: | 020 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 135/16 | Formannskapet | 16.08.2016 |
| 97/16 | Kommunestyret | 25.08.2016 |

## NYE OPPGÅVER TIL STØRRE KOMMUNAR - HØYRING

**Handsaming:**

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

1. ***Kommunestyret meiner at dei nye oppgåvene som er foreslått ikkje vil gi vesentleg effekt i form av auka lokaldemokrati og auka lokalt sjølvstyre.***

2. ***Basert på prinsippet om å halde fast ved generalistkommuneprinsippet, bør særleg spesialiserte oppgåver leggjast til det regionale nivået eller statlege institusjonar. Alternativt bør det kunne prøvast ut modellar der kommunar kan ha definert ansvar for delar av slike oppgåver når dei er lokalisert til kompetansemiljø i regionale eller statlege institusjonar.***

3. ***Kommunestyret vil be om at prosessen med overføring av nye oppgåver vert sett i lys av behovet for å styrke kommunane sitt økonomiske og juridiske handlingsrom for å utvikle lokalsamfunnet og skape grunnlag for utvikling av arbeidsplassar og busetting. Dette bør også sjåast i samanheng med utflytting/plassering av statlege arbeidsplassar ute i distriktskommunar.***

4. ***Kommunane bør i kraft av Grunnlovfesting av lokalt sjølvstyre få større råderett over primærtenestene slik at det er samsvar mellom mynde og ansvar for dei totale samanhengane mellom økonomi og kvalitet. Kommunestyret syner til konkrete døme skissert i saksutgreiinga.***

5. ***Kommunestyret vil be om at det vert gjennomført ei evaluering og nærare vurdering av grensesnittet for ansvaret for oppgåver innanfor for rus og psykiatri mellom spesialist- og primærhelsetenesta.***

**Administrasjonen si tilråding:**

6. **Kommunestyret meiner at dei nye oppgåvene som er foreslått ikkje vil gi vesentleg effekt i form av auka lokaldemokrati og auka lokalt sjølvstyre.**

7. **Basert på prinsippet om å halde fast ved generalistkommuneprinsippet, bør særleg spesialiserte oppgåver leggjast til det regionale nivået eller statlege institusjonar. Alternativt bør det kunne prøvast ut modellar der kommunar kan ha definert ansvar for delar av slike oppgåver når dei er lokalisert til kompetansemiljø i regionale eller statlege institusjonar.**

8. **Kommunestyret vil be om at prosessen med overføring av nye oppgåver vert sett i lys av behovet for å styrke kommunane sitt økonomiske og juridiske handlingsrom for å utvikle lokalsamfunnet og skape grunnlag for utvikling av arbeidsplassar og busetting. Dette bør også sjåast i samanheng med utflytting/plassering av statlege arbeidsplassar ute i distriktskommunar.**

9. **Kommunane bør i kraft av Grunnlovfesting av lokalt sjølvstyre få større råderett over primærtenestene slik at det er samsvar mellom mynde og ansvar for dei totale samanhengane mellom økonomi og kvalitet. Kommunestyret syner til konkrete døme skissert i saksutgreiinga.**

10. **Kommunestyret vil be om at det vert gjennomført ei evaluering og nærare vurdering av grensesnittet for ansvaret for oppgåver innanfor for rus og psykiatri mellom spesialist- og primærhelsetenesta.**

**Saksopplysningar:**

Eg syner til høyringsskriv og høyringsnotat frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---nye-oppgaver-til-storre-kommuner/id2500822/

Regjeringa legg fram lovproposisjon om nye oppgåver til kommunane våren 2017, samtidig med forslag om kommunestruktur og nytt folkevalt regionalt nivå.

Sitat frå høyringsskrivet av 01.06.16:

*«Høringsnotatets kapittel 3 inneholder forslag til lov- og forskriftsendringer knyttet til følgende oppgaver:*

*Vigsler som i dag gjøres av notarius publicus*

*Andre oppgaver som er lagt til notarius publicus*

*Vilt- og innlandsfiskeforvaltning*

*Enkelte oppgaver etter forurensningsloven*

*Tilskudd til etablering i egen bolig og tilskudd til tilpasning av bolig*

*Idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning av svømmeanlegg*

*Nærings- og miljøtiltak i skogbruket*

*Tilskudd til tiltak i beiteområder*

*Kollektivtransport*

*Det bes særskilt om høringsinstansenes innspill til disse forslagene.*

*Noen av oppgaveendringene som Stortinget sluttet seg til skal håndteres i andre løp. Disse oppgaveendringene er nevnt i høringsnotatets kapittel 4 til informasjon, men er ikke en del av selve høringen. Endringene følges opp i egne prosesser fastsatt av de enkelte departementene. De er kun omtalt i høringsnotatet for å gi høringsinstansene et samlet bilde av hvilke oppgaver regjeringen tar sikte på å overføre til kommunesektoren. Dette gjelder blant annet:*

*Tannhelsetjenester*

*Basishjelpemidler*

*Oppgave- og finansieringsansvaret i barnevernet*

*Oppgaver på rehabiliteringsområdet*

*Tilskuddsordning under Landbruks- og matdepartementets område*

*Konsesjonsbehandling av små vannkraftverk*

*Enkelte oppgaver på politiområdet»*

Departementet (KMD) har sendt forslaget ut til høyring til mange partar, deriblant kommunane. Høyringsfristen er sett til 1. oktober og skal meldast inn elektronisk på departementet si neettside.

**Vurdering og konklusjon:**

I innleiinga til høyringsnotatet er det vist til at lokaldemokratiet over tid har vorte svekka, og at den statlege styringa har auka i takt med at kommunane har fått ansvar for stadig fleire veldferdstenester. Spørsmålet ein må stille seg etter å ha gått gjennom dette notatet og tidlegare Stortingsmelding er om forslaget til nye oppgåver vil medføre ei styrking av lokaldemokratiet og det kommunale sjølvstyret? (jfr. Meld. St. 14 (2014–2015) *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner* og Innst. 333 S (2014–2015) 9. juni 2015).

Det er nærliggjande å få assosiasjon til ordtaket om: *«Aldri har så mykje vore gjort for så lite».* Med all respekt så opplever eg at regjeringa har gjort eit ærleg forsøk. Dette handlar om å flytte reell makt frå dei statlege direktorata over på kommunesektoren, og her møter regjeringa motbør i eige system. Rådmannen meiner at ein burde gjennomføre ein samtidig og samla reformprosess der ein såg på oppgåve- og myndefordeling mellom alle forvaltningsnivåa i landet; direktorat, regionalt nivå og kommunane. Strukturen burde kome som ein konsekvens av innhald og myndigheit. Da først trur rådmannen det ville vere mogleg å flytte makt frå staten og ut i regionane og kommunane. Dette er særleg aktualisert no som regjeringa har sett på dagsorden å flytte/plassere statlege arbeidsplassar ut i distrikta.

Når ein ser kva oppgåver KMD foreslår for å styrke lokaldemokratiet og det kommunale sjølvstyret, så kan ein stille spørsmålet om kommunane ikkje verte tekne heilt på alvor. Ein

kan lett få ei oppleving av at enkelte statsetatar har fått lov til å «rydde i skuffene» og få kvitte seg med oppgåver som dei ikkje finn interessante nok. Samtidig skal det seiast at det er nokre oppgåver som det er god rasjonalitet i argumentasjonen for å overføre til kommunane. Døme på dette er tilskotsordningar på det bustadsosiale området. Vidare er det positive signal i forenklingar i utmarkslovgjevinga og plan- og bygningslovgjevinga.

Ut frå erfaring med statlege reformer er rådmannen i utgangspunktet skeptisk til overføring av oppgåver frå staten til kommunane ettersom oppgåvene som regel ikkje er fullt ut finansierte. Dette tappar det kommunale sjølvstyret og det økonomiske handlingsrommet for lokal politikk og lokalt initierte oppgåver. Kommunereforma har sterkt fokus på auka tenestebehov som følgje av den demografiske utviklinga. Noko av hovudargumentasjonen for reforma er grunngjeve i tenesteyting. Det er staten som er ansvarleg for velferdsgodene og det som går under paraplyen velferdsstaten. Staten brukar kommunane som iverksettar av den statlege politikken for velferdsordningane i samfunnet, og oppgåvene og kompleksiteten har auka formidabelt gjennom statlege reformer siste tiåra. Sidan 2006 har tal tilsette auka med over 70 000 i kommunane. I tillegg til at kommunane taklar omstilling og er gode på tenesteyting, er det også naturleg at ansvaret for grunnleggjande tilbod til innbyggjarane ligg lokalt. Det som er uheldig med denne utviklinga er at kommunane vert utsett for større økonomisk risiko ved at tenestene ikkje er fullfinansierte. I tillegg aukar utgiftene med dei ressurskrevjande tenestene vesentleg meir enn inntektene til kommunane. I følgje KS er det utgjer dette om lag kr 400 millionar kroner.

Rådmannen meiner at noko av det viktigaste staten kan gjere for å styrke lokaldemokratiet og det kommunale sjølvstyret er å gi full økonomisk garanti for dei statleg pålagte tenestene og tilretteleggje for at kommunane har økonomisk handlingsrom for å utvikle lokalsamfunnet. Det er grunn til å tru at det er det å vere med å forme utviklinga i sitt eige samfunn er det som vil gjere det meir interessant å delta i lokalpolitikken. Den statlege velferdssatsinga og rettigheitsordningane er så regelstyrte at dei ikkje gjev rom for lokal politikk.

Rådmannen er klar over at det er gode intensjonar som ligg bak framlegga til nye oppgåver til kommunane og dei reformene som hittil er gjennomført. Samtidig er det sunt med kritisk refleksjon og evaluering for å vurdere om ein alltid lykkast, og om det er behov for å korrigere kursen. Staten er oppteken av innovasjon. Nyskapinga skjer i spenningsfeltet mellom forsking, politikk og ulike praktiske erfaringar. Det er derfor svært viktig at staten lyttar til kommunane sine erfaringar og den lokale kompetansen. Det er viktig å ta lærdom av Nav-reforma og til dels også samhandlingsreforma. Dersom ein lyttar meir til kommunane i tida framover, så vil framtidige reformer leggje beslag på vesentleg mindre ressursar og verte meir vellykka. Rådmannen stiller spørsmål ved om ein går for langt i å overføre spesialiserte oppgåver frå sjukehusa til kommunane. Dette gjeld særleg innanfor rus og psykiatri der sjukehusa byggjer ned langtidsplassar og kommunane får ansvar for meir spesialiserte og kompliserte tenester. Sjølv med større kommunar vil dette innebere spreiing av fagmiljø som skal ta seg av kompliserte pasientar. Dette aukar risikoen for ustabilitet og reinnleggingar. Det bør ein gjere ei evaluering og grundig vurdering før det vert overført ytterlegare oppgåver innanfor rus og psykiatri. Det kan også vere interessant å prøve ut modellar der ein kan samle kompetansen i sjukehusmiljø med nye former for samarbeid og ansvarsdeling mellom primærhelse- og spesialisthelsetenesta.

Historisk har det vore ei fornuftig fordeling mellom statleg og kommunal forvaltning. Staten har hatt ansvar for stordrift og forvaltning av regelstyrte rettar som kan standardiserast, medan kommunane har hatt ansvar for oppgåver som krev lokalt skjøn og tilpassing. Staten styrer meir etter New Public Management-filosofien med streng målstyring, fokus på teljing av aktivitet og ovanfrå og ned styringsline. Kommunane er mykje meir pragmatiske med kort avstand mellom innbyggjar og avgjerdsorgan. Løysingar vert tilpassa ut frå behov som vert

meldt opp frå grasrota. Særleg spesialiserte oppgåver som treng tunge fagmiljø bør liggje til enten staten eller det regionale nivået, iallfall dersom ein skal halde fast på generalistkommuneprinsippet. Rådmannen meiner at dette kan vere gode retningsliner for oppgåvefordeling, og at forslaget til nye oppgåver bør gjennomgåast også med sikte på ei slik rydding.

Rådmannen meiner det er nokre oppgåver som kommunane med fordel kunne fått ansvar for, og vil peike på m.a:

- Godkjenning av private skular. Grunngjeving: Statleg godkjenning av private skular undergrev det kommunale sjølvstyre til å fastsette rammer og økonomi for si skuledrift.
- Ansvar for skuleskyss. Grunngjeving: Ved å overføre ansvaret og ressursane frå fylkeskommunen vil ein sjå heilskapen og oppnå større fleksbilitet i løysingane for elevane.
- Mynde til å stille vilkår ved utbetaling av tilskot til private barnehagar: Grunngjeving: Sikre kvalitet i tilbodet og kunne sjå den lokale barnehagepolitikken i heilskap som ledd i tidleg innsats og førebygging mot utanforskap.
- Godkjenne skiltplan og skilting på kommunale vegar: Grunngjeving: Forenkle og redusere byråkrati. Ein kan sikre fagleg kvalitetssikring gjennom uttale/rådgjeving frå Statens Vegvesen eller ev frå ein annan kommune.
- Administrere statlege tilskotsordningar innanfor landbruk og næring. Grunngjeving: Lokalkunnskap og lokal tilrettelegging for å styrke lokal næringsutvikling.

Folketalsutviklinga og flyttemønsteret viser at det er dei store byane og områda rundt desse som har vekst. Møre og Romsdal har som fylke nedgang i folketalet. Dette er ein tankevekkjar. Det vil vere viktig kva virkemiddel det regionale nivået og den enkelte kommune vil verte utstyrt med for å utvikle lokalsamfunnet, og gjere det attraktivt for tilflytting og utvikling av arbeidsplassar. Det er dette som også skaper grunnlaget for behovet for tenesteyting som er eit av hovudargumenta for kommunereforma. Dette handlar sannsynleg nok meir om kommunane si geografiske plassering i høve til vekstssentra i landet enn kor store desse kommunane er. Derfor er det akkurat no svært viktig med sentrale og heilskaplege virkemiddel som legg grunnlaget for å ta heile landet i bruk.

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
KS

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Sonja Håvik | Arkivsak nr.: | 2012/1172 |
| | | Arkivkode: | 047 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 121/16 | Formannskapet | 21.06.2016 |
| 98/16 | Kommunestyret | 25.08.2016 |

## RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. UTGANGEN AV MAI 2016

**Handsaming:**

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 21.06.2016 til kommunestyret:**
***Kommunestyret tek rapporten til orientering.***

**Administrasjonen si tilråding:**
***Kommunestyret tek rapporten til orientering.***

**Vedleggsliste:**
Vedtakslogg pr. utgangen av mai 2016.

**Saksopplysningar:**
Formannskapet og kommunestyret har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. hausten 2015. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva statusen er.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre.

Rådmannen har motteke innspel frå FrP om korleis ein best kan ajourføre dokumentet. På grunn av ressursknappheit har ikkje rådmannen hatt tid til å sjå på saka. Rådmannen vil arbeide vidare med saka. Administrasjonen har gjort endringar i strukturen/oppsettet på loggen, for å få betre oversikt over dei ulike avdelingane.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Sektorsjefane

**Vedtaksoppfølging 1. rapport 2016**

Innhaldsliste


| | |
|---|---|
| Utviklingssektoren | s. 2 |
| Teknisk sektor | s. 6 |
| Personal og organisasjon | s. 10 |
| Eigedomsavdelinga | s. 11 |
| Helse- og omsorg | s. 15 |
| Kultur og service | s. 18 |
| Samfunn og rådgjeving/rådmannen | s. 19 |
| Opplæring og oppvekst | s. 25 |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Utviklingssektoren |
|---|---|---|---|
| FSK 151/13<br><br><br><br>PS 60/16 | 24.09.13<br><br><br><br>05.04.16 | **Reguleringsplan Rotsetfjøra –Scanaområdet** slik det går fram av plandokument datert 17.09.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.<br><br>Saka vert utsett. Før vidare handsaming av saka, skal det haldast synfaring. | Offentleg ettersyn gjennomført, sluttavklaring hos fylkeskomm. gjenstår, til handsaming april 2014. Planen har vore utlagt til offentleg ettersyn.<br>Nye innspel om utbygging til bustad/kontor er motteke frå ny eigar.<br>Eventuell avklaring om planendring /privat reguleringsplan tidleg haust 2016. jf vedta i formannskapet den 31.05.2016. |
| FSK 6/14 | 21.01.14 | **Detaljregulering B58 Bratteberg:**<br>Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10. | Plan godkjent av kommunestyret i sak 44/16 den 21.04.2016. |
| FSK 54/14<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>KST 36/15 | 18.03.14<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>30.04.2015 | **Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra. Utlegging til off. ettersyn**<br>I medhald av pbl. §12-10 vert framlegg til detaljregulering for Håmyra, lagt ut til offentleg ettersyn slik det går fram av plandokumenta (planomtale, plankart og illustrasjonsplan med snitt, og føresegner.<br>Illustrasjonsplan med tilhøyrande snitt sist revidert 05.03.2014, skal vere del av plan og juridisk bindande.<br>Detaljregulering og søknad om rammeløyve vert å handsame parallelt jf. pbl. §12-15. Søknad om rammeløyve vert sendt på høyring i samband med utlegging til offentleg ettersyn.<br><br>Kommunestyret finn at administrasjonen si plikt til forsvarleg utgreiing av saka (jmf. Kommunelova paragraf 23.2) ikkje er oppfylt. Dette gjeld særleg trafikkale forhold som utbygging av Håmyra vil medføre, mellom anna Raudemyrvegen og Heltnevegen. Krav om lovlegheitskontroll vert å sende til Fylkesmannen for vidare handsaming. | <br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Krav om lovlegheitskontroll avslutta - avvist av kommunestyret og Fylkesmannen.<br>Oppfølging vidare skjer i teknisk sektor. Forhandlingar om utbyggingsavtale med Din Bolig er igang. Det vert lagt fram sak til formannskapet for utlegging av avtalen. Etter ferien vert det lagt fram sak for kommunestyret for finansiering av dei kommunale tiltaka (andel av samleveg, kulvert mv) og godkjenning av utbyggingsavtalen. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| KST 62/15<br><br>FSK 19/16 | 09.06.2015<br><br>09.02.2016 | Godkjenning av plan. Det skal settast i verk fleire strakstiltak før feltet kan utbyggast:<br><br>1.Vegen skal skiltast med fartsgrense 40km/t.<br>2.Fartshumpar/oppheva gangfelt skal etablerast ved gangveg mot Sjukehuset-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen.<br>3.Gatestrekninga skal ha prioritet i høve komande plan for utskifting/oppgradering av kommunale gatelys.<br>4.Dersom Raudemyrvegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda ikkje er opparbeidd til samlevegstandard før utbygging av Håmyrfeltet startar, skal det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety (skilt 212/214) eller lysregulering.<br>5.Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks.<br><br>og pkt m):<br>Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.<br><br>pkt. n):<br>Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarande må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksetjast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.<br><br>1.Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5 i denne saka | Planen godkjent 26.februar 2015.<br>Klager over reguleringsvedtak avvist av Fylkesmannen 8.03.2016.<br><br>Vilkår pkt 1, 2 og 4 vert innarbeidd i utbyggingsavtale. (ansvar Teknisk sektor)<br><br>3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass (ansvar Teknisk sektor)<br><br>Varsel om planoppstart for plan Raudemyrvegen -Lisjenakkvegen til Solhøgda, utsendt 6.06.2016, jf pkt 5 og pkt m.<br><br>Føresetnader teke inn som rekkefylgjebestemmelsar i reguleringsframlegg for Urbakkfoten. Plan til offentleg ettersyn etter vedtak i formannskapet sak 87/16 10.05.2016 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 2.Formannskapet tek til vitende fråsegner frå gnr. 18 bnr. 5 og 6 om omlegging av Prestesetervegen i vedlegg 2. | |
| KST 10/14 | 31.1.14 | **Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.**<br>1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-<br>2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.<br>3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam<br>4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune. | Under arbeid.<br><br>Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum. Utviklingssektoren og teknisk sektor følgjer prosjektet i partnerskapet.<br>Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15. Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte og prioritert vidare utbyggingstiltak. Det er frå kommunen si side bedt om at rapporterings-rutinene til rådmann og kommunestyre vert følgt opp i samsvar med partnerskapsavtalen. |
| FSK 196/15 | 08.12.15 | **Detaljreguleringsplan turveg Rotevatn – nytt offentleg ettersyn.** | Fylkesmannen har oppheva kommunen sitt planvedtak i sak 88/14 – Justert planframlegg vart lagt ut til nytt offentleg ettersyn etter vedtak i fornmannskapet den 8.12.2015<br>Nytt off ettersyn gjennomført i perioden 10.12.2015 til 8.02.2016 |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**pkt. 26** Stilling ved plankontoret med spesielt ansvar for klima- og miljøplanlegging blir oppretta frå 1.7. 2016 – meirkostnad 300.000 kr. 2016 og 300.000 kr. 2017. Dekning ved bruk av disposisjonsfondet | Utlyst mai 2016. Innstilling tilsetting i juni 2016 |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 31** Ber om at administrasjonen ved høve orienterer forvaltningsstyret om korleis klima og miljøsaker vert ivaretekne og kven som har ansvaret for å følge opp arbeidet med klimaplanen | Rådmannen har laga eit notat med ein kort orientering om dette. |
| FSK 86/16 | 10.05.16 | **Deltaking i prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse"**<br>1.Formannskapet ber rådmannen å nytte eigne tilsette til deltaking og gjennomføring av lokale prosjektet, og at aktuelle | Også vedteke i Kommunestyret 26.05.16. Dette er eit treårig prosjekt som vil verte følgt opp av planseksjonen ved sektoren. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | einingar og friviljuge organisasjonar i kommunen aktivt vert dregne med der dette er mogleg.<br><br>2.Formannskapet føreset at det vert søkt om tilskot til prosjektet i samsvar søknaden slik Helsedirektoratet gir opning for.<br><br>3.Formannskapet ber rådmannen vurdere å nytte ny kunnskap frå prosjektet, i anna plan- og utviklingsarbeid som rettar seg mot tettstadsutvikling eller nærmiljøtiltak i kommunen. | |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Teknisk sektor |
|---|---|---|---|
| KST 132/11 | 15.12.11 | Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ein plan for ei "indre" trafikkløysing i Volda sentrum med det mål å avlaste kryssing av E39. Herunder også miljøretta tiltak i Volda sentrum. Målsettinga må vere å få dette i funksjon før Kvivsvegen opnar. | Ok-<br>Jf gjennomført skiltplan<br>Planarbeid for kryssløysinga og brua ved Spinneriet avslutta etter vedtak i formannskapet i sak 14/16 - 19.01.2016.<br>Skal inngå i miljøgateprosjektet i regi av tettstadsutviklingsprosjektet "mellom bygningane i Volda". |
| KST 60/09 og KST 72/11 | 3.9.09 og 22.6.11 | **Fjordvarme:**<br>Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med saka mellomanna med utgangspunkt i fylgjande moment:<br>- 3. partsvurdering av den teknologiske løysinga<br>- Økonomien i prosjektet<br>- Organisering av prosjektet<br>- Ei grundigare vurdering av merknaden | Føresetnadene i prosjektet er usikre og prosjektet har ikkje prioritet no, jf. sak om Klimaplanen. Kommunestyret skal handsame ny planstrategi i 2016, der det må takast stilling til om revisjon av klimaplanen skal prioriterast. |
| | | Opprydding avløp sone Folkestad | Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt. |
| | | Opprydding avløp sone Straumshamn | Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt |
| KST 152/12 | 29.11.12 | **Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48**<br>2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd.<br>3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen. | Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode.<br>Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen i løpet av 2016.<br>Formannskapet har bedt om at det vert utarbeidd skiltplan som regulerer denne vegen, jfr m.a problem ved snørydding mv. |
| KST 5/13 | 31.01.13 | **Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016:**<br>Restbeløpet til PVC går til gatelys Ulvestad - Torvika | Restbeløp til gatelys Ulvestad – Torvik: Ikkje gjennomført. Må ha tilleggsløyving for å kunne gjennomføre tiltaket. |
| FSK 98/13 | 21.05.13 | **Reservevassforsyning for Volda:**<br>1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene.<br>2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming | Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument.<br>Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd. |
| FORV 69/13 | 11.06.13 | **Buss-skur på Lid:**<br>Forvaltningsstyret bed administrasjonen sjå på tilhøva med buss-skur på Lid, plassering og behov for antal. | Ikkje oppstarta og ikkje finansiert. Tiltaket må vurderast i budsjett-samanheng dersom det skal prioriterast. Vedtaket vert å fjerne frå vedtaksloggen dersom det ikkje vert følgt opp politisk med finansiering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| FORV 78/13<br><br><br><br><br><br>FORV 76/15 | 20.08.13<br><br><br><br><br><br>17.11.15 | **Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak:** Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.<br>**Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862**<br>*3.Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.*<br>*4.Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.* | Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingsplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.<br><br>Forvaltningsstyret den 08.12.15, sak PS 86/15:<br>*Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.*<br>*Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.* |
| KST 125/14 | 24.09.14 | **Konkurranseutsetjing, EPC-kontrakt**<br>1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting).<br>2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering.<br>3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år. | Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016.<br><br>Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget. Adm skal i kontraktsamtale med NEE AS den 29.06.2016 i Oslo. |
| KST 46/08 | 24.4.08 | **Tomt øvre Rotset:**<br>Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere å innarbeide ein minimum utnyttingsgrad på næringsareal i reguleringsføresegner og ved utlysing av næringsareal. Areala må lysast ut med klausul om attkjøp og byggefrist. | Reguleringsplan for området godkjent i 2014.<br><br>Konkurransegrunnlag for opparbeiding av 1. byggesteg og engasjering av konsulent kan gjennomførast i løpet av 2016. Fylkesmannen har no gjeve kommunen medhald i klagen på oreigningsvedtaket, slik at det no kan reisast krav om å ta grunnen i bruk.<br>Tomtekostnader og salsvilkår vert å utgreie og avklare i eiga sak i samband med utbygging av området når tilbod på opparbeiding av feltet har vore ute på tilbod. . |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 39** *Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar* | <br>Teknisk sektor i Volda vil ta kontakt med teknisk sektor i Ørsta om deira sitt syn |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | *med og få til ein avtale med Ørsta kommune om leige .Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene.*<br>*Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.* | på dette, ein ser at sambruk ikkje vil være mogleg då Ørsta og Volda vil ha samtidig bruk av denne. Leigeavtale vi har i år med entreprenør kostar om lag Kr 250.000. Då er ikkje driftskostnadane teke med. Kapitalkostnad ved kjøp vil være vesentlig rimligare en dagens løsing.<br>Avtalt møte med Ørsta kommune 16/6 2016 |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 42 Botnavegen –** *budsjett 2016 kr 3.500.000* | Tilleggsfinansiering innarbeidd i budsjett 2016/ rev. Økonomiplan<br>Teknisk sektor utarbeidar spesifikasjonar for anbodsutlysing tekniske planar , deretter orienteringsmøte om det og oppstart tingingar sikre grunn og anbodsutlysing. Prosjektet er i rute |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 44 Forprosjekt** - *Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Ørsta kommune og set av kr. 250.000 til føremålet.*<br>*Finansiering ved ubudne investeringsfond* | Det har ikkje vore teke eige initiativ knytt til Torvmyrvegen utover at det har vore drøfta om prosjektet bør inn i ei felles samferdselspakke for Volda og Ørsta. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 47** *Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.* | Vedtaket er litt vanskeleg å tolke. Dette kan oppfattast som eit signal om at kommunestyret ynskjer å løyve ytterlegare til sentrumsutvikling i komande budsjettår. |
| KST 50/16 | 19.04.16 | **Felles vegpakke for Volda og Ørsta – prosess**<br>1.Kommunestyret ber ordførar og rådmann ta kontakt med Statens Vegvesen, region Midt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune for å få etablert ei styringsgruppe til å styre og gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa fastset framdriftsplan, set ned ev arbeidsgrupper og rapporterer til kommunestyret. Ordførar og rådmann representerer styringsgruppa frå Volda kommune.<br><br>2. I det vidare arbeidet med felles samferdselspakke for Volda og Ørsta skal omsynet til måla i gjeldande klimaplanar ileggast stor vekt. | Det skal haldast møte i styringsgruppa før ferien for å planleggje prosessen. |
| KST 44/16 | 31.03.16 | **B58 Bratteberg**<br>Planen godkjent, tillaust til meir gagn enn skade.<br>3.Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegsystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingsplanen. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 4.Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggast fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet.<br><br>Vedtak som skal oversendast til administrasjonen:<br>Som 1.trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule. | Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinsiering av utbygginga. |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Personal og organisasjon |
|---|---|---|---|
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 31** *Driftstyret oppmodar Volda kommune om å opprette fleire lærlingplassar. Dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommuna.* | Sak er levert til politisk behandling. Det er oppretta tre nye stillingar i 2016, og skal det opprettast fleire må det vurderast i budsjett 2017. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 32** Volda kommune ønskjer fleire lærlingplassar i Volda kommune, då dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunen. Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak om lærlingplassar til kommunestyret i forkant av revidert budsjett. | Sak er levert til politisk behandling. Det er oppretta tre nye stillingar i 2016, og skal det opprettast fleire må det vurderast i budsjett 2017. |
| KST 4/16 | 19.01.16 | **Oppmoding om auka busetjing av flyktningar i 2016 og 2017**<br>3.Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet.<br><br>4.Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening. | 3. Under arbeid. Det vert møte med Volda læringssenter, NAV Ørsta/Volda og ev. Ørsta kommune, etter sommarferien 2016. Sak vert lagt fram til politisk handsaming når saka er ferdig utgreidd i etterkant av dette.<br><br>4. Under arbeid. Saka er drøfta på fleire leiarmøte og vi har hatt eit møte med Furene AS, og det er planlagt eit nytt møte med dei i juni 2016. Kommunen vil vurdere kjøp av tenester frå Furene knytt til kartlegging, avklaring og oppfølging ute på arbeidsplassane. Det vert arbeidd med konkretisering av behov på Volda læringssenter knytt til deltakarane, og i kommunale sektorar knytt til uløyste oppgåver som kan utførast av flyktningane. Det vert lagt fram sak til politisk handsaming hausten 2016. |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Eigedomsavdelinga |
|---|---|---|---|
| KST 42/12 | 31.05.07 | **Trong for omsorgsbustader i Volda kommune**<br>- Totalrenovering av Mork bustader<br><br>- Bygging av omsorgsbustader på Lauvstad<br><br>- Utviding av kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad | Mork bustad - Skyllerom er ferdig<br>Folkestad bustader - Ferdigstilling i desse dagar av garderober, skyllerom osv. Krav til arbeidstilsynet er stetta. Dette er gjennomført.<br><br>Bygging av omsorgsbustader vert å handsame i økonomiplanen.<br><br>Det vert lagt fram eiga sak om strategi for utbygging av omsorgsbustader med heilskapleg vurdering av drift og lokalisering sett i høve til Stortingsmelding nr 29 2013: "Morgendagens omsorg" og omsorgsplan for Volda kommune. |
| KST 11/13 | 31.01.13 | **Mork skule, gamlebygget**<br>Byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamleskulen" med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. | Ikkje iverksett. Frist for å legge fram ein samla byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprustning av "Gamle-skulen" med sikte på godkjenning er 01.01.2018.<br><br>Dette er ikkje starta opp pga kapasitet i avdelinga. MEN det er gjort eit stort arbeid for å oppretthalde drifta på skulen då den vart stengd pga fukt og luftkvalitet. Lokala i kjellaren er pussa heilt opp, utvendig har vi laga ei ytre drenering som alle taknedløp er kopla på. Vegen ovanfor skulen er omarbeidd med rett fall, slik at vasstrykk blir minska på bygget. Vidare er delar av kjellar behandla for å ikkje ta inn vatn. Resultat av dette er godt, og skulen vart godkjent opna igjen. Det er framleis gode resultat av tiltaket. Bygget har blitt vøla utvendig og der er gjort tiltak innvendig for å betre forhold til lærarar (inventar) vidare arbeid med lærararbeidsplassar blir arbeidd med<br><br>Det er gjennomført tilstandsanalyse på innemiljø i år, denne er funne ok. EPC vil gjennomføre ulike tiltak i bygget. Større vurdering kjem i løpet av hausten i forbindelse i svar om miljøretta helsevern. Her vil ein sjå på samanhengar i ulike prosjekt som er på gang i Volda. (Voldahall, VUS, skulemodular ved Øyra osv |
| KST 163/13 | 28.11.13 | **Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular**<br>5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunstyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin | Ikkje iverksett. Frist for å legge fram ein samla byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019.<br><br>Dette arbeidet er ikkje starta opp p.ga. kapasitet i avdelinga. Avdelinga vil gå for ein EPC kontrakt i kommunen og mykje av vedlikehalds-behovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her.<br><br>Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | vedlikehaldsplan. | skule, Austefjorden og Vikebygda skule |
| KST 164/13 | 28.11.13 | **Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule**<br>3. Volda kommunestyre er kjend med at tilkomst til garderobe og basseng ikkje er ideell for personar med alvorleg funksjonshindring. Naudsynte tiltak for å utbetre dette skal eigedomsavdelinga innarbeide i kommunen sin vedlikehaldsplan. | Pkt. 3 ikkje iverksett.<br>Dette har svært stor kostnad som må vurderast i økonomiplansamanheng.<br><br>Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule. |
| KST 165/12 | 20.12.12 | Budsjettsaka pkt 24: Administrasjonen vert beden om å utgreie **konkurranseutsetting av reinhaldet** i kommunen. | Eigedomsavdelinga er i gang med å førebu grunnlaget for ei konkurranseutsetjing. Det er tilsett reinhaldsleiar og gjort vesentlege tiltak for å betre rutinene, gjennomgå areal/frekvens og ressursstyringa innanfor reinhald.<br>Spørsmålet om konkurranseutsetinga vert å kome attende til når ein har skaffa seg erfaring med dei endringane som er gjort.<br>Innkjøpsprosessen med reinhaldsartikklar er kome godt i gang der ein har eit sentrallager for alle bestillingar. Dette har så langt gitt økonomisk gevinst med å standardisere innkjøpa og val av produkt. Dette er gjennomført i heilskap.<br><br>Vår 2016 vil ein konkret kunne sjå effekt av endringar som eg gjort til no og ein vil kunne seie meir om konkurranse evna til reinhaldavdelinga. Dette er eit arbeid som tek tid og omorganiseringsprosessar må og skal gjennomførast på god måte spesielt med tanke på dei tilsette. Det er lagt fram orientering for driftsstyret der ein viser lønsemd i reinhaldet. Reinhald viser også til ein svært viktig funksjon som lærebedrift der vi kvalifiserar personar ut i arbeid. Dette gjennom nært samarbeid med Volda læringssenter og Furene.  Det er vist til lønsemd med å ta over reinhaldet sjølve i leigd lokale på Hamna 20, driftstyret var orientert om dette i vår. Driftsleiar vil samanfatte sak som viser til økonomi og synergiar ein har ved å sjølve gjennomføre reinhald. |
| FSK 208/14 | 18.11.14 | **Leigekontrakter Høgskulen i Volda**<br>Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigeareala har tilfredsstillande standard. | Er dialog med høgskulen. Volda kommune har bistand med advokat i saken. Volda kommune skal legge fram kontraktsforslag i løpet av hausten, der byggtekniske høve blir tatt omsyn til. EPC prosjektet er involvert så vidare framdrift blir etter kommunestyrevedtak på det prosjektet. EPC er nok godkjent, VK tek vidare dialogen kring leige sett opp mot gjennomføringsplan av tiltak i prosjektet. |
| FSK 208/14 | 18.11.14 | **Leigekontrakter Høgskulen i Volda**<br>Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigeareala har tilfredsstillande standard. | Er dialog med høgskulen. Volda kommune har bistand med advokat i saken. Volda kommune skal legge fram kontraktsforslag i løpet av hausten, der byggtekniske høve blir tatt omsyn til. EPC prosjektet er involvert så vidare framdrift blir etter kommunestyrevedtak på det prosjektet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| KST 38/15 | 30.4.15 | **Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg**<br>1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.<br>2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert.<br>3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:<br>- Volda kommune med 2 frå administrasjonen<br>- Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 repr.<br>- Volda idrettsråd med 1 representant<br>- Volda handball med 1 representant<br>- KFUM Volleyball med 1 representant<br>Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.<br>4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:<br>a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast.<br>b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.<br>c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift.<br>d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.<br>e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.<br>f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring.<br>5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.<br>6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift. | Arbeidsgruppa er i gang med arbeidet og er i rute med plan så langt.<br><br>Kommunestyret har teke til vitande utgreiing frå administrasjonen når det gjeld behov og status for kroppsøvings-/symjeanlegg, jfr K-sak 96/15 i møte 01.1015 (jfr punkt 8 i mandatet frå kommunestyret i K-sak 38/15)<br><br>Arbeidsgruppa arbeider med prosjektet. Idretten har lagt fram romprogram. Det er planlagt møte med Ørsta kommune for å drøfte mogleg samarbeid om å utløyse maks spelemidlar. Det er planlagt ekskursjon til Ulsteinhallen før ferien. Det vert teke sikte på å få fram ei sak for kommunestyret etter ferien der partane har samordna sine interesser med sikte på å få utarbeidd eit forprosjekt som kan verte eit beslutningsgrunnlag for partane. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.<br>8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.<br>9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan**.** | |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Helse- og omsorg |
|---|---|---|---|
| KST 165/12 | 20.12.12 | Budsjettsak pkt 34: Felleskjøkkenet ved omsorgssenteret vert vurdert å konkurranseutsette. | Kartlegging i saka er igong. Lite erfaring å finne frå andre liknande prosjekt. Vanskeleg å kome i mål med saka. Vi har vore i kontakt med innkjøpskonsulent og kun eitt liknande prosjekt frå ei kommune vart funne, Hurum. Før Hurum-saka enda opp i ei offentleg utlysing, vart konkurranseutsettinga trekt. Grunnen til dette har vi ikkje fått kjennskap til. Helse- og omsorg har ikkje administrativ kapasitet og innkjøpsfagleg kompetanse til å gjennomføre ein prosess på dette. Administrasjonen er pressa på ressursar og må prioritere primæroppgåvene knytt til tenesta. Helse og omsorgssektoren har ikkje kapasitet til framdrift i saka så langt, og administrasjonen er avhengig av at det vert vert løyvd ressursar til ekstern innleige til utgreiing og gjennomføring av konkurransen. Tiltaket er ikkje følgt opp av kommunestyret i budsjettet for 2016. |
| KST 134/13 | 3.10.13 | **Oppretting av engasjementstilling, "frå mellombels til varig bustad".**<br><br>Kommunestyret vedtek at det vert oppretta ei engasjementstilling i 100 % knytt til prosjektet "frå mellombels til varig bustad", p.t. knytt til pleie- og omsorgsavdelinga.<br>Opprettinga av engasjementstillinga vert å finansiere gjennom prosjektmidlar tildelt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal<br>Engasjementet opphøyrer når prosjektet er avslutta. | Prosjektmidlar er tildelt og prosjektleiar var tilsett frå oktober 2013. Vi har fått prosjektmidlar ut 2015. Rapport om status på prosjektet var lagt fram som orienteringssak til Formannskapet mai 2014. Tiltaket har gitt positive resultat med god organisering av bustadtildelinga og god rotasjon i bustadene.<br><br>Frå Fylkesmannen er det signal om vidareføring av prosjektet i 6 mnd i 2016.<br><br>Tilbakemeldingar frå samarbeidspartar i tildelingsnemnda og Eigedomsavdelinga er at ein ynskjer å halde fram med denne organiseringa vidare etter prosjektperioden.<br><br>Søkjer om vidareføring av prosjektmidlar i 100 % stilling tom 31.07.2016. Det er oppretta 60 % fast stilling frå 2. halvår 2016 jfr. vedtak KST 152/15 Årsbudsjett 2016. |
| KST 188/13 | 19.12.13 | **Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune**<br>1. Volda kommune innfører kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode i løpet av første kvartal 2014. Kommunen ønskjer å endre tenesteytinga i tråd med sentrale føringar og framtidige utfordringar. Tenestene skal ha fokus på at brukarane får hjelp til å nytte ressursane sine og dermed vere lenger aktive i eigne liv.<br>2. Planlegging og etablering skjer innafor gjevne rammer.<br>3. Innføringa vil skje som eit prosjekt som skal kunne evaluerast etter eit års drift. Deretter vil det kunne implementerast i heile helse- og omsorgssektoren. Målsetjinga for prosjektet er betre tenester til brukarane og reduserte utgifter knytt til målgruppa.<br>4. Innføring av kvardagsrehabilitering vil bety endringar både i tankemåte og handling både for tilsette, brukarar, pårørande, politikarar og samfunnet elles og det må difor lagast ein | .<br>Sektoren har ikkje rapportert på vedtaksloggen pr 1. tertial. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | kommunikasjonsplan som kan formidle endringane til alle desse gruppene. | |
| DRIFT RS 1/14 | 20.08.14 | **Behov for styrking av fysioterapitenesta:** Ber om sak - utviding av driftsavtalar. Viser til sak 73/12 i driftsstyret. | Dette er no prioritert i budsjettet for 2016, og vedtaket kan takast vekk frå vedtaksloggen |
| KST 65/15 | 9.6.15 | **Budsjettkorrigering og stillingar**<br>13. Kommunestyret er uroa over høgt forbruk av tilfeldig innleige og overtid i omsorgstenestene, og meiner dette er uheldig med omsyn til arbeidsmiljøet for dei tilsette, og kvalitet på tenestene overfor brukarane. Overtid er i tillegg ei svært kostbar løysing som bør nyttast berre som unntak. Administrasjonen vert beden om å omdisponere delar av forbruket på variable lønnspostar og i staden auke grunnbemanninga ved å tilby delar av dette som stillingsressurs. Dette må gjerne organiserast som tidsavgrensa prosjekt der ein kan måle effekt av tiltaket. Styrking av grunnbemanning utover dette skal vurderast i samband med årleg handsaming av budsjett og økonomiplan.<br>Det vert løyvt kr. 300.000 til styrking av grunnbemanning i pleie og omsorg.<br><br>14. Barnebustad, oppretting av teneste (PS 52/15). Til saman ei styrking på kr. 1.025.000,-. | Sektoren har ikkje rapportert på vedtaksloggen pr 1. tertial |
| KST 97/15 | 01.10.15 | **Ombygging ved Volda legesenter for å ta imot turnuskandidat**<br><br>*1. Volda kommunestyre er positiv til å ta imot medisinsk turnuslege frå 2016 av.*<br>*2. Dei nødvendige ombyggingsarbeida ved Volda legesenter, slik dei er utgreidde i dette saksframlegget, blir å starte snarast muleg.*<br>*3. Prosjektkostnaden på kr. 800.000 vert finansiert slik:*<br> *Momskompensasjon kr. 160.000*<br> *Bruk av ubunde investeringsfond kr. 640.000*<br>*4. Volda kommunestyre er kjend med at*<br>*a. det må utarbeidast ein tilleggsavtale/vedlegg til noverande avtale mellom Volda kommune og fastlegane ved Volda legesenter for innarbeiding av stillinga som turnuslege i eksisterande drifsform ved legesenteret.*<br>*b. den arealmessige kapasiteten ved legesenteret er sprengd.* | Ombygging er klar til turnuslege tek til i stilling medio 2016. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | *Plasseringa av turnuskandidatkontoret internt på legesenteret må bli å revurdere i samband med punkt 5.*<br>*5. Det må startast utgreiing av måtar legesenteret kan få dekka sitt noverande og framtidige arealbehov. I saka må også utgreiast på kva måte arealet som no blir frådelt sin funksjon til legevakføremål, kan ivaretakast på ein fagleg og praktisk måte, slik opprinneleg funksjon var. Eventuelle tiltak som følgje av utgreiinga må innarbeidast i avtalen som vedkjem partane og i alle høve godkjennast i høve til budsjett og økonomiplan.* | |
| KST PS 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 31** *Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.* | Arbeidsmiljøprosess er igong og vil pågå 1. halvår 2016. Det er tildelt midlar gjennom NAV arbeidslivssenter. Prosessen vert følgt opp i etterfølgjande handlingsplanar som vert forankra både hos leiinga og dei tillitsvalte. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 35** *Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.* | Vurdering vil bli gjort. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 41** *Driftsavtale ved Aarflot fysioterapitenesta vert utvida frå 150% til 300% ved ei gradvis opptrapping (med 50% pr år) over 3 år frå og med 01.07.16. Kostnaden kr 198 000 i 2016 vert dekt ved at styrking av kommunalt fysioterapitilbod vert teke ut. Heilsårverknad av tiltaket vert dekt innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren frå og med 2017.*<br>*Ei ytterligere utviding av fysioterapitilbodet skal skje ved oppretting av kommunale stillingar.* | Sektoren har ikkje rapportert på vedtaksloggen pr 1. tertial. |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Kultur og service |
|---|---|---|---|
| KST 165/12<br><br><br>KST 152/15 | 20.12.12<br><br><br>17.12.15 | **Kinodrift:**<br>Pkt. 26 i budsjettvedtaket: Kommunestyret ber rådmannen utgreie framtidig organisering av kinodrifta i løpet av 2014.<br>**Årsbudsjett 2016 – pkt. 33 - kinodrift**<br>*Volda kommunestyre ber rådmannnen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare.* | Dette vert vurdert i samanheng med Campus-prosjektet |
| FUNK 18.5.15 | 18.5.15 | **Oppnemning av kommunalt råd for funksjonshemma**<br>Kommunalt råd for funksjonshemma vil be om at rådet vert utvida med ein representant slik at det blir fire brukarrepresentantar i rådet. Rådet vil då bestå av seks medlemer. Dette for å få ei større bredde. | Kommunalt råd for funksjonshemma blei oppnevnt av kommunestyret 26. mai 2016. Saka om evt. utviding av antal medlemmer vil bli handsama på kommunalt råd for funksjonshemma sitt første møte. |
| PS 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 30** *Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenoppretta.* | Adm. har starta arbeidet med å lage ei sak på dette. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 43** *Kommunestyret bed administrasjonen legge fram ei sak om nye lokale for ungdomsklubben* | Det vil verte lagt fram sak på dette. Rådmannen stiller spørsmål ved om det bør gjerast ei breiare vurdering av ungdomstilbod for urgansiert ungdom, og om dette bør vurderast utover det å skaffe lokale til ein ungdomsklubb, og at dette vert sett opp mot kommuneplanen sine mål og strategiar i ein litt vidare samanheng. Det vil verte ein tverrfagleg gjennomgang på dette før ein kjem attende til sak til politisk nivå. |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/Rådmannen |
|---|---|---|---|
| KST 5/13<br><br><br><br><br><br>Forv 36/15<br><br><br><br>KST 152/15 | 31.01.13<br><br><br><br><br><br>12.5.15<br><br><br><br>17.12.15 | Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016<br>Prisoversikt for kostnad på grunninnløysing og skjønnsrett for skulebakken på Lauvstad.<br><br><br>**Skulebakken på Ulvestad – grunnspørsmål**<br>Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å setje i gang ein prosess for å finne ei løysing på grunnspørsmålet for skulebakken på Ulvestad, evt. oreigningssak.<br>**Årsbudsjett 2016 - pkt. 28**<br>*Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17* | For å få fram ei prisoversikt for kostnaden med grunninnløysing og skjøn må det ligge føre ei oversikt frå kommunalteknisk avdeling eller avdeling for kart, oppmåling og byggesak over kor stort areal det dreiar seg om. Å gjette grunnprisen på Lauvstad er vanskeleg. Eit skjøn kostar rundt kr. 150.000 - 250.000 pr. rettsinstans, avhengig av talet på partar, kompleksitet osb. Tiltaket er delfinansiert i budsjett og økonomiplan. For gjennomføring må prosjektet kalkulerast og fullfinansierast.<br><br>Teknisk sektor har nett tilsett to nye ingeniørar som skal ta fatt på arbeidet med tekniske løysingar for dette og andre i budsjettet prioriterte prosjekt, og prosessen med å førebu grunnerverv er starta opp. |
| KST 165/12 | 20.12.12 | Budsjettsaka pkt 25:<br>**Samarbeid med andre kommunar:**<br>Volda kommune ønskjer å utvikle samarbeid med Ørsta i 2013 og i Økonomiplan- perioden. Kommunen inviterer difor Ørsta til drøfting om følgjande saksområde:<br>a. Næring: I løpet av 2013 skal ein utgreie eit mogleg samarbeid med Ørsta med tanke på samanslåing av næringskontora i begge kommunar. Til dette høyrer også felles satsing på reiseliv.<br>b. Tekniske tenester: Rådmann skal invitere Ørsta kommune til eit utvida samarbeid, og legge fram sak der samarbeid er naturleg.<br>c. Stabsfunksjonar: Rådmann vert beden om å utgreie eit mogleg samarbeid med Ørsta kommune<br>innan økonomitenester og lønn. | Viktig å få landa dei prosjekta det alt er semje med Ørsta om å få utgreidd.<br><br>Brev sendt Ørsta Næringskontor og Volda Næringsforum, vedk. punkt a. Det er ikkje motteke svar.<br><br><br>-kontakt med Ørsta om pkt b) under løpande vurdering<br><br><br><br>punkt c) er i gang: Volda kommunestyre har i K-sak 112/14 den 28.08.14 vedteke at dette vert å sjå i samanheng med gjennomføring av eventuell kommunesamanslåing. |
| KST 107/12<br><br><br><br><br><br><br><br><br>KST 123/15 | 30.08.12<br><br><br><br><br><br><br><br><br>26.12.15 | **Godkjenning av avtalar om innløysing av næringsareal m.m. på Rotset**<br>" Pkt 2: Kommunen vil parallelt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova."<br>**Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning**<br>*1.Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for* | Det vart halde nytt tingingsmøte med eigar av gnr. 30 bnr. 4 den 2. mars 2015, deretter brevveksling og varsel 13.5.15 om at det vert førebudd oreigningssak.<br><br><br><br>Det er klaga på oreigningsvedtaket, klaga er stila til Fylkesmannen. men skal først handsamast i kommunestyret . Vil verte fremja med det første. Vi har no 7.juni motteke svar på klagen. Kommunen har fått medhald og kommunen har såleis no bede om at skjønet vert fremja. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| KST 17/16 | 09.02.16 | *"Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*<br>*2.Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*<br>*3.Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.*<br>*4.Volda kommune krev skjøn.*<br><br>1.Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor.<br>2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd. | Når vi har fått avklart tidspunkt vil vi søkje fylkesmannen om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde. |
| KST 52/13 | 02.05.13 | **Strategi for busetjing på bygdene**<br>Pkt 2: Rådmannen vert beden om å ta opp med Ørsta kommune eit evt. felles grendautviklingsprosjekt som nemnda skisserer. | Rådmannen har sendt brev til Ørsta kommune med førespurnad om samarbeid. Rådmannen har følgt opp med purring våren 2014, men har ikkje fått svar frå Ørsta kommune. Ettersom svar uteblir så kan dette kanskje tolkast som at Ørsta kommune ikkje er interessert i eit slikt samarbeidsprosjekt. |
| KST 12/15 | 26.02.15 | **Forvaltningsrevisjonsprosjekt - innkjøp - Volda kommune**<br>1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet innkjøp Volda kommune.<br>2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast.<br>a. Rammeavtalane er for lite klar mht å definere kven i kommunen som er bundne av dei. Så lenge det ikkje står avgrensingar i avtalen, må avtalen gjelde heile kommuneorganisasjonen. Det bør gå klart fram av avtalane om den gjeld heile kommuneorganisasjonen, eller er avgrensa til delar av kommunen.<br>b. Kommunen bør vurdere å følgje rutinar og bruke maldokument utarbeida av SSIS. Dette vil bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk.<br>c. Det bør etablerast rutine for årleg rapportering frå avdelingane til rådmannen om at regelverket vedk. offentlege anskaffelsar er fylgt.<br>d. Det må etablerast rutinar som gjer at kommunen følgjer vedtak om fairtrade innkjøp av kaffi og te til alle kommunale møter.<br>3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. | Administrasjonen har auka fokus på oppfølging av det offentlege innkjøpsregelverket.<br><br>Innkjøpsregelverket er komplisert og det bind opp forholdsmessig store ressursar både i form av kostnader og arbeidsinnsats. Dette går seg utover kapasiteten til prosjektleiarar, sakshandsamarar og fagleiarar og på bekostning av framdrift på deira primærområde. Det er også risiko for å gjere feil. Fleire kommunar har rekruttert spesialisert innkjøps-kompetanse. Volda kommunestyre har vedteke at Volda kommune knyter til seg konsulentteneste gjennom rammeavtale for innkjøpsbistand. Det har til no ikkje vore kapasitet til å gjennomføre konkurranse blant tilbydarar som kan levere konsulentteneste gjennom rammeavtale.<br><br>Spørsmål om fairtrade er sendt over til Volda næringsforum for handsaming. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | vidare framdrift til kontrollutvalet innan 20.08.2015.<br><br>Oversending til administrasjonen: Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei eiga sak om korleis oppfølgjinga av Fairtradekommunestatusen til Volda kan betrast, inkludert korleis samarbeidet med næringslivet kan styrkast. | |
| FSK 35/15 | 03.03.15. | **Fusjonsplan destinasjonsselskap Visit Sunnmøre & Nordfjord:**<br>Formannskapet ber administrasjonen kome med ei sak om eventuell innmelding i destinasjonsselskapet og at det er naturleg at det vert henta inn synspunkt frå Volda næringsforum. | Kommunestyret gjorde slikt vedtak i budsjettsaka 17.12.15: *Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi."*<br>Administrasjonen har bede Volda Næringsforum ei avklaring på korleis næringsforumet prioriterer, og om dei står fast på at kommunen ikkje skal melde seg inn att i DÅS.<br>Kommunen er utmeld frå DÅS pr. 01.01.2016. Har sak i k.styret 16.06.16 om omdisponering av midlane for 2016 (Jfr. sak 2015/2312) |
| FSK 93/15 | 9.6.15 | **Kjøp av friluftsområde – Andaneset**<br>1.Formannskapet bed administrasjonen tinge med eigar av gnr. 30 bnr. 18 med sikte på avtale om offentleg erverv av det i kommunedeplanen avsette friområdet på Andaneset.<br>2.Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan. | Grunneigar er orientert om at det er sendt inn søknad til Miljødirektoratet om midlar til innløsing, og at der vert teke kontakt med han seinare. |
| FSK 95/15<br><br><br>KST 152/15 | 9.6.15<br><br><br>17.12.15 | **Fusjon DÅS og destinasjon Geiranger – Trollstigen AS**<br>Volda kommune vil i eiga sak ta opp medlemskapen i destinasjonsselskapet til ny vurdering.<br>**Årsbudsjett – pkt. 21. - DÅS**<br>*Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.* | Sjå fsk-sak 35/15 ovanfor. |
| KST 84/15 | 27.8.2015 | **Voldsfjordkryssing - bruselskap**<br>1. Volda kommunestyre ber formannskapet om å førebu etablering av selskapet "Voldsfjordkryssing", herunder utarbeide vedtekter, invitere aktuelle aksjonærar, gjere framlegg om aksjekapital, og gjere framlegg om styremedlemmer.<br>2. Kommunestyret vil gjere endeleg vedtak om etablering i samband | Bruselskapet er etablert. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| KST 153/15 | 17.12.2015 | med vedtak om løyving av naudsynt aksjekapital.<br>*Det vert avsett aksjekapital kr 300.000 til planlagt etablering av selskapet Voldsfjordkryssing. Dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*<br>*Kommunestyret tek endeleg stilling til stiftinga av selskap og formål mv i eiga sak på grunnlag av samla vurdering og saksutgreiing frå administrasjonen.* | |
| KST 3/16 | 19.01.16 | *1.Kommunestyret godkjenner at Volda kommune går inn som aksjeeigar i selskapet Voldsfjordkryssing AS (sus).*<br>*2. Kommunestyret godkjenner for sin del forslag til vedtekter og aksjeeigaravtale i samsvar med vedlegg 1 og 2 i denne saka.*<br>*3. Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å skipe selskapet på vegne av Volda kommune og aktuelle samarbeidspartar. Selskapet skal primært arbeide med Voldsfjordkryssing.*<br>*4. Formannskapet får fullmakt til å gjere evt. naudsynte tilpasningar som følgje av dei drøftingar som følgjer av pkt. 3*<br>*5. Kommunestyret viser til at Volda kommune sin del av aksjekapital, kr 300.000, tidlegare er vedteken dekt ved bruk av ubunde disposisjonsfond.* | |
| KST 126/15 | 26.11.15 | **Kommunereform:**<br>*1.Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 70/15, møte 18.6.15, og har som intensjon å følgje opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.*<br>*2.Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, Dan Helge Bjørneset og rådmann.*<br>*3.Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.* | |
| KST 21/16 | 25.02.2016 | *Mandat – forhandlingar om intensjonsplan med kommunane Hornindal og Stryn* | |
| KST 46/16 | 19.04.16 | Intensjonsavtale Volda Ørsta | |
| KST | 47/16 | KST tok til vitende framforhandla intensjonsavtale Volda, Hornindal og Stryn.<br>*4.* Før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting. | Sak til kommunestyret 16.06.2016 Endeleg vedtak.<br>Det er søkt om fristutsetjing i høve forholdet til Stryn og Hornindal |

| | | | |
|---|---|---|---|
| KST 152/15<br><br><br><br>KST 11/16<br><br>FSK 55/16 | 17.12.15<br><br><br><br>19.01.16<br><br>15.03.16 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 22 -** *Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.*<br><br>Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten<br><br>Val av arbeidsgruppe. | Arbeidsgruppa er nedsett og kome i gang med arbeidet.<br><br>Det er innhenta KOSTRA-analyse frå KS Agenda. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 45.** *Nettoeffekt som følge av endring av godtgjersle for ordførar og varaordførar ( jfr K-sak 154/ 15) på kr. 455 000,- vert avsett til disposisjon for formannskapet.* | |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 31** *Driftstyret ber kommunestyret løyve kr. 20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.* | Vert å vurdere for 2017 |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>*Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørande tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming.* | Vert å vurdere for 2017 |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 34**<br>*a) Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."*<br>*Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.*<br><br>*b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigedomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne* | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | *plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.* | |
| Drift 14/16<br><br>Drift 26/16 | 09.03.16<br><br>11.05.16 | **Notat politisk organisering driftsstyret**<br>Driftsstyret er førebels positive, men ynskjer meir informasjon, og deretter sjansen til å drøfte saka på ny.<br>Leiar i driftsstyret får fullmakt til å bestille ny sak frå rådmannen.<br>Driftsstyret ynskjer vidare avklaring og tankar rundt fordeling av oppgåver og form på det nye utvalet.<br><br>Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda.<br><br>Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen.<br><br>1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg<br>2: Kvart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara<br>3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra<br>4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda<br>5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017<br>6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag | <br><br><br><br><br><br><br>Driftsutvalet sitt vedtak vert meldt opp til formannskapet 21.06.2016 med tanke på å få attendemelding frå formannskapet om å gå vidare med saksutgreiing. |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Opplæring og oppvekst |
|---|---|---|---|
| KST 152/15<br><br><br>KST 36/16 | 17.12.15<br><br><br>31.03.16 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 29** *Kommunestyret ber om at det blir gjenoppretta stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.*<br><br>Kommunestyret bed om at valdskoordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming. | Saka lagt fram for kommunestyret, som ber om at valdskoordinator i 20 % stilling vert inarbeidd i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 36** *Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i Kulturskulen, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.* | Notat med utgreiing er lagt fram for formannskap og kommunestyre. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt 37** *Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i skulefritidsordninga, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.* | Notat med utgreiing er lagt fram for formannskap og kommunestyre. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt 38***Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga, norsk, mattematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet* | Dette punktet vil bli handsama i samband med tilstandsrapporten for grunnskulen som vert lagt fram for kommunestyret seinast i juni 2016. |
| KST 152/15<br><br><br><br>KST 23/16 | 17.12.15<br><br><br><br>25.02.16 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt 40** *Kommunestyret ber rådmannen sjå på styrking av lærartettleik i 1-4 kl. Dette er det auka løyvingar til frå Stortinget i 2016. Dette med tanke på tidleg innsats i skulen.*<br><br>Kommunestyret tek til vitende at Volda kommune ikkje er kvalifisert til den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse. | I pressemelding frå Kunnskapsdepartementet, dagsett 29.03.2016, vert det orientert om at fleire kommunar likevel får ta del i ordninga. Mellom dei er Volda kommune. I notat til driftsstyret og kommunestyret, dagsett 13.04.2016, vert det orientert om bruken av midlane i Voldaskulen komande skuleår. |
| KST 110/15 | 29.10.15 | **Forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialundervisning – grunnskulen i Volda** | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | *2.Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:*<br>*a.Kommunen skal sørgje for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/2016.*<br>*b.Kommunen skal sørgje for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.*<br>*c.Kommunen skal utarbeid rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.*<br>*4.Ut frå kunnskapen om kor viktig det er med tidleg innsats, ber kommunestyret administrasjonen arbeide for tidleg innsats og vurdere prioritering av dette i budsjettsamanheng.*<br>*5.Kommunestyret ber om at ein i samband med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode sterkt vurderer å følgje opp rapporten med ein ny forvaltningsrapport der ein ser på samspelet mellom skulen og pp-tenesta.*<br><br>*6.Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.08.2016.* | **Oppvekstsjefen vil kome attende til rapportering slik det er bedt om innan 01.08.16.** |
| KST 9/16 | 19.01.16 | **Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak**<br>2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnadar med eigne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkterute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming<br><br>3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austefjordelevane<br><br>4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevane.<br><br>5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane frå Austefjorden. Gruppa skal bestå av ein frå administrasjonen, ein foreldrerepresentant og ein politikarrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte. | Arbeidet med vedtaket vil starte opp når ein kjem nærare budsjetthandsaminga for 2020. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Drift 10/16 | 10.02.16 | 1.Driftsstyret ber administrasjonen legge til rette for at alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst får høve til å nytte arbeidsheftet til å kome med innspel i det vidare arbeidet med oppvekstplanen.<br><br>2.Driftsstyret vil kome med skriftleg tilbakemelding på arbeidsheftet til oppvekstsjefen innan 15. april 2016.<br><br>3.Registrering av korleis born beveger seg i relasjon til skule- og fritidsaktivitetar i Volda sentrum, kalla Barnetråkk, vert ikkje ein del av oppvekstplanen. Driftsstyret føreset at slik registrering vert gjort i samband med kommuneplanen sin arealdel når kommunen er Feide-godkjent.<br><br>4.Driftstyret føreset at andre aktuelle instansar vert tatt med i arbeidet med oppvekstplanen i ein høyringsprosess. | |

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Unni Strand | Arkivsak nr.: | 2016/545 |
| | | Arkivkode: | 033 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 138/16 | Formannskapet | 16.08.2016 |
| 99/16 | Kommunestyret | 25.08.2016 |

## GRENDAUTVALA 2016

### Handsaming:

Formannskapet drøfta saka og var samde om at ordføraren får fullmakt til å formulere eit nytt punkt, vedk. grendautvala som ikkje har rapportert inn val av nytt styre.

Framlegg frå ordføraren:

*Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.*

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen , med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

### Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

***Volda kommune godkjenner val av nye medlemer og varamedlemer for grendautvala for 2016.***

***Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.***

### Administrasjonen si tilråding:

***Volda kommune godkjenner val av nye medlemer og varamedlemer for grendautvala for 2016.***

**Vedleggsliste:**
Retningsliner for grendautval i Volda kommune
Melding om val av nytt styre frå

- Austefjord grendautval
- Høydal velferdslag/grendautval
- Indre Dalsfjord grendautval
- Folkestad grendautval
- Dalsbygd grendautval
- Heltne/Bratteberg grendautval
- Kilsfjord grendautval
- Dravlausbygda og Innselset grendautval
- Lauvstad og Velsvik grendautval
- Vikebygda grendautval
- Bjørkedal grendalag
- Hjartåbygda grendutval

**Saksopplysningar:**
I samsvar med retningslinene for grendautvala i Volda kommune, sist handsama i kommunestyret den 22.06.12, skal kommunestyret oppnemne styra i grendautvala på kommunestyremøtet i juni. Frist for å sende melding om nye styre er sett til 31. mai. Saka vart i år utsett til augustmøtet. 12 grendautval har sendt inn melding om nytt styre

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Grendautvala som har sendt inn melding

# RETNINGSLINERFOR GRENDAUTVAL I VOLDA KOMMUNE

Vedtekne av Volda kommunestyre i møte 20.8.79, K-sak 103/79, endra i møte 25.10.90, k-sak 152/90, endra i møte 31.1.02, sak 13/02, endra i møte 26.9.02 sak 0081/02, endra i møte 22.6.04, K-sak 0062/04, ajourført i samsvar med vedtak i møte i Volda kommunestyre 12.5.2011, sak 45/11, ajourført i samsvar med vedtak i møte i Volda kommunestyre 15.12.2011 sak 139/11. Ajourført i samsvar med vedtak i møte i Volda kommunestyre 22.6.2012

---

1. Kommunestyret nemner opp grendautval i dei krinsane som ønskjer det etter tilråding frå bygdamøte/årsmøte og ser til at utvala får breiast mogleg samansetjing. Kvart grendautval bør ha 3 - 5 medlemer. Det er opp til det enkelte gredautval om dei vil oppnemne varamedlemer. Medlemer og varamedlemer i kommunestyret kan vere medlemer i grendautvala.

2. Kommunen vert delt inn i 18 grendautval, og grensene skal følgje dei gamle skulekrinsane med unnatak av sentrum, der grensene vert sette slik det går fram av vedlagde kart over Volda sentrum.
   Når geografiske og lokale omsyn tilseier det, kan det gjerast unnatak frå grensedelinga.
   Der det er organisert grendalag/velforeiningar, kan desse gå inn og fungere som grendautval på lik line med andre.
   Fleire grendautval kan også samarbeide om saker som er av felles interesse.
   Grendautval kan om dei sjølv ynskjer det, slå seg saman med anna/andre grendautval uavhengig av krinsgrenser og utan konsekvens for kommunal økonomisk stønad.

3. Grendautvala si oppgåve er å bygge ut kontakten mellom dei folkevalde organa og lokalmiljøet i saker som har interesse for krinsen, og å arbeide for at flest mogleg av sakene kan løysast i fellesskap til beste for krinsen.

4. Kommuneadministrasjonen kan legge fram saker som har verknad for bumiljøet i krinsen for vedkomande utval før avgjerd i formannskap/kommunestyre. I einskilde saker kan og kommunale organ delegere avgjerdsmynde til grendautval.

5. Grendautvala står fritt til å ta opp saker sjølve og ta på seg andre gjeremål i krinsen. I viktige saker bør det kallast inn til folkemøte.

6. Grendautvalet sin leiar kan vere eit av fleire kontaktpunkt for informasjonsinnhenting for kommunen i samband med kriser og katastrofar der krinsen vert råka.

7. Frist for innsending av namnelister over nye styre i grendautvala vert sett til **31. mai.** Kommunestyret oppnemner styra i grendautvala på kommunestyremøtet i juni.

8. Funksjonstida i grendautvala skal vere 2 år. Vala vert gjort slik at halve utvalet er på val kvart år. Utvalet konstituerer seg sjølv.

9. Berre personar over fylte 15 år er røysteføre ved årsmøte i grendautvala og kan veljast som styremedlemer i grendautvala.

Hei, prøver igjen.

Sendt fra Outlook

---------- Forwarded message ----------
From: <Maria.Sundal@nordea.no>
Date: Fri, Apr 1, 2016 at 12:52 AM -0700
Subject: FW: Austefjord grendautval, Regnskap og Årsmelding 2015
To: <maria.sundal@hotmail.com>

Hei sender vedlagt årsmelding og regnskap for 2015.
Nytt styre fom 2016:
Leiar: Lise Ekros
Nestleiar: Astrid Gjersdal
Kasserar: Kjell Hamre
Sekretær: Beate Nes
Mvh
Maria Sundal
Avtroppande leiar

# Årsmelding Austefjord grendautval 2015

Styret for Austefjord grendautval har i 2015 vore:
Leiar: Maria Sundal
Nestleiar: Lise Ekros
Sekretær: Beate Nes
Kasserar: Kjell Hamre
Styremedlem: Reidulv Langvatn

Styret har hatt 4 styremøter sidan sist årsmøte og har jobba med desse sakene:
- Uttale om skilting gjennom Fyrdslandet.
- Padda som varmerke.
- Rydding av skog ved paddeland.
- Skilting ved Paddeplassen

I tillegg har representantar for grendautvalet delteke på møte om:
- Austefjordhelg
- Kommunereforma
- Paddeland og vegen vidare.

Ein har også delteke på:
- Premiere på «Kunsten å legge seg paddeflat» i samarbeid med Sparebanken.
- TV-aksjonen
- Frivilligsentralen sitt sommarprogram som var i Austefjorden 11. august

og ein har vore i beredskap, og bindeledd mellom kommunen og bygda under ekstremveret «Tor»

22.02.2016
For grendautvalet
Beate Nes

# Regnskap Grendalaget 2015

| | | | UT | INN |
|---|---|---|---|---|
| 1/1 | overført | | | |
| | | | | 4423,80 |
| 31/12 | Renter | | | 3,— |
| 31/12 | På konto | | | 4426,80 |

Hei!

Nytt styre i Høydal velferdslag/grendautval for 2016 er:

Leiar: Mariann Skjerdal Kontaktinformasjon: hoydal.vel@gmail.com, tlf 97560868
Vara: Michelle Høydal

Nestleiar og kasserar: Ståle Høydal Vara: Kjell Oddvar Høydalsvik
Skrivar: Anne Ryslett Vara: Magnar Høydal
Styremedlem: Kjell Høydal Vara: Aud Aarsheim
Rune Koppernes Vara: Elisabeth Høydal

Sender ved årsmelding og rekneskap for 2015.

mvh
Mariann Skjerdal

# ÅRSMELDING 2015

Styret for 2015

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Gunnar Høydal | vara Elisabeth Høydal |
| Nestleiar | Mariann Skjerdal | vara Michelle Høydal |
| Skrivar | Anne Ryslett | vara Magnar Høydal |
| Medl. | Ståle Høydal | vara Kjell Oddvar Høydalsvik |
| Medl. | Kjell Høydal | vara Aud Årsheim |
| Kasserar | Gunnar Høydal | |

Aktivitetar i år:

7 styre møter
2 private arrangement
3 arrangement i laget sitt regi: Påskebasar, Høydalen rundt – turdag og Julegrantenning m/samling etterpå..
Advendtsgudstjeneste.

Saker som har vore oppe er: Fellesmøter med andre grendalag og ordførar.
Utarbeiding av planer og kart til merking av turvegar. Ein har fått stønad frå kommuna til merking av ein turveg.
Oppmoding til kommunal synfaring av vegane i høve forhindring av skade ved uvær.
Det vikigaste aktiviteten i året har vore renoveringa som har vore gjort av glas og kledning.
Nokre få personar har utført eit stort arbeid med snikring, maling og vasking.

-----------------------------------------------

Valg

| | |
|---|---|
| Gunnar Høydal | vara Elisabeth Høydal |
| Kjell Høydal | vara Aud Årsheim |

Styret

**Samandrag**

**Rekneskap 2015**

**Høydal Velferdslag**

| | Inntekter | Utgifter |
|---|---|---|
| Kontingent | 1500.- | |
| Marknad | 18783.- | 4310.- |
| Utleige av hus | 2400.- | |
| Refusjon Straum | 4684.- | |
| Tilskot Volda Kommune | 2000.- | |
| Overskot Høydalen rundt | 385.- | |
| Straum | | 18589,88 |
| Skifting av vindu, maling inne. | | 20091,45 |
| Gebyr | | 32.- |
| Forsikring | | 1036.- |
| Gardiner | | 2015.- |
| Renter | 51.- | |
| Underskot | 16271,33 | |
| Sum | 46074,33 | 46074,33 |

I kasse/ bank 1/1 2015 86544,53

31/12 2015 70273,20

Revidert 19/2-2016
Lars Jon Høydal

# Årsmelding indre Dalsfjord grendelag 2015.

Styre har i 2015 hatt fylgjande saman setning: Leiar Per L Steinsvik, Nestleiar Svein Reite, Skrivar Randi Dalebø, Kasserar Ola Steinsvik.

I 2015 har vi hatt 4 styremøte og aktiviteten har ikkje vore på det største.

Per Steinsvik og Svein Reite har delteke på årlig informasjons møte med kommunen.

Grendelaget arrangerte informasjons møte om problematikken med stenging av vegen. På dette møte fekk vi informasjon frå Statens vegvesen og Mesta.

Grendelaget har fått prisar og planlagt ei utbetring av gatelysa langs fylkes vegen frå ytre Åmelfoten til Steinsvik.

I Idrettslaget Vingtor har aktiviteten i år vore å arrangere 10 turmål til Trongedalsnipa. Boka vart lagt ut 19 mai og teken ned 27 september. Det var ca 59 stk som hadde skrive seg inn i løpet av sommaren. Fellesturen gjekk den 27 september. Det var god deltaking på denne turen.

For styret Per L Steinsvik

# Rekneskap 2015

2015

# Indre Dalsfjord Grendalag, IL Vingtor, Ungdomsklubben

## Grendalaget

| | | Inntekter | Kostnader | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Tilskot | | 2 000,00 | - | | |
| Årsmøte | | - | 350,00 | | |
| Leikeplass | | - | 3 359,50 | | |
| Gåver | | - | - | | |
| Solseng | | - | - | | |
| Gebyr | | - | 4,00 | | |
| Renter | | 60,00 | - | Eigenkapital: | |
| Sum | | 2 060,00 | 3 713,50 | Pr. 01.01.2015 | 36 042,57 |
| Underskot / overskot | | 1 653,50 | - | Resultat 2015 | (1 653,50) |
| | 0 | 3 713,50 | 3 713,50 | Pr. 31.12.2015 | 34 389,07 |
| | | - | - | | |

## IL Vingtor :

| | Inntekter | | |
|---|---|---|---|
| | | Eigenkapital: | |
| Gåve Spb. | - | Pr. 01.01.2015 | 45 619,28 |
| Sekketransport | - | Resultat 2015 | 14,37 |
| Renter | 14,37 | Pr. 31.12.2015 | 45 633,65 |
| Sum | 14,37 | | |

## Ungdomsklubben

| | Inntekter | | |
|---|---|---|---|
| | | Eigenkapital | |
| | | Pr. 01.01.2015 | 12 445,35 |
| Renter | 0 | Resultat 2015 | 0 |
| Sum inntekter | 0 | Pr. 31.12.2015 | 12445,35 |

| | | |
|---|---|---|
| Totalt i bank : | Sparebank1 Søre sunnmøre | 89 212,62 |
| | Sparebanken Møre, Grendalaget | 4 985,50 |
| | Sparebanken Møre, Vingtor | - |
| | | 94 198,12 |

| | | |
|---|---|---|
| Kontroll eigenkapital | Grendalaget | 34 389,07 |
| | Vingtor | 45 633,65 |
| | Ungdomsklubben | 12 445,35 |
| | Sun eigenkapital | 92 468,07 |
| | Gjeld | 1730,05 |
| | Sum gjeld og EK | 94 198,12 |

med folket i Dalsfjorden om dette.
Møtet slutt etter 2 1/2 time

**2016.** Randi Dalebø

Grendalagsmøte 22/2 -16 - kl. 19 m/Per.
Per - Ola - Svein og Randi møtte.
Sak 1: Gatelys.. 17 punkter er utpeikt + dei som er der ifrå før.
Det vil koste 215.000 + moms.
Me lyt prøve å søkje om midlar til det.
Det tek Svein og Per seg av.

Sak 2: Bestemme dato for Årsmøte, som vart 9/3.16 kl. 19. (onsdag)
Der skal diskuterast 17 mai feiring - Gatelys og Valg.
Møtet slutt kl. 20 ca.
Randi Dalebø

Årsmøte 9/3-16.
I nyenden på Høgtun. Onsdag kveld kl. 19.

8 personar utanom styret.

Per opnar møtet med å lese årsmelding.
Den vart godkjendt!
Ola las opp rekneskapet - Det vart godkjen

Sak 1: Valg. Per og Svein stod på valg. Dei vart
innatt valgt, men bytta rollet.
Det nye styret for 2016 ser slik ut.
Svein Ruste Leiar,
Per Larsgaard Stemsvik Nestleiar
Ola Stemsvik Kasserar
Randi Dalebö Skrivar
Einar Furnes er fortsatt revisor.

Sak 2: Svein orienterer om gatelys i bygda.
17 nye lyspunkt skal me prøve og få
søkt om pengar til.

Sak 3: Diskusjon om 17 mai feiringa i bygda,
om det er folk igjen som er villige
til å take seg av det. Kom ikkje fram
til noko konkret.

Mötet slutt kl. 20<u>oo</u>
Randi Dalebö

FOLKESTAD GRENDAUTVAL

# PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE 29. APRIL 2016

Det var innkalla til årsmøte i Folkestad Grendautval 29.4.16.

**Sak 1**: Godkjenning av innkalling og sakliste: => Godkjent

**Sak 2**: Val av møteleiar/referent: => Jon-Arild Kvamme Sollid

**Sak 3**: Årsmelding v/leiar: => Godkjent

**Sak 4**: Rekneskap for 2015 lagt fram av kasserar Nina Anette Teigen: => Godkjent

**Sak 5**: Val av medlemer for 2026/2017: Det nye Folkestad Grendautval blei slik:

- Leiar: Jon-Arild Kvamme Sollid: 1 år igjen av 2 år
- Kristin Aarseth: 1 år igjen av 2 år
- Frode Kleven: 1 år igjen av 2 år
- Nina Teigen: Gjenval for 2 år
- Hege Helland: Ny for 2 år
- 1. vara Anneli Knutsen: 1 år igjen av 2 år
- 2. vara Geir Arne Helland: 1 år igjen av 2 år

**Sak 6**: Orientering og diskusjon om kommunesamanslåingsprosessen

**Sak 7**: Ymse, m.a. kva saker Folkestad Grendautval skal prioritere i 2016/17

Folkestad, 2.5.2016

J-Arild K. Sollid

Jon-Arild Kvamme Sollid (referent)

# Regneskap for Folkestad Grendautval 2015

| Dato: | Bilagsnr: | Inntekt: | Utgift: |
|---|---|---|---|
| 31.03.2015 | 1. Annonse Møre | | 281,00 |
| 30.10.2015 | 2. Volda Kommune | 2000,00 | |
| 31.12.2015 | 3. Renter | 5,00 | |
| Omsetning: | | 2005,00 | 281,00 |
| Resultat 2015 (Overskudd) | | 1724,00 | |



## Balanse pr. 31.12.2015

| | |
|---|---|
| I bank pr. 31.12.2014 | 6117,57 |
| Resultat 2015 (Overskudd) | 1724,00 |
| I bank pr. 31.12.2015 | 7816,57 |

Rekneskapen er etterset og funnen rett.
8/4-2016
Olav Folkestad

Nina Anette Teigen

Nina Anette Teigen

Kasserer.

Olav Folkestad

Revisor.

**Folkestad Grendautval**
**6120 Folkestad**

# ÅRSMELDING FOR 2015/2016

I årsmøte 16. mai 2015 vart det det nye Folkestad Grendeautval samansett slik:

- Ny leiar for 2 år: Jon-Arild Kvamme Sollid
- Gjenval av Kristin Aarseth for 2 år (avgåande leiar)
- Gjenval av Frode Kleven for 2 år
- Solfrid Nautvik: 1 år til av 2 års-perioden
- Nina Teigen: 1 år til av 2 års-perioden
- 1. vara Anneli Knutsen for 2 år
- 2. vara Geir Arne Helland for 2 år

Folkestad Grendautval har hatt 6 eigne utvalsmøte i perioden. I tillegg har det m.a. vore arrangert folkemøte om kommunereforma på Folkestad 27. mai, og medlemer delteke i ulike kommunale møte, samt i eit møte om rassikring av Dalsfjorden i november.

*Viktigaste sakene som grendautvalet har drøfta og m.a. sendt innspel til kommunen og andre instansar om:*

- **Trafikktrygging og sikker skuleveg**: Årelang «kampsak» der lite har skjedd. Stikkord: Fartsgrenser, forgjengarovergang, gangveg, sikring av Storelva, mm. Det er sendt merknader i samband med høyring av utkast til kommuneplan for Volda 2016-2028.
- **Ferjeruter og bussruter**: Innspel om å få tilbake nattferja og å betre korrespondansen mellom buss og ferje.
- **Byggesaker og arealbruk**: Søknader om slike saker i bygda og på Folkestadsætra.
- **Oppretthalde venterometet på Folkestad**: Vegvesenet har sagt opp avtalen, huseigar vil fjerne huset, kommunen har bede Vegvesenet garantere for at det skal vere venterom på Folkestad for framtida også.
- **Samfunnsdel for kommuneplan for Volda 2016-2028**: Delteke i arbeidsgrupper og har sende innspel til denne. Neste fase i dette arbeidet blir arealplanane, m.a. for krinsane.

*Viktige saker 2016/2017:*

- **Kommunereforma**: Det blir folkerøysting 19. mai om Volda-Ørsta, og kommunane skal ha gjort vedtak innan 1. juli. Blir det ikkje fleirtal her, skal Volda-Hornindal-Stryn utgreiast og røystast over.
- **Trafikktrygging og sikker skuleveg**: Innspel til rullering av trafikktryggingsplan og legge trykk på saka ved å bruke avisene og evt å ta saka opp med fylket/fylkesmannen. I møte med alle grendautvala 27. april oppmoda ordføraren om å kome med innspel.

*Folkestad 28/4-16, Jon-Arild Kvamme Sollid*

Hei!
Det nye styret for Dalsbygd grendautval er følgjande:

Leiar: Tor Laanke
Nestleiar: Gunnar Lillebø
Skrivar: Ann Barbra Lillefosse
Styremedlem: Kirsten Lillenes
Styremedlem: Janne Skorpen Hjelle
StyremedlemKasserar: John Arne Lillebø

# Regnskap Dalsbygd Grendalag 2015

## Inntekter 2015

| Navn | Dato | Beløp |
|---|---|---|
| Innskudd bank | 01.12.2015 | 3 300,00 |
| Renter | 31.12.2015 | 60,00 |
| SUM | | 3 360,00 |

## Utgifter 2015

| Navn | Dato | Beløp |
|---|---|---|
| Uttak bank | 27.01.2015 | 2 000,00 |
| Coop Vest Ba | 29.07.2015 | 796,00 |
| Coop Vest Ba | 29.07.2015 | 343,00 |
| Coop Vest Ba | 31.12.2015 | 912,00 |
| Ovf. Kont. Beholdning til bank | 01.12.2015 | 500,00 |
| Bankgebyr | 31.12.2015 | 6,00 |
| SUM | | 4 557,00 |

| | |
|---|---|
| **Sum inntekter** | 3 360,00 |
| **Sum utgifter** | 4 557,00 |
| **Resultat 2014** | **-1 197,00** |

| | 01.01.2015 | 31.12.2015 | Endring |
|---|---|---|---|
| Brukskonto | 100 639,05 | 99 942,05 | -697,00 |
| Kontantbeholdning | 500,00 | 0,00 | -500,00 |
| Sum | 101 139,05 | 99 942,05 | -1 197,00 |

| Kontrollsum, Skal være 0 |
|---|
| 0,00 |

## Årsmelding for Dalsbygd Grendautval og Husstyret Solheim

Årsmøte i «Solheim» 16.mars 2016, KL 20.00.

**Styret for Grendautvalet og husstyret siste året:**

Leiar Grendautvalet: Tove Nilsen Løset

Leiar Solheim: Hallstein Lillebø

Styremedlemer: Karl Petter Lillefosse

Bente Reite

Kirsten Lillenes

Olav Rangsæter

Kasserar: John-Arne Lillebø

**Saker vi har vore involvert i og arbeidd med i 2015:**

-29.4: Årleg møte mellom kommunen og grendautvala.

-Tenketanken. Tema kommuneplanen for Volda 2016-2028.

-27.5:Folkemøte med tema kommunereforma.

Dalsbygd grendautval tok initiativ til møtet, og dei andre grendautvala deltok som arrangørar. Møtet fann stad på Folkestad kulturhus. Ordførar Arild Iversen orienterte om bakgrunnen for ein evt ny kommunestruktur/kommunesamanslåing og saksgangen vidare.

-Kartlegging av friluftsområde i Volda kommune. Lage eit oversyn som skal utgjere eit grunnlag for ei prioritering av friluftsinteresser.

3.11.15: Møte mellom Grendautvalet og kommunen ( T. Stensø og Berit Koen). Skilting av turstiar.

-4.11. Vegmøte med tema «Problem og utfordringar i samband med vegstenging ved skred eller fare for skred på fylkesvegen. Møte med Statens vegvesen.

Arr: Indre Dalsfjord grendautval.

Utover dette har møteaktiviteten gått med til planlegging av aktivitetane vi arrangerer:

Jonsokfeiring i Myraskogane. Folk hadde med grillmat sjølve.

Julegrantenning laurdag 28/11. Folkestad/Tonika spelte. Servering av julebrød, pepparkaker , gløgg, brus og kaffi. Åresal.

For styret: Tove Nilsen Løset

Styret Heltne/ Bratteberg grendalag 2016-2017

Leiar: Nina Ulvøy

Nestleiar: Signe Bjørklund

Skrivar: Irene Åbrekk Kalvatn

Kasserar: Stian Bjerkvik

Varamedlem:

Yngve Vadstein

Sølvi Dimmen

Kjetil Kvalsvik

Irene Humborstad

Frank Thommesen

# Årsmelding 2015 for Heltne og Bratteberg Grendalag.

I år har grendalaget hatt eitt styremøte og eit årsmøte, og har i tillegg jobba med ulike saker:

- Bergsvegen har etter ein lang og iherdig prosess, endeleg fått gatelys!
- Grendalaget sende ein representant til årleg møte mellom rådmann, ordførar og grendalag.
- Grendalaget har også arbeida med trafikktrygging, m.a i høve trygg skuleveg for elevane på Bratteberg skule.
- Grendalaget kom også med innspel om reguleringsarbeidet på marka ovanfor Årneset.
- Grendalaget arrangerte jonsokfeiring på Bratteberg skule, med fantetog og kiosk.
- Grendautvala er ein del av kommunen sin beredskap, og vart sett i berdskap i høve Tor. (2016)
- I samarbeid med Vikebygda grendalag, arrangerte grendalaget 17.mai-leikar på Vikebygda skule. Arrangementet hadde godt oppmøte.

Vi inviterer medlemmene / folk som bur i Heltne- og Brattebergfeltet om å melde saker til grendalaget. Då kan vi arbeide endå betre med saker som opptek folk i nærområdet. Vi vonar de som bur i området vil engasjere dykk i Heltne / Bratteberg grandalag.

Vi inviterer med dette til:

## <u>Årsmøte i Heltne og Bratteberg grendalag,</u>

## <u>torsdag 18.februar på Bratteberg Skule, kl. 20.00.</u>

Venleg helsing styret i Heltne og Bratteberg grendalag;

Nina Ulvøy, Signe Bjørklund, Yngve Vadstein, Stian Bjerkvik, Sølvi Dimmen, Kjetil Kvalsvik, Irene Humborstad og Irene Åbrekk Kalvatn

Medlemskontigent i Heltne og Bratteberg grendalag:

**75 kr** til kontonr. **3991.40.14925.**

# Årsrekneskap 2015 Heltne/ Bratteberg Grendalag

| | | | |
|---|---|---|---|
| Behaldning konto pr. 01.01.15 | 44169,12 | pr.31.12.15 | 58710,07 |

<u>Inntekter:</u>

| | |
|---|---|
| Kontingent (54x75) | 4050 |
| Tilstelning (2014) | 10540 (10540-2000= 8540) |
| Tilstelning (2015) | 5068,76 |
| Bedrterm frå Volda kommune | 2000 |
| Renteinntekter | 31 |
| <u>Sum inntekter 2015</u> | <u>21689,76</u> |

<u>Utgifter</u>

| | |
|---|---|
| Varekjøp (rest Kiwi) | 331,5 |
| Vikebygda grendalag | 4000 |
| Svea finans (bankboks) | 2808,31 |
| Kostand banktj | 9 |
| <u>Sum kosnad</u> | <u>7148,81</u> |

| | |
|---|---|
| Inntekter 2015 | 21689,76 |
| Utgifter 2015 | 7148,81 |
| Overskot 2015 | 14540,95 |

Stian Bjerkvik

Mvh

***Inger-Johanne Johnsen***
*sektorsjef*
*kultur og service*
*Tlf 959 01 061*
*www.volda.kommune.no*

---

**Fra:** Lilli Røv [mailto:lilli.rov@globalskolen.no]
**Sendt:** 10. mai 2016 08:59
**Til:** Inger-Johanne Johnsen
**Emne:** Re: Referat frå møte mellom ordføraren og grendalaga 27. april 2016

Hei!

Viser til referat frå møtet mellom grendelaga og ordføraren.
Sender med dette inn årsmelding og rekneskap for Kilsfjord Grendautval 2015/2016.

## Styret Kilsfjord Grendeutval 2016:

Camilla Sjåstad Kongsvoll (leiar)
Rolf Følsvik (nestleiar)
Even Lillenes (kasserar)
Målfrid Straume (skrivar)

Mvh
Lilli Brenne Røv
avtroppande leiar

---

**Fra:** Inger-Johanne Johnsen <Inger.Johanne.Johnsen@volda.kommune.no>
**Dato:** fredag 6. mai 2016 09.30
**Til:** Lise Charlotte Ekros <Lise.Charlotte.Ekros@volda.kommune.no>, Astrid Gjersdal <Astrid.Gjersdal@volda.kommune.no>, "killar4806@gmail.com" <killar4806@gmail.com>, "hoydal.vel@gmail.com" <hoydal.vel@gmail.com>, "toveloset@hotmail.com" <toveloset@hotmail.com>, "jobe_lilleboe@hotmail.com" <jobe_lilleboe@hotmail.com>, "jks@hivolda.no" <jks@hivolda.no>, "bakkebo@tussa.com" <bakkebo@tussa.com>, "sseteras@gmail.com" <sseteras@gmail.com>, "perlsteinsvik@hotmail.com" <perlsteinsvik@hotmail.com>, "Rotsetgrebdaytvak@gmail.com" <Rotsetgrebdaytvak@gmail.com>, "grendautval@vikebygda.no" <grendautval@vikebygda.no>, "buedigre@tussa.com" <buedigre@tussa.com>, Lilli Brenne Røv <lilli.rov@globalskolen.no>, "odd.paulen@gmail.com" <odd.paulen@gmail.com>
**Emne:** Referat frå møte mellom ordføraren og grendalaga 27. april 2016

Sjå vedlegg

Mvh

***Inger-Johanne Johnsen***
*sektorsjef*
*kultur og service*
*Tlf 959 01 061*
*www.volda.kommune.no*

# Årsmelding for Kilsfjord Grendeutval 2015/2016

Årsmøte for 2015 vart helde på Kilsfjord Grendahus 25.05.2015

- Styret vart som følgjande:
  - Leiar: Lilli Brenne Røv
  - Nestleiar: Kirsti Følsvik
  - Skrivar: Målfrid Straume
  - Kasserar: Even Lillenes

-Nytt styre, årsmelding og rekneskap vart ikkje meldt inn til Volda kommune før fristen 31.mai 2015. Dette på grunna av at det formelle med rekneskapet ikkje var på plass.

-30.01. Brev vedørande kommunereformen - Innkalling til møte i "Tenketank"
-19.02. Møte Samfunnshuset. Tema: Tenketanken/Kommunereformen.
-29.04. Årleg møte mellom kommunen og grendeutvala, Kilsfjord Grendeutval deltok.
-27.05 Folkemøte med tema kommunereforma. Dalsfjord grendeutval tok initiativ til møtet. Eit samarbeid mellom grendeutvala på vestsida. Møtet fann stad på Folkestad kulturhus.
-30.09. Kartlegging av friluftsområde i Volda kommune. Møte med Torgeir Stensø, registrering av viktige friluftsområde i Kilsfjorden.
I samråd med Torgeir Stensø fekk grenda velje seg ei rute som dei gjerne ville merke. I møtet vart det også vedtatt at stien frå Brauta opp mot Keipen skulle merkast. Dette i lys Bygda ynskjer å legge til rette slik at besøkjande båtturistar skal kunne gå på fjelltur.
-13.10. Grendeutvalet invitert til å delta i TV-aksjonen regnskogfondet.
-07.04. Invitasjon til Strandryddedagen.

-08.04. Kontakt med Retura i høve utplassering av kontainer på bygdene. Retura hadde i år vedtatt at Kilsfjord ikkje skulle få utplassert kontainer. Leiar i Grendeutvalet hadde saka ut på høyring via FB sida Kilsfjord Grendahus, er det behov for kontainer i bygda. Tilbakemeldingane var klare, bygda ynskjer kontainer. Retura vil plassere ut kontainer. NB! Viktig at bygda nyttar seg av tilbodet og fyller kontaineren med metall.

-11.04. Invitasjon til aksjeteikning/emisjon i Voldsfjordkryssing AS. Grendeutvalet vart spurt om å dele ut "invitasjon" i postkassene som høyrer til grenda. Dette var grendeutvalet positiv til.

29.01. Grendeutvalet som ressurs.
Grendeutvala er ein ressurs for Kriseleiinga og naudetatane i høve ekstremveiret "Tor".

14.04. Styremøte. Planlegge årsmøte.

26.04. Grendeutvalet inviterer bygdefolket til ein felles ryddeaksjon i bygda.

-Grandeutvalet har ved fleire høve vore invitert til møte med Ferjelista på Folkestad.
-Grendeutvalet har i løpet av 2015/2016 vore ein fast medhjelpar når Kilsfjord Grendahus har arrangert husebasar og julegrantenning.
-Grendeutvalet har hatt som mål å registrere seg i friviljugregisteret. Eit ekstraordinært årsmøte vart helde 04.11.2014. Kilsfjord Grendahus vart invitert til å diskutere vedtektene til grendeutvalet og eventuelt namneskifte. Samt strategi for vidare samarbeid. Årsmøte var einige om å registrere laget i friviljugregisteret. Styret skulle undersøkje om namneendring måtte til. Styret har ikkje jobba med dette som planlagt.
- Grendeutvalet bør vurdere om dei skal opprette ei Valnemnd

Referent:
Lilli Brenne Røv
Straumshamn 09.05.2015
(leiar)

## Rekneskap Straumshamn Grendalag 2015

29.04.2015

Årsoppgjer for Straumshamn Grendalag, konto 3991.04.46936:

| | | |
|---|---|---|
| 01.01.2015 | Overføring frå 2014 | 4415 |
| 31.12.2015 | Renter inn | 3 |
| 31.12.2015 | Årsoppgjer | 4418 |

Even Lillenes

Even Lillenes, kasserar Straumshamn Grendalag

# Referat frå årsmøtet i Dravlausbygda og Innselset grendalag 7. 4. 2016

**Sak 1: Val av møteleiar, referent og to personar til underskriving av protokoll**

Jorunn Beate Lande blei valt som møteleiar, Inger-Johanne Johnsen som referent, Steinar Lande og Inger-Johanne Johnsen blei valt til å skrive under på protokollen.

**Sak 2: Årsmelding - gjennomgang v leiar**

Leiar i grendalaget, Jorunn Beate Lande, gjekk gjennom årsmeldinga

**Sak 3: Rekneskap - gjennomgang v kasserer**

Kasseraren (Siv Åmelfot) gjekk gjennom rekneskapstala

**Sak 4: Auke av kontingent:**

Det blei samrøystes vedteke at kontingenten skal vere 100 kr pr vaksen person (over 18 år)

**Sak 5: Vedrørande 3-årig arrangementsliste**

Det var einigheit om at ordninga fungerte greitt slik den er i dag, men at ein skal gjere følgjande endringar: a) Det bør presiserast dersom nokre aktivitetar, t.d. adventsfesten, skal ha tombola/loddbok etc. b) Det skal også presiserast betre kven som er kontaktperson på kvar av dei tre listene, slik at det er tydlegare kven ein skal melde forfall til.

**Sak 6: Val av nytt styre**

Jorunn Beate Lande held fram som leiar (1 år igjen av perioden)
May Liss Hagen held fram som styremedlem (1 år igjen av perioden)
Ragnhild Viken blei valt som nytt styremedlem (for 2 år)
Jan Øystein Aksnes blei valt som nytt styremedlem (for 2 år)
Eli Hellebust held fram som varamedlem (1 år igjen)
Inger-Johanne Johnsen blei valt som nytt varamedlem (for 2 år)

**Sak 7: Orientering om pågåande saker**

Jorunn Beate Lande orienterte om veglys, Reinseanlegg i skulefjøra, Trafo på Dravlaus, Voldsfjordkryssing, framtidig bruk av brannstasjonen (den tidlegare) på Dravlaus, byggeklare tomter i bygda.

**Sak 8: Kommuneplan for Volda - orientering om status**

Jorunn Beate Lande orienterte.

Inger-J-Johnsen

(ref. Inger-Johanne Johnsen)

Steinar Lande

STEINAR LANDE

# Balanse

for

DRAVLAUS OG INNSELSET GRENDALAG



| | | Denne periode | | | Hittil | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nr. | Kontonavn | Regnskap i år | Regnskap i fjor | Budsjett | Regnskap i år | Regnskap i fjor | Budsjett |
| | **EIENDELER** | | | | | | |
| 1500 | Kundefordringer | 0,00 | | | 0,00 | | |
| 1570 | Utestående fordring | | 0,00 | | | 0,00 | |
| 1900 | Kontanter | | 0,00 | | | 0,00 | |
| 1920 | Sparebank 1 3536448 | 368 031,31 | 113 565,81 | | 368 031,31 | 113 565,81 | |
| 1950 | Sparebank 1 0472155 | 68 601,14 | 70 439,14 | | 68 601,14 | 70 439,14 | |
| | **Eiendeler** | **436 632,45** | **184 004,95** | **0** | **436 632,45** | **184 004,95** | **0** |
| | **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | | | | |
| 2000 | Egenkapital | 184 004,95 cr | 184 004,95 cr | | 184 004,95 cr | 184 004,95 cr | |
| | *Udisponert resultat (Ikke bokført)* | 30 072,50 | 0,00 | | 30 072,50 | 0,00 | |
| 2400 | Leverandørgjeld | 0,00 | 0,00 | | 0,00 | 0,00 | |
| 2990 | Annen kortsiktig gjeld | 282 700,00 cr | | | 282 700,00 cr | | |
| | **Egenkapital og gjeld** | **436 632,45 cr** | **184 004,95 cr** | **0** | **436 632,45 cr** | **184 004,95 cr** | **0** |

# Resultatregnskap

for

DRAVLAUS OG INNSELSET GRENDALAG

| Nr. | Kontonavn | Denne periode Regnskap i år | Regnskap i fjor | Budsjett | Hittil Regnskap i år | Regnskap i fjor | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Salgs- og driftsinntekt** | | | | | | |
| 3000 | Inntekter arrangement | 25 818,00 cr | 32 534,00 cr | | 25 818,00 cr | 32 534,00 cr | |
| 3100 | Kontingent | 7 450,00 cr | 6 825,00 cr | | 7 450,00 cr | 6 825,00 cr | |
| 3900 | Tilskot / gåver | 2 000,00 cr | 3 000,00 cr | | 2 000,00 cr | 3 000,00 cr | |
| | **Salgs- og driftsinntekt** | **35 268,00 cr** | **42 359,00 cr** | **0** | **35 268,00 cr** | **42 359,00 cr** | **0** |
| | **Varekostnad** | | | | | | |
| 4000 | Utgifter arrangement | 14 155,00 | 16 795,60 | | 14 155,00 | 16 795,60 | |
| 4300 | Julegran | | 6 500,00 | | | 6 500,00 | |
| 4340 | Gatelyspunkt | 48 406,00 | | | 48 406,00 | | |
| | **Varekostnad** | **62 561,00** | **23 295,60** | **0** | **62 561,00** | **23 295,60** | **0** |
| | **Driftskostn. og av- og nedskrivninger** | | | | | | |
| 6620 | Reparasjon og vedlikehold utstyr | 1 875,00 | | | 1 875,00 | | |
| 6705 | Regnskap, porto, div. | 1 000,00 | 1 000,00 | | 1 000,00 | 1 000,00 | |
| | **Driftskostn. og av- og nedskrivninger** | **2 875,00** | **1 000,00** | **0** | **2 875,00** | **1 000,00** | **0** |
| | **Annen driftskostnad** | | | | | | |
| 7770 | Bank- og kortgebyr | 9,50 | 12,00 | | 9,50 | 12,00 | |
| | **Annen driftskostnad** | **9,50** | **12,00** | **0** | **9,50** | **12,00** | **0** |
| | **Driftskostnader** | **65 445,50** | **24 307,60** | **0** | **65 445,50** | **24 307,60** | **0** |
| 8050 | Renteinntekt | 105,00 cr | 172,00 cr | | 105,00 cr | 172,00 cr | |
| | **Årsresultat** | **30 072,50** | **18 223,40 cr** | **0** | **30 072,50** | **18 223,40 cr** | **0** |
| 8800 | Resultat | | 18 223,40 | | | 18 223,40 | |

# Årsmelding Dravlausbygda og Innselset Grendalag -2015

Styret har bestått av følgende:

a. Jorunn Beate Lillebø (leiar) – styreleiar frå 2015 (1 år )
b. Frode Bornstein (styremedlem) – frå
d. Terje Tjugen (styremedlem) – frå
d. May-Liss Hagen (styremedlem) – frå 2015 (2 år)
e. Eli Magnussen Hellebust (vara)
f. Alexander Stevenson (vara)

Siv Lillenes fungerer som kasserar for laget.

2015 var året det vart samanhengande veglys frå skulen til Dravlaus. Dette er ikkje berre med på å gje ein tryggare skuleveg, men gjer det generelt trivelegare å ferdast etter vegen når det er mørkt. Flott dugnadsinnsats i høve skogrydding, nedsetting av stolpar og logistikk.

Utover dette vil vi trekke fram fylgjande aktivitet i laget/bygda:

- Nytt 3-årig oppsett for arrangement. På bakgrunn av årsmøtevedtak vart det frå 2015 innført å ha ein årleg "husfest" for Fyrlykta kulturhus. Det vart utarbeidt nytt 3-åring oppsett for arrangementa 17.mai, julegrantenning og "husfest", arrangementa vert årleg fordelt på 3 faste komitear. Komitelistene vart oppdaterte slik at alle familiemedlemar over konfirmasjonsalder står oppførte med namn.

- Leiar har delteke på ein del møter (4-5) med den såkalla "tenkjetanken" for Volda kommune. Tema har vore kommuneplan og kommunereform. I juni vart det i samarbeid med Lauvstad og Velsvik grendautval halde informasjonsmøte på Vesttun vedrørane kommunesamanslåing der ordføraren informerte om prosessen.

- Ny branngarasje lokalisert ved Dalsfjord skule er etablert og vert teken i bruk i 2016. I samband med denne etableringa vart musikkbingen flytta slik at parkeringsplassen kunne nyttast meir effektivt.

- Det har vorte ein del samarbeid med grendautvalet for Lauvstad og Velsvik i høve korrespondanse med offentlege instansar. Gjeld mellom anna henvendelse vedrørande fiberutbygging mm. Samarbeidet fungerer godt; ein byter på å skrive brev og begge laga skriv under slik at det vert meir tyngde bak.

- Skulen på Innselset vart seld i 2015. Inntektene for salet står no på grendalaget sin konto, men er øyremerka veglys i Innselsetbygda.

For styret

Jorunn Beate Lillebø Lande 5. Mars 2016

Styret i Lauvstad og Velsvik grendautval 2015/2016

Solgunn Sæterås, leiar

Jon Grebstad, kasserar

Lars Otto Velsvik, skrivar

Odd Kåre Mork, styremedlem

Arne Torvik, styremedlem

## LAUVSTAD/VELSVIK GRENDAUTVAL

## REKNESKAP 2015

| | | |
|---|---|---|
| | | Bank 3991.09.54478 |
| Saldo 1.1.2015 | | kr 12 083,40 |
| 03.09.2015 | Utlegg ref til Solgunn | kr -200,00 |
| 04.09.2015 | Gåve til Vesttun | kr -7 500,00 |
| 22.10.2015 | Utlegg ref til Solgunn | kr -102,00 |
| 30.10.2015 | Tilskot frå Volda kommune | kr 2 000,00 |
| 31.12.2015 | Kreditrenter | kr 46,00 |
| Saldo 31.12.2015. | | kr 6 327,40 |

Lauvstad, 25. mai 2016

Jon Grebstad
kasserar

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE

Retur: SpareBank 1 Søre Sunnmøre, Pm-Kundar Avd Volda,
Postboks 55 Linje 1, 6101 VOLDA

Dato 31.12.2015

Sidenr. 1 180858

4168

Org.nr. NO 937899785 Foretaksregisteret

Telefon: 70070000

Jon Paul Grebstad
Dalsfjordvegen 96
6133 LAUVSTAD

**Kontoutskrift nr. 1 for konto 3991.09.54478 i perioden 01.01.2015 - 31.12.2015 Lauvstad/Velsvik Grenda**
IBAN:NO51 3991 0954 478 BIC/SWIFT-adresse: SPTRNO22xxx

**VI GJØR OPPMERKSOM PÅ AT ANTALL GEBYRFRIE UTTAK SOM NÅ GJENSTÅR PÅ DIN KONTO ER 12.**

| Forklaring | Rentedato | Ut av konto | Inn på konto | Bokført |
|---|---|---|---|---|
| **Saldo fra kontoutskrift 31.12.2014** | | | **12.083,40** | |
| Nettgiro til: Sæterås Solgunn Betalt: 03.09.15 | 0309 | 200,00 | | 0309 |
| Nettgiro til: Vesttun Betalt: 04.09.15 | 0409 | 7.500,00 | | 0409 |
| Nettgiro til: Sæterås Solgunn Betalt: 22.10.15 | 2210 | 102,00 | | 2210 |
| Bedrterm overf. Fra: Volda Kommune | 3010 | | 2.000,00 | 3010 |
| Kreditrenter | 0101 | | 46,00 | 3112 |
| **Saldo i Deres favør** | | | **6.327,40** | |
| Renter og provisjon bokført i år | | 0,00 | 46,00 | |
| Betalte omkostninger i år | | 0,00 | 0,00 | |



**Informasjon om renter/provisjoner/omkostninger for konto 3991.09.54478 pr. 31.12.2015**

| Forklaring | Pris | Sats% | Grense | Beregn.metode |
|---|---|---|---|---|
| Kreditrenter | | 0,200 % | | |

**Vi gjør oppmerksom på at norske banker, i henhold til Valutaregisterloven av 28.05.2004, er pålagt å rapportere valutatransaksjoner og bruk av kort i utlandet til Toll- og avgiftsdirektoratet.**

Vikebygda grendautval har hatt årsmøte.

Styret held fram som før.

Leiar; Siw Rotevatn Vikene
Kasserer; Svein Roger Hoggen
Styremedlemmer; Linda Nedrelid Vatne, Arild Aasen og Mona Helen Kile.
Vara; Per Martin Vikene

Ber om at driftsstønad vert utbetalt til vår konto. Kontonr: 3991.06.76133

Siw Rotevatn Vikene
Vikebygda grendautval

# Årsmelding Vikebygda grendautval 2015

Styret i 2015 har vore samansett slik:

| | | |
|---|---|---|
| Siw Rotevatn Vikene | - | Leiar |
| Svein Roger Hoggen | - | Styremedlem / kasserar |
| Linda Nedrelid Vatne | - | Styremedlem |
| Mona Helen Kile | - | Styremedlem |
| Arild Aasen | - | Styremedlem |
| | | |
| Per Martin Vikene | - | Vara |

Kommunen har sendt to saker på høyring i perioda mai 201-april 2016, kommuneplanens samfunnsdel og nautsak 27/1. Av andre saker vi har behandla på eige initiativ i 2015 (og fram til årsmøte 15.05.2016) kan vi nemne:

- Vi deltok i innsamling av metall og elektrisk i 2015, på eige initiattiv
- Vi gjorde ein del dugnadsarbeid på Høgtun, mellom anna vaskerom, matsalen, lydanlegg i matsalen og fiber på huset
- Radiointervju med Radio Volda om Botnavegen, og intervju i Nærnett og studentavisa
- Kartlegging av utrygge skulevegar på web, regi av Nærnett
- Lesarinlegg i avisa og innspel til budsjettbehandling på grunn av manglande framdrift med tanke på Botnavegen, og omprioritering av midlar til asfaltering på Reset. Påfølgande radiointervju med Radio Volda, og intervju i Nærnett og studentavisa, fokus på farleg skuleveg.
- Oppsett av mCash for mobilbetaling på arrangement i regi av grendautvalet.
- Påskedisco m 73 born
- Del av beredskapen til kommunen, i fht Tor jan 2016
- Vi har søkt gåvemidlar frå SpareBank 1 både i 2015 og 2016 og fått støtte derfrå.
- Høyringssvar naustsøknad 27/1
- Oppvask med kommuna etter manglande flagging på skuleplassen 17. mai 2015
- Invitasjon til strandryddedag, ingen kommunale strender i vår grend.
- Minna om flagging og FV 45, Hoggabakkane i årleg møte med kommunen i 2016, rektor flagga 2016. Etterlyste framdrift på trafikktryggingsplan på same møtet.
- Leverte inn kommentar i etterkant av møtet, ettersom ordførar ba om alle spørsmål skriftleg, og i samband med hans møte med fylket dagen etter, les fv; 45.

Volda 22. mai 2016

Siw R Vikene

# Vikebygda grendautval

**Rekneskap 2015**

| Dato | Inntekter | NOK |
|---|---|---|
| 15.04.2015 | Gåvemidler fra Sparebank 1 Søre Sunnmøre | 2 000,00 |
| 30.04.2015 | Oppgjer 17. mai fra Heltne Bratteberg Grendautval | 4 000,00 |
| 19.05.2015 | Åsa Bruheim, kjøp av åpna ispakker ifbm 17. mai | 100,00 |
| 08.06.2015 | Netto inntekt 17. mai før fordeling til Heltne Bratteberg (sjå underbilag) | 10 137,51 |
| 30.10.2015 | Overført frå Volda kommune | 2 000,00 |
| 31.12.2015 | Renter Sparebank 1 Søre Sunnmøre | 10,00 |
| **Sum inntekter** | | **18 247,51** |

**Utgifter**

| Dato | Utgifter | NOK |
|---|---|---|
| 19.05.2015 | Annonse Årsmøte | 264,00 |
| 08.06.2015 | Fordelt oppgjer 17. mai til Helte Bratteberg Grendautval | 5 068,76 |
| 31.12.2015 | Betalte gebyr Sparebank 1 Søre Sunnmøre | 9,50 |
| **Sum utgifter** | | **5 342,26** |
| **Resultat** | | **12 905,25** |

**Balanse 31.12.2015**

| | | |
|---|---|---|
| 31.12.2015 | Beholdning Kasse | - |
| 31.12.2014 | Beholdning Sparebank 1 Søre Sunnmøre (IB) | 10 399,71 |
| 31.12.2015 | Beholdning Sparebank 1 Søre Sunnmøre (UB) | 23 304,96 |
| **Disponible midlar 31.12.2015** | | **23 304,96** |
| **Endringsbalanse** | | **12 905,25** |

Dato: 23.05.201~~5~~6
Kasserar: Svein Roger Hoggen

Svein R. Hoggen

**Revidert:**

Dato: 25.5.16

Revidert av: Linda N. Vatne

Sender framlegg til medlemmer med vara i Bjørkedal grendautval for 2016. Frå og med 2016 vil dette vere identisk med styret i Bjørkedal grendalag.

Samstundes søkjer vi om at det årlege tilskotet på 2000 kr vert overført til utvalet sin konto: 3991.35.85031.

Som vedlegg finn de protokoll frå årsmøtet i Bjørkedal grendalag 31. mars 2016, samt årsmelding og rekneskap for 2015.

Styret i Bjørkedal grendalag 2016 (jf. referat frå årsmøtet):

| | | |
|---|---|---|
| Leiar: | Lars Kåre Kile, | vara Per Arne Bjørkedal |
| Nestleiar: | Kristian Bjørkedal, | vara Sylvi Folkestad |
| Kasserar: | Rune Løset, | vara Nanny Helset |
| Skrivar: | Liv Signe Kvamme, | vara Mari-Ann Bjørkedal |
| Medlem: | Amalie Haugland Bjørkedal, | vara André Løset |

Kontaktinfo til leiar:

Post: Lars Kåre Kile, Nørdalsvegen 74, 6120 Folkestad
E-post: killar4806@gmail.com
Det er eit sterkt ynskje om å få alle dokument tilsendt elektronisk.
Telefon: 90823466

Med beste helsing
Bjørkedal grendautval

Lars Kåre Kile
-leiar-

# Årsmelding for Bjørkedal grendautval 2015-2016

Styret i Bjørkedal grendautval 2015 - 2016:

Lars Kåre Kile - leiar
Liv Signe Kvamme - nestleiar og skrivar
Rune Løset - kasserar
Kristian Bjørkedal - ungdomsmedlem

Vi har ikkje fått mange saker frå kommunen i år, men tidsbruken ha rlikevel vore stor, særlig i samband med ny kommuneplan for Volda.
Lokalt er det mykje å gripe fatt i, men dette har stått litt i stampe fordi vi meiner mange av sakene høver dårleg for eit kommuneoppnemnt grendautval. Største utfordringa har derfor vore å gjere grendautvalet om til eit grendalag, og så få det registrert i «Enhetsregisteret» i Brønnøysund. Då vil vi ha ein organisasjon som både kan vere kontaktpunkt til kommunen og forvalte deler av bygda si felleseige, som forsamlingshus og hjartestartar.

Styret hatt 3 møte denne perioden, men vi har også drøfta ein del saker ved bruk av e-post og meldingar.
Den 29. februar 2016 deltok heile styret på møte med Volda kommune om skulebygget på Bjørkedalen, og saman med resten av grendalaga på Vestsida arrangerte vi 27. mai 2015 bygdemøte på Folkestad om arbeidet med den nye kommuneplanen.
Styret har vidare organisert TV-aksjonen 2015 på Bjørkedalen og stått for distribusjon av foldarar til alle husstandane i bygda i samband med Ryddeaksjon 2015.

Leiar har i tillegg delteke på fleire møte og samlingar med politikarar og administrasjon i Volda kommune:
29. april - Årleg møte mellom ordføraren og grendalaga/grendautvala.
21. mai - Møte i Tenketanken om ny kommuneplan.
15. oktober - Møte i Tenketanken om ny kommuneplan.

Styret har brukt mest tid på desse sakene:

- Endring frå grendautval til grendalag.
- Ny kommuneplan for Volda kommune.
- Tiltak for å betre beredskapen på Bjørkedalen.

Meldingar om politiske vedtak i perioden:

- Grendautval 2015
- Planprogram for kommuneplan - samfunnsdelen
- Dispensasjon frå kommunedelplan – gbr 92/3 i Volda kommune

For styret i Bjørkedal grendautval, den 31.03.2016

Lars Kåre Kile
-leiar-

# Rekneskap 2015

| | | Kasse | | Bank | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | DEBET A1 | KREDIT A2 | DEBET B1 | KREDIT B2 |
| 1/1 | Behaldning | 607,- | | 20207,41 | |
| 30/10 | Stønad Volda kommune | | | 2000,- | |
| 31/12 | Renter | | | 73,- | |
| 31/12 | Behaldning | | 607,- | | 22280,41 |
| | | 607,- | 607,- | 22280,41 | 22280,41 |

Laget sine midlar pr. 31.12.2015:

| | |
|---|---|
| Kasse | 607,- |
| Bank | 22280,41 |
| Sum | 22887,41 |

Rekneskapen er kontrollert og funnen rett.

29.02.2016 Hans Peter Eidsefjord

# Protokoll frå årsmøtet i Bjørkedal grendautval 2016.

| | |
|---|---|
| Tid | Torsdag 31. mars 2016 klokka 20.00. |
| Stad | Kjellaren på Fridtun. |
| Til stades | Norunn Albrigtsen, Amalie Haugland Bjørkedal, Anders Bjørkedal, Ann-Elin Haugland Bjørkedal, Arne-Per Bjørkedal, Dag Inge Bjørkedal, Jakob S. Bjørkedal, Mari-Ann Bjørkedal,Ottar K. Bjørkedal, Hans Peter Eidseflot, Erlend Helset, Erna Helset, Karl Anders Helset, Vegard Helset, Per Kåre Helset, Sissel Helset, Hildebjørg J. Løset, Mariann Løset, Rasmus Løset, Olav Nilsen, Brit-Unni Slettevoll Skogly, Lars Kåre Kile, Kristian Bjørkedal, Rune Løset og Liv Signe Kvamme.<br>Totalt 25 frammøtte. |

Leiaren i grendautvalet, Lars Kåre Kile, ynskte vel møtt og opna årsmøtet.

**SAKLISTE:**

**Sak 1. Konstituering**

a) Godkjenning av innkalling og sakliste.
Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.**

b) Val av ordstyrar og referent.
Det vart gjort framlegg om Lars Kåre Kile som ordstyrar, og Liv Signe Kvamme som referent.

**Vedtak: Lars Kåre Kile vart vald til ordstyrar, og Liv Signe Kvamme vart vald til referent. Båe vart samrøystes valde.**

c) Val av to personar til å skrive under protokollen.
Det vart gjort framlegg om Mariann Løset og Ottar Kåre Bjørkedal.

**Vedtak: Desse vart samrøystes valde.**

**Sak 2. Vedtektsendring / namneendring til Bjørkedal grendalag.**

Leiaren innleia og orienterte om bakgrunnen for at saka no vart lagt fram for årsmøtet. Det vart vist til framlegg til nye vedtekter som hadde vorte gjort kjent i forkant av årsmøtet. Ordstyrar la opp til ein gjennomgang av vedtektene paragraf for paragraf.
Engasjementet var stort, og det kom fleire synspunkt på ulike emne.
Mange var opptekne av medlemskap, og om det var rett å knytte dette til ein kontingent. Dei som betalar kontingenten får då eit personleg medlemskap og berre dei som betalar har røysterett? Korleis vil dette då fungere når grendalaget skal vere høyringsinstans, er det berre dei om har betalt kontingent, og som er medlemer som

har uttalerett? Grendalaget bør vera eit lag som femnar heile bygda, og ikkje utelukkar nokon.

Leiaren oppsummerte med at alle som hadde uttalt seg var imot kontingent, og gjorde framlegg om at det som omhandlar kontingent vert trekt ut av vedtektene, i hovudsak § 4.

Kven er medlemer, og korleis steller ein seg til fritidseigedommar / folk busette utanbygds?

Leiaren svara at det er tenkt dei som er fastbuande, med adresse i folkeregisteret hit som er medlemer.

Det kom fram spørsmål om bankkonto og registrering i Brønnøysund. Kasseraren som sit i husestyret er personleg ansvarleg for økonomien der, dette er ikkje ein god praksis. Det vert no gjort ein god jobb for å få dette inn i rette former, det er viktig.

Leiaren svara at det er eit av måla med denne prosessen, å kunne opprette ein lagskonto, som og kan gjelde Fridtun, og bli registeret i Brønnøysund.

I vedtektene er det nytta lag/laget om Bjørkedal grendalag, bør det heller stå foreining? Kva er kravet for å bli godkjend i Brønnøysund?

Leiaren svara at dette måtte sjekkast opp, men det var semje om å byte ut lag med foreining om det var naudsynt i prosessen.

Bjørkedal grendalag er tenkt som ein «paraplyorganisasjon» for fleire funksjonar i bygda, og på den måten få ei innsparing i folk som trengst til ulike verv. På bakgrunn av dette vart det røyst spørsmål om vedtektene bør ha med noko om den indre organiseringa, oppdeling i ulike prosjekt, ansvarsfordeling? Det må vera nokre dobbeltrollar skal dette ha nokon effekt.
Leiaren meinte det var viktig at vedtektene ikkje vert for detaljerte, og at det ikkje er naudsynt med meir detaljerte vedtekter. Alle detaljar fell ikkje på plass i kveld, noko må komme etterkvart, men det er viktig å få på plass grunnmuren slik at me har noko å byggje vidare på.
Det vart vidare røyst spørsmål om eigedomsregistrering og innrapporteringsplikt, og korleis ein kan unngå dette?

Leiaren svara at dette veit me ikkje enno, vi må undersøkje vidare, og ha det med oss i det vidare arbeidet.

Før ordstyrar gjekk i gjennom vedtektene paragraf for paragraf, vart paragraf 4 som omhandlar kontingent trekt ut, og dei fylgjande paragrafane får då eitt nummer lægre, og det vert totalt 7 paragrafar i vedtektene.

§1: Her vart det gjort framlegg om å ta foreining inn i paragrafen, og nokre omformuleringar.
§1 vert som fylgjer:
**Bjørkedal grendalag er organisert som ei foreining. Laget held til på Bjørkedalen i Volda kommune, og alle fastbuande (står i Folkeregisteret med adresse i bygda) som er fylt 15 år er medlemer. Alle medlemer har røysterett og kan veljast til verv i laget.**
§2: Ingen endringar.
§3: Ingen endringar.
§4: Her vart det røyst spørsmål om det er råd å få til årsmøte innan utgangen av februar. Tilbakemeldinga var klar, dette vil me få til. Det var framlegg om nokre omformuleringar i § 4.
§4 vert som fylgjer:
**Årsmøtet er det øvste organet for Bjørkedal grendalag. Alle fastbuande i bygda som har fylt 15 år har møterett, talerett og røysterett.**
**Årsmøtet skal haldast innan utgangen av februar kvart år og kunngjerast seinast 3 veker i førevegen. Saker som skal handsamast på årsmøtet må sendast styret seinast 10 dagar før møtet, og fullstendig sakliste må vera tilgjengeleg for medlemene seinast ei veke før årsmøtet.**
**Årsmøtet er vedtaksført med det talet medlemer som møter, ingen har meir enn ei stemme.**
**Møteleiar skal veljast av årsmøtet.**
**I tillegg til leiar og styre med vara, skal årsmøtet velje 2 revisorar og ei valnemnd på 2 personar.**
**Revisorane og valnemnda vert valde for 2 år.**
**Årsmøtet kan ikkje handsame saker som ikkje er oppførte på saklista, med mindre 3/4 av dei frammøtte krev det. Dette kan berre avgjerast i samband med vedtak om godkjenning av saklista.**
**Det skal haldast omframt årsmøte om styret eller meir enn 1/4 av medlemane krev det.**
§5: Ingen merknader.
§6: Ingen merknader.
§7. Ingen merknader.

**Vedtak:**
**Namnet på foreininga vert endra frå Bjørkedal grendautval til Bjørkedal grendalag.**
**Framlegget til vedtekter vert vedteke med dei endringar som står i sak 2.**
**Samrøystes vedteke av årsmøtet.**

Som ein konsekvens av sak 2 fell sak 3 bort.

**Sak 4. Godkjenning av årsmelding 2015.**
Leiaren gjorde greie for kva saker ein såg det naturleg å arbeide med framover. Uveret som har råka oss den siste tida har vist at mobildekninga i bygda er altfor

sårbar, den forsvinn når straumen fer. Det må arbeidast med ein beredskapsplan for bygda. Det er vist til bruk av satellitt-telefonar, men so lenge dei ikkje kjem seg ut av Volda sentrum har me lita nytte av dei. Ser det som naturleg å jobbe vidare med saka og jobbe mot kommunen.
Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga. Det var ingen merknader til denne.

**Vedtak:**
**Årsmeldinga 2015 vart samrøystes godkjend slik den vart lagt fram.**

**Sak 5. Godkjenning av rekneskapen 2015.**
Rekneskapen vart lagt fram for årsmøtet. Det var ingen merknader til rekneskapen.

**Vedtak:**
**Rekneskapen 2015 vart samrøystes godkjend slik den vart lagt fram.**

**Sak 6. Framlegg til budsjett 2015.**
Budsjettet vart lagt fram på årsmøtet. I tillegg til det som er oppsett i budsjett har Utmarkslaget løyvd 5000,- til hjartestartar, og Bjørkedal Nærskule har fått inn 2000,- på kafédrift til hjartestartar.
Det var ingen merknader til budsjettet.

**Vedtak:**
**Budsjettet for 2016 vart samrøystes vedteke slik det vart lagt fram for årsmøtet.**

**Sak 7. Val i samsvar med vedtektene.**
Ann-Elin Haugland Bjørkedal la fram innstillinga frå valkomiteen.

| Namn | Attval 2016 | Vara | Attval 2016 |
|---|---|---|---|
| Kristian Bjørkedal | Ja | Sylvi Folkestad | Ja |
| Rune Løset | Ja | Nanny Helset | Ja |
| Lars Kåre Kile | Ikkje på val | Per Arne Bjørkedal | Ja |
| Liv Signe Kvamme | Ikkje på val | Mari-Ann Bjørkedal | Ja |
| Amalie Haugland Bjørkedal | Ny i styret | Andre Løset | Ny |
| Revisor Hans Peter Eidseflot | Ja | | |
| Valkomité: | | | |
| Ann-Elin Haugland Bjørkedal<br>Gunhild Øksne | Ja<br><br>Ja | | |

Val av styremedlemer :

Det var innstilt på attval av Kristian Bjørkedal.
Det var ingen andre framlegg.
**Vedtak:**
**Kristian Bjørkedal vart vald ved akklamasjon.**

Det var innstilt på attval av Rune Løset.
Det var ingen andre framlegg.
**Vedtak:**
**Rune Løset vart vald ved akklamasjon.**

I fylgje dei nye vedtektene skal det vera 5 styremedlemer. Det var innstilt på Amalie Haugland Bjørkedal som nytt styremedlem.
Det var ingen andre framlegg.
**Vedtak:**
**Amalie Haugland Bjørkedal vart vald ved akklamasjon.**

Det var innstilt på attval av alle varamedlemene, i tillegg kom Andre Løset inn som ny vara for Amalie Haugland Bjørkedal.
Det var ingen andre framlegg på varamedlemer.
**Vedtak:**
**Sylvi Folkestad, Nanny Helset, Per Arne Bjørkedal, Mari-Ann Bjørkedal og Andre Løset vart valde som varamedlemer ved akklamasjon.**

Det var innstilt på attval av Hans Peter Eidseflot som revisor. I dei nye vedtektene er det krav om 2 revisorar. Det vart gjort framlegg på Erlend Helset.
**Vedtak:**
**Hans Peter Eidseflot og Erlend Helset vart valde som revisorar ved akklamasjon.**

Valkomiteen hadde vorte overtalte til å ta attval, Ann-Elin Haugland Bjørkedal og Gunhild Øksne var innstilte til attval.
Det var ingen andre framlegg.
**Vedtak:**
**Ann-Elin Haugland Bjørkedal og Gunhild Øksne vart valde ved akklamasjon.**

Val av leiar:
Alle styremedlemene kan veljast til leiar.
Det vart gjort framlegg om Lars Kåre Kile.
Det var ingen andre framlegg.
**Vedtak:**
**Lars Kåre Kile vart vald som leiar i Bjørkedal grendalag ved akklamasjon.**

**Sak 8. Skal bygda overta skulebygningen, med uteområde, når Bjørkedal Nærskule vert nedlagt frå 1. august 2016?**

Leiaren gjorde greie for nokre fakta i saka. Siste politiske vedtak av Volda kommune vart gjort i 2005. Fjerning av klausulen - om at skulebygningen skal falle tilbake til Volda kommune dersom Nærskulen vert lagt ned – vart delegert til administrasjonen. Men dette har aldri vorte fullført frå administrasjonen si side.
Ei overtaking av skulebygningen inneber utgifter til varme og forsikring.
Når det gjeld straum, kan ein få avtale for næringsbygg; 1kW kontinuerleg ca 9000 kr (80A)/ 11.500 kr (200 A) eller 2 kW kontinuerleg ca 15000 kr (80A)/17500 (200A). Forsikring kjem på 6230 kr (1 mill 1. risiko forsikring + 500000 inventarforsikring), alternativt 7100 for (2 mill 1. risiko forsikring + 500000 i inventarforsikring). Samla utgifter for eitt år vil altså liggje på omlag 22000 kr. Men dette er straum berre til vedlikehaldsvarme, elles vil det vera naturleg å lesa av målaren etter bruk.
Det vart opna opp for diskusjon.

- Ser store utfordringar med økonomien, redd det vil kosta å eiga, redd det vert for dyrt, må tenkja seg godt om kva ein vil.
- Må tenkje seg godt om, ikkje la det bli eit monument over dårleg vedlikehald!
- Kvar skal ein gjere av inventaret i skulen, det er bygda si eige. Viktig å sjå moglegheiter, leige ut barnehagen som ei leilegheit. Prøve å sjå, eventuelt selje seinare, om det ikkje går.
- Støttar det som vart sagt ovanfor, for lettvint å setje strek, mogleg å selje på eit seinare tidspunkt.
- Vanskeleg å ta stilling til endeleg vedtak i kveld, kva skjer 1. august?
- Kva med tomtetilhøva, kven eig tomta?
- Tomta til gamleskulen er tinglyst, delen der nye skulen står er ikkje tinglyst.
- Grunnspørsmålet må avklarast.
- Vanskeleg å ta stilling når eigedomstilhøva ikkje er avklarte.

Leiaren slo fast at det er ei forutsetning at grunntilhøva er i orden, og den saka må løysast av Volda kommune.

- Naturleg å utsetje/avvente saka til ein har fått ei avklaring på tomtetilhøva.

Leiaren svara at me treng ein peikepinn på om dette skal satsast vidare på, tida går fort.
- Må tenkje litt fort, frå 1. august vert det ei endring. Kva gjer me frå 1. august, og kven tek rekninga? Det er mange hus i bygda til vedlikehald, meir bruk av dei me har?
- Meir enn nok å hengje fingrande i, ved å ta over skulen «går ein seg fast i myra».
- Ynskjeleg å få delt skulen frå skuleplassen, og få skuleplassen omgjort til ein

kommunal leikeplass. Selje skulen, selje alt inventaret. Det er ikkje råd å drive meir dugnad enn det me gjer.

- Viktig at ein held det gåande til ting er avklarte. Ikkje rett at Volda kommune skal ta over alt som er bygd opp. Ein har eit forhandlingsgrunnlag til dess ein veit meir og ting er avklarte.

Leiaren konkluderte slik: Det vert ikkje gjort noko framstøyt for å få vekk klausulen i vedtaket. Ser det som naturleg å gå i forhandlingar med kommunen for å få til ei brukbar drift fram til ting er avklarte. Kan eventuelt berre forsikra inventaret, og ikkje bygningen, sidan me ikkje eig den. Ynskjeleg å få til eit spleiselag med kommunen for å få til ei mellombels drift av skulebygningen.
Kostnader som kjem undervegs må dekkjast av grendalaget, og frå det som eventuelt måtte vera att av midlar etter Bjørkedal Nærskule.

**Vedtak:**
**Det vart ikkje gjort vedtak i saka.**

Møtet slutt kl. 23.05
Liv Signe Kvamme, skrivar.

Mariann Løset
sign

Ottar Kåre Bjørkedal
sign

Hjartåbygda grendautval har hatt årsmøte. Har ikkje fått årsmelding frå skrivar enda, så den ettersendes vi. Sender her valget av styre.

Styret frå i fjor sit vidare, og er:
Leiar:
Tonje Berg Bakkebø
Styremedlemer:
Elin Løvøy Wilhelmsen
Olav Vadstein
Nelly Huserbråten
Frank Flusund

Mvh
Tonje Berg Bakkebø

Sendt fra min Sony Xperia™-smarttelefon

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Inger-Johanne Johnsen | Arkivsak nr.: | 2013/158 |
| | | Arkivkode: | 026 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 141/16 | Formannskapet | 16.08.2016 |
| 100/16 | Kommunestyret | 25.08.2016 |

## INTERKOMMUNALT ARKIV FOR MØRE OG ROMSDAL IKS - GODKJENNING AV SELSKAPSAVTALE - JUSTERING AV EIGARDEL

**Handsaming:**

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

***Volda kommune gokjenner endring i eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (organisasjonsnr 982330459) i samsvar med vedtak i representantskapet i selskapet i sak 9 den 14. april 2016.***

§5 i selskapsavtalen lyder etter endringa:

**§ 5 Innskotsplikt og eigardel**
Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

| | |
|---|---|
| 1502 Molde | 6,156 |

| | |
|---|---|
| 1504 Ålesund | 10,141 |
| 1505 Kristiansund | 5,717 |
| 1511 Vanylven | 1,483 |
| 1514 Sande | 1,344 |
| 1515 Herøy | 2,621 |
| 1516 Ulstein | 2,513 |
| 1517 Hareid | 1,868 |
| 1519 Volda | 2,634 |
| 1520 Ørsta | 2,960 |
| 1523 Ørskog | 1,294 |
| 1524 Norddal | 1,163 |
| 1525 Stranda | 1,750 |
| 1526 Stordal | 1,038 |
| 1528 Sykkylven | 2,362 |
| 1529 Skodje | 1,754 |
| 1531 Sula | 2,617 |
| 1532 Giske | 2,446 |
| 1534 Haram | 2,666 |
| 1535 Vestnes | 2,151 |
| 1539 Rauma | 2,326 |
| 1543 Nesset | 1,426 |
| 1545 Midsund | 1,250 |
| 1546 Sandøy | 1,087 |
| 1547 Aukra | 1,535 |
| 1548 Fræna | 2,769 |
| 1551 Eide | 1,525 |
| 1554 Averøy | 1,994 |
| 1557 Gjemnes | 1,351 |
| 1560 Tingvoll | 1,452 |
| 1563 Sunndal | 2,260 |
| 1566 Surnadal | 2,023 |
| 1567 Rindal | 1,240 |
| 1571 Halsa | 1,143 |
| 1573 Smøla | 1,261 |
| 1576 Aure | 1,538 |
| 1500 Møre og Romsdal fylkeskommune | 17,142 |
| Sum | 100,00 |

**Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding.**

**Administrasjonen si tilråding:**
***Volda kommune gokjenner endring i eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (organisasjonsnr 982330459) i samsvar med vedtak i representantskapet i selskapet i sak 9 den 14. april 2016.***

§5 i selskapsavtalen lyder etter endringa:

**§ 5 Innskotsplikt og eigardel**
Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

| | |
|---|---|
| 1502 Molde | 6,156 |
| 1504 Ålesund | 10,141 |
| 1505 Kristiansund | 5,717 |
| 1511 Vanylven | 1,483 |
| 1514 Sande | 1,344 |
| 1515 Herøy | 2,621 |
| 1516 Ulstein | 2,513 |
| 1517 Hareid | 1,868 |
| 1519 Volda | 2,634 |
| 1520 Ørsta | 2,960 |
| 1523 Ørskog | 1,294 |
| 1524 Norddal | 1,163 |
| 1525 Stranda | 1,750 |
| 1526 Stordal | 1,038 |
| 1528 Sykkylven | 2,362 |
| 1529 Skodje | 1,754 |
| 1531 Sula | 2,617 |
| 1532 Giske | 2,446 |
| 1534 Haram | 2,666 |
| 1535 Vestnes | 2,151 |
| 1539 Rauma | 2,326 |
| 1543 Nesset | 1,426 |
| 1545 Midsund | 1,250 |
| 1546 Sandøy | 1,087 |
| 1547 Aukra | 1,535 |
| 1548 Fræna | 2,769 |
| 1551 Eide | 1,525 |
| 1554 Averøy | 1,994 |
| 1557 Gjemnes | 1,351 |
| 1560 Tingvoll | 1,452 |
| 1563 Sunndal | 2,260 |
| 1566 Surnadal | 2,023 |
| 1567 Rindal | 1,240 |
| 1571 Halsa | 1,143 |
| 1573 Smøla | 1,261 |
| 1576 Aure | 1,538 |

| | |
|---|---|
| 1500 Møre og Romsdal fylkeskommune | 17,142 |
| Sum | 100,00 |

- Arbeid med internkontrollsystem for informasjonstryggleik som stettar Normen sine krav, skal vidareutviklast.
- Innan utgangen av 2015 skal det vere utarbeidd gode rutinar på beredskap, drift og support for personell ved SSIKT driftssenter, samt avklart grenseoppgang for kommunalt ansvar kontra SSIKT. Frå 2016 blir prosjektaktivitet lagt inn som ordinære arbeidsoppgåver ved driftssenteret.

## 3.3 Mål / gevinstar for prosjektet:

Ved prosjektet ynskte ein å oppnå:

- Robust drift, ajourhald og rutinar for IT og fag, som ville gi meir einsarta beredskap/ support og færre feilsituasjonar.
- Reduserte kostnader knytt til lisensiering og bruk av konsulentar.
- Tilsette får enkel pålogging (single sign-on) til datasystema og helsepersonell kan via mobilt utstyr vere « online» EPJ ute hjå brukar. Tilsette kan arbeide på tvers av kommunegrenser, med ulike roller, men med same ident.
- For interkommunale tenester, kan vedtak om teneste gjerast i ein kommune, men ytast i ein anna. Aktuelle personalgrupper har tenestebasert tilgong, med naudsynt informasjon uavhengig i kva kommune det er journalført. Dette gir betre oversikt og ein kan yte meir samordna og tilpassa hjelp.
- Ved eventuelle endringar i kommunestruktur ( internt for våre 7), vil det vere få tilpassingar for å handtere dette, når felles installasjon er etablert.
- Mindre sårbart ved sjukdom for « smale» områder som t.d vederlag og faktura. Ved likt kodeverk og bruk, kan personell i ein kommune også utføre dette for fleire. Det er mulig å etablere interkommunale team med spisskompetanse for å utføre slike oppgåver for mange/ alle kommunar.

- Ein forventar kompetanseutvikling, kompetanseutveksling og kompetanseforvaltning i heile organisasjonen.
- Auka kvalitet på dokumentasjon, raskare oversikt over data for pasient, data vert lettare tilgjengeleg via mobile einingar og mobil samhandling mellom personell.
- Auka kvalitet på tenesteyting pga betre dokumentasjon, vil gi betre oversikt over tenestebehov og personale kan yte meir tilpassa tenester til fleire brukarar.
- Kvalitet på sak, teneste og tenesteyting, aukar kvalitet på KOSTRA-rapportering og gir betre samanlikningsgrunnlag kommunane mellom.
- Betre kontroll på tilhøvet mellom vedtak om teneste og reell tenesteyting er med å kvalitetssikre fakturagrunnlag. Dette kan vidare samkøyrast mot felles økonomisystem.( Anna delprosjekt, var planlagt til 2015).
- Samordne etablering og integrert bruk av velferdsteknologi og felles overvaking/ beredskap for dette.
- Innovativ bruk av informasjonsteknologi i dialog med brukar, pårørande, tilsette.
- Meir tilfredse brukarar og færre klagesaker, pga betre saksbehandlingsrutinar og betre samordning av tenesteyting/ dokumentasjon.
- Betre omdøme grunna auka tillit til tenesteytinga.

## 3.4 Leverandøroppgåver i prosjektet og avgrensingar

### 3.4.1 Leverandør sitt ansvar i høve til kontrakt

- Lage sluttrapport etter forprosjektet.
- Gjennomføre nivå- og kodeverkskonverteringar, inkludert testkonvertering.
- Ha ansvar for tekniske aktivitetar som fylgje av samanslåingsverktøyet, inkludert testsamanslåing.
- Vidareutvikle samanslåingsverktøyet tilpassa SSIKT.
- Formidle klart kva dei trengde bistand frå SSIKT vedkomande førebuingar og ressursrar ( både personell og teknisk utstyr)

### 3.4.2 SSIKT sitt ansvar i høve til kontrakt

- Tilrettelegging for forprosjekt og kartlegging.
- Sikre naudsynte og tilgjengelege ressursrar ( både personell og teknisk utstyr) inkludert naudsynt pålogging ved behov.
- Planlegge forvaltning og styring av Gerica i ein felles database og felles elektronisk journal.
- Handtere faglege og organisatoriske avklaringar fortløpande i prosjektperioden.
- Syte for testing og naudsynt kvalitetssikring i etterkant av tekniske aktivitetar.
- Eventuell naudsynt Gerica- opplæring for dei involverte kommunane.

### 3.4.3 Oppgåver utanfor kontrakt, som har vore SSIKT sitt ansvar

- Repeterande aktivitetar, som t.d mapping frå gamalt kodeverk over mot nytt. Dette vart utført *ein* gong av leverandør saman med ansvarleg personell ved SSIKT. SSIKT tok vidare ansvar for repeterande aktivitetar hjå øvrige kommunar.
- Kontroll og ajourføring av alle brukarar og tilsette utan komplette personnummer.

- Kontroll og samstemming av ulike koder for medikament med same namn, brukt ulikt i kommunane.
- Kontroll og samstemming av dokument og journalnotat med manglande kodar.
- Utarbeide og tilpasse nye sikkerhetsprofilar, roller, malar og signalturfiler.
- Gi råd og hjelp utanfor planlagde aktivitetar i prosjektplanen ( t.d ekstra beredskap

## 3.5 Juridisk avklaring i høve til felles database

Før oppstart av prosjektet vart det juridiske omkring overgang frå 7 til 1 database vurdert. «Forskrift om virksomhetsovergripende pasientjournal i formalisert arbeidsfellesskap» regulerer rettar og plikter i høve til tilgang til felles pasientjournalar t.d ved legekontor. For Gerica har vi ikkje gått inn i slikt formalisert arbeidsfellesskap – fordi vi ikkje deler journalar. Kommunar arbeider som før, med unntak av at databasen fysisk blir ein i staden for sju. Vi er då innafor dagens regelverk. Sjå også eksempel under med utklipp frå Normen sitt faktaark nr 46. Nivåinndeling i Gerica er lagt på kommunenivå, og nivåa fungerer då som logiske skilje. Vidare har tilsette tilgangsstyring basert på tenestelege behov både ut frå tenestenivå, tenestetype og kva oppgåver den tilsette faktisk skal utføre.

**Flere virksomheter kan ha felles EPJ-system / fagsystem, men det stilles krav til logiske skiller**

a) Flere virksomheter kan ha felles EPJ-system / fagsystem, men det er et absolutt krav at helseopplysningene som tilhører ulike databehandlingsansvarlige, lagres logisk adskilte fra hverandre. Eksempler:

- o To kommuner kan ha én installasjon/én lisens av et fagsystem, som ligger i et felles databasesystem, såfremt helseopplysninger fra ulike virksomheter lagres logisk adskilt. Brukernavn, passord og roller for å skille helseopplysninger for flere databehandlingsansvarlige er ikke tilstrekkelig. Se illustrasjon
- o En tjenesteyter - med selvstendig databehandleransvar - kan bruke kommunens fagsystem og database, såfremt helseopplysningene lagres logisk adskilt fra kommunens øvrige opplysninger. Dette kan eksemplifiseres ved at "Kommune B" i illustrasjonen byttes ut med "Tjenesteyter". Kommune A vil i et slikt tilfelle være databehandler for tjenesteyteren.




**Utklipp fra faktaark 46 fra Normen.**

Søre Sunnmøre-samarbeidet vil havne innunder denne regelen og er dermed ikke noen utfordring for dagens regelverk.

Det nevnes i teksten at det ikke er nok brukernavn, passord og rolle for å skille helseopplysninger. Her vil nivåene i Gerica komme inn. Pga. de kommende kommunevise nivåene, vil SSIKT ved sammenslåing kun få tilgang til helseopplysninger i egen kommune. Nivåene vil fungere som logiske skiller.

Alternativ 1
1. Hareid kommune
2. Herøy kommune
3. Sande kommune
4. Ulstein kommune
5. Vanylven kommune
6. Volda kommune
7. Ørsta kommune

21. Arkiv Hareid kommune
22. Arkiv Herøy kommune
23. Arkiv Sande kommune
24. Arkiv Ulstein kommune
25. Arkiv Vanylven kommune
26. Arkiv Volda kommune
27. Arkiv Ørsta kommune

## 3.6 Økonomi og ressursar

Budsjett for prosjektet ved SSIKT i 2014 og 2015 var på om lag 2 millionar pr år, inkludert utgifter til nye servere, arbeid med felles AD mv. Dette inkluderer også løn til prosjektleiar/ fagressurs og teknisk personell ved SSIKT, samt ulike utgifter til leverandør og konsulentaktivitetar. Prosjektet har som tidlegare nemnd for same periode fått 600 000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen i 2014 og 2015.

Kostnader for SSIKT driftssenter vert fordelt ut frå vedteken fordelingsnøkkel. Prosjektet har hatt eige prosjektnummer. Kommunale ressursar til systembrukar og aktivitetar for å følgje opp prosjektet lokalt, ligg i kommunale budsjett.

Prosjektet har følgt oppsett tidsplan og kostnadsramme jfr plan og kontrakt med leverandør. På grunn av noko manglande kunnskap på enkelte aktivitetar i prosjektet eller avsette ressursar i nokre kommunar i delar av prosjektet, vart det betydeleg meirarbeid for tilsette ved SSIKT. Det har likevel ikkje blitt belasta aktuelle kommunar i form av ekstra fakturering.

Innsparte kostnader ved prosjektet viste seg alt ved overgang til nytt år 2016 og ny oppgradering. Som eksempel kan nemnast oppgraderingskostnader, der ein for 2016 berre betaler lisensar for 1 installasjon og 1 meldingstenar. Normalt oppgraderer vi programmet 2 gongar per år. Tabell under har oversikt over estimerte kostnader for oppgradering, inkludert mva.

Elles har vi alt etter nokre månader med felles database gode erfaringar med redusert bruk av personell både ved SSIKT og i kommunane når det gjeld å ta i bruk nye funksjonar, feilsøk og tilpassingar av nye tenester, fordi det er kun ein stad å gjere endringar på, kun ein stad å skifte sertifikat, og kommunane har ein eins bruk. Dette gjer at same faggrupper i ulike kommunar, gjer ting på same måte, og kan gi bistand til kvarandre.

| Ekstern konsulentkostnad for: | 2 oppgraderingar | 3 oppgraderingar |
|---|---|---|
| 7 unike databaser og edi-tenarar | Ca 330.000,- | Ca 495.000,- |
| 1 felles database og 1 edi-tenar | Ca 50.000,- | Ca 75.000,- |
| Spart: | Ca 280.000,- | Ca 420.000,- |

## 4. FRAMDRIFTSPLAN OG PROSJEKTFASER




Forprosjektet var frå juni til desember 2014 med kartlegging av kvar enkelt kommune sin bruk av Gerica med tanke på koder, malar, modular og rutinar. Etter kartlegginga skulle kommunane einast om behov for tilsvarande i « nye» Gerica. Ein skulle diskutere kva manuelle rutinar ein hadde, som skulle endrast eller forenklast, og innspel på korleis sakshandsaming og tildeling av tenester skulle vere.

Våren 2015 diskuterte ein seg fram til felles « bakteppe» og avklaringar omkring kven som skulle gjere « kva». Det var ulike delfaser med hovudarbeid å førebu felles database, avklare og bli samd om felles rutinar, lage informasjon og gi opplæring i « ny» bruk av programmet. Dette medførte at kommunane måtte gjere endringar i eigen organisasjon mht. « kven som gjer kva, og når » som følgje av endra bruk av datasystemet. Det vart deretter utført nivåkonvertering, laga nye koder, sikkerhetsprofilar og roller for alle 7 kommunane.







Mai 2015 hadde vi interkommunalt kurs om KOSTRA og IPLOS, med over 40 deltakarar, for å oppnå felles kunnskap og forståing av kva som ligg bak begrepa, samt få betre samanlikningsgrunnlag for tenesteyting, kostnader mv. Det har vore noko ulik forståing og registrering av IPLOS i EPJ fram til prosjektstart. Prosjektet bad om bistand frå fylket i høve til undervising, men dei hadde ikkje kapasitet. Kurset vart då gjennomført ved lokale ressurspersonar; ved prosjektleiar samt dåverande teamleiar på økonomi i Ulstein.

For å auke kvalitet på dokumentasjon og innhald i pasientjournalen, har det vore viktig med felles opplæring og avklaringar i høve til journalinnhald; kva, kvar, korleis, kven og kvifor. Prosjektet arrangerte difor kurs i juni 2015 med om lag 130 deltakarar i bruken av PPS( *prosedyreverktøyet : «Praktiske Prosedyrer i Sykepleien»*) og kommunar har lokalt hatt internundervising i nye rutinar fortløpande. For saksbehandling vart det hausten 2015 gjennomført interkommunalt kurs i møtebok og sakshandsaming, med 80 deltakarar, delt på 3 dagar. Undervegs i året hadde prosjektleiinga fleire møter med interkommunal arkivgruppe, for å få avklart og etablert felles arkivrutine knytt til dokument frå Gerica.




Prosess med samanslåing av databaser byrja 26.10 og var sluttført 25.11. 2015, med ei kommune om gongen. Aktivitet per kommune var i tett samarbeid med personell frå

Side 289

leverandør, SSIKT og systembrukarane pr kommune, for å kontrollere at alt var OK. Prosessen gjekk etter planen, jf tidsløpet, om enn med nokre lange dagar.




## 5. NÅDDE VI MÅLET ?

Ja, prosjektet nådde hovudmålet med overgang frå 7 databaser og 7 meldingstenarar til 1 felles database og 1 meldingstenar, felles kodeverk, sikkerhetsprofilar, rutinar og bruk, innafor avsett tids og kostnadsramme. Innhald og historikk vart flytta over frå kommunane sine Gerica til felles database, med tilgongsstyring for alle kommunar, der ein fekk ivareteke personvern ved nye roller og nivå ut frå tenestebasert tilgang. Både leverandør og prosjektet i fellesskap med kommunane er stolte av det som er gjennomført !

Side 290

### 5.1 Kva har vi oppnådd- så langt ?

Drift av Gerica og meldingstenar er meir robust enn før, og det er enklare for IT å drifte 1 applikasjon, enn 7 av kvar sort. Vi opplever at det er enklare å avdekke feilsituasjonar, då kodeverk, profilar og tilgangar er sameleis og rutinar for bruk av program er like, uavhengig av kva kommune tilsette arbeider i. Det vert arbeidd med å oppdatere og lage fleire rutinar, ut frå fleire ulike bruksfelt enn ein har hatt tidlegare, og samstille med nyaste versjon av fagprogrammet.

Vi signerte fast oppgraderingsavtale med leverandør vinter 2016 og erfarer alt no reduserte kostnader og ressursinnsats, både for SSIKT og for leverandør, jf. tabell side 9.

Tilsette har fått enklare tilgang til fagsystemet via «single sign-on». Tilsette har no ei pålogging til kommunalt nettverk, men har tenestebasert tilgang til den/ dei kommunar ein yter tenester i, eller har oppgåver for. I løpet av desember 2015 tok alle kommunar i bruk mobil pleie for tilsette i heimetenestene, og dette gjer at tilsette har EPJ i « lomma» når ein er på oppdrag i heimetenesta, eller bakvakt kan logge seg inn via mobil. Tilsette har enklare tilgang til oppdatert EPJ, raskare oversikt over data for pasient, og har betre bakgrunnsinformasjon til å yte ei best mogeleg teneste. Innsparing av tidsbruk ved mobil pleie, gjer at fleire brukarar kan få hjelp, då tenesteoversikt er samordna og andre tilsette har ei samla oversikt over kva dei ulike pleiarar har som oppdrag pr. vakt og pr. eining.

For interkommunale tenester, eller der pasient får tenester frå fleire kommunar, har pasient likevel berre 1 journal, men tilsette har kun tilgang til det som gjeld pålogga rolle og

ansvar. Då kan vedtak om teneste gjerast i ein kommune, men ytast i anna. Dette gir betre oversikt og ein kan yte meir samordna og tilpassa hjelp.

Vi opplever alt no at regionen er styrka i høve til om det er sjukdom hos ressurspersonar i ei kommune. Då kan ein ringe og be om råd frå person i anna kommune. Fagressurs ved SSIKT har også strekt seg langt i å bistå kommunar i å hjelpe med systemoppgåver, som skulle vore utført av kommunane sjølve.

Vi har i løpet av prosjektet fått betre kunnskap om korleis dei ulike kommunar har nytta fagsystemet, og fått laga felles rutinar. Der vi har hatt behov for ekstra kompetanse, har vi hatt dialog med arkivgruppa, med leverandør og med andre kommunar som har same fagsystem. Vi har gjennomført kurs i KOSTRA/ IPLOS, kvalitet og dokumentasjon og bruk av PPS, samt hatt sakshandsamingskurs for tilsette i alle kommunar. Dette har medført at sakshandsaming og dokumentasjon i EPJ vert utført på meir eins måte i kommunane. Vi har delt kunnskap, og det er blitt auka fokus på betre kvalitet i sakshandsaming og journalinnhald generelt. Betre samkøyring i høve til sakstildeling, gir betre tal i høve til KOSTRA/ IPLOS og betre samanlikningsgrunnlag kommunane i mellom.

Etter innføring av mobil pleie har vi fått betre kontroll mellom vedtak om teneste og kva tiltak brukaren får, samt stoppe eller endre tiltak ved endra behov, opphald på sjukeheim eller sjukehus. Dette medfører betre kvalitet for fakturagrunnlag. Regionen har som tiltak i 2016 å etablere faktura frå Gerica til felles Agresso. Då vil god kvalitet på fakturagrunnlag gi enklare fakturakontroll og færre feil. Fakturaprosjektet er planlagt til hausten 2016.

Tilsette har etter omlegginga gitt tilbakemeldingar på at det har vore mykje nytt siste året. Samstundes er alle 7 kommunar svært nøgde med at vi har fått teke i bruk mobil pleie, og vil ta det i bruk for fleire faggrupper i løpet av 2016. Tilsette meier dei brukar mindre tid enn før på feilbesøk, dei har EPJ i « lomma» og kan raskt både få kontakt med og ha oversikt over andre tilsette, og kan få bistand når aktuttsituasjonar oppstår.

Vi vonar at betra og meir samkøyrte rutinar i høve til sakshandsaming og tildeling av teneste, kan gi betre omdøme og færre klagesaker, samt betra omdøme både frå tenesteytar og tenestemottakar. Men det er for tidleg å hente ut talmateriale på dette etter prosjektslutt.

Mange av gevinstane er det vanskeleg å talfeste og måle objektivt. Førebels har vi konkret info om endra kostnad og ressursinnsats i høve til ajourhald og oppgradering av 7 databaser mot 1 database og overgang til 1 meldingstenar. Vi har også redusert innsats i høve til å lage og gjennomføre felles rutinar, mot at kvar kommune lagar sine eigne.

Gjennom prosjektperioden og vår 2016 har ein følgt prioriteringar som vart lagt hausten 2014 som tiltak i handlingsplan, med bruk av nye funksjonar og tenester som ikkje var i bruk i Gerica før samanslåinga. Dette har ført til meir rasjonell bruk av fagsystemet, men det har vore mykje nytt å sette seg inn i på kort tid, både for SSIKT og kommunar. Det er viktig å få ei stabil periode no, slik at det som er nytt får etablere seg og at kommunar får ajourføre det ein har hatt « etterslep» på. Det vil likevel kome krav frå partar i sjukehus og legekontor mv, som fordrar vidare bruk av elektronisk samhandling, og dette må følgast

opp jf. nasjonal og regional utrulling, som vi ikkje styrer. Per i dag hadde det ikkje vore mulig å følgje slike nasjonale krav, utan å ha etablert felles database, felles drift og forvaltning. Nasjonale krav for inneverande og komande år, er vidare satsing på velferdsteknologi integrert mot fagsystem, og handtering av ulike alarmar, sporing, eRom, medisindispensarar mv. Noverande fagressurs ved SSIKT kan dekkje det som har med teknisk oppsett og rutinar, men kommunane må sjølve endre sin organisasjon for å handtere nye og andre oppgåver enn før. Så her er det viktig at ein hentar ut gevinstar i form av å gjere ting annleis enn før og teikne eigen organisasjon på nytt.

## 5.2 Risiko i prosjektet

Det er risiko i alle prosjekt at ressurspersonar sluttar eller av anna årsak ikkje kan ferdigstille prosjektoppgåver. Ved SSIKT og leverandør prøvde ein å sikre dette ved å ha eit team på begge sider, samt dokumentasjon undervegs i prosessen, slik at andre i teamet kunne overta om naudsynt, eller fordele oppgåver. Sentrale ressursar var tilgjengeleg gjennom heile prosjektet. På kommunesida opplevde vi nokre kommunar med skifte av ressurspersonar, eller at det ved lengre fråvere ikkje vart kompensert med tilsvarande ressurs. Det vart difor noko meirarbeid for SSIKT, då ein måtte inn og overta oppgåver som kommune sjølv skulle teke ansvar for eller hatt kunnskap om.

Som del av omlegginga fekk registrerte tenestemottakarar, tilsette, legar mv. nye nummer/ « identar». Dette medførte at ved samhandling mot NAV for vederlag i institusjon, på eksisterande brukarar, måtte det gjerast ei omlegging også hos NAV sitt datasystem. For dei tre fyrste kommunane i konvertering; Herøy, Volda og Ørsta, vart det forseinkingar og enkeltfeil for nokre brukarar. Feila bestod i at nokre trekk vart doble, andre vart ikkje trekt i det heile. Dette førte til mykje ekstraarbeid for dei tre kommunane, i å kome ajour med trekk og informere brukarane. Teknisk ressurs hos leverandør burde hatt betre dialog med kommune før massetrekk vart sendt, for å forhindre ein del av desse feila. Feil vart retta undervegs og gjaldt ikkje dei siste fire kommunane.

På teknisk side hadde konsulentar frå leverandør utfordringar i høve til påkopling vår 2015 og med aukande vanskar utover hausten. Her skulle det vore tydelegare krav og tettare dialog mellom teknisk personell på begge sider, så vanskane kunne vore løyst før, og på ein smidigare måte. Løysinga kom etter sterkt påtrykk frå leverandør før hovudsamanslåing og hovudkonverteringa kom trygt i mål.

## 5.3 Kva har vi ikkje oppnådd, og kvifor ?

Ikkje alle rutinar er oppdatert endå etter siste omlegging og oppgradering, men SSIKT arbeider fortløpande med å lage rutinar for kvart fagområde og det skal vere på plass i løpet av året. Vinter og vår 2016 har fagressurs ved SSIKT brukt ekstra ressursar i høve til opplæring og avklaringsmøter i kommunar, for å bistå kommunar sine systembrukarar, halde sakshandsamingskurs og lagt til rette for opplæring av systembrukargruppa. Dette er medverkande årsak til at arbeid med oppdatering av alle rutinar ikkje er klare pr. d.d.

Ikkje alle kommunar har pr. mai 2016 fått eit fullgodt system med fast ressurs for systembrukar, ansvar og oppgåver i eiga kommune. Fagressurs ved SSIKT har brukt meir

ressursar mot kommunane gjennom heile prosjektperioden enn ein såg føre seg på førehand. Det vert arbeidd med å få betre avklaring om slik systembrukarressurs våren 2016 for nokre kommunar.

Kunnskap om korrekt bruk av fagsystemet, har endå ikkje kome « langt nok ut» til alle tilsette. Her må kommunar lage seg system for opplæring og informasjon til tilsette, og etablere gode forvaltningssystem og fordele ansvar, så rutinar vert følgt opp lokalt. Nokre kommunar har etterslep i høve til sakshandsaming, og det medfører ekstra innsats no for å kome ajour. Det same gjeld for KOSTRA/ IPLOS og kvalitet i journal.

Nokre kommunar har raskt endra rutinar og tilpassa eigen organisasjon til ny bruk av fagsystem og modular, som t.d flytta ressursar internt grunna innsparing ved mobil pleie. Alle kommunar må sjå med «nye auge» på eigen organisasjon, og endre arbeidsrutinar ut frå ny kunnskap og nye hjelpemiddel. Dette er eit utfordrande, men naudsynt arbeid, då det grip inn i organisasjon, arbeidsoppgåver og kven som gjer kva. Mange tilsette vegrar seg for endringar, og vil gjerne behalde manuell rutinar eller motarbeide endringane. Her er leiargruppa og ressurspersonar viktige lagspelarar pr. kommune, for å best mulig utnytte nye hjelpemiddel.

## 6. EVALUERINGAR FRÅ LEVERANDØR OG KOMMUNAR

Leverandør har gitt gode tilbakemeldingar på tett samarbeid og prosjektteam som var stabilt gjennom heile prosjektet. Gjennom heile 2015 hadde leverandør faste interne møter og faste møter med SSIKT. Det vart utarbeidd vekelogg som vart delt med både leverandørteamet og SSIKT. Kanskje vekeloggen også burde vore spreidd til kommunesida. Vi viser elles til eigen evalueringsrapport, jf. Vedlegg i kapittel 9.

Kommunar har gitt tilbakemeldingar på prosjektet at det var tidkrevjande, men samstundes fekk ein kontrollert eigen database og fekk betre kjennskap til korleis systemet var bygd opp, og forståing av korleis datasystem og tilgangar heng i hop. Kommunane fekk oversikt kva som var i eige system, kva ein hadde av dokumentasjon, og kva som måtte ajourførast. Nokre kommunar hadde- og har framleis ein del før ein er ajour. Kommunane synest det var vanskeleg å vite eksakt kva ein skulle teste i fase to. På bakgrunn av dette utarbeidde SSIKT eigne sjekklister til fase tre, og det vart då enklare for kommunane.

Ein del kommunar følte at det vart ein del dobbeltarbeid, då kommunar fyrst utførte test og kontroll, medan det dei ikkje hadde tilgang til, måtte SSIKT kontrollere i etterkant.

Dei kommunar som hadde hatt vidaste roller frå før, møtte størst motstand hos tilsette, og der var det størst behov for repeterande informasjon. Vanylven hadde fakturering før prosjektet, og fekk ein del følgefeil, som burde vore fanga opp av leverandør som kjente godt til korleis fakturareglar der var sett opp. Her vart det ein del ekstraarbeid for Vanylven i overgangen melom gamal og ny database og SSIKT måtte gå fleire rundar før ein fekk avklart ein del punkt. Dette førte til unødig ekstraarbeid knytt til nokre tenester i Vanylven, og dermed ekstra slitasje der.

Kommunane har hatt PPS som praktisk prosedyreverktøy lenge, men fekk ikkje dette til å fungere etter konverteringa. Både leverandør og SSIKT brukte ein del arbeid på å finne årsak til feil. PPS har fungert greitt sidan vinter 2016.

Kommunar har gitt tilbakemeldingar på at prosjektet har ført til avklaring og oppgåvefordeling mellom SSIKT og kommunar, der det no er enklare oppgåver for systembrukarar pr. kommune, oppgradering vert handtert felles og eins rutinar og malar gjer det enklare å ha opplæring i eiga kommune. Det har vore lettare å undervise om bruken av fagprogrammet i eigen organisasjon, når det er eins i alle kommunar.

Kommunane har gitt god tilbakemelding på at SSIKT har gitt rask oppfølging og bistand. Alle har fått hjelp innan kort tid. Nokre kommunar etterspør likevel om teamet ved SSIKT burde vore større, om det kan vere sårbart med fagressurs delt på berre to personar.

Mobil pleie vart teke i bruk av alle kommunane i desember 2015, etter gode innspel frå Herøy og Volda som hadde vore pilot frå våren 2014. Det hadde ikkje vore mulig å ta i bruk mobil pleie i 5 kommunar samstundes og så raskt og smertefritt som det gjekk, utan at databaseprosjektet hadde vore gjennomført. Mobil pleie var ikkje del av prosjektet, men ein følgjekonsekvens, som kommunane alt etter kort tid ser gode gevinstar av.

SSIKT er samla sett godt nøgd med det arbeidet leverandør og deira prosjektteam har levert. Det har vore ein tett og god dialog gjennom heile prosjektet, og SSIKT har fått god oppfølging undervegs.

## 7. GEVINSTAR OG HANTERING FOR VARIG DRIFT

Sjå også utfyllande informasjon i punkt 5.1.kapittel 5.1.

- Meir robust drift teknisk og fagmessig. For teknisk drift har vi beredskap 24/7/365, og dei tek kontakt med fagressurs om det er behov for det. Det krev mindre å drifte 1 enn 7 ulike installasjonar, og oppgradering vert rimelegare og tek mindre tid.
- Kommunane held på med å avklare kommunalt system med systembrukarar og superbrukarar. Det kan vere ansvar for mobilar, arbeidslister, sakshandsaming mv. Kommunar med klart ansvar har lukkast best. Eit godt døme er at Herøy har ein vaktmeister som har det tekniske ansvaret for mobiloppsett i sin kommune- i dialog med lokalt IT.
- Enklare pålogging for tilsette og mobil pleie gir raskare dokumentasjon av helsehjelp og betre grunnlag for å yte rett teneste der og då.
- Mobil pleie kan nyttast i tilfelle der kommunale linjefeil ikkje gir tilgang via pc, då mobilar går direkte via driftssenteret.
- Pasientar som har tenester i ulike kommunar, har likevel ein samla journal for same type teneste, og helsehjelpa vert betre ivareteken.
- Kommunane har fått felles rutinar i høve til arkiv og sakshandsaming. Her ser vi at det er kommunar med klart definerte tildelingskontor eller team, som har best oversikt over saker. Her er det ein veg å gå for dei mindre kommunane.
- Kommunane brukar mindre tid på feil eller å finne ut av korleis ein skal bruke program eller modular enn før. Samstundes har kommunane teke i bruk fleire modular, som krev noko ekstra i innføringsfasen. Då er det viktig å dele oppgåver utover i eigen organisasjon.
- Auka kunnskap om IPLOS/ KOSTRA- rapportering, gjer at ein kan redusere feil ved rapportering. Helse om omsorgsdepartementet kom med nye IPLOS-punkt i 2015,

noko som gjer at det er nye punkt å oppdatere, men vi reknar med reduserte feil neste år.

Ved SSIKT er det avsett fagressurs på 1,3 årsverk som tek hand om forvaltning, oppsett, overordna meldingskontroll og feilsøk. Desse hjelper til med saker systembrukar i kommunar ikkje finn ut av sjølv, eller bistår med kontroll og kontakt mot teknisk drift og mot leverandør. Kommunane har fått raskt hjelp.

Regionen bør vurdere om det for « smale» fagområder, som vederlag institusjon, faktura og ansvar for mobiloppsett t.d, bør opprettast team med nokre få personar med spisskompetanse som kan utføre slike oppgåver for mange/ alle kommunar.

SSIKT er ein ung organisasjon, og ikkje alle formelle avtaler er på plass endå- for det som har med driftssenteret sine oppgåver å gjere. Vinter 2015/ vår 2016 har det pågått eit større arbeid med å utarbeide avtaler omkring kva oppgåver som ligg til kommunar vs. SSIKT Driftssenter, samt det forvaltningsmessige, korleis saksgong og handlingsprogram skal vere forpliktande i høve til dei kommunar ein yter hjelp. Når alle avtaler er på plass, vil det klarare seie noko om kva som er kommunalt ansvar og kva som ligg til SSIKT.

Det er etablert driftsgruppe med medlemmer frå kvar kommune, som har faste møter for avklaringar, rutinar og opplæring av systembrukarane. Rutinar vert oppdaterte fortløpande vår 2016, ut frå ny funksjonalitet og ny versjon av EPJ. Arbeid med ROS-analyser vert viktig punkt å gjennomføre i 2016, både ved SSIKT og i den enkelte kommune, etter at grenseoppgang er definerte i avtaler.



## 8. OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE

Fellesprosjektet omfattar over 2600 tilsette som brukar fagprogrammet regelmessig, og alle har i ulik grad opplevd endringar som del av prosjektet. Vi ser at kommunane før fellesprosjektet har brukt programmet svært ulikt og har ulik kunnskap om ulike funksjonar. Nokre kommunar har hatt tildelingskontor eller team med ansvar for storparten av saksgong og tildeling av tenester. Det er også ulikt korleis kommunar har organisert undervising og oppfølging av nye funksjonar i programmet, for eiga kommune. Her må kvar kommune finne sin eigen veg, men det er viktig å dele oppgåver utover, så det ikkje blir for sårbart eller at saker hopar seg opp. Nokre kommunar har alt endra delar av sin organisasjon i høve til « kven gjer kva, kva tid». Det er også noko etterslep i høve til ajourhald, før rutinar, hjelpetekst og filter som er laga for gode oversikter og rapportar, fungerer som dei er tenkt- for alle. Her blir fortløpande ajourhald og dokumentasjon viktig.

Elektronisk meldingsutveksling har heile prosjektperioden endra seg ved nye meldingstypar og nye aktørar. Her er det etablert gode rutinar, der vi ser at meldingane vert handtert både i helg og yrke. Kommunane på søre Sunnmøre får gode skussmål i dette arbeidet. Vi samarbeider tett med Hf om vidare breidding av meldingar og aktørar, og tek også høgde for vidare bruk av mobil pleie, eRom ved institusjon og mottak av ulike signal frå velferdsteknologi komande år.

Formell avtale mellom SSIKT driftssenter og kommunar skal på plass medio 2016, inkludert organisasjon og saksgang. Dette vil tydeleggjere ansvars og oppgåvefordeling

mellom SSIKT og kommunar, og begge partar kan sette krav til kvarandre. Kommunane på søre Sunnmøre går i rett retning- i lag, men det tek tid å snu store organisasjonar. Vi er på rett veg.

Hareid den 24.mai 2016

Evelyn Haram Larsen

Evelyn Haram Larsen,

Prosjektleiar

# 9 VEDLEGG

## 9.1 Prosjektplan

## 9.2 Søknad om skjønnstilskot, Fylkesmannen, mars 2014

## 9.3 Forprosjektrapport leverandør nov 2014

## 9.4 Rapport til Fylkesmannen januar 2015

## 9.5 Søknad om skjønnstilskott, Fylkesmannen, mars 2015

## 9.6 Rapport til Fylkesmannen januar 2016

## 9.7 Oppgåver og ansvar SSIKT og kommunar, januar 2016

## 9.8 Sluttrapport frå leverandør, februar 2016

## 9.9 Evaluering frå leverandør, februar 2016

# INFO:
# * Felles database Gerica- Sluttrapport
# * Status og utfordringar pr d.d




Evelyn Haram Larsen, prosjektleiar SSIKT

ssikt.no

# Kort bakgrunn:

- 2009: Rådmannsgruppa > « Virtuell region 2015 » og ulike prosjektgrupper; ePhorte, Sak/ arkiv, Gerica, IT drift.
- 2010: Forprosjekt « Gerica drift og utvikling», anbefaler felles drift og samordning – mht. elektronisk samhandling, døgndrift og beredskap.
- 2011: Politiske vedtak om felles driftssenter, med fordeling av utgifter. NORMEN-kurs for nøkkelpersonell alle 7 kommunar.
- 2012: Prosjektleiar tilsett, flytting av 7 Gerica til Hareid, oppkobling mot NHN, tilpassingar, oppstart drift eMeldingar frå sjukehus des- 12.
- Lite å spare med 7 ulike innstallasjonar, 7 meldingstearar, ulik bruk, ulike tilgongar, mykje arbeid med feil, rettingar, opplæringar mv.
- Vart prioritert å etablere felles database og 1 meldingstenar med prosjektoppstart 2014, lagt inn i handlingsprogram for perioden 2014-2017, og søkje om skjønnsmidlar til delar av utgiftene. Vi fekk 0,6 mill x 2.

# Prosjektmandatet = Felles forpliktande mål

- Felles AD skal vere etablert for alle 7 kommunar innan utgangen av 2014.
- Sju databaser for Gerica skal samordnast til ein felles database med felles kodeverk, tilgongsprofilar, malar og rutinar for bruk innan utgangen av 2015. Prosjektgruppa får mynde til å vedta kodeverk m.v for kommunane.
- Teknisk oppsett og val av funksjonar skal veljast utifrå planar om auka bruk av mobile einingar, fakturagrunnlag frå Gerica mot ein felles Agresso-installasjon *( eige prosjekt frå 2015-2016)* samt integrasjon mot ulike former for velferdsteknologi.
- Sju meldingstenarar for å handtere elektroniske meldingar via NHN skal samlast til ein. Oppsett av kommunikasjonspartar skal forenklast og ein må etablere rutinar for dagleg kontroll, beredskap og drift knytt til elektronisk meldingsutveksling.
- Arbeid med internkontrollsystem for informasjonstryggleik som stettar Normen sine krav, skal vidareutviklast.
- Innan utgangen av 2015 skal det vere utarbeidd gode rutinar på beredskap, drift og support for personell ved SSIKT driftssenter, samt avklart grenseoppgang for kommunalt ansvar kontra SSIKT. Frå 2016 blir prosjektaktivitet lagt inn som ordinære arbeidsoppgåver ved driftssenteret.

# Mål/ Gevinstar for prosjektet

- Robust drift, ajourhald og rutinar for IT og fag, som ville gi meir einsarta beredskap/ support og færre feilsituasjonar.
- Reduserte kostnader knytt til lisensiering og bruk av konsulentar.
- Enklare pålogging for tilsette. Mobil pleie gir oppdatert helseinformasjon « på staden» og dokumentasjon blir fortløpande. Tilsette kan arbeide på tvers av kommunegrenser, med ulike roller, men same ident. Ved sjukdom på « smale områder» kan ein hjelpe andre kommunar. Interkommunal team med spisskompetanse kan utføre oppgåver for mange/ alle kommunar.
- For interkommunale tenester, kan vedtak om teneste gjerast i ein kommune, men ytast i ein anna. Aktuelt personale har tenestebasert tilgong, som gir god oversikt og ein kan yte meir samordna og tilpassa hjelp.
- Ved eventuelle endringar i kommunestruktur ( internt for våre 7), vil det vere få tilpassingar for å handtere dette, når felles installasjon er etablert.
- Vi forventar kompetanseutvikling, kompetanseutveksling og kompetanseforvaltning i heile organisasjonen, med auka kvalitet på dokumentasjon. Tilsette kan yte hjelp til fleire brukar.
- Gode rutinar for sakshandsaming aukar kvalitet på KOSTRA-rapportering og betre samanlikningsgrunnlag kommunane mellom. Betre kontroll på vedtak vs reell tenesteyting kvalitetssikrar fakturagrunnlag. ( Delprosjekt 2016: Faktura frå Gerica til Agresso) .
- Meir tilfredse brukarar og færre klagesaker, pga betre saksbehandlingsrutinar og betre samordning av tenesteyting/ dokumentasjon.
- Betre omdøme grunna auka tillit til tenesteytinga.
- Etablere teknisk plattform som kan handtere samordning med ulik type velferdsteknologi m.v.

PROSJEKTFASER:

Forprosjekt juni- des 2014
Nivåkonvertering des 2014- febr 2015




Kodeverkskonvertering mars- juni 2015
- Inkl kurs KOSTRA/ IPLOS og kvalitet/ dokumentasjon




Samanslåing sept- oktober 2015
Produksjon oktober- november 2015
- Inkl nye malar og kurs i møtebok og sakshandsaming




Ferdigstilling og evaluering des 2015- januar 2016

# Nådde vi målet ?

**JA ☺**

- Overgong frå 7 databaser + 7 meldingstenarar til 1 felles database og 1 meldingstenar
- Felles kodeverk, sikkerhetsprofilar, malar, rutinar og bruk
- Innafor avsett tids og kostnadsramme.
- Innhald og historikk vart teke med frå kommunane sine Gerica til felles database, - ivareteke personvern ved nye roller og nivå ut frå tenestebasert tilgang.
- Både leverandør og prosjektet i fellesskap med kommunane er stolte av det som er gjennomført !

**MEN……….der er er nokre utfordringar……….**

# Nokre gevinstar- så langt

- Meir robust drift teknisk + fag,- teknisk drift med beredskap 24/7/365
- Reduserte utlegg til leverandør og personell for vedlikehald, oppgradering, drift og support.
- Dei fleste kommunar har etablert fagressurs på min. 2 systembrukarar. Kommunar som har fått etablert system med systembrukar og superbrukarar t.d for ulike « modular/ funksjonar, evnar å undervise godt i eiga kommune. Enklare pålogging for tilsette og mobil pleie gir raskare dokumentasjon av helsehjelp og betre grunnlag for å yte rett teneste der og då.
- Mobil pleie har spart tid og ressursar og sikrar pasient best mulig teneste, samt gir betre utnytting av personell. Nokre kommunar har alt tilpassa eigen organisasjon. Mobil pleie kan også sikre bakvakt betre grunnlag for personell på vakt. Pasientar som har tenester i ulike kommunar, har likevel ein samla journal for same type teneste, og helsehjelpa vert betre ivareteken.
- Kommunane har fått felles rutinar i høve til arkiv og sakshandsaming- men ikkje alle har teke dei i bruk.
- Kommunane brukar mindre tid på feil eller å finne ut av korleis ein skal bruke program eller modular enn før. Samstundes har kommunane teke i bruk fleire modular, som krev noko ekstra i innføringsfasen. Då er det viktig å dele oppgåver utover i eigen organisasjon.
- Auka kunnskap om IPLOS/ KOSTRA- rapportering, gjer at ein kan redusere feil ved rapportering. Ajourhald knytt til sak/ teneste må prioriterast.

# Oppfølging vår 2016- nye funksjonar- kan gi auka kvalitet

- Helsekort/ ny laboratoriemodul: Rask/ enkel oppdatering ( også via mobil)
- Oppslag /oppdatering via Folkeregister ( korrekt adresse, pårørande mv )
- Import av skattedata- Inntektsopplysningar
- Ny tiltaksplan- Betre dokumentasjon på brukar sine behov og utført hjelp- jf krav ved tilsyn >( seinast mai 2016)
- Gerica Plassadministrasjon: Verktøy for handtering av plassar i institusjon og bustader, venteliste, oversikt over innlagte i sjukehus, tildeling, logistikk, rapportar. *( integrert med saks-funksjon for aktuelle tenester)*

# Utfordringsbildet- knytt til prosjektmål-sakshandsaming

## Kommunesamarbeid frå 2006:

- Auka fokus på ajourhald knytt til nytt lovverk, nye krav og nye funksjonar i program
- Intern opplæring og fordeling av ansvar.
- Dei 2 minste kommunane hadde ved oppstart av prosjektet størst etterslep, særleg i høve til sak og forvaltning.
- Dei største kommunane har meir gradvis endra sin organisasjon gjennom åra 2006 fram til d.d, m.a ved tildelingskontor eller saksbehandlarteam med spisskompetanse.

## Status mai 2016:

- 1 kommune har pr d.d ikkje tilpassa organisasjon ( kven gjer kva) eller fått rydda i sak og tenestetildeling, slik at ein kan gjere nytte av tilpassingar og hjelpemiddel som ligg i ny database.
- Alle kommunar har ulike grader av manglar knytt til KOSTRA/- IPLOS- opplysningar.
- Alle kommunar har ulik grad av manglar i høve til rutinar/ vedtak om tvang

## For sakshandsaming, tildeling av tenester og KOSTRA/ IPLOS ynskjer vi:

- Pålitelege postlister frå Gerica- og rutiner for arkiv
- At søknader vert handtert korrekt innafor aktuelle fristar
- At sak og vedtak har korrekt innhald, vurdert ut frå korrekt lovverk, og tenester tildelt med behovsprøvd omfang og tidestimat. Informasjon om innsynsrett og klagerett må opplysast om, sameleis betaling, eller anna relevant informasjon til aktuell sak.
- Lett oversikt over ubehandla saker pr kommune eller eining eller pr sak
- Enkelt oversikt av pasientflyt kommune/ sjukehus og dermed kontrollere om HF har følgt inngått samhandlingsavtale i høve til varsling ( for å redusere liggedøgnsbøter ) .
- Enkel oversikt liggedøgn institusjon eller eining, ventelister til sjukeheimsplassar eller bustader, eller oversikt over ledig kapasitet fram i tid- institusjon, for t.d tildeling av forutsigbare avlastningsplassar, ø hjelp osv.
- Innarbeide avtalte rutinar- slik at KOSTRA/ IPLOS info vert fortløpande ajourført, for å auke kvalitet på rapportert grunnlag, og redusere skippertak eller etterslep.

Vi **HAR** god programvare, skrivne rutinar og har gjennomført opplæring i ALT dette *( minus Hareid- for Plassadm)* - men det nyttar ikkje dersom den enkelte kommune IKKJE tilpassar eigen organisasjon til å innarbeide det i dagleg bruk.

SAK og tildeling av tenester er det som « bind» storparten av Pleie/ Omsorg/ Velferd sine midlar…….

# Systemressurs/ kommunal oppfølging:

Prosjektet hadde delt ansvar: 1 del Leverandør, 1 del SSIKT personell og 1 del oppgåver utført lokalt. 2 kommunar hadde ikkje dedikerte systemressursar delar av prosjektperioden.

Konsekvens= Redusert informasjon og dialog for desse to kommunane sine tilsette og leiarar- og meirarbeid for SSIKT.

Frå januar 2016 er det etablert ei fast driftsgruppe med regelmessige møter/ opplæring via SSIKT. Oppgåvefordeling mellom SSIKT og kommunar er laga. Systembrukarar pr kommune ( min 2 personar, gjerne ulik fagbakgrunn) skal deretter –via utarbeidde rutinar/ manualar- syte for oppfølging og opplæring i eiga kommune.

Kven bestemmer ?

- Lokal fagressurs? - så kommunen kan følgje opp lokalt - opplæring, kontroll og ajourhald
- Saksgang og vedtak( inkludert KOSTRA/ IPLOS)?- så det er i samsvar med vedtekne rutinar/lover

Prosjektleiar tek gjerne møter med aktuelle kommunar om det er ønskeleg

Det må i samband med arbeid knytt til SLA mv for SSIKT avklarast nærare ansvar

# Avklaring omkring ansvar for 2 pkt:

**Saksgang og mynde- for tiltak i handlingsprogram: KVAR ligg ansvaret ?**

- SLA og rammeverk omkring SSIKT var tenkt å vere på plass i 2015. Siste året vore litt « vakuum» korleis saksgang til strategigruppa skulle vere.( og kven som skal snakke med/ informere/ bestemme kva).
- Eksempel: Gerica Plassadministrasjon, ønska frå Volda i 2014, og prioritert frå Gericaforum i fjor vinter – etter dialog i eigne kommunar. Strategigruppa tok dette med som prioritert tiltak i sitt budsjettframlegg våren 2015. Ved gjennomgong av tiltak- i møter med rådmannsgruppa, vart alle tiltak kort forklart, for vidare budsjettarbeid i eiga kommune. Tiltaket vart ikkje nedstemt eller stilt spørsmål ved i nokon kommunar- før få dagar før opplæring.
- 2 kommunar brukar IKKJE PLA i dag. Dette vil gi konsekvens- ved ulik bruk, ulike rutinar- særleg til sakshandsaming og fakturagrunnlag. Vi må unngå liknande saker.

**Legekontor/ fastlegar som ikkje oppfyller nasjonale krav til bruk av eMeldingar** eller kontroll/ daglege rutinar/ Normen. SSIKT har ikkje mynde her,- rådmenn ?

# Spørsmål ?


Evelyn Haram Larsen, prosjektleiar evelyn.haram.larsen@ssikt.no Mobil 97 50 79 04

Norunn Masdal Vartdal, fagressurs norunn.vartdal@orsta.kommune.no Mobil 911 64 966

Eg ber om at vedlegga vert sendt som orienteringssak for driftsstyret ved neste ordinære utsending. Dokumenta bør også gå vidare til kommunestyret som orienteringssak.

Mvh

Rune

**Fra:** Evelyn Haram Larsen
**Sendt:** 10. juni 2016 15:16
**Til:** Wenche Solheim
**Kopi:** Rune Sjurgard
**Emne:** VS: Sluttrapport, prosjektplan og presentasjon- skrivebord

Hei og takk for i dag.

Vedlagt er signert rapport + presentasjonen eg gjekk gjennom i dag. Det kan du sende ut i lag med referatet.
Kanskje legge ved som referat- politisk møtereferat.

No er Gerica i drift- og nokre telefonar igjen ☺

Med helsing

**Evelyn Haram Larsen | Prosjektleiar**
SSIKT Driftssenter
SSIKT

SSIKT logo

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Utskrift til:
Arbeidsgruppa som arbeider med lønspolitikk
Kommunestyret

Kopi til:
Berit Lyngstad

Interne kopimottakarar:
Personal- og organisasjonsstaben Berit Lyngstad

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2016/846 | 7238/2016 | 081 | SVK/ SONHAV | 15.06.2016 |

_

**MELDING OM VEDTAK I ADMINISTRASJONSUTVALET - LØNSPOLITIKK - PROSESS FRAM MOT VEDTAK**

Vi melder med dette frå at administrasjonsutvalet den 27.05.2016, hadde føre ovannemde som sak PS 7/16, der det vart gjord slikt vedtak:

***Administrasjonsutvalet tek prosessnotatet til vitende.***

Med helsing

Sonja Håvik
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*


Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
Telefaks: 70058701
www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Birgitte Sævik Pedersen | Arkivsak nr.: | 2016/846 |
| | | Arkivkode: | 081 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 7/16 | Administrasjonsutvalet | 27.05.2016 |

**LØNSPOLITIKK - PROSESS FRAM MOT VEDTAK**

**Handsaming:**
Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Administrasjonsutvalet tek prosessnotatet til vitende.*

**Røysting**:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i administrasjonsutvalet - 27.05.2016**
***Administrasjonsutvalet tek prosessnotatet til vitende.***

**Administrasjonen si tilråding:**

**Samandrag av saka:**
I administrasjonsutvalsmøte 12.021.2016 var sak om «Debatthefte - KS spør» Hovudtariffoppgjeret 2016 oppe til handsaming.
Administrasjonsutvalet drøfta det vidare arbeid i Volda kommune vedkomande tariff og lønsforhandlingar. Volda kommune sin lønspolitiske plan er frå 2005. Det er nedsett eit partsamansett utval som skal jobbe med planen. Målet er å få på plass ein plan før hovudforhandlingane hausten 2016. Administrasjonsutvalet gjorde vedtak om at prosess, tema og den lønspolitiske planen skal handsamast i administrasjonsutvalet.

**Saksopplysningar:**

Den partsamansette gruppa består av tre frå arbeidsgjevar sida og tre frå arbeidstakarsida. Arbeidsgjevar er representert ved personalsjef, opplæring- og oppvekstsjef og helse- og omsorgssjef. Desse er utnemnt av rådmannen. Frå arbeidstakarsida er Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Norsk sykepleierforbund valt som representantar. Arbeidsgjevar stiller med sekretær i arbeidet.

Arbeidsgruppa har fram til no hatt fem møter i perioden 29.03 – d.d.

Prosessen og vidare framdrift er tenkt slik:

| 24.mai | 27.mai | 31.mai | 1. juni | 2.juni | Juni | August |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Innspel frå arbeids-takarorg. | Sak vedk. prosess i Adm. | Gjennomgang og innspel frå leiargruppa | Arbeide med innspela | Møte i arbeids-gruppa | Endeleg utkast til arbeids-gruppa for godkjenning | Vedtak lønspolitikk i Adm. |

Tema som ein har teke utgangspunkt i er:

- Kommunen sine mål for 2016 – 2019
- Forholdet til uorganiserte
- Når skjer lønsfastsetjing og av kven/korleis
- Likelønsperspektiv
- Rekruttere og behalde
- Kriterium for lønsfastsetting
- Kompetanseløn
- Funksjonar og funksjonstillegg
- Leiarstillingar og kriterium for vurdering

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen finn at ambisjonsnivået i 2016 ikkje må vere for høgt, då vi har mange store parallelle prosessar på gang. Det viktige i denne omgang er å få lagt nokre felles prinsipp for forhandlingane til hausten. Desse bør byggje på ei vurdering av situasjon og utfordringar sett frå båe partar. Vi får då ein første generasjon lønspolitikk i år innanfor eit realistisk ambisjonsnivå. Denne politikken bygg vi vidare på neste år, slik at vi får ein meir fullstendig politikk kopla til arbeidsgjevarstrategien som skal vedtakast seinare i år.

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
Personalsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Arbeidsgruppa som arbeider med lønspolitikk
Kommunestyret

# VOLDA KOMMUNE
## Opplæring og oppvekst

Ørsta kommune
Dalevegen 6

6153 ØRSTA

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2016/1093 | 7846/2016 | B20 | OPP/ PERKON | 29.06.2016 |

**PPT - OPPSEIING AV SAMARBEIDSAVTALE MED ØRSTA KOMMUNE**

Vi viser til avtalen om sams pedagogisk psykologisk teneste (PPT), signert av Ørsta kommune 18.05.15 og Volda kommune 13.05.15.

I den dialogen som har vore mellom kommunane om PP-tenesta, har det kome fram at PPT har vanskar med å levere dei tenestene som er forventa.

Ved einingsleiar skule, har Ørsta kommune orientert formannsskapet i Volda om stoda, og Ørsta konkluderer med at tenesta ikkje kan halde fram i den forma ho har i dag.

I full forståing med Ørsta som vertskommune er vi innforstått med og sluttar oss til at vertskommuneavtalen vil verte oppløyst. Dette er ein prosess som vil gå sin gang, og med bakgrunn i behovet for å starte opp arbeidet med å vurdere reelle alternativ, så finn Volda kommune slik det tidlegare er opplyst det nødvendig å seie opp avtalen med verknad frå 01.08.2016. Tenesta kan organiserast på ulike måtar, også i samarbeid med andre enkeltkommunar eller andre interkommunale samarbeid.

I sonderingar om mogelege samarbeid med andre kommunar, ser Volda det som naturleg at Ørsta gjer det på vegne av begge kommunane.

Oppseiinga av avtalen skjer i forståing med Ørsta kommune.

Med helsing

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:
Driftsstyret
Kommunestyret
Utdanningsforbundet
Fagforbundet

Postadresse:
postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

# HORNINDAL KOMMUNE
## SENTRALADMINISTRASJONEN

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 14/295-109/034 / /AKLA | | 01.07.2016 |

## Melding om vedtak - endra kommunestruktur

Hornindal kommunestyre fatta i går, 30.06.16 vedtak om kommunesamanslåing med Volda kommune. Utskrift frå møtebok følgjer vedlagt.

Berre timar før kommunestyret skulle handsame saka, vart det innlevert eit innbyggarinitiativ med krav om folkerøysting. Dette initiativet var signert av 265 innbyggjarar i Hornindal. Kommunestyret valde å handsame dette initiativet i saka om endra kommunestruktur. Kontaktperson for initiativet, Anne Lise Hatledal, fekk innleiingsvis ordet for å gje informasjon om bakgrunn og sjølve kravet som vart stilt om ei folkeavrøysting. Etter dette vart det opna for debatt, før kommunestyret valde å votere over kravet om folkeavrøysting. Det var fleirtal i kommunestyret om å avvise dette kravet.

Det vart i møtet også fremja utsetjingsframlegg, med bakgrunn i at berre 200 innbyggjarar var høyrde i innbyggjarundersøkinga, medan kravet i tidlegare vedtak var at minimum 1/3 av innbyggjarane (om lag 330) over 16 år skulle ha høve til å uttale seg i saka. Utsetjingsframlegget fekk ikkje fleirtal. Ein vil frå rådmannen si side gjere Fylkesmannen merksam på at Opinion, som gjennomførte undersøkinga, var i kontakt med 379 personar i Hornindal. 179 av desse valde av ulike grunnar ikkje å svare i undersøkinga. Det betyr at om lag 40% av innbyggjarane i Hornindal fekk høve til å gje sin uttale, men 179 av dei kontakta valde å seie nei til dette.

Hornindal kommune sender med desse kommentarane over vedtak og sakstilfang i sak om endra kommunestruktur. Hornindal kommune ser fram til ein vidare dialog med Fylkesmannen knytt til den vidare prosessen fram mot 2020.

Med helsing

Ann Kristin Langeland
Rådmann


| Postadresse | Telefon | Bankgiro | Org. nr. | E-post |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 24<br>6761 Hornindal | 57 87 98 00 | 3820.07.00144 | 835 095 762 | post@hornindal.kommune.no |

# HORNINDAL KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr.:** | **Saksbehandlar** |
| Eldrerådet | 28.06.2016 | 016/16 | AKLA |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 28.06.2016 | 014/16 | AKLA |
| Utval for utvikling | 28.06.2016 | 038/16 | AKLA |
| Utval for Oppvekst og Helse | 28.06.2016 | 028/16 | AKLA |
| Formannskapet | 29.06.2016 | 022/16 | AKLA |
| Kommunestyret | 30.06.2016 | 048/16 | AKLA |

| | | |
|---|---|---|
| **Saksansvarleg:** Ann Kristin Langeland | **Arkiv:** 034<br>**Objekt:** | **Arkivsaknr.:**<br>14/295 - 90 |

## Endeleg vedtak kommunestruktur

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 98 | I | 24.06.2016 | Volda kommune | Vedtak i Volda kommunestyre 16.06.16 - Kommunereforma - endeleg vedtak av alternativ |
| 103 | I | 27.06.2016 | Legane Olav Maurset og Bent Ingebrigtsen | Kommunesammenslåing |
| 100 | I | 27.06.2016 | Anders Bueide | Uttale frå FAU ved Austefjord skule vedr evnt Kommunesamanslåing |
| 99 | I | 27.06.2016 | Stryn kommune | Kommunereform. |
| 102 | I | 29.06.2016 | Volda kommune | Hornindal kommune - Melding om politisk vedtak - Kommunereform - endeleg vedtak av alternativ - kommunestyresak PS 91-16 |
| 101 | U | 29.06.2016 | Volda kommune v/ordføraren | Kommunestruktur |
| 107 | I | 29.06.2016 | Stryn kommune | Notat til forhandlingsutvalet frå Stryn kommune |
| 105 | I | 29.06.2016 | Initiativtakar Anne-Lise Hatledal | Krav om folkeavrøysting |
| 104 | I | 30.06.2016 | Volda kommune | Kommunestruktur. |
| 108 | I | 30.06.2016 | Opinion | Innbyggerundersøkelse Hornindal |
| 109 | U | 01.07.2016 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Melding om vedtak - endra kommunestruktur |

# 1. Innleiing

Regjeringa la 14. mai 2014 fram kommuneproposisjonen for 2015 med ein meldingsdel for ei kommunereform. Meldinga vart handsama av Stortinget 18. juni, der det gjennom eit fleirtal vart

gitt politisk tilslutning for at det er behov for endringar i kommunestrukturen, og målsetjingar og gjennomføring av reforma med økonomiske verkemidlar.

Reforma skal legge til rette for at fleire kommunar slår seg saman til større og meir robuste kommunar. Følgjande overordna mål er fastsette for reforma:

- Gode og likeverdige tenester for innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

## 1.1. Fakta om kommunen

Hornindal kommune er ei av dei minste kommunene i Sogn og Fjordane. Per i dag har ein 1200 innbyggjarar, og kommunen har til liks med mange andre distriktskommunar utfordringar knytt til folketalsutviklinga. Hornindal kommune er ei god kommune å bu i. Det vert ytt gode tenester til innbyggjarane, men ein ser utfordringar i takt med krav om auka spesialisering.
Hornindal kommune er ei tradisjonsrik kommune. Det er sterk identitet knytt til miljø, kultur og region. Likevel syner innbyggjarane vilje til å ta ein ny region i bruk. Dette har kome tydeleg fram etter opninga av Kvivssambandet. Dette sambandet har gjort at det no er meir naturleg å sjå i retning Sunnmøre og Møre og Romsdal.

Når det gjeld detaljert informasjon om kommunen vert det synt til rapporten utarbeidd i samband med utgreiingsarbeidet for ei ny og større kommune i Nordfjord. Denne følgjer som vedlegg.

## 1.2. Sentrale vedtak og føringar

Ein syner her til vedlagde rapport utarbeidd i samband med utgreiingsarbeidet for ei ny og større kommune i Nordfjord.

# 2. Lokale prosessar, innhald og vedtaka til kommunen

## 2.1. Organisering av arbeidet med prosess og innhald fram til vedtak

På slutten av året i 2014 kom dei fyrste signala frå storting og regjering om å starte ein lokal prosess for å greie ut ein endra kommunestruktur. Hornindal kommunestyre hadde saka til behandling 15.09.14 og for å møte utfordringa fann ein det føremålstenleg å setje ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide ein plan for arbeidet med kommunereforma. I samtalar med Stryn kommune fann ein det fornuftig å utnemne ei felles arbeidsgruppe for dei to kommunane:

**KS-052/14 VEDTAK:**
*1. Hornindal kommune set ned ei arbeidsgruppe samansett av ordførar, varaordførar, rådmann, økonomisjef og ein representant frå dei tillitsvalde.*

*2. Arbeidsgruppa får følgjande mandat: Lage ein plan for organiseringa av arbeidet med kommunereforma.*

*3. Arbeidsgruppa skal orientere formannskapet og kommunestyret om status etter kvart som arbeidsgruppa har hatt møte.*

*4. Hornindal kommune vil invitere Stryn kommune til samarbeid om oppretting av ei felles arbeidsgruppe med liknande samansetjing som arbeidsgruppa i Hornindal.*

Den felles arbeidsgruppa hadde fleire møter og det vart 29.01.15 lagt fram felles sak i både Stryn og Hornindal kommunestyre. I arbeidet før saka vart handsama i kommunestyret, var det eit uttalt mål å ha ei open haldning til nabokommunar, for slik å kunne starte sonderingar i fleire retningar. Alle alternativ inneheldt ein eller annan variant der både Hornindal og Stryn var med, og dei to kommunane har i mesteparten av prosessen arbeidd saman.
I tillegg var det viktig å starte arbeidet med å utgreie 0-alternativet.

**KS-006/15 VEDTAK:**

1. *Hornindal kommune viser til dei utgreiingskonstellasjonane som den felles arbeidsgruppa for Hornindal og Stryn kommunar har drøfta og ynskjer følgjande samanslåingsalternativ utgreidde:*
   *A. Dagens situasjon – 0-alternativet*
   *B. Utgreiing av samanslåing Hornindal og Stryn.*
   *C. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn og Stranda.*
   *D. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn, Stranda og Norddal.*
   *E. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn, Ørsta og Volda.*
   *F. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn og Gloppen.*
   *G. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn og Eid.*
   *H. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn, Eid og Gloppen.*

2. *Det vil vere ein føresetnad for at utgreiingsarbeid blir iverksett at kommunane som inngår i dei skisserte utgreiingsmodellane ovanfor samtykkjer i dette og ser modellen som eit realistisk alternativ til dagens situasjon.*

3. *Hornindal kommune vil oppmode Nordfjordrådet om å ta initiativ til at det vert utarbeidd ein utgreiingsmal som kan nyttast felles for dei ulike utgreiingane.*

4. *Kvar utgreiing blir prosjektorganisert og Hornindal kommune vil oppmode om at det i størst mogleg utstrekning blir etterstreba å nytte same prosjektleiar, og at det blir ein gjennomgåande representasjon i dei styrande organa i prosjekta.*

5. *Utgreiingane bør ligge føre hausten 2015 slik at dei kan danne grunnlaget for kunnskapsbaserte innbyggarundersøkingar. Den politiske slutthandsaminga vil dermed kunne skje våren 2016.*

6. *Hornindal kommune vel ein prosess som tek sikte på kommunestyrevedtak før sommaren 2016*

I tråd med vedtaket vart det sett i gang drøftingar og sonderingar med dei aktuelle kommunane.

## 2.2. Oppsummering av utgreiingar frå felles prosjekt og å vere eigen kommune

**Dagens situasjon – 0-alternativet:**

I samband med kommunestyret si behandling av intensjonsavtalen med Stryn kommune, vart det frå administrasjonen si side lagt fram ei tilråding om ikkje å gå vidare med 0-alternativet. Grunngjevinga for dette er mellom anna:

Det fyste knyter seg til korleis rådmannen vurderar kommunen sitt handlingsrom knytt til tenesteleveransar i åra framover. Som rådmann er eg ansvarleg for at kommunen yter dei lovpålagde tenestene innanfor dei disponible rammene. Vi er allereie i ein situasjon der vi opplever at tenestene våre er sett under press. Dette handlar både om eit sviktande økonomisk grunnlag til å oppretthalde og utvide tenestene. Vidare handlar det om innhald og kvalitet i tenesta. Vi har små fagmiljø som er svært utsette i høve sjukdomsfråver, permisjonar og rekruttering. Vi har likevel vore heldige i Hornindal som har fleire fagpersonar som er allroundarar i betydninga av at dei handterar fleire fagfelt. Vi står no føre eit generasjonsskifte, og min påstand er at det er vanskeleg å rekruttere fagpersonar med så brei kompetanse som vi treng for å kunne drifte kommunen med begrensa økonomiske midlar. Vi veit også at det er vanskeleg å rekruttere inn i eit fagmiljø, der den som skal rekrutterast inn vert åleine som fagperson på sitt felt. Vi ser også at omfanget av kommunale tenester aukar. Det kjem nye krav innan akuttilbod rus/psykiatri, det kjem krav om psykologkompetanse med vidare. Allereie i dag er ein avhengig av interkommunale samarbeid, der vi ser at det i enkelte tilfelle er ein kostnadsdrivar for Hornindal med den finansieringsmodellen som vert lagt til grunn i Nordfjord. Eit anna moment som kan vere naturleg å nemne, er at kommunestyret ved interkommunale samarbeid delegerar mynda til å treffe avgjerder knytt til drift og organisering til eit styre. Med mange slike delegeringar flyttar ein mykje av dei tradisjonelle oppgåvene, ansvar og mynde ut av kommunestyresalen.

Eit anna viktig moment er kommuneøkonomien. Hornindal kommune vart av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sett under observasjon i 2014. Det vil seie at dei følgjer nøye den økonomiske utviklinga i kommunen. Eit auka fokus på økonomistyring har gjeve resultat, og ein leverte i 2015 eit positivt driftsresultat. Kommunen har tradisjonelt sett hatt ein sunn og god økonomi, men ein ser no at gjeldsbyrda er blitt stor. Hovedgrunnen til auke i lånegjelda er ei stor investeringsvilje i Hornindal, både innan tradisjonelle tenesteområder som VA, skule, helse og pleie- og omsorg, men det er også gjort store investeringar knytt til å utvikle bumiljøet i kommunen. Utbyggingane innan dei tradisjonelle tenesteområda skuldast behov for fleire og meir omfattande tenester.

Når det gjeld meirforbruk på drift, handlar dette i all hovudsak om ikkje planlagte utgifter knytt til stadig nye rettar som innbyggjarane har til tenester.

Hornindal kommune er ei skattesvak kommune, og er heilt avhengig av overføringar frå staten for å kunne yte dei minimumstenestene som skal til. Det har vore mykje uro knytt til korleis ei omlegging av inntektssystemet vil slå ut for Hornindal kommune. Det har blitt motteke mange ulike prognosar på dette, og dei siste tala ein no har fått er at Hornindal kommune vil tape mellom 200.000 og 300.000,- Dette er i og for seg ikkje dramatisk, men vil sjølvsagt gje utfordringar inn i ein allereie pressa kommuneøkonomi.

Det er utan tvil med omsyn til tenesteleveransen at ein vil fråråde at Hornindal held fram som eiga kommune.

I seinare innbyggjarhøyringar har innbyggjarane i Hornindal vore tydelege på at dei ynskjer ei kommunesamanslåing.

## 2.3. Kva alternativ har vore drøfta og forhandlingar som vart avslutta

### A. Utgreiing av samanslåing Hornindal og Stryn.

Arbeidsgruppa som var sett ned med medlemmar frå Hornindal og Stryn jobba godt saman, og med støtte i utgreiingsarbeidet til Harald Risnes vart ein tidleg samde om å utarbeide framlegg til intensjonsavtale mellom dei to kommunane. Intensjonsavtalen mellom Hornindal kommune og Stryn kommune vart handsama i Hornindal 11.02.16 i KS sak 08/16.

### B. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn og Stranda.

Det har vore gjennomført fleire møte mellom Hornindal/Stryn og Stranda – både politisk og administrativt. Konklusjonen har vore at det ikkje er grunnlag for å gå vidare med utarbeiding av ein felles intensjonsavtale innanfor denne konstellasjonen. Ei utfordring i drøftingane har vore at prosessen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har vore asynkron, og dette har medført at framdrifta i arbeidet har vore ulik i dei to fylka.

Stranda kommunestyre gjorde i sak nr 118/15 følgjande vedtak:

1. *Stranda kommune går ikkje vidare i arbeidet med ei storkommune på Nordre Sunnmøre, det same gjeldande Stryn og Hornindal.*
2. *Stranda kommune går inn i samtaler gjennom forhandlingsmøte med Sykkylven kommune.*
3. *Stranda kommune går inn i samtaler gjennom felles formannskapsmøte med Norddal kommune.*
4. *Stranda kommune utgreier 0-alternativet.*
5. *Samansetting av prosjektgruppe: Jostein Dalen, Ole Jørgen Sve, Amalie Birkhol, Elisabeth Opsvik, tillitsvalde, rådmannen (2).*
6. *Samansetting av forhandlingsutval: Jan Ove Tryggestad, Frank Sve, Arild Ringdal, Elisabeth Opsvik.*

Stranda kommune har i ettertid vist interesse for forhandlingar over fylkesgrensa, utan at det har ført til formell kontakt mellom kommunane.

Den 22.06.16 Gjorde Stranda kommunestyre følgjande vedtak:
*KOM- 059/16 Vedtak:*

1. *Stranda kommune seier nei til samanslåing med Sykkylven kommune.*
   *Vedtak med 12 røyster*
2. *Stranda kommune har i kommunestrukturprosessen vore positive til forhandlingar med andre kommunar, utan at slike forhandlingar har ført fram. Stranda kommune er open for nye forhandlingar med ei eller fleire kommunar i framtida.*
   *Vedtak samrøystes*

### C. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn, Stranda og Norddal.

Som ein del av utgreiingane etter pkt B ovanfor, var også Norddal i innleiande fase ein del av dette, men det framkom tidleg at Norddal ikkje såg på ei kommuneeining beståande av dei 4 kommunane som eit aktuelt alternativ å gå vidare på for deira del.

**D. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn, Ørsta og Volda.**

Alternativet fall tidleg vekk, og Ørsta har gjennom folkerøysting sagt at kommunen ikkje ynskjer å slå seg saman med Volda kommune – og også at ein kommune der m.a. Stryn er med blir vurdert som «komplisert».

Også Volda har gjennom folkerøysting sagt nei til samanslåing med Ørsta kommune, men det føreligg framlegg til intensjonsavtale om samanslåing av kommunane Hornindal, Stryn og Volda. Framlegget har tilslutning frå den felles arbeidsgruppa som har arbeidd med dette, og Volda, Hornindal og Stryn kommunar har gjeve sin tilslutnad til avtalen.

I og med at Ørsta ikkje opnar eit evt forhandlingsvindauge før etter folkerøystinga 19. mai vurderer rådmannen relevante forhandlingar som tidsmessig umogleg med tanke på at prosessen skal vere avgjort innan 1. halvår.

**Samanslåingsalternativ i Midtre og Indre Nordfjord:**

Det vart etablert eit prosjektarbeid som skulle utgreie ulike modellar for samanslåing av kommunane i midtre og indre Nordfjord. Modellar for samanslåing var:

- Eid, Gloppen, Hornindal og Stryn
- Eid, Hornindal og Stryn
- Eid og Gloppen
- Gloppen, Hornindal og Stryn
- Hornindal og Stryn

Prosjekteigar var dei 4 kommunestyra. Ordførarane og rådmennen utgjorde styringsgruppa. I tillegg vart det etablert ei prosjektgruppe samansett av rådmennene og tillitsvalde
Ein fekk prosjektmidlar frå Fylkesmannen og Harald Risnes vart engasjert som prosjektleiar.
Det vart også sett ned ei referansegruppe av dei 4 formannskapa og dei lokale arbeidsgruppene

**E. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn og Gloppen:**

Frå Gloppen kommune er det skriftleg gjeve melding om at ei slik kommuneeining er uaktuell frå deira side.

**F. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn og Eid.**

Frå Eid kommune er det skriftleg gjeve melding om at ei slik kommuneeining er uaktuell frå deira side.

**G. Utgreiing av samanslåing Hornindal, Stryn, Eid og Gloppen.**

Det er denne konstellasjonen det har vore arbeidt mest med. Det vart utarbeidd ein grundig rapport knytt til ei samanslåing av dei 4 kommunane. Rapporten følgjer som vedlegg.

Hornindal kommunestyre behandla rapporten og gjorde slikt vedtak:

**KS-053/15 VEDTAK:**

1. *Hornindal kommunestyre tek den førebelse rapporten: «Ein ny og større kommune i midtre og indre Nordfjord? - Utfordringar og utgreiingsprogram» til orientering.*

2. *Hornindal kommunestyre ber prosjekt- og styringsgruppa arbeide vidare etter det fastsette prosjektdirektivet.*

3. *Hornindal kommunestyre vil vere positive om det vert invitert til utgreiingsarbeid knytt til dei andre alternativa som er nemnde i KS-sak 06/15*

Punkt 3 kom som ei følgje av at det var fleire i kommunestyret som framleis ynskte å halde døra open for andre kommunar.

Etter at rapporten vart lagt fram starta arbeidet med å utarbeide ein intensjonsavtale om samanslåing av dei 4 kommunane. I drøftingane vart det ikkje semje om ein slik avtale, og ordførarane i dei 4 kommunane sende ut følgjande pressemelding:

> *«Dei politiske forhandlingsutvala i Stryn, Hornindal, Eid og Gloppen er samde om å avslutte arbeidet med intensjonsavtale om å slå saman dei fire kommunene til éi felles*

*kommune, og i staden arbeide vidare med intensjonsavtaler om å slå saman kommunene Stryn/Hornindal og Gloppen/Eid. Dei fire kommunane vil samtidig gå vidare med å utarbeide ei sterk samarbeidsavtale for dei nye kommunane i midtre/indre Nordfjord som utvidar samarbeidet både om kommunale tenester, samfunns- og næringsutvikling. Målet er å få dette samla avtaleverket på plass i løpet av januar 2016.*

*- Sjølv om vi ikkje ved dette høvet kjem i mål med å bli éi felles kommune, er vi heilt samde om at tida er inne for å styrke samarbeidet og stå saman i viktige saker for regionen seier ordførarane Sven Flo i Stryn, Stig Olav Lødemel i Hornindal, Leidulf Gloppestad i Gloppen og Alfred Bjørlo i Eid.*

*- Stryn, Hornindal, Eid og Gloppen er ein region med over 20.000 innbyggjarar og eit sterkt næringsliv. Vi har eit stort uforløyst potensiale for vidare vekst som vi må stå sterkare saman om å utvikle - også i samarbeid med resten av Nordfjord og regionar nord og sør for oss. Vi vil difor parallelt med forhandlingane om intensjonsavtaler Eid/Gloppen og Stryn/Hornindal utarbeide ein felles samarbeidsplattform for alle fire kommunane.*
*- Det felles utgreiingsarbeidet vi har lagt ned i samband med kommunereformen har i seg sjølv bunde oss sterkare saman. Kommunereformprosessen mellom oss fire saman har difor vore viktig og matnyttig for vidare utvikling av regionen, sjølv om vi ikkje no vil gå vidare med planer om å slå oss saman til éi kommune med eitt felles kommunesenter, seier ordførarane.»*

Reformutgreiingane om samanslåingsalternativ i Nordfjord med Stryn og Hornindal kommunar saman med Eid, Gloppen samla eller Eid og Gloppen kva for seg er dermed avslutta.

## 2.4. Intensjonsavtalar vedteke av kommunestyret

### Hornindal og Stryn

Etter at Nordfjordsamarbeidet ikkje førte til intensjonsavtale, heldt Styn og Hornindal fram drøftingane, og intensjonsavtale mellom dei to kommunane vart signert den 01.04.16. Avtalen ligg ved.

**KS-008/16 VEDTAK:**
*1. Under føresetnad at det vert ført vidare drøftingar knytt til nytt nøytralt kommunenamn, vert framlegget til intensjonsavtale om samanslåing av Hornindal og Stryn kommunar godkjent.*

*2. Det skal i løpet av våren gjennomførast ei innbyggjarundersøking. I ei slik undersøking skal minimum 1/3 av innbyggjarane over 16 år å få høve til å uttale seg.*

*3. I tillegg til intensjonsavtala med Stryn kommune skal prosessen mot Ørsta og/eller Volda halde fram inntil partane har avklara om det er grunnlag for samanslåing. Slike avklaringar må ligge føre i god tid før innbyggjarundersøkinga vert gjennomført.*

*4. Med bakgrunn i signal frå Volda/Ørsta ber Hornindal kommunestyre om at Hornindal kommune ved si arbeidsgruppe avklarer situasjonen knytt til Volda/Ørsta uavhengig av prosessen knytt til Stryn kommune. Hornindal kommune skal i så fall arbeide for at også Stryn kommune skal vere med i den nye samanslåtte kommunen.*

I etterkant av vedtaket vart det ført drøftingar der Volda og Ørsta kommune vart inviterte til å delta saman med Hornindal og Stryn. Ørsta kommune signaliserte at dei ikkje ynskte å gå i forhandlingar omkring utarbeiding av intensjonsavtale. Stryn, Hornindal og Volda heldt fram med drøftingane, og det vart også utarbeidd eit utfordringsnotat knytt til ein slik konstellasjon. Denne følgjer vedlagt. Den 14.04.16 vart det signert intensjonsavtale mellom desse tre kommunane. Denne vart handsama i kommunestyret den 28.04.16. Avtalen ligg ved.

**KS-019/16 Vedtak:**
*1. Framlegg til intensjonsavtale om samanslåing av Hornindal, Stryn og Volda kommunar vert godkjent.*

*2. Den vedtekne intensjonsavtalen vert ein del av innbyggjarundersøkinga som skal gjennomførast i løpet av mai 2016.*

Den 26.05.2016 – sak nr 71/16 – gjorde Volda kommunestyre følgjande vedtak:

1. *Volda kommunestyre vedtek Intensjonsavtalen med Hornindal og Stryn kommune, datert 11. april 2016. Kommunestyret finn at avtalen også kan leggast til grunn dersom vidare prosess medfører at Volda og Hornindal kan verte eit sjølvstendig alternativ.*
2. *Kommunestyret vedtek at det før vedtak i juni om kommunesamanslåing skal gjennomførast ei lokalinnbyggarundersøking der Volda, Hornindal og Stryn er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt syn på aktuelle alternativ og som ei supplement til intensjonsavtalane og folkerøystinga om samanslåing mellom Volda og Ørsta kommune. Finansieringa av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.*
3. *Volda kommune ber om at det vert søkt om forlenga frist for endelig vedtak om eventuell kommunesamanslåing.*

Volda kommunestyre har også vedteke at det skal vere folkerøysting dersom kommunen skal gå vidare med kommunane Hornindal og Stryn, og Volda kommune har difor søkt fylkesmannen og utsetting av fristen for endeleg vedtak – 01.07.2016.

Etter den gjennomførte innbyggjarhøyringa valde Stryn å legge intensjonsavtalen mellom Stryn, Hornindal og Stryn til sides.

Med bakgrunn i dette hadde Hornindal kommune behov for ei avklaring knytt til Volda kommune.

## Hornindal – Volda

Volda kommune var raske med å invitere seg inn i ein vidare dialog med Hornindal kommune. I drøftingane tok ein utgangspunkt i den tidlegare framforhandla intensjonsavtale mellom Stryn – Hornindal og Volda. Avtalen vart justert og tilpasse den nye situasjonen. Intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda vart signert den 20. juni 2016. Den har per i dag ikkje vore til politisk behandling i kommunane. Avtalen ligg ved.
Konklusjonen per i dag er at det er framforhandla 3 intensjonsavtalar der Hornindal er part, men i realiteten har Hornindal to alternativ:

A. Hornindal og Stryn
B. Hornindal og Volda

### 2.5. Høyringar av innbyggjarane – folkemøte, resultat av innbyggjarundersøkingar

I Hornindal har det vore gjennomført to folkemøte om kommunereforma. Eit våren 2015 og eit i april 2016. På det siste møtet var ordførarane i Stryn og Volda også med. På folkemøta kom det fram delte meiningar, men det kan delast i 3 hovudkategoriar:

A. Dei som ynskjer at Hornindal skal halde fram som eiga kommune.
B. Dei som ynskjer ei samanslåing av Stryn og Hornindal
C. Dei som ynskjer ei samanslåing over fylkesgrensa, med Volda

Det har også vore gjennomført to innbyggjarhøyringar. Den fyste var ei felles høyring tinga av Eid, Gloppen, Stryn og Hornindal. Denne vart gjennomført i desember 2015. Noko av det som kom fram for Hornindal sitt vedkomande var at 55 % av dei som svarte var positive til ei samanslåing med ei eller fleire nabokommunar. 39 % ville halde fram som eigen kommune og 5 % hadde inga meining om spørsmålet. Resultat frå undersøkinga ligg ved.

Allereie her fekk ein tydelege signal om at innbyggjarane i Hornindal ynskte ei endring i kommunegrensene. I valet av kva Nordfjordkommune dei ynskte ei samanslåing med, peika det tydeleg i retning Stryn. Eit anna signal som kom tydeleg fram var at mange ynskte å sjå over fylkesgrensa. Av desse peika eit stort fleirtal i retning Volda, medan nokre såg mot Stranda.

I slutten av mai og byrjinga av juni 2016 vart det gjennomført ei ny innbyggjarhøyring. Denne gong synkront med Stryn og Volda. Heile rapporten følgjer som vedlegg.

Respondentane i Hornindal var klare i synet på samanslåing eller ikkje. Heile 73 % var positive til ei kommunesamanslåing, 20 % var mot og 7 % hadde ikkje noko meining i spørsmålet.
I spørsmålet om ein ynskte ei samanslåing av Stryn, Volda og Hornindal, var 71 % positive til det alternativet, 26% ynskte berre Hornindal og Stryn og 3% hadde ikkje ei klar meining om spørsmålet.
Det var også stilt spørsmål knytt til eit eventuelt retningsval. Her kunne ein velje ei eller fleire kommunar i Sør, minimum med Stryn kommune eller ei eller fleire kommunar i Nord, minimum med Volda. Her var resultatet likt, med 44 % på begge alternativa. 12 % hadde ikkje noko formeining om dette spørsmålet.

I den same undersøkinga kom det klart fram at eit stort fleirtal i Stryn ynskte samanslåing berre med Hornindal kommune, noko som førte til at alternativet Stryn, Volda og Hornindal vart lagt til sides for deira del.

# 3. Heilskapen i regionen/ane

I det vidare vil vurderingar og drøftingar verte gjort i lys av at Hornindal per i dag har to reelle alternativ; ei samanslåing med Stryn eller ei fylkesgrensekryssande samanslåing med Volda.

### 3.1. Felles bu- og arbeidsområde

Tradisjonelt har Hornindal hatt nære og sterke band med Stryn. Samferdsleåra gjennom Kviven er av nyare dato, og har utfordra gamal tradisjon og tilknyting. Det skal seiast at Hornindal har hatt nære band til Sunnmøre tidlegare også, gjennom mykje samhandling med Hellesylt i Stranda

kommune. Men det skal ikkje trekkast i tvil at opninga av Kvivssambandet opna opp for ei orientering mot Volda og Ørsta som var utenkjelege få år tilbake. Difor har ein ikkje dei same historiske data og erfaring å syne til når det gjeld positive og negative sider ved ei samanslåing med Volda. Stryn kjenner ein godt, og har også vore i same kommune tidlegare. Det skal ikkje underslåast at det framleis finnast «sår» i Hornindal frå det som mange opplevde som ei krevjande tid for Hornindal. Dette ligg nok som eit bakteppe for fleire «Honndøle» den dag i dag.

- **Pendling i dag**

Det er mange som pendlar mellom Hornindal og Stryn. Dette heng saman med eit mangfaldig næringsliv i Stryn. Innbyggjarane i Hornindal vert tidleg utfordra til pendling til Stryn. Dette heng saman med eit godt tilbod innan vidaregåande opplæring i Stryn. Vi veit at fleire av ungdommane i Hornindal ynskjer å gå på vidaregåande skule i Volda og Ørsta, men fylkesgrensa har så langt sett ein effektiv stoppar for dette.

Etter at Kvivssambandet opna, ser ein også ei auka pendling til og frå Volda. Dette ser ein særskilt innanfor pleie- og omsorgstenesta og innan offentleg tenesteproduksjon.
Ein registrerar også at fleire ungdommar søkjer høgskuleutdanning i Volda enn tidlegare.

**Utpendling**

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SAMLET | 8 852 ARBEIDS-TAKERE | 6 530 PENDLER IKKE | 820 ØRSTA | 154 ÅLESUND | 154 EID | 139 ULSTEIN | 132 OSLO | 923 ANDRE |
| VOLDA | 4 397 ARBEIDS-TAKERE | 2 714 PENDLER IKKE | 798 ØRSTA | 134 ULSTEIN | 126 ÅLESUND | 70 OSLO | 61 BERGEN | 494 ANDRE |
| HORNINDAL | 613 ARBEIDS-TAKERE | 325 PENDLER IKKE | 140 STRYN | 34 EID | 22 STRANDA | 13 OSLO | 12 FØRDE | 67 ANDRE |
| STRYN | 3 842 ARBEIDS-TAKERE | 3 262 PENDLER IKKE | 77 EID | 74 GLOPPEN | 49 OSLO | 47 BERGEN | 43 FØRDE | 290 ANDRE |

UTPENDLING INNPENDLING

**Innpendling**

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SAMLET | 8 555 ARBEIDS-TAKERE | 6 530 PENDLER IKKE | 956 ØRSTA | 138 EID | 86 ULSTEIN | 59 VANYLVEN | 57 HERØY (M. OG R.) | 729 ANDRE |
| VOLDA | 4 318 ARBEIDS-TAKERE | 2 714 PENDLER IKKE | 945 ØRSTA | 85 ULSTEIN | 57 HERØY (M. OG R.) | 51 ÅLESUND | 43 VANYLVEN | 423 ANDRE |
| HORNINDAL | 399 ARBEIDS-TAKERE | 325 PENDLER IKKE | 29 STRYN | 18 EID | 10 VOLDA | 4 ØRSTA | 3 BERGEN | 10 ANDRE |
| STRYN | 3 838 ARBEIDS-TAKERE | 3 262 PENDLER IKKE | 140 HORNINDAL | 94 EID | 41 GLOPPEN | 26 SELJE | 25 OSLO | 250 ANDRE |

UTPENDLING INNPENDLING

- **Samferdsle og kommunikasjonar**

Pendlarmønsteret synt ovanfor gjev ein indikator på at pendlarmønsteret framleis er prega etter dei tradisjonelle samferdsleårane. Ein treng fleire år før ein vil kunne lese ut av statistikk kva effekt Kvivsvegen har i så måte. Det vi likevel ser, som ikkje kjem fram av statistikken er at pendlinga som ikkje handlar om utdannings- eller yrkespendling har endra seg. Vi ser at brorparten av nye hytteetableringar i Hornindal, kjem frå Søre-Sunnmøre via Kviven.

I begge intensjonsavtalane er samferdsle og samferdsletiltak teke med. Det er viktig å legge press på sentrale styringsmakter for å få realisert viktige samferdsleprosjekt. Her er både Strynefjellsvegen (med arm til Geiranger), Fylkesveg 60 Grodås – Møre grense og ikkje minst E39 omtala.
Når det gjeld FV 60, kan det seiast at Hornindal kommune ikkje er særleg tilfreds med den behandling dette prosjektet har fått i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Ved ein eventuell samanslåing med Volda, og såleis «overgang» til Møre og Romsdal Fylkeskommune har ein von om å få fortgang i arbeidet med Fv 60. Dette heng saman med den store nytteverdien denne vegen har fpr eit sterkt næringsliv både på Søre-Sunnmøre og i Stranda og Sykkylven kommunar.
Planarbeidet knytt til E39 er i gang. Når denne ein gong i løpet av dei komande 10-15 åra vil mykje endre seg. Ein vil då få mykje kortare reisetid til Stryn, noko som vil knyte desse to kommunane sterkare saman. Ei slik nedkorting av reisetid gjev også uro i høve tenestetilbodet i Hornindal. Vi veit at kort reisetid kan føre til sentralisering av tilbod. Stryn kommune presiserte i møte med kommunen 24.06.16 at dei har eit uttalt ynskje om å vere med å vidareutvikle skulen i Hornindal. Stryn kommune har ein desentralisert skulestruktur, noko dei legg mykje ressursar i å vidareføre.

Per i dag må ein også ta med at den offentlege kommunikasjonen mellom Hornindal og Stryn er betre enn mellom Hornindal og Volda. Dette gjev også utslag i høve samhandlinga mellom dei ulike stadane. Det er eit uttalt mål at ein ynskjer å styrke busstilbodet, både til Stryn og Volda. Dette for å avgrense bruken av privatbil, noko som også er eit uttalt mål i Hornindal kommune sin klimaplan. Gode offentlege transporttilbod er ein føresetnad for at ein skal kunne utvikle ein god og effektiv kvardagsregion.

- **Kultur- og fritidstilbod**

Det er ikkje tvil om at det i generasjonar har vore sterke band mellom Hornindal og Stryn. Det har vore naturleg å ha eit godt samvirke innan både kultur- og fritidstilbod. Opninga gjennom Kviven har endra dette mønsteret. Som nemnt ovanfor ser ein dette i tilknyting til hytteetablering i Harevadet. Ein ser også at ein stor del av brukarane av Hornindal Skisenter kjem frå Søre-Sunnmøre. Dette fører til at ein i Hornindal har fått ny «omgangskrins». Sakte men sikkert vert det skapt nye band til Sunnmøringane, noko som fører til samhandling innanfor mellom anna idretten. Det er auka grad av «pendling» til og frå Hornindal/Austefjord når det gjeld bruk av fritidstilbod. Frå Hornindal si side er det kome fram ei uro knytt til Stryn kommune si satsing på Stryn Vinterski (Stryn kommune er ikkje inne på eigarsida) og kva det vil bety for Hornindal skisenter (Hornindal kommune eig 50%). Stryn presiserar i møte den 24.06.16 at ein ikkje må setje anlegg opp mot kvarandre, heller sjå etter samhandlingsrom som kan utvikle området til ein sterk vinterdestinasjon.

Kultur og identitet er ein viktig del av eit menneske sitt liv. Innbyggjarane i Hornindal er Nordfjordingar med sterke røter til den lokale kulturen. Dette gjev ein sterk og stolt identitet. Med ei samanslåing med Stryn vil denne verte vidareført og vidareutvikla. Går ein mot Volda vert den «sett under press», utan at det bør vere negativt. Det å løfte blikk, sjå framover og utfordre sin eigen ståstad kan vere positiv. Innbyggjarane i Hornindal vil alltid ha sin identitet knytt til Hornindal. Dei vil ikkje verte Stryningar eller Voldingar sjølv om kommunane vert slegne saman. Det vil likevel kunne vere uvant å tenkje at ein geografisk skal høyre til Møre og Romsdal, men regionreforma har endå ikkje funne si avklaring, så kva ein geografisk vert «tilhøyrande» er nok like usikkert same

kva kommune ein høyrer til. Det einaste som er sikkert er at Hornindal vil ligge der det ligg i dag, og at innbyggjarane framleis vil vere «Honndøle».

I begge alternativa er det vilje til å utvikle i ny kommune som byggjer på dei noverande kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar.

- **Handel- og servicetilbod**

Ein har inntrykk av at innbyggjarane i Hornindal er flinke til å nytte det lokale næringsliv. Likevel veit vi at det har vore naturleg å reise til Stryn for å gjere seg nytte av handel- og servicetilboda der. Ved opninga av Kvivsvegen ser vi at dette mønsteret kan ha endra seg. Ein observerar at stadig fleire frå bygda reiser til Volda og Ørsta for å nytte tilboda der. Heldigvis opplever Hornindal at Kvivssambandet også får positive ringverknadar for handel- og servicenæringa i Hornindal. Sunnmøringane sine hytteetableringar og utstrakt bruk av Hornindal skisenter er positivt for dei næringsdrivande i Hornindal. Vi ser også at fleire i Bjørke og Austefjordområdet nyttar Hornindal sine tilbod til kvardagshandel. Dette fører til sterkare band mellom Nordfjord og Sunnmøre.
Hornindal og Stryn høyrer i dag til i same destinasjonsselskap, Visit Nordfjord. Hornindal har eit uutnytta potensiale innanfor reiseliv, og ein må sjå nærare på korleis dette kan utviklast. Stryn er ei sterk merkevare både innan service – og næringsliv. Her vil Hornindal kunne dra gode vekslar på eit enda tettare samarbeid. Volda kommune har sine styrkar innan utdanning og offentlege tenester, noko som kan verke positivt for Hornindal.

## 3.2. Interkommunale samarbeid

Sidan både Stryn og Hornindal i dag er i same fylke og same region, er det naturleg at dei fleste interkommunale samarbeid involvera desse kommunane. Både Hornindal og Stryn er medlemmar av slike samarbeid på område som legevakt, KAD, IKT, renovasjon, revisjon, alarmsentral, krisesenter med vidare. Hornindal har per i dag ikkje noko interkommunale samarbeid med Volda. Volda har slike samarbeid med Ørsta og fleire samarbeid med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Dei ulike interkommunale samarbeida har ikkje vore til eksplisitt drøftingar i dei forhandlingane som har vore gjennomførte. Men i begge intensjonsavtalane er det uttrykt at Fellesnemnda skal starte arbeid med vurdering av desse samarbeida så snart den er etablert. Det som kan seiast er at finansieringsmodellane inn i desse samarbeida per i dag er ulik. I Nordfjord er dei fleste samarbeid finansiert på ein slik måte at 25 % av kostnadane er likt fordelt på dei ulike deltakarkommunane og 75 % er fordelt på grunnlag av folketal. Dette har ført til store kostnadar for ein kommune på Hornindal sin storleik. På Sunnmøre er fordelinga meir i retning av at utgiftene er fordelt etter folketal. Ein tek atterhald om at det kan vere lokale variantar av dette.

Eit anna moment som skal takast fram er at det kan reisast spørsmål knytt til om at ei ny Stryn-Hornindal, eller Volda-Hornindal vert stor nok til å løyse desse interkommunale oppgåvene på eigen kjøl. Ein vil tru at ein i framtida framleis vil sjå behov for større interkommunale samarbeid.

## 3.3. Grensejusteringar som har vore diskuterte

I Hornindal har det ikkje vore diskutert grensejustering innad i kommunen. Ein registrerar likevel at det er kome eit initiativ frå Bjørke grendalag i form av eit ope brev der dei mellom anna skriv:

> *«Vi ynskjer å vere ein del av ein kommune som viser interesse og engasjement for bygda og som ynskjer å leggje til rette for utvikling av både busetnad og næring i bygda. Vi har mange og gode krefter lokalt, men vi treng ein kommune som spelar på lag med oss og som ynskjer å utvikle bygda framover. For Bjørke er samferdsel viktig. Trygge og effektive vegar gjer det mogleg å bu på Bjørke og arbeide og delta i samfunnet på andre delar av Søre Sunnmøre og i Nordfjord. Vi er difor veldig glade for den innsatsen Ørsta kommune har lagt ned for å få på plass både Kvivsvegen og*

*Leiratunnelen. Slik innsats både når det gjeld samferdsle og andre velferdsgode forventar vi av kommunen vi skal vere ein del av i framtida også.*
*Frå Tussa sitt kraftverk på Bjørke har Ørsta kommune til no hatt om lag 10 millionar i konsesjonsinntekter og eigedomsskatt. I tillegg til dette vert det produsert straum for opp mot 100 mill. kroner i gode år ved Tussa sitt kraftverk i bygda. Dette er inntekter som må kome bygda til gode i langt større grad enn i dag. Konsesjonsinntekter og eigedomsskatt vil også fylgje bygda dersom det vert aktuelt å justere kommunegrensene i framtida. Me registrerer at den politiske leiinga i Ørsta kommune er negativ til å slå saman Ørsta og Volda. Me meiner det vert ein spesiell situasjon for Bjørke dersom Ørsta vel å stå åleine i framtida, og ser difor på ei justering av kommunegrensa som noko som må vurderast om Ørsta ikkje slår seg saman med nabokommunane Volda og eventuelt Hornindal».*

Kva Bjørke grendalag i framtida vil gjere, veit ein ikkje, men om det kjem eit initiativ om at Bjørke ynskjer å verte ein del av ei ny Volda- Hornindal kommune, så vil dette verke positivt for Hornindal, både med tanke på skule, helse, pleie- og omsorg med vidare.

# 4. Vurdering

## 4.1. Korleis oppnå måla for kommunereforma gjennom dei ulike samanslåingsalternativa

Før ein kan sjå spesifikt på kva ei kommunesamanslåing vil kunne betyr for Hornindal i eit lenger perspektiv, må ein sjå til prognosene for folketalsutvikling.

| Kommune\| | 1980 | 2015 | 2020 middels | 2040 middels | 2040 høg |
|---|---|---|---|---|---|
| **Samla** | 15 854 | 17 353 | 18 111 | 20 577 | 23 647 |
| Volda | 8 020 | 8 977 | 9 543 | 11 204 | 12 836 |
| Hornindal | 1 247 | 1221 | 1183 | 1146 | 1 325 |
| Stryn | 6 587 | 7155 | 7385 | 8227 | 9 486 |

Fylkesmannen har bede oss om å vurdere ny kommune eller eigen kommune opp mot måla for reforma. For Hornindal kommune sitt vedkomande vil ein i det vidare gjere desse vurderingane opp mot dei to reelle alternativ som skal få si avklaring no, samanslåing med Volda eller Stryn.

- **Gode og likeverdige tenester**

Når det gjeld kvalitetsvurdering av tenestene syner ein til «Basisinformasjonsheftet» som ligg ved.

I frå starten av, har det vore hevda at kommunereforma ikkje skal vere ei tenestereform. Det betyr at eit overordna mål er at tenestene skal vere der folk bur, og det er dette som skal danne grunnlag for vidare utvikling av det kommunale tenesteapparatet. Hornindal kommune har i alle år levert gode tenester prega av høg kvalitet og god tilgjenge på tenesteleveransen. Ein ser no at tenestene er sett under press. Dette skuldast ein stram kommuneøkonomi kombinert med auka krav og etterspørsel etter tenester. Vi har til liks med mange andre små distriktskommuner ei aldrande befolkning, der stadig fleire treng hjelp og omsorg. Samstundes går folketalet ned og barnekulla vert mindre. Det skal understrekast sterkt at det er mange i Hornindal som er uroa for dei lokale tenestene i Hornindal inn i ei ny og større kommune.

Det har difor vore viktig for forhandlingsutvalet i Hornindal og utfordre både Volda og Stryn i spørsmål om dette. Det er likevel vanskeleg å spå inn i framtida, både med omsyn til folketalsutvikling og tenesteleveranse. I alle samtalar, folkemøte og drøftingar elles er innbyggjarane svært opptekne av situasjonen knytt opp mot særskilt skule, helse og pleie- og omsorgstenestene.

Utover det som er omtala i dei to intensjonsavtalane er både Stryn og Volda konkret utfordra på å gje svar på denne uroa som kjem fram i Hornindal.

**Barnehage og skule:**
Hornindal har i dag ein 10-delt barne og ungdomsskule. Det er eit uttalt krav at denne skal bestå. Volda har svart ut gjennom å akseptere at Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule. Dette vil gje eit styrka grunnlag for vidare eksistens av både barne- og ungdomsskule i Hornindal. I avtalen med Stryn er det uttalt at ein skal utvikle desentraliserte tenester tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, herunder legeteneste, barnehagar og kulturtilbod der dei er no.
Gjennom ei samanslåing med Volda vil Hornindal få utvida opptakskrets, noko som styrkar elevgrunnlaget til Hornindal skule. I avtalen med Volda er det også teke inn eit punkt knytt til framtidsretta infrastruktur, der mellom anna Hornindal skule er nemnt. Dette for frå Hornindal si side å varsle ei oppgradering av bygningsmassen til Hornindal skule.

Når det gjeld vidaregåande skular så er det viktig for Hornindal å stø under dei lokale vidaregåande skulane, både i Volda og i Stryn. I dag veit vi at ein majoritet av ungdommen frå Hornindal vel Stryn vidaregåande skule. Det vert no frå sentralt hald arbeidd med å gje ungdommen fritt skuleval, uavhengig av fylkesgrenser. Ein vil då få eit tydlegare fokus på innhald og kvalitet i skulane sine tilbod. Vi skal sjå ungdommane sine ynskje og behov for eit mangfaldig tilbod, og ungdommane må sjølv få velje skule etter interesser og evner.
I drøftingane med Volda har det også vore omtala at ein ynskjer å sjå på ei utvikling av heilskapen i utdanningsløpet, heilt frå barneskulen og opp til og med høgskulenivå.
I Hornindal er det i dag to barnehagar, ein kommunal og ein privat, desse har ein som uttalt mål å kunne oppretthalde også inn i ei ny kommune. Det er ikkje noko i intensjonsavtalane som føreligg som tyder på noko anna.
Årsverkbehova i barnehage og grunnskule per 1000 innbyggarar vil i 2040 vere om lag som i dag.

**Helse:**
Hornindal kommune har ei svært god helseteneste. Vi har per i dag to legeheimlar, ei god fysioterpiteneste i tillegg til stabil helsesøsterteneste, frisklivsentral og folkehelsekoordinator. Det nye helsehuset har også medvirka til at ein har fått etablering av kiropraktorteneste i Hornindal. Det er avgjerande for Hornindal at ein får behalde desse tenestene. Når det gjeld helsetenester må spørsmålet om kva ein er best tent med løfta til eit regionalt spørsmål. I dag høyrer Hornindal til under Helse Vest med lokalsjukehus på Eid og sentralsjukehus i Førde. Det vil ein også gjere om ein slår seg saman med Stryn. Om Hornindal vel å gå saman med Volda, vil Hornindal kome inn under Helse Midt med lokalsjukehus i Volda og sentralsjukehus i Ålesund. Etter Kvivsvegopninga ser ein at fleire frå Hornindal ynskjer sjukehusbehandling i Volda. Dette heng saman med mellom anna Volda sjukehus sine tilbod. Viktig her er akuttkirurgien, som no ser ut til å bli verande i Volda. Den lokale helstenesta i Hornindal er tydlege på at Hornindal vil få eit like godt og kanskje også betre og meir heilskapleg tilbod ved å skifte Helseføretak. Hornindal vil då få legevakt i Volda, noko som i reiseavstand er om lag det same som til Eid.

**Pleie-og omsorg:**
I Hornindal kommune har ein våren 2016 gjennomført ei grundig analyse av pleie- og omsorgssektoren i kommunen. Den gjev nokre klare anbefalingar om eit paradigmeskifte i sektoren. Det handlar om måten tenesta er organisert på, kva tenesteyting ein tildeler og ikkje minst utfordringar knytt til framtidig rekruttering av kompetanse. Det siste handlar om mangel på heiltidsstillingar i sektoren. Ei anna utfordring er fråver av omsorgsbustadar med heildøgns bemanning og mangel på nattilbod i heimetenestene. I tillegg har ein i lang tid hatt stor grad av overbelegg på sjukeheimen, dette til trass for at ein i Hornindal har høg sjukeheimsdekning.

Med dette som bakteppe må ein ha forståing for den bekymring som kjem fram i Hornindal knytt til at ein i ei kommunesamanslåing er uroa for at ein del av tenestene ein i dag manglar i Hornindal i framtida vil bli ytt frå  Stryn eller Volda.

Både Stryn og Volda har i drøftingane vore tydlege på at tenestene skal vere der folk bur, og at det ikkje finnast planar eller tankar i desse kommunene om ei sentralisering av desse tenestene.
Frå begge kommunane kjem det fram ein aksept av Hornindal kommune sine planar og behov for oppgradering av bygningsmassen innan sektoren.

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggarar 20-66 år.

| Kommune | 2015 | 2020 | 2040 |
|---|---:|---:|---:|
| Volda | 44,8 | 43,4 | 57,5 |
| Hornindal | 10,2 | 10,3 | 15,1 |
| Stryn | 54,8 | 58,4 | 80,2 |

**Barnevern:**
Hornindal kommune har store utfordringar i barneverntenesta. Per i dag har ein 20% ressurs knytt til tenesta. I tillegg har kommunen fått stønad frå Fylkesmannen til ei styrking med 50% stilling. Det har synt seg vanskeleg å rekruttere og behalde fagkompetanse i denne deltidsstillinga. Ein har difor funne det naudsynt å søkje interkommunalt samarbei innan denne tenesta. Ein har utforma framlegg til slik avtale med Stryn kommune, men denne har ikkje vore til politisk behandling (i påvente av avklaring av kommunereformsaka). Stryn har synt positiv vilje til eit slikt samarbeid. Ein har også drøfta denne tenesta med Volda kommune. Dei har i dag ei interkommunal barnevernteneste for Søre- Sunnmøre. Volda har signalisert at dei vil sjå nærare på barneverntenesta etter at kommunereformspørsmålet har funne si avklaring.
Det er avgjerande for Hornindal at ein finn ei løysing på utfordringa i barnevernet i nær framtid. Det betyr at ein ikkje kan vente til 2020 med eit slikt samarbeid. Då vil det kunne gje nokre ekstra utfordringar i høve eit fylkeskryssande samarbeid (tilsynsmynde med vidare), men dette vil ein kunne finne tenlege løysingar på.

**Nav/sosiale tenester:**
I begge intensjonsavtalane kjem det fram at ein i Hornindal framleis skal ha lokal representasjon. Dette er avgjerande for mange av brukarane av tenestene. NAV Hornindal skal ha ros for at dei sjølv med knappe ressursar evnar å vere tilgjengelege og fagleg oppdaterte. Dette kjem både arbeidsgjevarar og arbeidstakarar til gode, og det er avgjerande for Hornindal at ein kan ha det slik i framtida også. Ein er vel vitande om at NAV til ei kvar tid vurderar sin struktur, og då er det avgjerande at ein i ei ny og større kommune opplever støtte for å oppretthalde denne tenesta lokalt i Hornindal.

**Tekniske tenester:**
Hornindal kommune har ein liten men effektiv og solid utviklingsetat. Det som kjenneteiknar etaten er fleksibiliteten og god lokalkunnskap. Dette må ein syte for vert vidareført. Det har difor vore eit krav frå Hornindal at ein framleis skal ha tekniske tenester i Hornindal. Dette kravet er akseptert både frå Volda og Stryn si side. Vidare har ein fått aksept for at det lokale brannvernet skal bestå. Ein ser at Hornindal etter kvart har fått fleire oppdrag i retning Sunnmøre. Dei er den innsatsstyrken som ofte kjem fyrst til staden både i Kvivstunellen, Austefjorden og Bjørke. Det er difor viktig at den nye kommunen syner vilje til å styrke og vidareutvikle brannvernet i Hornindal. Så langt ein kan legge intensjonsavtalane til grunn, ser dette ut til å vere ivareteke.
I dag har Hornindal og Stryn samarbeid knytt til feietenesta og til oppmålingstenesta. Dette er samarbeid som fungerar godt.

**Administrasjon og leiing:**
I begge intensjonsavtalane vert dei sentrale rådhusfunksjonane lagde til Stryn eller Volda. For Hornindal sitt vedkomande er dette naturleg, men det er viktig at Hornindal får oppretthalde lokal leiing og stabsfunksjonar i Hornindal. Det er viktig for Hornindal å behalde offentlege arbeidsplassar, og det er viktig at det er aktivitet på kommunehuset også i framtida. I dag har Hornindal og Stryn (og dei andre Nordfjordkommunane) eit utstrakt administrativt og fagleg samarbeid. Ein har sams datasystem innanfor økonomi, personal, sak/arkiv og fag. Frå ein administrativ ståstad vil det såleis vere enkelt å peike på fordelar med å gå for ei samanslåing med Stryn. Det er likevel ikkje sagt at ein ikkje kan oppnå same effekt knytt til Volda, men her er det upløgd mark.
Ein har i drøftingane med Volda og Stryn fått aksept for at enkelte fagetatar skal lokaliserast til Smia. Dette vert viktig å halde fast på inn i drøftingane vidare i Fellesnemnda (som er den som skal arbeide med desse spørsmåla i det vidare).

- **Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling**

Den overordna regiondebatten og eventuelle endringar i regionsgrenser burde ha funne si avklaring før kommunane vart utfordra til å sjå på endring av kommunegrenser. Dette er spesielt viktig for Hornindal, som har regionsgrensa mellom Sunnmøre og Nordfjord i vår eigen «hage». Hornindal kommune har i lang tid kjent på hindringar som desse grensene gjev oss. Per i dag er det om lag 20 statlege og regionale selskap/føretak som har grensa si i Kvivstunellen. Desse grensene ynskjer Hornindal å utfordre. Ein kan sjølvsagt stille spørsmålsteikn om Hornindal med sin storleik er i posisjon til å ta denne kampen. Ein vågar påstanden om at Hornindal kan klare dette. Gjennom ei samanslåing med Volda vil ein kunne setje dette i spel. Eit spel som kan få positive ringverknadar for vidare utvikling av regionen. Ivar Aasen har ein gong sagt: Det er ei tung ære å gå fremst i snjobrauta». Det har ein rett i, men i Hornindal er ein vel vande med store snømengder, og ein er ikkje kjende for å la seg stanse av dette, tvert om har Hornindal synt at snømengda kan gjerast om til vekst og utvikling (jmf Harevadet og skisenteret).

Det viktige for Hornindal er å kunne vere ein naturleg del av ei framtidig heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. Då må regionsgrensene spele ei rolle. Dersom Sogn og Fjordane går mot ein region med Hordaland og eventuelt Rogaland, vil Hornindal verte ein endå større utkant enn det ein er i dag. Dersom Møre og Romsdal vert ein del av ein region med Trønderfylka, vert også Hornindal kommune utkant. Svar på dette vil ein få etter at Hornindal har gjort sitt retningsval. Det er ein krevjande situasjon. Igjen må ein beklage at Stryn, Hornindal og Volda ikkje fekk den tilsutning som var naudsynt for å kunne realisere dette alternativet. Hadde ein fått dette til, ville ein ha fått ei kommune som samla var både slagkraftig og sterk. Det hadde gjeve oss musklar til å ta ein viktig posisjon i regionen.

Dersom ein legg den store regionsdebatten til sides, og ser meir spesifikt på Stryn-Hornindal contra Volda – Hornindal, så ser ein eit stort potensiale for Hornindal i begge konstellasjonane.
Ein har tidlegare peika på Stryn sin posisjon innan næringsliv og service. Vi veit at Stryn har knappheit på areal, og ein vil i Hornindal kunne få drahjelp for å få fart på den lokale næringslivsutviklinga i Hornindal. Geografisk vil ein då også orientere seg nærare inn mot Stranda, som har eit til dels samanfallande næringsliv (næringsmiddel, turisme, landbruk). Ser ein mot Volda, veit vi at dei har ein sterk akademisk kultur knytt til Høgskulemiljøet og eit sterkt fagmiljø knytt til helsesida. Dette vil vere med å utvikle tenestene i Hornindal, og ein vil kome tettare på offentlege og statlege arbeidsplassar, noko som er nærast fråverande i Hornindal og Stryn.

Hornindal kommune har hatt liten kapasitet knytt til utviklings-og planarbeid. Ein står føre ein stor jobb i høve revisjon av kommuneplanar med vidare. Det er difor gledeleg å sjå at det i begge intensjonsavtalane er lagt vekt på at dei noverande kommunesentera skal utviklast med dei styrker som dei i dag har. Dette borgar for at Hornindal sitt utviklings- og vekstpotensiale vil verte godt ivareteke gjennom begge alternativa.

- **Økonomisk robuste kommunear**

Innleiingsvis her vil ein peike på samanstillingar produsert av departementet som gjev eit oversyn over korleis den økonomiske stoda i dei ulike kostellasjonane vil vere. Desse følgjer som vedlegg til saka.

Det har i drøftingane kome fram spørsmålstillingar knytt til den økonomsike situasjonen til dei ulike kommunane, herunder driftsresultat, lånegjeld, fond, skattenivå, avigiftsnivå og arbeidsgjevaravgiftsnivå.

| | Avgiftsnivå | | | Eiged. | Netto | Frie innt. | Lånegjeld | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Vatn | Avløp | Renovasjon | skatt | driftsresultat | pr.innb | pr.innb. | Arbg.avg |
| Hornindal | 4820 | 5780 | 2703 | 0 | 2,6 % | 66.611 | 75.102 | 10,6 % |
| Stryn | 3056 | 2043 | 2703 | 3 | 0,6 % | 54.354 | 52.850 | 10,6 % |
| Volda | 2362 | 676 | 1800 | 2 | 3,2 % | 49.213 | 78.625 | 14,1 % |

Tabellen ovanfor syner nokre nøkkeltal frå dei 3 kommunane. Som ein ser så har alle tre kommunane eit positivt driftsresultat i 2015, dette er eit godt utgangspunkt for samanslåing. Når ein ser på lånegjelda, så er den størst i Volda (om lag 649 mill.), så følgjer Stryn (med 512 mill.) og til sist Hornindal (124 mill.). Når dette vert fordelt etter innbyggjartal, ser ein at Volda og Hornindal er omtrent like, medan Stryn då får eit lågare nivå.

Hornindal har i sin økonomiplan prioritert rehabilitering/ombygging av skule og omsorgssenter. Desse investeringane er omtala i intensjonsavtalen med Volda, og Stryn presiserar i møte med kommunen den 24.06.16 at dei ser dei naudsynte oppgraderingane som må til i Hornindal knytt til desse bygga.
Volda har på si side i sin økonomiplan ny idrettshall i Volda, og i intensjonsavtalen er det også teke med det samarbeidet Volda kommune har med Høgskulen om fleirbrukslokale til undervisning, kultur og kino.

Det ligg som føresetnad at kommunane fram mot ei samanslåing skal halde kvarandre gjensidig oppdaterte på investeringsbehov, og erfaringsmessig veit vi at prioritering av investeringsprosjekt endrar seg i løpet av planperioden.

Det er også stor skilnad når ein ser på avgiftsnivået. Hornindal ligg av naturlege årsaker høgast. Det lågaste avgiftsnivået finn ein i Volda. Volda har også lågare eigedomsskatt enn Stryn. Når ein ser på arbeidsgjevaravgifta så har Stryn og Hornindal eit nivå på 10,6% medan Volda er i ei anna sone med 14,1 %.

Slik ein vurdera situasjonen vil ei samanslåing med Volda eller Stryn styrke den økonomiske situasjonen. Ser ein utelukkande på dei kommunale avgiftene, vil ein kome best ut av det med ei samanslåing med Volda, men då må ein ta høgde for endra arbeidsgjevaravgiftssone. Det er frå sentralt hald varsla ei endring knytt til arbeidsgjevaravgifta, men dette er førebels uavklara.

- **Styrka lokaldemokrati**

I begge intensjonsavtalane vert Formannskapsmodellen lagt til grunn. Vidare er det i avtalen med Stryn lagt opp til eit kommunestyre med 29 medlemmar. I avtalen med Volda har ein sett dette talet til 33 medlemmar. I begge avtalane er det lagt opp til at Fellesnemnda tek avgjerd om korleis ein vidare skal ha den politiske organiseringa.

For Hornindal sitt vedkomande er det positivt at ein i intensjonsavtalen med Volda har sikra like mange medlemmar frå dei to kommunane inn i Fellesnemnda. Dette har også vore diskutert med Stryn, men talet på medlemmar er ikkje talfest i sjølve avtalen.

I Hornindal er ein uroa for at Hornindal sine interesser vil kunne bli svekka i eit nytt og større kommunestyre, uavhengig av om det er saman med Stryn eller Volda.

Ein har frå rådmannen si side problem med å sjå at ei kommunesamanslåing for Hornindal kommune si side vil styrke demokratiet, men det er sjølvsagt opp til dei politiske partia å ta ansvar for at alle geografiske delar av ei ny kommune vert representert inn i dei nye politiske organ. I avtalane legg ein også opp til at fellesnemnda skal arbeide vidare med dette spørsmålet, og i avtalen med Volda vert det peika på at det skal gjerast vurderingar knytt til oppretting av kommunedelsutval etter Kommunelova sin § 12. Herunder skal også Fellesnemnda gjere vurderingar knytt til direkte val av medlemmar til kommunedelsutvala.

Til sjuande og sist handlar lokaldemokrati om evne og vilje til politisk engasjement. Det går såleis ei sterk oppmoding til innbyggjarane i Hornindal om å syne ekstra engasjement i tida framover, slik at dei vert synlege målberarar av lokaldemokratiet.

Ein kan også ta med at det per i dag er 4 parti som er representert i Hornindal kommunestyre. Ved ei samanslåing, vil dette talet auke, og ein vil få ei større breidde i det politiske landskapet – det er også ei form for styrka demokrati.

## 4.2. Kriteria for god kommunestruktur

Vurderingar av ny kommune eller eigen kommune i eit 20 – 30 års perspektiv opp mot kriteria og samfunnsmessige omsyn sett i samanheng med kommunens fire roller som:

- Tenesteytar
- Myndigheitsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk arena

I denne saka har ein forsøkt å belyse konsekvensar ved ei kommunesamanslåing mellom Hornindal og Stryn eller ei kommunesamanslåing mellom Hornindal og Volda.

Ein har med bakgrunn i tidlegare prosess lagt mindre vekt på 0-alternativet.

Ved ei samanslåing mellom Hornindal og Stryn eller Volda, står ein føre eit val mellom to kommunar som er vesentleg større enn Hornindal. Det seier seg sjølv at ved å bli ein del av ein større kommune, så vert posisjonen til kommunen endra.

Rådmannen føler seg trygg på at Hornindal i ei ny og større kommune vil verte styrka i høve å vere tenesteytar til innbyggjarane. Ein vil få auka kapasitet, meir kompetanse og kanskje også ein meir effektiv tenesteproduksjon.
Dette gjeld også i forhold til kommunen si rolle som myndeutøvar.

Når det gjeld kommunen som samfunnsutviklar vil ein bli ein del av eit større tiltaksapparat noko som kan sikre ei meir funksjonell samfunnsutvikling der ein har tilgang til både relevant og tilstrekkeleg kompetanse.

Ein syner elles til drøftingar og vurderingar gjort under pkt. 3.

# 5. Tilråding og framlegg til vedtak

Arbeidet med kommunereforma har vore eit krevjande, men spanande og utviklande arbeid. Ein har møtt naboane på ein ny og gjevande måte. Hornindal kommune er i ei særstilling: kommunen er sterkt ønska både av Stryn og Volda kommunar. Som det har kome fram både gjennom innbyggjarhøyring og på folkemøte, så har ein stor del av innbyggjarane i Hornindal hatt ei samanslåinga med både Stryn og Volda øvst på lista. Når dette ikkje vart slik, må ein gjere eit val. Innbyggjarundersøkinga syner dødt løp, noko som gjer det vanskeleg å gje ei klar og tydeleg tilråding, for det er også frå rådmannen si side ynskjeleg å spegle folkeviljen i tillegg til å gjere ei fagleg vurdering.

Det er mykje som talar for ei samanslåing med Stryn, likeeins er det mykje som talar for ei samanslåing med Volda. Etter rådmannen sitt syn vil Hornindal kommune kunne kome godt ut av det uansett kva val som vert gjort.

Dersom ein vel Stryn har ein mange års erfaring og tradisjon å hente erfaring frå. Ein ser også at Stryn er offensive i høve framtida, noko som kjem Hornindal til gode. Når det gjeld Volda er det mykje som er nytt. Hornindal har ikkje lang erfaring med samhandling mot Volda. Likevel opplever ein også her at Volda er på tilbodssida i høve Hornindal.

Ei samanslåing over fylkesgrensa vil vere eit modig og spenstig val. Ein vil med det i tydeleg grad utfordre dei eksisterande fylkesgrensene, noko som kan føre mykje nytt og spanande med seg.

I kommunereformarbeidet er vi oppmoda til å tenkje langsiktig, det har ein etter beste evne forsøkt å gjere. Frå rådmannen si side vil ein hevde at den uavklara situasjonen knytt til regionreforma set nokre skrankar i høve å sjå det heilskaplege biletet mange år fram i tid.

Sett frå rådmannen si side vil ein hevde at Hornindal sine innbyggjarar vil vere godt tente med begge alternativa, likevel skal det gjerast ei val. Ein har inntrykk av at det ikkje berre er rådmann som må tvile seg fram til dette. .

Med bakgrunn i den uavklarte situasjonen knytt til regionreforma, samt gode erfaringar med samarbeid i Nordfjord vel rådmann å innstille på at Hornindal kommune slår seg saman med Stryn kommune frå 01.01.2020.

**Nye opplysningar i saka:**

Dei tillitsvalde i Hornindal kommune hadde møte 29.06.16 og kom med fylgjande uttale:

Dei tillitsvalde ser fram til eit større fagmiljø, interessante samarbeid og håp om større handlingsfridom uansett kva for ei kommune vi slår oss ilag med.
Som tilsetterepresentantar meiner vi det vil bli mykje meirarbeid for dei tilsette ved samanslåing med Volda kommune i forhold til ved samanslåing med Stryn kommune.
Vi har hatt mykje samarbeid med Stryn kommune, har mange felles avtaler og mykje samarbeid i forhold til dei ulike fagområda.
Til ei viss grad veit vi kva vi går til i Stryn kommune, medan Volda kommune er upløgd mark og representerer stor usikkerheit.
Uansett val av samarbeidskommune, skal vi gjere vårt for at resultatet skal bli best mogeleg.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Stryn kommune.
2. Den vidare prosessen skal byggje på den tidlegare vedtekne intensjonsavtalen mellom dei to kommunane.

**28.06.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Framlegg frå Kari Torheim:

1. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda kommune.
2. Den vidare prosessen skal byggje på den tidlegare vedtekne intensjonsavtalen mellom dei to kommunane.

Kari Torheim sitt framlegg fekk 1 røyst, rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster

**RMNF-014/16 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET MED 4 MOT 1 RØYST:**

1. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Stryn kommune.
2. Den vidare prosessen skal byggje på den tidlegare vedtekne intensjonsavtalen mellom dei to kommunane.

**28.06.2016 ELDRERÅDET**

Framlegg frå Karsten Oppheim:

1. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda kommune.
2. Den vidare prosessen skal byggje på den tidlegare vedtekne intensjonsavtalen mellom dei to kommunane.

Framlegget frå Karsten Oppheim fekk 2 røyster, rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster.

**ELDR-016/16 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET MED 3 MOT 2 RØYSTER:**

1. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Stryn kommune.
2. Den vidare prosessen skal byggje på den tidlegare vedtekne intensjonsavtalen mellom dei to kommunane.

**28.06.2016 UTVAL FOR UTVIKLING**

Framlegg frå Connie Bakke:

1. Hornindal kommune godkjenner intensjonsavtale med Volda
2. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda
3. Den vidare prosessen skal byggje på den tidlegare vedtekne intensjonsavtalen mellom dei 2 kommunane

Avrøysting:
Connie Bakke sitt framlegg fekk 4 røyster
Råsmannen sitt framlegg fekk 3 røyster

**UFU-038/16 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET MED 4 MOT 3 RØYSTER:**

1. Hornindal kommune godkjenner intensjonsavtale med Volda
2. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda
3. Den vidare prosessen skal byggje på den tidlegare vedtekne intensjonsavtalen mellom dei 2 kommunane

**28.06.2016 UTVAL FOR OPPVEKST OG HELSE**

Per Maurset kom med fylgjande framlegg:

1. Utvalet for oppvekst og helse tilrår at intensjonsavtale mellom Volda og Hornindal vert godkjent.
2. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda.

Avrøysting:
Per Maurset sitt framlegg fekk 5 røyster
Rådmannen sitt framlegg fekk 2 røyster

**UFOH-028/16 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET MED 5 MOT 2 RØYSTER:**

1. Utvalet for oppvekst og helse tilrår at intensjonsavtale mellom Volda og Hornindal vert godkjent.
2. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda.

**30.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Krav om folkerøysting:

Ordføraren ga ordet til kontaktperson for innbyggarinitiativet Anne-Lise Hatledal. Ho orienterte om bakgrunnen for initiativet og kravet om folkerøysting.

Kommunestyret røysta over kravet om folkerøysting:
For folkerøysting 6 røyster
Mot folkerøysting 11 røyster.

Sp v/Rasmus Kirkhorn kom med fylgjande utsetjingsframlegg:
Med bakgrunn i at utførte innbyggjarundersøking kun har 200 respondentar mot krav i KS-008/16 pkt 2: 1/3 av innbyggjarane over 16 år, dvs 323 innbyggjarar.
Saka vert utsett til ny handsaming når dette er utført ref punkt 2 i KS-008/16 vedtak:
2. Det skal i løpet av våren gjennomførast ei innbyggjarundersøking. I ei slik undersøking skal minimum 1/3 av innbyggjarane over 16 år få høve til å uttale seg.

Avrøysting over Sp sitt framlegg:
For Sp sitt framlegg 6 røyster
Imot 11 røyster

Handsaming av sak 048/16:

Venstre v/Brynhild Lund Notøy kom med fylgjande framlegg:
Formannskapet sitt fleirtalsframlegg med følgjande tillegg:
Nytt punkt 5. Hornindal kommune ønskjer framleis å kunne inkludere Stryn i ein framtidig felles kommune.

Dette vart røysta over Venstre sitt framlegg: Samrøystes vedteke.

Senterpartiet v/Eldar Engelund kom med fylgjande framlegg:
1. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Stryn kommune
2. Den vidare prsessen skal bygge på den tidlegare vedtekne intensjonsavtalen mellom dei to kommunane
3. Hornindal kommune ønskjer framleis å kunne inkludere Volda i ei framtidig felles kommune

Avrøysting:
Formannskapet sitt framlegg med Venstre sitt tilleggspunkt fekk 11 røyster
Senterpartiet sitt framlegg fekk 6 røyster.

**KS-048/16 VEDTAK MED 11 MOT 6 RØYSTER:**

1. Tidlegare vedtak i Ks-sak 008/16 Godkjenning av intensjonsavtale kommunesamanslåing Hornindal – Stryn, vert oppheva.
2. Hornindal kommune godkjenner intensjonsavtale kommunesamanslåing Hornindal – Volda.
3. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda.
4. Den vidare prosessen skal byggje på vedteken intensjonsavtale mellom Hornindal og Volda.
5. Hornindal kommune ønskjer framleis å kunne inkludere Stryn i ein framtidig felles kommune.

**29.06.2016 FORMANNSKAPET**

Stig Olav Lødemel kom med fylgjande framlegg:

1. Tidlegare vedtak i Ks-sak 008/16 Godkjenning av intensjonsavtale kommunesamanslåing Hornindal – Stryn, vert oppheva.
2. Hornindal kommune godkjenner intensjonsavtale kommunesamanslåing Hornindal – Volda.
3. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda.
4. Den vidare prosessen skal byggje på vedteken intensjonsavtale mellom Hornindal og Volda.

Avrøysting:
Stig Olav Lødemel sitt framlegg fekk 3 røyster
Rådmannen sitt framlegg fekk 2 røyster

**FORM-022/16 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET MED 3 MOT 2 RØYSTER:**

1. Tidlegare vedtak i Ks-sak 008/16 Godkjenning av intensjonsavtale kommunesamanslåing Hornindal – Stryn, vert oppheva.
2. Hornindal kommune godkjenner intensjonsavtale kommunesamanslåing Hornindal – Volda.
3. Hornindal kommune vedtek kommunesamanslåing med Volda.
4. Den vidare prosessen skal byggje på vedteken intensjonsavtale mellom Hornindal og Volda.

Hornindal, den xx.xx.2014

xxxx xxxxxxxx
- Sekretær -

Viser til melding om vedtak frå Hornindal kommune sendt på epost til postmottak i Volda kommune 1. juli.

Sender vedtaket på nytt.

Mvh Hornindal servicekontor
Solfrid Otterdal Lien

UDI

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

**Deres ref**: **Vår ref:** 15/10752-15 **Dato:** 06.07.2016

# Oversending av rapport frå tilsyn/etterkontroll av Volda mottak og Volda mottak, avdeling for einslege mindreårige

Sender med dette rapporter frå tilsyn/etterkontroll av Volda mottak og Volda mottak avdeling for einslege mindreårige som ble gjennomført 25. og 26. mai i år.
Som det kommer fram av tilsynsrapporten ble det gitt 4 pålegg til Volda mottak og 2 pålegg til Volda mottak, avdeling for einslege mindreårige om retting av forhold der Utlendingsdirektoratets krav til mottaksdrift ikkje er oppfylt.

UDI ynskjer å takke for  den grundige tilbakemeldinga frå Volda kommune. Desse tilbakemeldingane ble tatt opp i tilsynsmøta med både mottaket og avdelinga for einslege mindreårige. Vårt inntrykk er at mottaka er godt drevet og har et godt samarbeid med samarbeidspartar og vertskommune.

Med helsing

Rune Vordahl
regiondirektør

Birgitte Hopstad
Rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk i Utlendingsdirektoratet og har derfor ingen signatur.

Brevet sendes kun elektronisk.

**Kopi:**

LINK AS

**Utlendingsdirektoratet**
Norwegian Directorate
of Immigration

Regionkontor Midt-Norge
Statens Hus Prinsensgate 1
Postboks 4749 Sluppen
NO-7468 TRONDHEIM

rkm@udi.no, +47 73104000
Organisasjonsnummer 974760746
**Saksbehandler:** Birgitte Hopstad
www.udi.no

Volda mottak

Vedlegg: Tilsynsrapport Volda mottak 2016
Tilsynsrapport Volda mottak, avdeling for enslige mindreårige 2016

**Utlendingsdirektoratet**
Norwegian Directorate
of Immigration

Regionkontor Midt-Norge
Statens Hus Prinsensgate 1
Postboks 4749 Sluppen
NO-7468 TRONDHEIM

rkm@udi.no, +47 73104000
Organisasjonsnummer 974760746
**Saksbehandler:** Birgitte Hopstad
www.udi.no

UDI

# Tilsyn/ etterkontroll

For Volda statlige mottak

Utlendingsdirektoratet
Norwegian Directorate
of Immigration

# Rapport fra tilsyn/etterkontroll for Volda statlige mottak

Tilsyn/etterkontroll er en gjennomgang av driften av et mottak for å kontrollere at den er i samsvar med det tilbudet som er tildelt kontrakt og med det regelverket som gjelder for drift av mottak.

UDI

# Rapport, region Midt-Norge, mai 2016

## Mottaksinformasjon

Mottaksnavn: Volda statlige mottak for asylsøkere

Driftsoperatør: Link AS

Mottaksnummer: 1517

Antall plasser: Ordinær avdeling: 150 (128 faste + 32 stykkprisplasser)

Kontraktsinformasjon: Varighet 15.11.2014 – 14.11.2017
Opsjon 1 utløst 01.10.2015

I drift siden 15.11.2008.

## Rapporten er basert på

- Kontrakt mellom UDI og Link AS gjeldende fra 15.11.2014
- Tilbud fra Link AS om drift av mottak, herunder reviderte tilbud
- Referat fra forhandlinger mellom UDI og Link AS
- Årsplan 2016
- Årsrapport 2015
- Budsjett 2016
- Regnskap 2015
- Egenerklæring registrert 01.03.2016
- Tilbakemeldinger fra Volda kommune
- Tilbakemelding fra samarbeidsrådet
- Møte med samarbeidsrådet 25.05.2016
- Tilbakemelding fra IOM
- Tilbakemelding fra IMDi region midt

UDI

- Øvrig dokumentasjon
- Meldt tilsynsmøte 25.06.2016 med følgende til stede:

  Fra UDI: Sigvald Wasa og Birgitte Hopstad.

  Fra Driftsoperatør: Katrine Rennan.

  Fra mottak: Andrè Eiksund (mottaksleder) og øvrig ansatte.

## Kort oppsummering

Tilsynet på Volda mottak hadde fokus på følgende temaer:

- Organisatoriske, administrative og økonomiske forhold (RS 2011-003, 2008-035 (utvalgte punkter), 2008-044)
- Sikkerhet og trygghet, lokalsamfunnsarbeid, herunder beboermedvirkning og informasjonsarbeid (RS 2008-031 (utvalgte punkter), RS 2008-054, RS 2008-034, RS 2009-041)
- Returarbeid og bosettingsforberedende arbeid (RS 2012-019 og RS 2009-040)
- Gjennomgang av pålegg fra fjorårets tilsyn/etterkontroll

Tilbakemeldinger:

- Kommunen skriver i sin tilbakemelding til UDI at de har godt samarbeid med mottakets ansatte og at mottaket fungerer godt i lokalsamfunnet
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) melder at de er godt fornøyd med det bosettingsforberedende arbeidet ved Volda mottak

UDI

## Pålegg etter tilsyn/etterkontroll

### RS 2009-041 Krav til informasjonsarbeid i ordinære statlige mottak

2 pålegg:

Ved stikkprøvekontroll i System for elektronisk samhandling mellom UDI og asylmottakene (Sesam) ble det avdekket manglende registrering av deltagelse i informasjonsprogrammet (jamfør pkt.3.2 i RS 2009-041).

Pålegg: Mottaket må utarbeide rutiner som sikrer korrekt og løpende registrering av deltagelse i informasjonsprogrammet.

Frist 04.07.2016

I tilsynsmøtet fremkom det at enkeltbeboere har fått fritak fra deltakelse i informasjonsprogrammet uten godkjenning fra UDI (jamfør pkt.3.2 g i RS 2009-041).

Pålegg: Mottaket må søke godkjenning fra UDI ved fritak fra deltakelse i informasjonsprogrammet og utarbeide rutiner for dette.

Frist 04.07.2016

### RS 2010-084 Krav til bemanning og kompetanse i statlige mottak

1 pålegg:

I tilsynsmøtet fremkom det at personalet ikke har hatt tilstrekkelig ekstern veiledning i 2015 (jamfør punkt 4 j i RS 2010-084).

Pålegg: Mottaket må sørge for gjennomføring av veiledning på minimum 20 timer fordelt over minst fire sesjoner pr. år.

Frist: 04.07.2016

### Gjennomgang av tilbud

1 pålegg:

I tilbud fra Link AS om drift av Volda mottak tilbys det sju årsverk, samt ett årsverk ved utløsning av opsjonstrinn, utløst 01.10.2015, totalt 8 årsverk (jamfør innlevert budsjett i tilbud med DOFFIN-referanse 2014-716188). På tidspunktet for gjennomføringen av tilsynet/etterkontrollen bekrefter mottaksleder at de leverer 7,30 årsverk.

Pålegg: Mottaket må øke bemanningen tilsvarende spesifikasjoner i tilbudet.

Frist: 04.07.2016

**Konklusjon av tilsyn/etterkontroll**

Det er gitt 4 pålegg om retting av mangler på de områdene som er kontrollert. Det er gitt frister for retting av manglene, jf. driftsavtalens pkt 14.2. Uavhengig av ilagte pålegg og retting av disse, vil UDI vurdere alle funn i forhold til driftsavtalens pkt. 14, herunder eventuelle sanksjoner dersom det avdekkes kontraktsmessig mislighold i henhold til dette punkt.

Utlendingsdirektoratet

14.06.2016

Rune Vordahl

regiondirektør

Birgitte Hopstad

rådgiver

UDI

UDI

# Tilsyn/ etterkontroll

For Volda statlige mottak for enslige mindreårige

Utlendingsdirektoratet
Norwegian Directorate
of Immigration

# Rapport fra tilsyn/etterkontroll for Volda mottak for enslige mindreårige

Tilsyn/etterkontroll er en gjennomgang av driften av et mottak for å kontrollere at den er i samsvar med det tilbudet som er tildelt kontrakt og med det regelverket som gjelder for drift av mottak.

UDI

## Rapport, regionkontor Midt-Norge, mai 2016

### Mottaksinformasjon

Mottaksnavn: Volda mottak for enslige mindreårige asylsøkere

Driftsoperatør: Link AS

Mottaksnummer: 1556

Antall plasser: Avdeling for enslig mindreårige: 40 (32 + 8) plasser

Kontraktsinformasjon: Varighet 01.01.2016 – 31.12.2018

I drift siden 23.10.2015.

### Rapporten er basert på

- Kontrakt mellom UDI og Link AS gjeldende fra 01.01.2016.
- Tilbud fra Link AS om drift av mottak, herunder reviderte tilbud
- Referat fra forhandlinger mellom UDI og Link AS
- Årsplan 2016
- Årsrapport for driftsperioden i 2015
- Budsjett 2016
- Regnskap 2015
- Egenerklæring registrert 01.03.2016
- Tilbakemeldinger fra Volda kommune
- Tilbakemelding fra samarbeidsrådet
- Møte med samarbeidsrådet 26.05.2016
- Tilbakemelding fra IOM
- Tilbakemelding fra IMDi regional enhet
- Logg for oppfølging av nyetablerte mottak

UDI

- Meldt tilsynsmøte 26.05.2016 med følgende til stede:

  Fra UDI: Camilla Røtne og Birgitte Hopstad.

  Fra Driftsoperatør: Katrine Rennan

  Fra mottak: Trude Flusund (mottaksleder) og øvrig ansatte (under relevante punkter)

## Kort oppsummering

Tilsynet på Volda mottak for enslige mindreårige hadde fokus på følgende temaer:

- Organisatoriske, administrative og økonomiske forhold (RS 2011-003, RS 2008-035 (utvalgte punkter), RS 2008-044)
- Sikkerhet og trygghet, lokalsamfunnsarbeid, herunder beboermedvirkning og informasjonsarbeid (RS 2008-031 (utvalgte punkter), RS 2008-054, RS 2008-034, RS 2009-041)
- Bemanning og kompetanse (RS 2010-084)
- Omsorgsarbeid (RS 2011-034)
- Etiske retningslinjer, krav til bruk av tolk og språkassistenter og krav til individuell kartlegging og tiltaksplan (RS 2008-032, RS 2008-029, RS 2012-018).

## Pålegg etter tilsyn/etterkontroll

### RS 2008-035 Reglement for økonomiske ytelser til beboere i statlig mottak

1 pålegg:

En gjennomgang av fem personmapper for beboere ved mottaket viste at fem mapper hadde papirer som ikke skal ligge i personmapper (jamfør pkt. 2 og 2.1 i RS 2008-0035V5).

Pålegg: Personmapper skal ikke inneholde andre dokumenter enn det som er spesifisert i RS 2008-0035V5 pkt. 2 og 2.1. Mottaket må utarbeide rutiner for gjennomgang av personmapper for å sikre at dette overholdes.

Frist: 04.07.2016

### RS 2011-034 Krav til omsorgsarbeid for enslige mindreårige i mottak

1 pålegg:

I møte med samarbeidsrådet fremkom det at beboerne ikke har tilstrekkelig kommunikasjon med sine særkontakter (jamfør pkt. 2.3 i RS 2011-034).

Pålegg: Mottaket må legge til rette for at særkontaktene er tilgjengelig for kontakt med de ungdommene de har særlig ansvar for.

Frist: 04.07.2016

### Konklusjon av tilsyn/etterkontroll

Det er gitt 2 pålegg om retting av mangler på de områdene som er kontrollert. Det er gitt frister for retting av manglene, jf. driftsavtalens pkt. 14.2. Uavhengig av ilagte pålegg og retting av disse, vil UDI vurdere alle funn i forhold til driftsavtalens pkt. 14, herunder eventuelle sanksjoner dersom det avdekkes kontraktsmessig mislighold i henhold til dette punkt.

UDI

Utlendingsdirektoratet

14.06.2016

Rune Vordahl

regiondirektør

Birgitte Hopstad

rådgiver

UDI

Til Volda kommune

Dokumentet **15/10752-15 Oversending av rapport frå tilsyn/etterkontroll av Volda mottak og Volda mottak, avdeling for einslege mindreårige** i saken **Volda mottak - Kontraktsoppfølging 2016** er sendt av **Utlendingsdirektoratet**. Se vedlagte dokument.

Spørsmål vedrørende denne e-posten kan sendes til udi@udi.no

Vennlig hilsen **Utlendingsdirektoratet**

*Dette er en systemgenerert e-post, og skal ikke besvares.*

## – Må endre oss i takt med samfunnet

– Lensmannskontora vart oppretta i ei tid med heilt andre kommunikasjonar enn vi har i dag. I tillegg har vi skjerpa krav til arbeidstid og vi har skjerpa krav til tryggleik for mannskapa. Dertil kjem at vi har eit heilt anna kriminalitetsbildet enn berre for nokre ti-år sidan – mellom anna stor mobilitet. I sum gjer desse faktorane at vi må gjere endringar i kontorstrukturen for lensmannskontorar, sa politimeister Ingar Bøen då han måndag møtte ordførarar og rådmenn frå Sunnmøre.

Dette var det tredje og siste møtet med politiske og administrative leiarar i kommunane i heile fylket og Bøen gjentok bodskapen om at han ynskjer sterk medverkand frå kommunane i arbeidet med i skape ei betre polititenste i politidistriktet.

– Vi ynskjer kommunal medverknad for å forstå kva utfordringar dei ulike delane av politistriktet har. Dette skal skje gjennom ei styringsgruppe der alle berørte kommunar er invitert til å delta, sa politimeisteren.

Det første møtet i gruppa vert 22. juni og allereie 15. oktober må det leggast fram premissar som gjer det mogleg for politimeisteren å trekke sine konklusjonar.

Bøen gjekk i si innleiinga om nærpolitireforma langt i å vedgå at polititenesta ikkje har vore god nok mange stadar. At terskelen for å rykke ut i samband med hendingar i distrikta har vorte altfor høg. Tankegangen kan sjå ut til å ha vorte at ein ikkje kan tømme byen for politi.

– Eg er ikkje uroleg for dei store hendingane – til dømes på sokkelen. Når det verkeleg røyner på fungerer godt politiet. Mi bekymring handlar om korleis vil skal greie å gje utkantane ein beredskap som er god nok, sa han.

Politimeisteren viste til at kommunane også har vorte nøydde til å gjere strukturelle grep i sine tenester.

– Vi har ikkje unngått å legge merke til at det har vorte færre skular dei siste åra. På same måten må vi gjere det. Vi må få ei betre polititeneste igjen for pengane og det håper eg at kommunane kan vere med oss finne fram til.

Kommunerepresentantane frå Sunnmøre var særleg interesserte i den prosessen som no skal innleiast.

Politimeisteren streka under at dei både skal vere med å påverke tenestestrukturen gjennom styringsgruppa, men dei skal også få uttale seg konkret til det framlegget han lage innan 15. oktober. Dessutan vil dei få ein ny sjanse til å klage på den endelege avgjerda til politidirektøren som kjem 1.februar 2017.

Herøyordførar Arnulf Goksøyr (H) runda av møtet mellom politimeisteren og sunnmørskommunane med fylgjande spissformulering:

– Eg er glad for å kunne konstatere at vi har fått ein politimesister som er på lag med folket. Din manglande arroganse vil du tene stort på, sa han vendt til Bøen.

**Besøksadresse:** Ålesund kunnskapspark, Larsgårdsvegen 2, 6009 Ålesund **Postadresse:** Postboks 1521, 6025 Ålesund **Tlf: 70 16 20 00, E-post:** post@sunnoreregionrad.no, **nettadresse:** www.sunnmoreregionrad.no

PS 102/16 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 111/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 17/2

DS 112/16 Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 118/2

DS 113/16 Ferdigattest Gbr 131/23

DS 114/16 Løyve til tiltak, garasjar Gbr 20/538/0/1-4

DS 115/16 Igangsettingsløyve Gbr 19/877

DS 116/16 Løyve til tiltak, støttemur Gbr 30/405

DS 117/16 Ferdigattest, stålpipe Gbr 13/1/3

DS 118/16 Ferdigattest, planering Gbr 131/2

DS 119/16 Løyve til endring, utviding av balkong Gbr 11/107

DS 120/16 Ferdigattest gbr 19/23

DS 121/16 Løyve til tiltak, terrasse Gbr 89/23

DS 122/16 Løyve til tiltak, veranda Gbr 20/128

DS 123/16 Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 109/15

DS 124/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 5/11

DS 125/16 Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/203

DS 126/16 Mellombels bruksløyve, seksjon 5-8 Gbr 13/6

DS 127/16 Ferdigattest, mur og balkong Gbr 20/310

DS 128/16 Ferdigattest, fasadeendring Gbr 19/871

DS 129/16 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 38/1

DS 130/16 Mellombels bruksløyve, seksjon 1-4 Gbr 13/151

DS 131/16 Løyve til tiltak, tilbygg/bod Gbr 21/93/0/2

DS 132/16 Løyve til tiltak, naust ved Rotevatnet Gbr 27/1

DS 133/16 Ferdigattest, tilbygg og garasje Gbr 17/197

DS 134/16 Løyve til tiltak, tilbygg og garasje Gbr 19/903

DS 135/16 Løyve til tiltak, bustad Gbr 6/4

DS 136/16 Ferdigattest, tilbygg Gbr 21/130

DS 137/16 Ferdigattest, levegg/støyskjerming Gbr 20/380

DS 138/16 Løyve til tiltak Gbr 152/61

DS 139/16 Løyve til tiltak, støttemur Gbr 11/105/0/2

DS 140/16 Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 133/44

DS 141/16 Ferdigattest, tilbygg Gbr 16/3

DS 142/16 Ferdigattest, tilbygg,teknisk rom Gbr 32/2

DS 143/16 Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/217

DS 144/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 15/14

DS 145/16 Løyve til tiltak, naust Gbr 79/11